

Arealdelen til kommuneplanen 2014 - 2024.

Tidligare behandling i formannskapet m. vedlegg:

Dokumentoversikt:

1. behandling i formannskapet 21.06.2012	Fs 041/12	s. 002
2. behandling i formannskapet 11.04.2013	Fs 017/13	s. 030
3. behandling i formannskapet 07.11.2013	Fs 050/13	s. 037
4. behandling i formannskapet 15.05.2014	Fs 018/14	s. 046

Vurdering av off. merknader, 2. gongs beh.	DokID 98539	s. 052
Vurdering av andre merknader, 2. gongs beh.	DokID 98540	s. 075
Vurdering av off. merknader, 3. gongs beh.	DokID 107184	s. 126
Vurdering av andre merknader, 3. gongs beh.	DokID 107185	s. 144
Vurdering av off. merknader, 4. gongs beh.	DokID 115282	s. 166
Vurdering av andre merknader, 4. gongs beh.	DokID 115283	s. 173
Vurd. av off. og andre merkn., sluttbehandling	DokID 119079	s. 190

**Nord-Aurdal kommune
Utvalssak**

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksbehandler
Formannskapet	21.06.2012	041/12	nyhgun

Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
13.06.2012	210612 Skriftleg del forslag off ettersyn.doc	86672
13.06.2012	210612 Eksisterande og nye byggeområde.xls	86673
13.06.2012	210612 Planførersegner.doc	86674
13.06.2012	210612 Avgrensing av Fagernes sentrum.pdf	86675
13.06.2012	210612 Avgrensing av Leira sentrum.pdf	86676
13.06.2012	210612 Retningsline 1 rpl.doc	86677
13.06.2012	210612 Retningsline 2 LNF.doc	86678
13.06.2012	210612 Retningsline 3 leikeplass.doc	86679
13.06.2012	210612 Grunnlagsdokument1.doc	86680
13.06.2012	210612 Oversikt grunnlagsdokument1.xls	86681
13.06.2012	210612 Kartutsnitt H1-H37.pdf	86682
13.06.2012	210612 Kartutsnitt H38-H67.pdf	86683
13.06.2012	210612 Grunnlagsdokument2.doc	86684
13.06.2012	210612 Oversikt grunnlagsdokument2.xls	86685
13.06.2012	210612 Grunnlagsdokument3.doc	86686
13.06.2012	210612 Grunnlagsdokument4.doc	86687
13.06.2012	210612 Grunnlagsdokument5.doc	86688
13.06.2012	210612 Konsekvensvurdring.doc	86689
13.06.2012	210612 Planar som framleis skal gjelda.xls	86693
13.06.2012	210612 Kartutsnitt av alle nye byggeområde.pdf	86694

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Div. innspel til planarbeidet.

Saksopplysningar/Vurderingar:

Administrasjonen har utarbeidd forslag til kommuneplan. Kommuneplanen skal vera i samsvar med forventa arealbehov og sannsynleg utvikling for perioden han gjeld.

I kommunestyremøtet 16.12.10 vart det fastsett ein del retningsliner for planarbeidet ved godkjenninga av samfunnsdelen, kommunal planstrategi og planprogrammet. Dette har vore viktige dokument for å sortera dei bortimot 200 innspela som har kome.

Kommunen har motteke kring 200 skriftlege innspel/forslag til kommuneplanarbeidet. Desse innspela er sortert/vurdert etter dei langsiktige retningslinene for arealbruk i den kommunale planstrategien. Hovudtyngda av innspel har vore innspel om hyttetomter, og desse har i første omgang blitt vurdert etter om innspelet kan reknast som 1. a) Fortetting eller utviding i eit av satsingsområda, b) Fortetting eller minimal utviding utanfor satsingsområda, jf. grunnlagsdokument 1. Førande for sorteringa var dessutan retningslina, som kommunestyret har vedteke, om at det i planperioden vert opna for inntil 400 nye hyttetomter i satsingsområda, og inntil 100 utanfor satsingsområda. I andre omgang har hytteinnspela blitt vurdert etter 2-3 natur-, frilufts- og andre miljøinteresser (muleg forureiningsfare, eksponering ev.a. framtredande forhold), jf. grunnlagsdokument 2.

Alle innspel om bustadfelt på dyrka mark er avvist, likedan bustadfelt som er føreslått i område med framtredande natur-, frilufts-, samfunns- og miljøinteresser eller i område der det kan vera utfordringar knytt til risiko for ras, andre terrengrilpassingar m.m., jf. grunnlagsdokument 3.

Andre innspel som er avvist har blitt avvist etter framtredande natur-, frilufts-, samfunns- og miljøinteresser eller i område der det kan vera utfordringar knytt til risiko for ras, andre terrengrilpassingar m.m., jf. grunnlagsdokument 4 og 5.

Innspela som ikkje er vurdert i grunnlagsdokument 1-5 er vurdert i det etterfølgjande her.

Det er gjort ei evaluering i den skriftlege delen av kva me burde ha gjort, men ikkje har rekt over i prosessen, og som me føreslår å prioritera arbeid med ved 1. revisjon av planen.

Kommuneplanen er eit viktig styringsverktøy for kommunen. Her blir det teke stilling til kor framtidig utvikling skal skje i kommunen, noko som gir ein viktig peikepinn om korleis me vil kommunen vår skal utvikla seg og korleis me ser for oss kommunen vår i framtida. Når det vert lagt ut areal til fritidsbustad-, bustad-, nærings- eller forretningsføremål osb. må det vera vilje og økonomi til å realisera planane hjå grunneigarar dersom me skal få den utviklinga me ser for oss. Områda må regulerast og opparbeidast/tilretteleggast og byggast ut. Alle dei nye byggeområda (B1, B2, H1, H2, E1, E2 osb) ligg på privat grunn, dette gjeld og mange av byggeområda som vert vidareført (b1, b2, h1, h2, e1, e2 osb.). I forslag til kommunal planstrategi er det sagt at kommunen er villig til å sjå på løysingar der ein samarbeidar med grunneigar om klargjering av næringsområde vist i arealdelen til kommuneplanen i form av at kommunen anten sørger for regulering, tilrettelegging av nødvendig infrastruktur el.l.

PLANKART

Alle tidlegare godkjente byggeområde som ikkje er regulert eller ferdig utbygd er gjennomgått og vurdert. Alle byggeområde som er vidareført har fått ny ID med tilvising til

tidlegare ID og kommune(del)plan, jf. dokumentet "Eksisterande og nye byggeområde". I prinsippet så har nye byggeområde stor bokstav på plankartet, medan eksisterande byggeområde som ikkje er regulert eller utbygd er markert med liten bokstav.

OMRÅDE FOR BUSTADAR B1-B10 OG b1-b9

Behov

Kommuneplanen tek for seg perioden fram til 2024, og utifrå folketalsframskrivingane (hovudalternativet) til Statistisk sentralbyrå vil folketalet i kommunen auka med kring 150 personar i denne perioden, og med i overkant av 250 personar fram til 2030.

I perioden 1997-2007 har det i gjennomsnitt vorte ferdigstilt 12 nye bustader i kommunen årleg. I same periode har talet på nye leilegheiter i kommunen i gjennomsnitt vore på 20 stk årleg.

Ei oversikt i den skriftlege delen viser at det per dags dato er regulert 9 område for konsentrert utbygging (leilegheiter) og nesten 140 einebustadtomter i kommunen. I tillegg kjem område som er godkjent for bustadbygging i kommuneplanen og som ikkje er regulert.

Sentrumsområda av Fagernes og Leira er vist på eit eige kart i tillegg til plankartet. Ein føreslår å vidare kvartalsinndelinga av Fagernes. I områda som er vist med sentrumsføremål på plankartet og nærområdet til dette blir det stilt krav om min. BYA på 30% ved ny nærings- og bustadutbygging. Det er i tillegg gitt retningsliner om møne- og gesimshøgde. For Fagernes sentrum er det for nye byggverk og tilbygg med bruksareal (BRA) over 250 m², og bygningar som skal byggast om vesentleg med BRA over 250 m² i konsesjonsområdet for fjernvarme i Fagernes, i tillegg krav om tilknyting til fjernvarmeanleggset.

Av planstrategien går det fram at eksisterande bustadtomtreserve skal vurderast m.o.t. kor eigna det er til føremålet. Det som over tid har vist seg som lite attraktive område og ikkje er tekne i bruk, skal takast ut og erstattast med nye område. Godkjente bustadområde som har lege i kommuneplanen sidan 1992 er gjennomgått, og dei aller fleste av desse føreslår ein å ta ut. Plankartet skal visa eit realistisk bilde av forventa arealbehov dei komande åra. Område som har lege i kommuneplanen i 20 år utan at det har skjedd noko der hindrar godkjenning av nye område som kan vera mykje meir attraktive. I tillegg kan det vera koma fram nye opplysningar om området som gjer at det ikkje lenger bør vera byggeområde.

Følgjande bustadområde vert tilbakeført til LNF:

Eigedom	Tettstad	Kommentar
97/6, 15	Aurdal	Rasfare, det er ca. 200 m til communal VA
66/2, vest	Fagernes	Rasfare
66/2, aust	Fagernes	Rasfare, 90 % dyrka mark
85/385, Måno	Leira	Rasfare i NV, over 250 m til communal VA
86/18 og 30, Nerstad	Leira	Bratt, noko dyrka mark og innmarksbeite

I planprogrammet for revisjonen av arealdelen til kommuneplanen går det fram at "*Kommunen skal ha fokus på alderstilpassa bustadbygging i planprosessen. Kommunen vil i planarbeidet legga til rette for bustadbygging i communal regi*".

I forslag til kommunal planstrategi prioriterer kommunen å legga til rette for utbygging og sal av tomtene 23-37 og område Bk2 på 3.3 daa for konsentrert utbygging av bustader i Vinjarfeltet. Kommuneplanen er fleksibel m.o.t. at det kan leggast til rette for konsentrert utbygging på einebustadtomter der det ligg til rette for det, og at området for konsentrert utbygging kan brukast til einebustadtomter. I forslaget til kommunal planstrategi går det og fram at kommunen vil prioritera arbeid med reguleringsplan for Nyvegtøppen som skal omfatta både alt godkjente område for bustadbygging i området samt B6.

Aurdal (B1-B3)

Bustadområde B1-B3 ligg i Aurdal. I B2 og B3 er det opna for 1 tomt i kvart av områda. B1 må sjåast i samanheng med resterande utvikling av Sagbråtenfeltet.

Bjørgo

Kommunen har ikkje motteke innspel om bustadområde på Bjørgo, det vart ikkje lagt ut nokon i 2009 heller. Ev. bustadutbygging på Bjørgo må skje som dispensasjon.

Fagernes (B4-B8)

Bustadområde B4-B8 ligg på Fagernes. I byggeområde B4 og B5 vert det opna for 2-3 tomter. I forslag til kommunal planstrategi for 2012-2016 er utarbeiding av reguleringsplan for Nyvegtøppen prioritert. Område B6 vil inngå i denne. Område B7 ligg ved Marsteinhøgde, medan B8 er ei tilpassing og utviding av eit godkjent byggeområde i bygdeplanen frå 2009.

Det er gitt føringar/retningsliner om utviklinga i Fagernes sentrum m.o.t. leilegheitsutbygging, høgde og minimumsutnytting ved ny utbygging.

Leira (B9)

Det blir opna for utviding av bustadfeltet på Førsøddin på eigedom 83/55. Tomtene 1-10 i gjeldande reguleringsplan ligg på eigedom 85/56, medan tomtene 11-44 ligg på eigedom 83/55. Flestesteparten av dei 34 tomtene på eigedom 83/55 er selt. Ein meiner det er fornuftig å bruka område som alt er tekne i bruk til byggeføremål, framfor å ta i bruk nye område

Skrautvål (B10)

Det er opna for 1 ny bustadtomt innanfor avgrensinga til reguleringsplan for Skrautvål. Tomta ligg på dyrka mark, men er ledd i eit makebytte for å kunna legga forholda betre til rette for jordbruksdrift på garden Bekkevold. Dersom makebyttet ikkje let seg gjennomføra skal eigedomen framleis vera jordbruksområde.

Ulnes

Kommunen har motteke 1 innspel om bustadområde i Ulnes, men dette ligg på dyrka mark og er avvist i jf. grunnlagsdokument 3.

Vestringsbygda

Kommunen har ikkje motteke innspel om bustadområde i Vestringsbygda til planarbeidet.

Konklusjon

Det er sagt at sentrumsnære bustadområde på Fagernes skal prioriterast, då ein forventar eit auka behov for tomter delvis som eit resultat av sentraliseringa av skulen og som følgje av å vera regionsenter. Planstrategien har ei retningsline om at omfanget av ev. nye bustadområde skal stå i høve til tomtereserven som er, forventa folketalsutvikling i dei ulike grendene og det faktum at delar av planen nyleg er revidert. Ein vurderer dei 10 nye utlagde byggeområda for bustader, samt mulegheita for leilegheitsutbygging i Fagernes sentrum og dei eksisterande reservane, til å vera meir enn tilstrekkeleg til å dekka behovet i kommunen dei komande 12 åra utifrå forventa folketalssauke og behovet ein har sett dei siste 10 åra.

Kommunestyret har lagt vekt på å oppretthalda busettinga i grendene i kommunen, og planstrategien har ei retningsline som seier at det skal sikrast mulegheit for bustadbygging i alle dei 8 grendene i kommunen (Aurdal, Bjørgo, Fagernes, Leira, Skrautvål, Tisleidalen, Ulnes og Veststringsbygda). Ein meiner dei nye områda for bustader, og reservane i tidlegare planar samt retningslinene for å søka om dispensasjon legg tilstrekkeleg til rette for dette.

OMRÅDE FOR FRITIDSBUSTADER H1-H28 OG h1-h29

Utmarksdelen til kommuneplanen vart sist revidert i 1995. Dette har m.a. resultert i mange innspel om hyttetomter til denne planprosessen. Innspela er vurdert og behandla etter dei langsiktige retningslinene for arealbruk i planstrategien, jf. grunnlagsdokument 1 og 2. Dei 28 innspela som er vurdert til å vera i samsvar med retningslinene, eller innspel der det er andre særlege grunnar som gjer at ein likevel tilrår at innspelet vert med vidare (2-3 innspel), er sagt at skal vurderast grundigare seinare. Dette er gjort i konsekvensvurderinga. Utifrå dei forholda ein har oversikt over gjennom konsekvensvurderinga, er det ikkje andre klart framtredande interesser som ser ut til å vera til hinder for at dei aktuelle områda for fritidsbustader ikkje kan visast som byggeområde.

Satsingsområde for turisme

Kommunen har i utgangspunktet hatt 3 satsingsområde for turisme; Aurdalsåsen, Tisleidalen og Vaset (jf. kommunal planstrategi for 2012-2012), og i møte 03.02.11 fastsette formannskapet avgrensinga av desse. I forslag til kommunal planstrategi for 2012-2016 (vedtak om off. ettersyn 23.05.12) er det p.g.a. manglende avløpsløysing i Tisleidalen føreslått å vidareføra berre 2 av satsingsområda, Aurdalsåsen og Vaset.

I retningslinene for langsiktig arealbruk som kommunestyret fastsette 16.12.10 (jf. kommunal planstrategi 2010-2012) er det skilt mellom korleis ein skal vurdera innspel om hyttetomter i satsingsområda og utanfor satsingsområda. Dei vedtekne retningslinene er strengare for vurdering av hyttetomter utanfor satsingsområda.

Hovudtyngden av nye fritidsbustader skal lokaliserast til satsingsområda, jf. kommunal planstrategi for 2010-2012. Det er ein stor reserve av alt godkjente hyttetomter i kommunen, og den eksisterande reserven er rekna ut til å vera kring 1500 tomter i planstrategien. Som følgje av dette har planstrategien ei retningsline som seier at det kan opnast for inntil 500 nye hyttetomter i kommunen i kommuneplanplanperioden, 80 % av desse skal ligga i satsingsområda.

Mesteparten av innspela som har kome til planarbeidet gjeld hyttetomter utanfor satsingsområda, og ein stor del av desse er ikkje i samsvar med retningslinene som er gitt for planarbeidet, jf. kommunale planstrategi og planprogram. Alle dei nærmere 140 hytteinnspeala er vurdert i grunnlagsdokument 1 og 2.

Utanfor satsingsområda er det vist 12 nye byggeområde.

I satsingsområdet Aurdalsåsen er det vist 8 (H11, H17-H20, H24-H26) nye byggeområde for fritidsbustader, medan det på Vaset er vist 2 (H4 og H23).

Det er vist 4 ny byggeområde for fritidsbustader i Tisleidalen (H1, H6, H9 og H10). To byggeområde ligg delvis i satsingsområdet Tisleidalen og delvis utanfor satsingsområdet (H8 og H22). Dersom forslaget om å ta ut Tisleidalen som satsingsområde blir vedteke, må ein

gjera ei ny vurdering av desse byggeområda slik at dei blir vurdert etter dei same kriteria som andre innspel om hyttetomter utanfor satsingsområda.

3 av dei nye byggeområda for fritidsbustadar er vurdert til ikkje å vera i samsvar med retningslinene for planarbeidet, men ein har likevel valt å tilrå at dei vert innarbeidd i kommuneplanen, dette gjeld innspel i tilknyting til Årelid ungdomssenter i Tisleidalen, Gomobu på Vaset og Nythun på Kruk, jf. grunnlagsdokument 1, 2 og 4.

Plankartet skal visa eit realistisk bilde av forventa arealbehov dei komande åra. Område som har lege i kommuneplanen i 20 år utan at det har skjedd noko der, hindrar godkjennung av nye område som kan vera meir attraktive. I tillegg kan det vera kome fram nye opplysningar om eit område som gjer at det ikkje lenger bør vera byggeområde.

Følgjande område for fritidsbustader vert tilbakeført til LNF:

Eigedom	Plan	Namn	Kommentar
1/2,16, 3/8, 9/3,6	KDPL Skrautvål heimås	Ørrhøvda	Naturmangfoldloven: Store viltinteresser
23/34 (H20) og 38 (H16a)	KPL, utmarksdelen	Tveitastølområdet	Naturmangfoldloven: Føre-var, usikkerheit kring forureiningsfaren i heile Kruk-området

Administrasjonen har avvist innspel på eigedom 23/38 den 25.11.10, og ein konkret førespurnad om hyttebygging på eigedomen 15.02.12, p.g.a. vurderingane knytt til andre eigedomar/innspel i Kruk-området i samband med utarbeidninga av forslag til kommuneplan.

Andre innspel til kommuneplanarbeidet vedr. hyttebygging

Kommunen har fått fleire innspel som går direkte på hyttebygging, men som ikkje er innspel om hyttetomter. I innspela er det gitt uttrykk for ein del synspunkt knytt til hyttebygging generelt og i enkeltområde, forslag om endringar av planføresegner osb.

12.05.10 Per Sanner vedr. oppsetting av gjerde Bjørkestøllié hyttefelt

Søker på vegne av 6 hytteeigarar om dispensasjon til å setta opp eit felles gjerde rundt eigedomane deira. Planutvalet har bedt kommuneplanutvalet vurdera problemstillinga under revisjonen av arealdelen.

Administrasjonen

Administrasjonen er generelt positiv til inngjerding av hytteeigedomar når dette ikkje hemmar fri ferdsel langs stiar og vassdrag. Beitedyr trekk inn mot busetting, og fleire hytter i utmarka og tilskotsordningar for å stimulera til auka beiting i utmarka, har ført til at konfliktene mellom hytteeigarar og beitedyr har vore aukande.

Administrasjonen meiner at ei samla inngjerding av fleire, og då minst 5 hytteeigedomar, vil vera ei estetisk betre løysing framfor at kvar enkelt hytteeigar gjerdar inn eit område på inntil 500 m². I tillegg vil dette sannsynlegvis verka mindre hemmande på den frie ferdsla, enn mange små inngjerda område som vil framstå sterkt privat. Det bør vera min. 2 inn-/utgangsmulegheiter i kvar ende av eit inngjerda område, slik at det er muleg å gå gjennom det langs eksisterande eller potensielle vegar og stiar.

Følgjande generell retningsline er med bakgrunn i dette innarbeidd i forslag til retningsliner: ”*Det kan settast opp gjerde samla kring fleire fritidsbustader når forhold kring beiteretten er avklart og den frie ferdseLEN ikkje vert hemma. Det må vera min. 5 hyttetomter som går saman om ei slik løysing*”.

Det blir ikkje her teke stilling til ev. privatrettslege avtaler om gjerdebruk mellom tomteseljar og -kjøpar.

24.11.10 Aurdalsåsen hytteforening v/Tore Kallestad

Meiner at det bør koma tydeleg til uttrykk i planane og budsjettet at reiseliv generelt, og hyttelivet spesielt, er viktig for kommunen. Viser til delmålsettingar og prioriterte satsingsområde i planprogrammet til arealdelen (*adm: det som er gjengitt i planprogrammet er henta frå samfunnsdelen til kommuneplanen*), og meiner at ein ikkje finn nokon tydelege erkjenning av at ein er ein viktig hyttekommune her, og dei konstanterer at fritidsbustader og turisme ikkje er nemnt som eit prioritert satsingsområde. Dei meiner at fastbuande og brukarane av fritidsbustader i hovudsak er ”i same båt” når det gjeld mange forhold i kommunen, og at hyttefolket kan representera ein unytta ressurs i kommunen.

I 3 punkt gir dei ei grunngjeving for kvifor dei meiner at kommunen også bør ha fokus på brukarar av fritidsbustader parallelt med fastbuande og næringsliv.

1. Kommunen er ein utprega og stor hyttekommune, og den største i Oppland. Det er 25 % fleire hytter enn bustader i kommunen. Teknologisk utvikling gjer at hytta kan brukast meir i jobbsamanheng. Dersom ein reknar min. 2 personar per hytte, er det mange fleire ein dei fast innbyggjarane i kommunen som blir berørt av planane til kommunen.
2. Kommunen er ein vesentleg handels- og servicekommune, ikkje minst takka vera det store talet på brukarar av fritidsbustader.
3. I eit fagnotat til kommunal- og regionaldepartementet i 2008 omtalte Norsk senter for bygdeforsking det dei kalla ”fritidsbustadfenomenet”. Dei meiner at fritidsbustader kan ha så vel positive ringverknader som utfordringar. Fagnotatet nemner spesielt at den auka etterspurnaden etter, og den aukande bruken av fritidsbustadar, har gjort det muleg for mange kommunar å bevisst satsa på fritidsbustader som utviklingsstrategi.

Dersom kommunen ønskjer å vera vertskap for brukarar av fritidsbustadar (og turistar) og å utnytta den eineståande mulegheita som ligg i den posisjonen som kommunen faktisk har, meiner dei at dette må få konsekvensar for planane til kommunen på ei rekke område.

Dette kan vera område som vil vera like viktige for fastbuande som for hytteeigarar og turistar, område som kan gjera det endå meir attraktivt å vera fastbuande i kommunen:

- Infrastruktur som alpinanlegg, heisar, utvikling av løpenettet, sykker- og turstiar, klatreveggar, svømmebasseng, fleirbrukshall osb.
- Servicetilbud – arealplanar: skular, lærlingeplassar for viktige handverks- og servicenæringar, varehandel, privat tenesteyting, kommunal tenester som renovasjon, miljø, helse osb.
- Eigen hytte- og turismekoordinator i kommunen som skal vera eit kontaktpunkt utad for hytteeigarar i alle kommunalt relaterte saker, ein rettleiar, ei intern vaktbikkje (ombudsmann) som sikrar at interessene til hytteeigarane vert tekne vare på.

Meiner at det bør vera like naturleg for kommunen å ha ein strategi for utvikling av infrastrukturen til tursti- og løypenetet slik ein har det for vegnettet, og at desse vert følgt opp i prioritert rekkefølgje. Løypenetet for sommar og vinter er viktige faktorar for at folk vil bygga hytter her og bruka dei.

Avsluttar med at ”*Vi i AHF ønsker en offensiv NAK som er et tydelig vertskap for fritidsboligbrukerne og lar dette fremkomme gjennom uttrykte prinsipper og delmål (saman med øvrige prisverdige mål) i sine planer og budsjetter – inkludert denne arealplanen- Og ikke bare gjennom økning i eiendomsskatten – det blir liksom litt fantasiløst*”.

Administrasjonen

Utdrag av kap. 5. 4 om satsingsområdet næringsutvikling: ”*Kommunen vil fokusera meir på hytteeigarar. Fleire og fleire oppheld seg på og bruker hytta meir enn tidlegare. Mange av desse har behov for og ønske om ulike tenester. Mange hytteeigarar ønskjer å ta med seg arbeidet sitt på hytta, og tilbringa nokre dagar meir i kommunen. Hytteeigarane representerer ein stor ressurs, kommunen ønskjer å dra nytte av desse ressursane.*

Kommunen har i dag ein avgrensa pågang av søknader om heimetenerster frå hyttefolk. Det avgrensar seg til sesongar som jul, påske og sommarferie. Denne pågangen er ikkje så stor at den krev ekstra ressursar. Nord-Aurdal har mange hytter med høg standard, og det kan tenkast at me i framtida vil få auka etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester om desse brukarane vel å flytta til Valdres. Om etterspurnaden blir stor, vil det vera nødvendig at ressursane til å tilsetta fleire fagfolk aukar i takt med behovet for tenester”.

25.11.10 Engebret Aavok vedr. A1 i kommunedelplan for Aurdalsåsen

Meiner det er viktig å oppretthalda område A1 med same utnyttingsføremål som i gjeldande kommunedelplan for Aurdalsåsen. Dette for framleis å ha eit godt grunnlag for å vidareutvikla og sikra dei framtidige interessene og drifta til alpinsenteret.

Administrasjonen

A1 er vidareført som eksisterande område for idrettsanlegg (i6).

26.11.10 Anne Myrvang Salvador

Føreslår å auka utnyttingsgraden i reguleringsplan for Gråndalen 2, med tanke på effektiv arealutnytting av eksisterande felt. Det bør gjelda dersom ein har ei godkjent vatn- og avløpsløysing.

Administrasjonen

Kommuneplanføresegnene opnar for dette i uregulerte område, men i regulerte område så skal godkjente reguleringsplanar framleis gjelda. I kommuneplanføresegnene er det imidlertid spesifisert at følgjande føresegns gjeld framfor lågare avgrensingar i godkjente reguleringsplanar: Bruksarealet (BRA) til hytteeininger med høg standard utanom 100 metersbeltet langs vassdrag i satsingsområda kan vera inntil 200 m², av dette skal min. 25 m² avsettast til parkeringsføremål (garasje el. tilsvarande).

10.01.11 Ivar Amund Grimstad og Knut G. Huset

Primært kommentarar til innspel H50 i grunnlagsdokument 1 og 2. I den skriftelege delen og konsekvensvurderinga som begge ligg som vedlegg til saka gjeld dette områda H12-H16. Ber om at innspela frå Vestringsbygda utmarkslag vert avvist frå realitetsbehandling.

Det er to hovudtema i brevet.

Det 1. temaet "*Innspillet er uforenlig med bl.a. rettsgyldig utskiftingsdom over Veststringsbygda sameie*" vert ikkje teke stilling til her. Det vert vist til at jusprofessor, Hans Chr. Bugge ved UiO, riktig nok har sagt at når kommunen utfører bl.a. arealplanarbeid så pliktar ikkje kommunen å undersøka aktivt og oppsökande alle privatrettslege forhold. Det vert poengert i brevet at "*Men når kommunen er gitt dokumenterte opplysninger om privatrettslige forhold, plikter kommunen å ta behørig hensyn til opplysningene i arealplanarbeidet*".

Dette dreier seg om privatrettslege forhold og ligg utanfor kompetanseområdet til planstyresmaktene. Kommunen registrerer at det er usemje kring temaet, og når det gjeld spørsmål om plassering av ev. hyttetomter er det uvesentleg for kommunen kven som eig grunnen. Dette går klart fram av planstrategien, jf. punkt 8 om vurdering av innspel i kap. 4 om langsigkt arealbruk, at "*Eigedomsgrenser er uvesentleg ved vurderingane som kommunen gjer, og enkelteigedomar vil bli vurdert i ein større heilskap*". Nye hyttetomter skal plasserast der det er best eigna utifrå retningslinene for planarbeidet. Kommunen vil vurdera alle innspel som kjem, uansett kven dei kjem frå og kva område/kven sin eigedom det dreiar seg om.

Det er argumentert for kva som bør kunna oppfattast som rett namnebruk for dei som har sendt inn innspelet, og for området innspelet dreier seg om. Om det er brukt rett eller feil namn på samanslutningen og området innspelet gjeld for, er heller ikkje vesentleg for vurderingane som kommunen skal gjera m.o.t. arealbruk i området.

Tema 2 "Gullords innspill er uforenlig med lover, forskrifter, nasjonale, regionale og kommunale vedtak, pålegg og føringer"

Viser til at det alt er mange utbyggingsområde i utmarka til Veststringsbygda, og at når denne alt er så belasta så bør det i liten grad leggast til rette for nye. Forslaget om nye hyttetomter i området er urealistisk stort.

10 av innspela som gjeld utmarksområda i Veststringsbygda, og delar av dei 4 resterande innspela (b, d, f, h), er vurdert til ikkje å vera i samsvar med retningslinene for utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen, jf. grunnlagsdokument 1 og 2, og derfor avvist.

Med dei vurderingar som tidlegare er gjort m.o.t. avgrensing av dei 4 innspela b, d, f og h så har ein i hovudsak imøtekoma mange av innvendingane som er framført i innspelet. Ein viser til tidlegare vurderingar og innspelet frå Grimstad/Huset.

26.05.11 Planutvalet v/Trond Bergh

Ber om at kommuneplannemnda (formannskapet) vurderer om det skal vera lov å setta opp flaggstenger, utvendig belysning og portstolpar (portalar) i samband med arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

Administrasjonen

Ein meiner at lysbruken bør reduserast til eit minimum, og at berre nødvendig utvendig belysning i form av ei utelampe ved inngangsdør og ev. altandør(-er) på hovudhytta, og ei utelampe ved inngangsdøra på kvar av dei to ekstra bygningane i hytteininga bør vera lov.

Flaggstenger og portalar kan verka dominerande i landskapet og vera godt synlege på lang avstand. Ein meiner at ein bør ha ei meir restriktiv haldning til kva som bør vera lov i hytteområde samanlikna med i bustadområda i bygdene i kommunen, men totalt sett kan ein vanskeleg sjå at oppsetting av flaggstenger og portalar gir spesielt uheldige landskapsverknader og hindrar utøving av friluftsliv for nokon.

11.04.12 Freningvegen velforening v/Jørgen Larssen

Viser til årsmøtet i Aurdalsåsen hytteforening, der kommunen ba om innspel til arbeidet med kommunedelplanen for kultur, stiar og friluftsliv

Ved utarbeiding av gjeldande reguleringsplanen for utbygging av Danebuområdet var velforeninga spesielt engasjert i kva som skulle skje med Danebubakken. Dåverande eigarar av Alpinsenteret hadde valt å avvikla drifta av bakken, og i reguleringsplanen vart området regulert til leilegheiter og fritidsbustadar.

Basert på innspel frå velforeninga vart den høgre delen av bakken teke vare på som eit område for aking og skileik. Når utbygginga ennå ikkje er påbegynt ønsker velforeninga på nytt å retta merksemda på dette unike område for barn og ungdom på Aurdalsåsen. Dei ønsker at det vert vurdert om det er muleg å sikra det opprinnelige området som utgjorde "Danebubakken" på nytt gjennom den nye kommunedelplanen, slik at det igjen blir muleg å etablera eit aktivt skimiljø for barn og unge her.

Freningvegen velforening ønsker å bidra til realisering av dette. Her kan ein m.a. henta inspirasjon frå det ein har fått til på Vierli – Rjukan når det gjeld skiparkområde for barn og ungdom. Det unike med Danebubakken er at han er veldig lett tilgjengeleg for alle som held til på toppen av åsen, utan å måtte vera avhengig av køyring til og frå leikeområdet.

Administrasjonen

Reguleringsplan for Freningvegen vart godkjent 14.06.2007. Problemstillinga vart grundig vurdert den gangen. Dette er ein stor plan, og det kan ta tid å realisera han fullt ut. Administrasjonen tilrar å vidareføra gjeldande reguleringsplan for området.

13.04.12 AS Valdresbygg v/Knut Lie og 25.05.12 v/John Lie

Ønskjer å omregulera områda som er vist som ervervsområde i reguleringsplan for Storstøllié som vart godkjent 29.03.2007 til hyttetomter for sal.

Viser til at det frå utbyggarside har blitt gitt uttrykk for at det vil vera meir føremålstenleg med dette føremålet framfor å legga opp til storstilt utbygging av leilegheitsbygg etter Storstølvegen slik gjeldande plan legg opp til. Utbyggar har tidlegare bedt om ei revurdering av dette. Utifrå omsynet til eksisterande fritidsbustadar og tomtestruktur i Storsøllié og ved Storstølen, og for ikkje å bryta det visuelle inntrykket dette skapar, vil det vera føremålstenleg med tilsvarande utnytting langs stølsvegen mot Storstølen, i nedre del av Storstøllié.

Administrasjonen

I retningslinene til kommunedelplan for Aurdalsåsen går det fram at områda for erverv kan byggast ut med anlegg for turistretta føremål, t.d. utleiehytter/-leilegheiter, anlegg for service og overnatting, handel, handverksindustri e.l.

I reguleringsplan for Storstøllié er områda E2-E4 i kommunedelplan for Aurdalsåsen regulert. Av tilsvarande samanliknbare søknadar finn ein at område E6 i kommunedelplan for Aurdalsåsen er regulert til hyttetomter for sal (Lomtjednhaugen hytteområde).

Ved søknad om å regulera E6 til hyttetomter for sal tilrådde formannskapet å imøtekoma søknaden som ikkje var i samsvar med kommunedelplanen for Aurdalsåsen, og viste til at det i A2 (reguleringsplanen for Fjellstølknatten) vart lagt opp til byggeområde for turistføremål (leilegheitsbygg/hytter – utleige/privat), og at dette området er betre eigna til føremålet enn E6. Det vart vist til at A2 ligg sentralt i høve til eit godt utbygd skiløypenet, og det framtidige

alpinbakke- og skitrekkssystemet som skal knyta området til eksisterande alpinbakksystem på Aurdalsåsen.

Områda E2-E4 ligg tilsvarende langt unna A2 som Lomtjednhaugen hytteområde. Administrasjonen er av den oppfatning at reguleringsplan for Fjellstølknatten og område i6 (A1 i kommunedelplan for Aurdalsåsen) er tilstrekkeleg store både som alpinområde og til turistføremål, og tilrår derfor at ervervsområda i Storstøllié kan omregulerast til private hytter.

14.05.12 Aurdalstoppen fjellgrends velforening, v/ Jon Christian Hillestad

Hytteområde TB6 på Aurdalsåsen var eit av dei første områda som vart bygd ut i seinare tid. I etterkant har dei områda som har kome etterpå hatt ein utnyttingsgrad på 200 m^2 , medan TB6 er regulert til 150 m^2 . Ber med dette om at kommunen aukar/harmoniserer utnyttingsgraden til 200 m^2 også for TB6-området.

Administrasjonen

Kommuneplanføresegne opnar for dette i uregulerte område, men i regulerte område så skal godkjente reguleringsplanar framleis gjelda. I kommuneplanføresegne er det imidlertid spesifisert at følgjande føresegns gjeld framfor lågare avgrensingar i godkjente reguleringsplanar: Bruksarealet (BRA) til hytteeiningar med høg standard utanom 100 metersbeltet langs vassdrag i satsingsområda kan vera inntil 200 m^2 , av dette skal min. 25 m^2 avsetast til parkeringsføremål (garasje el. tilsvarande).

OMRÅDE FOR NÆRINGSVIKLING E1-E8 OG e1-e

Ervervsområde (E1-E8)

Av dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging går det fram at regjeringa forventar at det vert teke omsyn til kva behov bedrifter og næringar har for lokalisering og eigna areal, samtidig som arealbruken skal avklarast mot andre bruks- og verneinteresser.

E1 og E2 ligg sør for E16 og aust fv 51 på Leira. Eigedom 85/3 er i gjeldande kommuneplan vist som framtidig offentleg område. Vurdering av anna bruk av eigedomen vart utsett ved forrige planrevisjon, då den framtidige skulestrukturen i kommunen ikkje var fastlagt. Det er gjort vedtak om at Leira skule skal leggast ned frå hausten 2012. Ein meiner at eigedom 85/3 må sjåast i samanheng med resten av arealbruken sør for E16 på Leira, og han bør derfor reserverast til ervervsføremål.

Administrasjonen meiner at alt areal på sørsida av E16 på Leira bør reserverast til ervervsføremål. Sett i høve til eksisterande bruk av området, meiner ein at det er uheldig at det ligg bustadeigedomar her. Eigedomane 85/94, 105, 110 og 282 er derfor reservert med sikte på framtidig ervervsområde. Eigedom 85/105 er selt med sikte på erverv, og det er dialog om tilsvarande for eigedom 85/110.

Eigedom 85/170 er brukt til erverv, men framtidig E16-trasé er ikkje endeleg fastsett, og inntil denne er avklart bør ikkje gjeldande arealbruksføremål endrast her.

Administrasjonen meiner det er viktig å legga til rette for næringutvikling fleire stader i kommunen, og **E3** ved Bløytjednsagé vert reservert til ervervsføremål for å dekka behovet for framtidige næringstromter i Tisleidalen.

E4 ligg i all hovudsak på dyrka mark på Breiset i nær tilknyting til Fagernes. Området var føreslått som næringsområde også ved forrige revisjon av kommuneplanen, men fylkesmannen reiste motsegn til det p.g.a. jordvernomsyn.

Kommunen har fått to innspel om å legga ut E4 som næringsområde etter varsel om planoppstart. Behovet for større samanhengende næringsareal nær Fagernes sentrum er stort, og p.g.a. topografien og eksisterande busettning er det der få andre naturlege område enn Breiset. Her er det dessutan alt fleire godt etablerte næringsverksemder på austsida av rv51. Det er vanskeleg å finna tilsvarende godt eigna område til føremålet.

Valdres næringsforum BA har kome med innspel om behov og lokalisering av nye ervervsområde ved regionsenteret. Dei skriv i innspelet til planarbeidet at for at Fagernes som regionsenter og handelsområde skal kunna utvikla seg så er det stort behov for nye næringsareal. Dei viser til Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel, og meiner planen og statusen til Fagernes som regionalt handelssenter opnar for å ta i bruk andre areal til næringsføremål enn ein elles ville hatt. Dei poengterer at det ikkje finst andre ledige sentrumsområde på Fagernes, og at Leira, som framtidig næringsetablering på Fagernes vart vist til ved forrige planrevisjon, ikkje er ein del av det regionale handelssenteret slik fylkesdelplanen er utforma. Dei meiner at med vedtaka frå forrige revisjon og avgrensingane i fylkesdelplanen, så er regionsenteret Fagernes/Leira heilt låst frå å ta i mot større etableringar nær sentrum.

Valdres næringsforum presiserer at dei har stor respekt for jordvernet, men er òg kjent med at kommunen ikkje har hatt netto avgang på dyrka mark sjølv om talet på gardsbruk i drift har gått ned, noko som igjen betyr at det ikkje er vesentleg press på jordbruksarealet her. Den aktuelle jorda på Breiset er både skyggefull, rålendt, frost- og flaumutsett. Ho er og til dels bratt og tungdrive. Ein av eigarane skriv sjølv i innspelet sitt at verken eigaren av 70/1 eller 70/2 er aktive gardbrukarar, og det er meir rett å seia at eigarane slit med å få nokon til å villa hausta gras her (jf. grunnlagsdokument 5).

Valdres næringsforum BA fremmar følgjande 3 konkrete forslag til kommuneplanarbeidet:

1. Valdres treng utvikling, og det er i den samanheng heilt avgjerande å ha eit sterkt regionsenter som kan tilby konkurransedyktige og sentrumsnære næringstomter. Areala på Breiset er i dag dei einaste aktuelle områda. Som vertskommune for regionsenteret må Nord-Aurdal kommune legga ut desse områda som ervervsområde.
2. Nord-Aurdal har ikkje press på jordbruksområda sine, og derfor må jordvernomsynet vika her. Ein kan ikkje akseptera at kommunen skal gjera avlat for nedbygging av verdifulle jordbruksareal rundt pressområda kring andre stadar i landet.
3. Det at Fagernes og Leira vert oppfatta som 2 ulike sentrum er kunstig og unaturleg for folk flest. Dei kjenner ikkje til andre tettstadar i Innlandet som ligg så tett på kvarande, men som likevel vert behandla så ulikt i plansamanheng. Fagernes og Leira må i all vidare offentleg planlegging behandlast som ein tettstad og eit felles sterkt regionsentrums for Valdres.

E5 vert vist som ervervsområde, men med klare føringar i planførere segnene/-retningslinene om kva område kan brukast til. Dette ervervsområde skal ikkje brukast som dei andre 4 nye ervervsområda.

Plankartet skal visa eit realistisk bilde av forventa arealbehov dei komande åra. Område som har lege i kommuneplanen i 20 år utan at det har skjedd noko der hindrar godkjenning av nye område som kan vera meir attraktive.

Følgjande næringsområde vert tilbakeført til LNF:

Eigedom	Lokalisering	Plan	Kommentar
95/1	Aurdal	KPL, bygdedelen	Arealet har vore reservert til føremålet i min. 20 år, og det har ikkje skjedd noko.
95/1	Aurdal	KPL, bygdedelen	
70/1, 79/10	Svennes sameige	KDPL Svennes sameige	
114/8 og 13	Tisleidalen	KDPL Merket	

Eigedom	Lokalisering	Plan	Kommentar
95/1	Aurdalsåsen	KDPL Aurdalsåsen	Vurderer arealet som ikkje aktuelt lenger, sidan det alt er utarbeidd reguleringsplan for eigedomen som er i samsvar med kommunedelplan for Aurdalsåsen.

Konklusjon

Ein vurderer dei 5 nye utlagde byggeområda for næring og dei resterande reservane, til å vera tilstrekkeleg til å dekka behovet for dei komande 10-12 åra.

OMRÅDE FOR GRAV- OG URNELUNDER Gu1-Gu2 og gu1-gu2

Nord-Aurdal kyrkjelege fellesråd har ved planoppstart sendt innspel der dei opplyser om at det er behov for utviding av kyrkjegardane i Aurdal og Ulnes i planperioden, og ber om at det vert reservert areal til dette.

Gu1 (6 daa), gnr/bnr 96/4, er reservert med tanke på utviding av kyrkjegarden i Aurdal.

Gu2 (3 daa), gnr/bnr 45/1, er reservert med tanke på utviding av kyrkjegarden i Ulnes.

Rett sør for skulen i Aurdal har kommunen ein eigedom på 12 daa (96/110) som er vist som framtidig offentleg område i gjeldande kommuneplan. Eigedomen er bortleidt til landbruksføremål, og inngår i jordbruksarealet på eigedom 95/330 som er i aktiv drift. Eigedomen 95/110 ligg som ei øy på eigedom 95/330, og deler det samanhengande jordbruksarealet her i 2. Kommunen har motteke innspel om å legga ny kyrkjegard i Aurdal på eigedomen.

Administrasjonen vurderer saken slik at det arronderingsmessig sett er lite heldig at eigedom 95/110 vert nytta til ny kyrkjegard sett i høve til jordbruksdrifta på eigedom 95/330.

Ein er munnleg gjort kjent med at årsaka til at eigedom 95/110 er føreslege til utviding av kyrkjegarden primært er fordi det er vist som offentleg føremål, og at behovet for utviding snarleg bør avklarast. Primærørnskjett er samanfallande med det området FMiO reiste motsegn til ved utarbeiding av gjeldande kommuneplan for området, eigedom 96/4 – Lykkja.

Ein føreslår at eigedom 96/4, Lykkja, på 6 daa blir avsett til ny kyrkjegard i Aurdal (4.5 daa er jordbruksareal i gjeldande reguleringsplan) og at 3 daa av arealet på eigedom 45/1 rett sør/sørvest for Ulnes kyrkje til utviding av kyrkjegarden i Ulnes, og at tilsvarande areal på eigedom 95/110 vert tilbakeført til LNF-område (totalt 7.5 daa). Restarealet nærmest Middelskulevegen er vist med parkeringsføremål (P2).

Med ei slik løysing vil ein ikkje dela opp jordbruksarealet som eigedom 95/330 disponerer. Ei slik løysing medfører at 3 daa av jordbruksarealet på 45/1 vert omdisponert, men gardsbruket

det gjeld er ikkje i drift, og føret vert gitt vekk/selt. For dagens grunneigar har det små konsekvensar, medan framtidige eigarar må forhalda seg til den faktiske situasjonen. Det same gjeld for eigaren av 96/4. For eigaren av 95/330 har det vesentleg konsekvensar om egedom 95/110 vert brukt til kyrkjegard.

Fjerngravplassar vurderer ein som lite aktuelt både i Aurdal og Ulnes på noverande tidspunkt, då arealreservane i kommunen utanom tettstaden Fagernes er gode. Temaet vurderer ein til å vera meir aktuelt der det er avgrensa med areal. Ein kan ikkje forventa at innbyggjarar i bygder med rikelege arealreservar nær kyrkja skal ha forståing for at ei utviding av ein kyrkjegard skal skje både 2 og 3 km vekke frå kyrkja. Tida er ikkje moden for denne debatten, det er ho sannsynlegvis ikkje før den dagen det ikkje er att areal nær kyrkjene i kommunen. Administrasjonen meiner ein ikkje bør pressa fram løysingar som folk ikkje ønskjer kring eit tema som dette, men ein er kjent med signal frå sentralt hald vedr. både temaet fjerngravplassar og gravferdsmåtar.

ANDRE FRAMTIDIGE BYGGEOMRÅDE

Område for fritids-/turismeføremål (Ft og f/t1- f/t2)

Det er vist eit nytt område for fritids- /turismeføremål i tilknyting til Gomobu.

Område for råstoffutvinning (R1-R4 og r1-r10)

Det blir opna for 4 nye område for råstoffutvinning, 3 av desse er alt påbegynt. Området for råstoffutvinning ved Etnsenn er nytt og stort. Masseuttaket er vurdert av Interconsult i samband med verneplanprosessen for Langsua nasjonalpark: "Grusforekomster i Ormtjernkampens randområder", og akseptert av fylkesmannen.

Område for etablering av idrettsanlegg (I1-I3 og i1-i6)

Planen opnar for utviding av Valdres alpinsenter i Aurdal. Det er òg vist område for nytt treningsfelt for fotball på Blåbærmyré i tillegg til mulighet for etablering av modellflybane på delar av Pøllaøyé.

Andre typar anlegg (A)

Det er vist eit område for

An1 – Naust ved Fullsenn i Skrautvål sameige

Afn1 – Fiskebuer ved Naustedokké i Ulnes sameige

Ab1 – Bioenergianlegg i Aurdal

LNF-område for spreidd naustutbygging

Det er vist eit område for spreidd naustutbygging langs Strøndafjorden.

LNF-område for spreidd næringsutvikling

Kommuneplanen vidarefører prinsippa om næringsutvikling i tilknyting til gardsbruk i drift.

Andre tidlegare godkjente byggeområde

4 tidlegare godkjente byggeområde vert vidareført og vist som kombinerte område k1-k4 (1 i Skrautvål heimås, 1 i Merket utmarksområde og 2 i Tisleidalen grendesenter). Det er i tillegg vidareført 8 område for spreidd hyttebygging sh1-sh9 (alle i Ulnes sameige) og 2 område for offentleg føremål o1 (Tisleidalen grendesenter) og o2 i tilknyting til Leira skule samt 2 område for grav- og urnelund gu1-gu2 (Strøndakyrkja/Tisleidalen kapell).

Plankartet skal visa eit realistisk bilde av forventa arealbehov dei komande åra, og følgjande offentlege område vert derfor tilbakeført til LNF:

Eigedom	Lokalisering	Plan	Kommentar
96/96	Aurdal	KDPL bygdene	I tilknyting til Sorenskrivargarden, ikkje aktuelt til barnehage lenger.
7.5 da av 12 da på 95/110	Aurdal	KDPL bygdene	Bytte i dyrka mark på eigedomane 96/4 og 45/1.

Andre endringar/nye ting på plankartet

Alle område med muleg ras- og flaumfare er vist på plankartet saman med konsesjonsområdet for fjernvarme, Fagernes. Det er knytt planføresegner til områda med krav om ytterlegare vurderingar i fareområdet og tilknytingsplikt i konsesjonsområdet. Stølsvidda er vist som nasjonalt viktig kulturlandskapsområde.

Administrasjonen har utfordra fylkeskommunen i høve til om avgrensinga av Aurdal sentrum, der det i mange år har vore vist eit område der det skal leggast særleg vekt på byggestil, skal endrast. Kommunen fekk i tillegg ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene i 2009, forslag om å visa eit område ved Hjelle som kulturlandskapsområde. Det er gjort avtale om at det må gjennomførast ein felles synfaring mellom fylkeskommune, fylkesmannen og kommunen for å kunna ta stilling til dette, og blir jobba med å finna ein dato for synfaringa. Her vil forslag til avgrensing av kulturlandskapsområdet ved Hjelle bli vurdert samtidig som ein vil vurdera om av avgrensing av Aurdalsbyen skal endrast.

Eigedom 25/75 i Fagernes sentrum blir føreslått reservert til parkeringføremål – parkeringshus (P1). Eigedomen ligg strategisk til i høve til både langtidsparkering for reisande fra skysstasjonen og for ulike andre behov knytt til Fagernes sentrum.

Nye vegliner/endringar av sentrale vegliner i kommunen, E16, fv33, fv51

Det er ikkje vist endringar av fv33, medan ny trasé for Faslebrua på fv51 er vidareført frå kommuneplanen som vart godkjent 12.11.09. Det pågår planarbeid som vil ta stilling til framtidig trasé for delar av E16 gjennom kommunen.

Eksisterande frådelte bustad- og hyttetomter

Plankartet viser alle eksisterande bebygde bustad- og hyttetomter som byggeområde. Ein meiner dette gir det mest korrekte bilde av den faktiske situasjonen, og at dette er viktig og riktig i høve til eigarane. Dette er dessutan i tråd med det som er gjeldande i fleire av dei godkjente kommunedelplanane som denne kommuneplanen skal erstatta.

Tidlegare frådelte utbebygde tomter for bustadar- og fritidsbustadar er vist som LNF-område. Dette betyr at det må søkast dispensasjon frå kommuneplanen før ein ev. kan bygga på dei. Det kan vera interesser knytt til tomtene som ein ikkje kjente til ved frådelingstidspunktet som gjer at det ikkje bør byggast på dei. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

PLANFØRESEGNER/RETNINGSLINER

Det er utarbeidd forslag til planføresegner og retningsliner for utarbeiding av reguleringsplanar, behandling av søknadar om dispensasjon i LNF-område samt leikeplassnormer. Kommunen har i mange år hatt retningsliner for utarbeiding av reguleringsplanar, og desse vil framleis gjelda saman med dei nye retningslinene som vert

knytt til kommuneplanen. Kommunen har òg hatt retningsliner for kommuneplanarbeid i utmarka i mange år (kommunestyresak 47/2005).

Planføreseggnene og retningslinene som er utarbeidd er omfattande, og dette er gjort for å ha eit best muleg styringsverktøy for alle. Vidare for at administrasjonen skal ha eit godt styringsverktøy i høve til delegerte saker, og for å redusera behovet for politisk behandling.

Mange av planføreseggnene og retningslinene er vidareføring av planføresegner i gjeldande kommune(del)planar, noko som går tydeleg fram då det fleire stadar er gitt utfyllande føresegner eller retningsliner for desse områda. Ein har i tillegg brukt kommunestyresak 47/2005 som grunnlag. Med ny plan- og bygningslov kan fleire av dei gjeldande planføreseggnene ikkje vidareførast som føresegner, men må stå som retningsliner for reguleringsplanarbeid og dispensasjonssøknadar.

Planføresegner

Føreseggnene inneholder både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet. Juridisk bindande føresegner som er knytt til planen med heimel i §§ 11-9, 11-10 og 11-11 i plan- og bygningsloven er ramma inn.

Teksten utanfor innramminga er retningsgjevande, og av forklarande karakter. Dei gjev ikkje heimel for vedtak, men er viktige ved at dei presiserer politikken til kommunestyret og ønskemål for utviklinga i planperioden. Innhaldet vert lagt til grunn for all arealplanlegging og byggesaksbehandling.

Generelle føresegner

I punkt 1 er det eit generelt plankrav, men det er gitt ein del unntak under det enkelte føremålet.

Bustadtomter

Det er teke inn ei generell føresegn om at nye bustadtomter skal vera minimum 800 m^2 .

Utnyttingsgrad

Fleire av dei gjeldande reguleringsplanane for både bustadar og fritidsbustadar har avgrensingar i bruksarealet som det ofte blir søkt dispensasjon frå. Dispensasjonssøknadane blir som regel innvilga. For å redusera talet på dispensasjonssøknader som likevel blir innvilga, føreslår ein at kommuneplanen tek høgde for at folk kan bygga slik dei ønskjer utan å måtta søka dispensasjon.

I forslag til planføresegner er det føreslått at nye byggeområde for bustadar kan ha maks BYA på 30 %, men samla BRA på maks 400 m^2 . Nye tomter for fritidsbustadar i satsingsområda kan ha BYA på inntil 15 %, men maks 200 m^2 utanom byggeforbudsbeltet langs vassdrag der det er 150 m^2 (25 m^2 skal avsettast til parkeringsføremål). Utanom satsingsområda er maks. BRA 150 m^2 . Dette har vore retningsgjevande for alle dispensasjonssøknadar sidan 2005.

Det blir sagt at desse føreseggnene gjeld framfor lågare avgrensingar i godkjente reguleringsplanar. Planføreseggnene vil derfor vera felles for alle eksisterande bustadar og fritidsbustadar i satsingsområde/utanom satsingsområde som er vist som byggeområde i heile kommunen. Dette er i samsvar med fleire av dei gjeldande kommunedelplanane og arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene.

Kommunen har utover dette motteke innspel om å auka utnyttingsgraden i 2 byggeområde for fritidsbustadar i satsingsområdet Aurdalsåsen.

Det er gitt ei generell føresegn om at nye uthus/anneks/garasje på tomter for fritidsbustader, uavhengig av om det er høg eller låg standard, kan vera maksimalt 40 m².

Gjerdebruk

Ifølgje planføresegne er arealet som det kan settast opp gjerde ved/kring ein tomt avgrensa til 500 m² i regulerte område. Ev. gjerde skal ikkje vera høgare enn 1.5 m. Det er sagt at føresegna gjeld framfor lågare avgrensing i tidlegare godkjente reguleringsplanar. Planføresegna i kommuneplanen vil overstyra det som går fram av gjeldande kommunedelplanar og reguleringsplanar. I retningslinene blir det i tillegg opna for at det kan settast opp felles gjerde rundt fleire eigedomar.

Kommunen har fått signal frå overordna styresmakter om at det er meir demokratisk at slike endringar (bruksareal og gjerdebruk) skjer gjennom omregulering i kvart område, og at det iallfall bør listast opp kva reguleringsplanar dette gjeld for. Ein er ikkje usamd i desse signala, men ein ser at det både vil vera svært omfattande å endra reguleringsplanane, samtidig som dette gjeld så mange reguleringsplanar at ein valde å ikkje lista dei opp.

Fagernes sentrum med nærområde og Leira sentrum

Fagernes og Leira sentrum samt nærområda til Fagernes sentrum er vist på eige kart, og det er gitt eigne planføresegner til områda. Det blir stilt krav om min. BYA på 30 % ved ny nærings-/forretnings- og bustadutbygging.

Ein forventar at dette vil gje ei betre og høgare utnytting av sentrumsområda i Fagernes og Leira.

Byggeforbudsbeltet langs vassdrag

Kommunen har lenge hatt eit generelt byggeforbud i 100 meterssona langs vassdrag. Ein føreslår ei gradering av denne.

For Begnavassdraget, Øystre Slidrevassdraget, Tisleiavassdraget, Etna og Sunheimselv føreslår ein å vidareføra byggeforbuddet i 100 meterssona. I tillegg føreslår ein å vidareføra byggeforbuddet i 100 metersbeltet i alle vatn/tjern over 200 da og utløpselvar/-bekkar frå desse samt Gjeispa, Øygardselv, Skarselv, Liaelv og Smørlibekken

I tillegg føreslår ein at det blir byggeforbud i 100 meterssona langs alle elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god vasskvalitet innan 2021, jf. vassdirektivet til EU:

Elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god vasskvalitet innan 2021:

- Åbjøra og Begna mellom Fløafjorden og Strøndafjorden har dårlig kvalitet.
- Tisleifjorden, Ølsjøen, Dokkafjorden-Aurdalsfjorden, Neselvi, nedstraums Sæbufjorden, sideelvar Dokkafjorden vestsida, Tisleia mellom Tisleifjorden og Vadset har moderat kvalitet.

For alle andre vassdrag føreslår ein ei tilsvarande byggeforbudssone på 50 meter.

Administrasjonen føreslår at byggeforbuddet ikkje gjeld der eksisterande veg utgjer eit naturleg skilje, dvs. at dersom veg inngår i beltet på 50 eller 100 meter, gjeld byggeforbodet berre på den sida av vegen der vassdraget ligg og kan vera vesentleg smalare enn 50 eller 100 meter. Dette er ei vidareføring av ei planføresegn som er gitt i nokon av dei gjeldande kommunedelplanane.

Byggeforbudet bør heller ikkje gjelda ved ombygging, oppføring av tilbygg (anneks/uthus/garasje), påbygg på eksisterande bygningar eller ved riving av eksisterande bygningar med påfølgjande nybygging når tilbygget/påbygget/nybygget blir minst liggande med same avstand som det bygget som ligg nærmest vassdraget ved godkjenningsdatoen for planen.

For elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god vasskvalitet innan 2021 bør det vera byggeforbud i 100 metersbeltet uansett.

Omsynssoner

I område med ras- og flaumfare blir det stilt krav om ytterlegare undersøkingar ved detaljplanlegging og søknadar om bygge- og anleggstiltak.

I konsesjonsområdet for fjernvarme i Fagernes heimlar planføresegnene tilknytingsplikt for nye byggverk og tilbygg med bruksareal over 250 m², og bygningar som skal byggast om vesentleg med BRA over 250 m²

Det er forslag om at alle gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelda med unntak av reguleringsplan for Danebu turistområde – Valdres alpingrend som vart godkjent 09.05.1988 og reguleringsplan for Hundetjednet som vart godkjent 09.09.1993.

Det går ikkje fram av gjeldande kommunedelplan for Aurdalsåsen at reguleringsplan for Danebu turistområde – Valdres alpingrend framleis skal gjelda, men det er ikkje tidlegare gjort vedtak formelt om at planen er oppheva. Det aller meste av reguleringsplanen er erstatta av nye planar samtidig som byggeområde i6 ivaretak resterande areal.

Reguleringsplan for Hundetjednet viser berre areal for jord-/skogbruk, og ein meiner kommuneplanen ivaretak føremålet med reguleringsplanen tilstrekkeleg.

Retningsliner

Det er knytt 3 retningsliner til planføresegnene. Retningslinene er retningsgjevande for utviklinga me ønsker, og av forklarande karakter. Dei gjev ikkje heimel for vedtak, men er viktige ved at dei presiserer politikken til kommunestyret og ønskemål for utviklinga i planperioden. Innhaldet vert lagt til grunn for all arealplanlegging og byggesaksbehandling. Dei 3 retningslinene utfyller kvarandre.

Retningsline 1 er utfyllande retningsliner for tema/forhold som skal avklarast/gjennomførast ved utarbeiding av reguleringsplanar. Ved utarbeiding av reguleringsplan gjeld også tidlegare vedtekne retningsliner og føringar for planarbeid. Dessutan skal også byggeskikkrettleiaren for Valdres leggast til grunn saman med aktuelle retningsliner i dokumenta retningsline 2 og 3. Aktuelle kommuneplanføresegner skal også leggast til grunn.

Det er gitt generelle retningsliner om risikovurderingar, støyforhold, skiltbruk og reklame, kulturminne, energibruk, avfallshandtering, vegnett/haldningsklassar/parkering, stiar og skiløyper og for terrengtilpassing.

Bustadområde

Av retningslinene går det fram at byggeområde B8 er utviding av b5 (tidlegare godkjent byggeområde for bustader) og skal regulerast under eitt. Det er krav om koncentrert utbygging. Vidare går det fram at byggeområde B6 skal regulerast saman med b4 (tidlegare godkjent byggeområde for bustader) i reguleringsplan for Nyvegtøppen. Kommunen er ein av

grunneigarane innanfor dette området, og i forslag til kommunal planstrategi er dette ei prioritert planoppgåve for kommunen i valperioden 2012-2016 (områderegulering).

Det går fram av retningsline 1 at kommunen er positiv til spesielle arkitektoniske uttrykk ved utforming av bustader, og ser positivt på konsentrert bustadbygging på einebustadtomter dersom det ligg til rette for det. Det er òg sagt noko om utnytting i konsentrerte bustadområde.

Fritidsbustadar

Det blir føreslege at ingen nye hyttetomter skal vera større enn 1.5 daa (tidlegare 2 daa). Ein meiner at alle nye utbyggingsområde for hyttetomter bør utnyttast maksimalt, samtidig som det ikkje bør leggast til rette for hyttetomter som seinare kan medføra søknader om deling.

Det blir føreslått å vidareføra gjeldande praksis vedr. ev. fast busetting på hytteeigedomar, fargebruk og taktype. Det blir i tillegg sagt at til utebelysning i område for fritidsbustadar (konsentrert og frittståande) og utleigehytter kan det berre settast opp 1 lampe på veggen ved utgangsdørar, men maks. 3 på kvar hovudhytte og 1 på kvart annekts/uthus/garasje. I tillegg har byggeskikkrettleiaren for Valdres retningsliner om lysbruk i hytteområde.

Det kan settast opp gjerde samla kring fleire fritidsbustader når forhold kring beiteretten er avklart og den frie ferdelsen ikkje vert hemma. Det må vera min. 5 hyttetomter som går saman om ei slik løysing.

Fagernes sentrum

Følgjande retningsliner er føreslege for sentrumsområda av Fagernes og Leira:

"Lagemarkene på Leira er reservert for meir arealkrevjande erverv, medan sentrumsområdet av Fagernes vert reservert for detaljhandel.

Kravet om min. BYA gjeld ikkje eksisterande bustader i Fagernes og Leira sentrum. Ved riving av eksisterande bustader med påfølgjande nyoppføring, vert kravet gjort gjeldande".

Kvartalsinndeling av Fagernes sentrum frå kommuneplanen frå 2009 er vidareført, men høgdeavgrensinga er endra noko. Maks. gesimshøgde er føreslått auka frå 8 meter til 10 meter for kvartal 1, 3, 4 og 6-8 samtidig som maks. mønehøgde er føreslått auka frå 12 til 14 meter for dei same kvartala. Det er ikkje føreslått endringar i gesimshøgde og mønehøgde for dei andre kvartala. For kvartal 1 føreslår ein at det vert opna for å ha bustader i alle etasjane, og ikkje krav om forretning i 1. etasje. Ev. føringar med krav om forretning i heile eller delar av 1. etasje er ikkje endra for dei andre kvartala.

Råstoffutvinning

For område for råstoffutvinning skal det ved utarbeiding av reguleringsplan gjerast nærmere undersøkingar av kva konsekvensar planen kan ha for støy, avrenning, fare, landskap og påverknad på eksisterande deponi.

Næringsområde

Det er gitt klare føringar for næringsutvikling i byggeområde E5 då dette området ikkje skal brukast til same type næring og/eller forretning som E1-E4.

Idrettsanlegg

Ved utarbeiding av reguleringsplan for I1 og I3 skal det gjerast nærmere undersøkingar av planen sine konsekvensar for auka støy for nærliggande bustader, fritidsbustader og friluftsområde.

For i6 kan det fremmast reguleringsplan som opnar for utbygging til turistføremål. Slik reguleringsplan skal omfatta heile området i6 og skal utarbeidast med sikte på dei langsiktige interessene alpincenteret. Dette er ei vidareføring av gjeldande retningsline for området i kommunedelplan for Aurdalsåsen.

Andre byggeområde

Det er gitt klare føringar for korleis ein definerer naust og fiskebu, om utforming og kva som er lov og ikkje i desse byggeområda. Eksisterande veg/stiar skal brukast for tilkomst. Det er ikkje lov å etablera nye vegar til områda. Badeplassar og stiar/tilkomstvegar til områda skal ikkje byggast ned.

Naust: Uthus for oppbevaring av 1 båt, utstyr for båt og fiskereidskap. Naust skal ikkje kunna nyttast som fritidsbustad.

Fiskebu: Uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereidskap med ein mindre overnattingsdel.

Retningsline 2 gjeld behandling av byggesøknadar i LNF-område

Aktuelle retningsliner i dokumenta retningsline 1 og 3 samt byggeskikkrettleiar for Valdres skal også leggast til grunn ved behandling. Aktuelle kommuneplanføresegner skal også leggast til grunn.

Retningslinene definerer kva ein meiner med ei hytteeining og ein støl.

Eksisterande bygningar i LNF-område kan erstattast med nye tilsvarande dersom dei ikkje er verna eller verneverdige/spesielle.

Det er føreslått retningsliner for behandling av dispensasjonssaker i stølsområda og for dispensasjonssøknadar knytt til eksisterande hytteeiningar i LNF-område utanfor stølsområde. Retningslinene for eksisterande fritidsbustader i 100 metersbeltet langs Aurdalsfjorden, Strøndafjorden og Sebufjorden er vidareført.

Bygging på tidlegare frådelte og ubygde hyttetomter krev dispensasjon, desse er vist som LNF-område i kommuneplanen. Ev. vedtak om dispensasjon krev ei hovudvekt av omsyn som talar for at du kan gje dispensasjon. Dispensasjonar skal ikkje innebera løysingar som går ut over helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Aktuelle kommuneplanføresegner og -retningsliner til nye planar skal leggast til grunn for ev. realisering av tiltak i tilknyting til eksisterande bustadar i LNF-område.

I retningslinene er det forslag om å ta inn ei retningsline om at kommunen er positiv til at det kan etablerast eit ekstra bustadhús per driftseining. Det blir òg føreslått ei retningsline som seier at kommunen er positiv til at det kan etablerast eit naust per driftseining langs Aurdalsfjorden, Sebufjorden og Strøndafjorden, men at det bør byggast fellesnaust der det ligg til rette for det. Aktuelle kommuneplanføresegner og retningsliner skal leggast til grunn ved vurdering og ev. realisering av alle slike tiltak.

Til søknader om dispensasjon i byggeforbudsbelte langs vassdrag er det sagt at ein i utgangspunktet vil vurdera å stilla seg positiv til utbygging som openberty ikkje hemmar fri ferdsel, andre friluftsinteresser eller utgjer stor forureiningsfare fordi terrenget langs elvar, bekkar, vatn/tjern og andre vassamlingar er slik at utbygginga skjer på ei ”terrassé” vesentleg

høgare enn vatnet p.g.a. bratt terreng. Dersom bygninga nærare vassdrag enn byggeforbudsbelte brenn stiller ein seg i utgangspunktet positiv til oppføring av nye bygninga på branntomta, sjølv om det er snakk om bygging i byggeforbudssonan.

Av retningslinene går det fram at dispensasjon for etablering av nye tomter til fritidsbustader normalt ikkje vil bli gitt, då nye tomter for fritidsbustader skal vurderast i plansamanheng. Når det gjeld dispensasjon for oppføring av nye bustadar føreslår ein retningsliner for vurdering av dette og at ein i utgangspunktet stiller seg positiv til dette. Fast busetting i kommunen er viktig og i samfunnssdelen til kommuneplanen er det sagt at "*Det er derfor ein grunnleggande verdi i den framtidige planlegginga å legga til rette for at både sentrum og grendene framleis blir gitt slike vilkår at folk på fritt grunnlag kan velja kor dei vil bu og busetta seg i kommunen*". Dispensasjon i byggeforbudsbelte langs vassdrag vil normalt ikkje bli gitt, men skal vurderast konkret i kvart tilfelle.

Retningsline 3 er leikeplassnormer og legg føringar for korleis leikeplassar skal utformast og når og korleis det er krav om eigne leikeareal. Aktuelle retningsliner i dokumenta retningsline 2 og 3 og aktuelle kommuneplanføresegner skal også leggast til grunn. Det er m.a. gitt følgjande føringar:

For små byggeområde og i Fagernes og Leira sentrum (jf. avgrensing på eigne kart), skal mulegheit for leik/leikeareal vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Dersom det er ferdig opparbeidd leikeplass i rimeleg avstand med mulegheit for trafikksikker tilkomst, og ein får til ei felles avtale om bruk og vedlikehaldskostnader/vidare opparbeiding, kan kommunen godkjenna planforslag/nye bustadtomter/bueiningar utan leikeområde.

Før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest for nye bustader i reguleringsområde skal felles leike- og aktivitetsområde/utearealet/friområdet vera ferdig opparbeidd i samsvar med illustrasjonsplan.

KONSEKVENSVURDERING/ROS-ANALYSE

Alle innspel som det i grunnlagsdokument 1-5 er sagt at må vurderast grundigare er det gjennomført konsekvensvurdering for. Føremålet med konsekvensvurderinga er å klargjera verknadene av planar og tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn.

Grunneigarane som har kome med innspel til planarbeidet er utfordra til å koma med innspel til konsekvensvurderinga for dei respektive eigedomane. Resterande opplysninagar er henta fra offentleg tilgjengelege databasar på internett. Ein har ikkje registrert forhold ved dei enkelte byggeområda som ein meiner gjer at dei ikkje kan leggast ut til byggeområde, men det er ein del forhold det er sagt skal vurderst ytterlegare ved detaljplanlegging i ein del byggeområde eller som det skal takast omsyn til. Dette må følgjast opp ved detaljreguleringa og byggesøknadar.

Til konsekvensvurderinga følgjer kartutsnitt som viser avgrensinga av dei nye byggeområda.

SKRIFTLEG DEL

Den skriftlege delen tek for seg aktuelle målsettingar, forventningar og føringar for planarbeidet. Dokumentet tek òg for seg aktuelle kultur-, natur-, miljø- og samfunnsinteresser.

Det vert gjort greie for dagens situasjon, og kva reserver som ligg i kommunen av ulike byggeområde og alle nye byggeområde i kommuneplanen er omtala.

Planføresegnene, retningslinene og konsekvensvurderinga med tilhøyrande dokument inngår i den skriftlege delen. Likeeins inngår dei grunnleggande vurderingane for utveljing av byggeområda som er konsekvensvurdert og innarbeidd på plankartet her. Dvs. grunnlagsdokument 1-5 med tilhøyrande oversikter. Alle desse dokumenta blir publisert som eigne dokument for å letta lesbarheita.

Det er gitt ein del ordforklarar og tolkingar av ulike omgrep i den skriftlege delen, medan det avslutningsvis er gjort ei evaluering av kva ein bør vurdera å prioritera og gjera på ein annan måte ved neste revisjon av arealdelen.

ANDRE INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Kommunen har fått fleire andre innspel til kommuneplanarbeidet som det ikkje har vore naturleg å vurdera i grunnlagsdokument 1-5, og dei blir gjengitt og fortløpende vurdert under:

23.10.10 Anders Sundvold

Viser til at kommunen har eit areal på ca. 12500 dekar samla i kommuneskogen, og meiner at verneområdet ved Begna elv bør utvidast. Samtidig bør ein utgreia/vurdera området øvst i Liaskogen mellom låglandet og Skardsåsen/Liaåsen, der det er vanskeleg med skogsdrift, for vern. Dette området har ein svært gammal skog, og veldig mange sjeldne biotopar i tillegg til at området er rikt på storfugl.

Hausten 2011 vart det starta opp ein prosess med frivillig vern av 3000 daa av kommuneskogen som ikkje er avslutta. Arealet som er aktuelt for vern er kalla Liaberget.

24.11.10 Marit Granheim

Div. betraktingar vedr. helsesektoren, ber om at det først og fremst blir sørga for sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar. Det er behov for leilegheiter til eldre, burde heller brukt tomtene Ulnesøyé til dette framfor å selja dei på billigsal. Skremmande å lesa i avsia 22.10.10 at ein som eig eller arvar ein eigedom skal tvingast til å busetta seg der eller selja det. Kommunen må ikkje ta frå folk retten til å bestemma over det ein eig. Høyrer til stadigheit at det er ingen gardsbruk til sals, men at dei står tomme. Forstår ikkje kor dei er, men om det er så, så kan ikkje kommunen venta noko anna. Når eit alminneleg pent småbruk skal seljast på billigsal for mykje mindre enn ein fjellknaus, kan ein begynna å lura. Dersom nokon vil betala det det er verdt så får dei ikkje konsesjon.

Det er mange som kan tenka seg ein heim på bygda, men bygdene blir snart frårøva alt som får folk til å flytta dit, t.d. skule, post, butikk osb. Dei på bygda er glad i "byen" i kommunen, og det er bra at den har framgang og vekst, men ikkje støvsug bygdene omkring for å få det til.

Stølane må ikkje seljast frå eit vanleg gardsbruk. Dersom det skal tillatast bør det berre gjelda for ein som er utflytt og som ønskjer å selja det heime og behalda stølen.

Avsluttar med at "Så kjære Nord-Aurdal kommune. Legg av dere noen "uvaner" så blir det lys i "alle glasa".

04.11.2010 Foreningen til Bægnavassdragets regulering

Tilrår å endra ein del eigedomar ved Faslefoss-Strøndafjorden, Åbjøra–Bløytfjord, Ølsjøen og Tisleifjorden frå LNF-område til arealføremål nr. 1500 (andre typar nærmare gitte bygg og anlegg).

Administrasjonen

Kommunen har bedt om fylkeskommunen sine synspunkt på forslaget og fått følgjande tilbakemelding 30.05.12:

Konsekvensane av å visa områda som energianlegg er først og fremst at FBR då kan søka om tiltak utan at dette er dispensasjonssaker. Ev. interesser knytt til friluftsføremål og landbruksføremål vil mista *sine "rettigheter"*.

Spørsmålet blir om me meiner at det er så små frilufts- og landbruksinteresser knytt til eigedomane til FBR at det er greitt å visa dei som energianlegg, og at det derfor ikkje bør vera nødvendig å søka om dispensasjon for ulike tiltak slik dei må i dag. Isolert sett kan dette vera riktig for t.d. Bløytfjednet som er eit *"magasin som benyttes i forbindelse med effektkjøring, dvs. vannstanden kan fly opp og ned flere ganger i døgnet, og er derfor svært lite egnet som friluftsområde"*.

Kommuneplanen har byggeforbud i 100 meterssona langs dei vatna som FBR føreslår å visa som energianlegg. Sjølv om fleire av eigedomane er lite eigna til friluftsføremål, meiner ein det blir feil å fråskriva seg mulegheten til å vurdera kva innverknadar ev. tiltak her har på friluftsliv i nærområdet til energianlegget. Ein meiner derfor at eigedomane framleis bør visast som LNF-område, slik at ein har mulegheiten til å vurdera ev. frilufts- og landbruksinteresser i nærområdet gjennom ein dispensasjonsbehandling.

24.11.10 Erik Dajani

1. Planføresegnene og retningslinene til planen bør utformast på ein slik måte at ein slepp å behandla søknader om bygging av våningshus, og kårbustad på gardsbruk som dispensasjonssaker.
2. Planføresegnene og retningslinene som er vedteke i sak 47/2005 i kommunestyret bør fanga opp søknader om bygging av nye sel og anneks på stølar i LNF-område slik at desse ikkje må behandlast som dispensasjonssaker.

Administrasjonen

1. Administrasjonen har jobba med ei løysing for at det skal kunna etablerast kårbustadar på gardsbruk utan søknad om dispensasjon, men dette ikkje er i tråd med regelverket. Fylkesstyremaktene har vist til at omfanget og konsekvensane av ei slik løysing er ukjent, og dette må derfor gjerast på ein annan måte. Utifra dei signal kommunen har fått frå fylkesstyremaktene, har ein valt å føreslå ei retningsline som seier at ein stiller seg positiv til slike søknadar og at ein vil føra ein lempelag praksis i høve til dette slik ein har gjort. Ev. søknadar må likevel framleis behandlast som dispensasjonssøknadar.

2. Dette skal vera ivareteke i planføresegnene.

04.03.11 Husager AS, v/Eiulf Kjelland-Hansen Husager vedr. Fagerlund hotell 25/269

1. Føreslår at det vert opna for 4 fulle etasjar over bakken med tilpassa eigna mønehøgde for å tilfredsstilla estetiske omsyn til bygget totalt sett på eigedomen.

2. Bygget bør ha mulegheit til å utvidast for å møta framtidige behov innan same næring ved utbygging.

3. Legg til grunn og ber om at det vert opna for at det er muleg å forvalta eigedomen uavhengig av kva forretningsmessige mulegheiter som til ei kvar tid finst i byen Fagernes.

11.04.12 Husager AS, v/Anne Berit Leithe Husager vedr. Fagerlund hotell m.m.

"Det er maktpåliggende for oss å ha et langsiktig perspektiv på vårt eierskap i eiendommen. Det krever at mulighetene er tilrettelagt for ulike former for drift. Dette primært for å sikre drift av Fagerlund som et lite og alternativt overnatningssted midt i Fagernes sentrum. I dette perspektivet er det også interessant å få klarhet i situasjonen for bnr/gnr 25/89.

Da vi ser behovet for, og registrerer myndighetenes ønske om, å utvikle sentrale og moderne boliger slik at stedet framstår som attraktivt for tilflytttere, må denne muligheten bakes inn med utvidete rammer for eiendommene via planverket. Vi forutsetter at etasjeantall og møne/gesimshøyder blir tilsvarende nylig utbygd bygningsmasse i sentrum også for vårt område.

Det tør være kjent for alle at utfordringene for gårdeiere i den eldre del av Fagernes er store. Dette må den nye arelaplanen ta hensyn til, og ved å lage drivverdige rammer inspirere gårdeiere til nytenkning og utvikling".

Administrasjonen

Planføresegne til arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene, frå 2009 seier litt om kva kommunen tenker i høve til Fagernes sentrum. Gjeldande reguleringsplanar for dei respektive eigedomane gjeld framfor kommuneplanen. Planar/tiltak i strid med gjeldande reguleringsplan vil krevja omregulering (ny reguleringsplan).

Følgjande vil vera retningsgjevande ved revisjon av gjeldande reguleringsplan:

Høgdeavgrensingane i alle kvartal i det som er definert som Fagernes sentrum i kommuneplanen vart grundig diskutert og vurdert for kvart enkelt kvartal ved revisjonsarbeidet som vart avslutta i 2009. Administrasjonen har gjort ei ny vurdering av høgdeavgrensingane i heile Fagernes sentrum, og tilrår å endra gesimshøgda frå maks. 8m til min. 10 m og mønehøgda frå maks. 12 m til maks. 14 m i kvartal 1 og 3-8, jf. kartavgrensing av Fagernes sentrum. Fagerlundkvartalet er kvartal nr. 4, eigedom 25/89 inngår også i Fagerlundkvartalet.

Første etasje i bygningar med fasade mot Valdresvegen, Jernbanevegen, Gullsmedvegen, Skiferplassen eller Skrautvålsvegen mellom Jernbanevegen og Valdresvegen skal nyttast til forretningsføremål. Det er lov med leilegheiter som vender mot bakgarden i desse bygningane i 1. etasje, men minimum halvparten av 1. etasje må avsettast til forretningsføremål.

02. og 24.11.11, 19.12.11 Norges lastebileigarforbund Hedmark og Oppland

Beklagar sterkt at oppstillingsplassen, som ligg inntil eit vegserviceanlegg på Fagernes, vert fjerna (Gulltomta). Dette er ikkje i tråd med dei signala som vert gitt frå Statens vegvesen og i nasjonal transportplan.

E16 er stamveg mellom Oslo og Bergen og har ein stor andel tungtransport. Fagernes er eit viktig knutepunkt aust-vest og som regionsenter i Valdres. Det er derfor behov for ein oppstillingsplass for tungbilar på Fagernes. Når oppstillingsplassane blir fjerna på Fagernes i 2012 , er det behov for ein ny stad å plassera trailerane. Dette må vera nær eit serviceanlegg.

I brev datert 19.12.11 føreslår dei ei tredelt løysing, og at følgjande plassar vert reservert til oppstillingsplassar for store bilar:

1. Vogntoga kan parkera langs gangvegen (ut mot fjorden) frå JVB-tomta og sørover mot Shell (3 plassar).
2. På sørsida av Shell opp mot E16 (3 plassar).
3. Eit område ved Gjestegarden mot E16 Valdresvegen (3 plassar).

Når ny E16 skal planleggast, bør det avsettast tomt til døgnkvileplassar slik at godstrafikken kan fungera.

Forslag til to alternative løysingar:

- A. Dersom E16 krysser elva ca 600 meter lenger oppe enn i dag, slik ein vurderer, bør det settast av 10 dekar til oppstillingsplassar der kommunen planlegg ny brannstasjon.
- B. Kommunen og Statens vegvesen kan ev. avsetta areal til ein døgnkvileplass mellom Fagernes og Bjørgo. Uansett er det viktig å ha plassane rundt Shell og gjestegarden slik at ein har mulegheit til å fylla diesel og at sjaførane får mat.

Administrasjonen

1-3: Dette blir ivaretatt, jf. munnleg kontakt.

A-B: Statens vegvesen må kontaktast vedr. innspel om dette og ev. bruk av eksisterande område (Kalplassen).

OPPSUMMERING

LNF - område som vert reservert til byggeområde i planperioden (tala vert påført før offentleg ettersyn):

Gnr/bnr	Areal (da)	Dyrka mark (da)
Hytteområde		
Bustadområde		
Råstoffutvinning		
Næringsområde		
Område for idrettsanlegg		
Fritids-/turismeføremål		
Andre anlegg (naust, fiskebuer, bioenergianlegg)		
Grav- og urnelunder	7.5	7.5
Parkeringsanlegg	0	0
SUM		

Område som skal tilbakeførast til LNF

Ein del område har lege i kommuneplanen i 15-20 år utan at det har skjedd noko med dei. Ein vurderer dei som lite aktuelle for utbygging lenger, og dei er derfor tekne ut av forslaget til kommuneplan. Nokre av områda kan i tillegg vera rasutsett, ha store naturinteresser eller ligga langt unna offentleg VA-nett. Områda er erstatta med andre og nye område som har meir aktuell lokalisering.

Følgjande oppstilling viser samla kva område som skal tilbakeførast til LNF-føremål:

Område	Gnr/bnr	Areal	Dyrka mark som blir
--------	---------	-------	---------------------

		(daa)	tilbakeført til LNF
Bustadområde, Aurdal	97/6, 15	7	0
Bustadområde, Nesjordet vest, Fagernes	66/2	10	0
Bustadområde, Nesjordet aust, Fagernes	66/2	10	9
Bustadområde, Nerstad, Leira	86/18, 30	38	7 (9daa innmarksbeite)
Bustadområde, Måno, Leira	85/15, 385	34	0
Hytteområde, Ørrhøyda, Skrautvål heimås	1/2,16, 3/8, 9/3,6	450?	0
Hytteområde, Tveitastølomr., utmarksplanen	23/34 og 38		0
Industriområde, Aurdal	95/1	47	0
Ervervsområde, Aurdal	95/1	58	0
Ervervsområde, Bjørkestølen, Tisleidalen	114/8 og 13	49	0
Ervervsområde, Svennes sameige	70/1, 79/10	155	0
Ervervsomr. ved Storstøltjednet, Aurdalsåsen	95/1	1	0
Off. område ved Sorenskrivargarden, Aurdal	96/96	14	10
Off. område sør for skulen, Aurdal	95/110	7.5	7.5
SUM		526.5	38.5

Forslag til vedtak:

1. Reguleringsplan for Danebu turistområde – Valdres alpingrend, godkjent 09.05.1988, og reguleringsplan for Hundetjednet, godkjent 09.09.1993, vert oppheva.
2. Administrasjonen får fullmakt til å innarbeida ev forslag til avgrensing av kulturlandskapsområdet ved Hjelle i Aurdal og ev. revidert avgrensning av området med spesielt bygningsmiljø i Aurdal.
3. Formannskapet vedtek å legga forslag til kommuneplan, datert 21.06.12, ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 11-14 i plan- og bygningsloven.

21.06.2012 Formannskapet

Rådmannen trakk pkt. 2 i forslag til vedtak då det etter dialog med Oppland fylkeskommune ikkje er aktuelt.

Det vart fremma eit omforeint forslag til nytt pkt. 2:

Det blir teke inn i høyningsforslaget til arealdelen at området nedanfor Aurdal skule (eigedom 95/110) framleis skal visast som offentleg føremål.

Det vart fremma eit omforeint forslag til nytt pkt. 3:

Arealet som skal visast med sentrumsføremål på vestsida av Neselve i Fagernes sentrum, vert utvida til og å omfatta eigedomane mellom E16 og elva, frå 66/13 i nord t.o.m. 66/17 i sør.

Det vart fremma eit omforeint forslag til nytt pkt. 4:

Formannskapet ber rådmannen kontakta grunneigarar med sikte på å utvikla attraktive, sentrumsnære bustadareal i Fagernes, Aurdal og Leira, mot at areal som er vist i tidlegare planar, men som ikkje er utbygd, blir teke ut av planforslaget. Tilsvarande kontakt skal takast med grunneigarar som har areal nær eksisterande næringsareal ved Kalplassen.

Planutvalet fremma følgjande forslag til vedtak:

1. Reguleringsplan for Danebu turistområde – Valdres alpingrend, godkjent 09.05.1988, og reguleringsplan for Hundetjednet, godkjent 09.09.1993, vert oppheva.
2. Det blir teke inn i høyningsforslaget til arealdelen at området nedanfor Aurdal skule (eigedom 95/110) framleis skal visast som offentleg føremål.
3. Arealet som skal visast med sentrumsføremål på vestsida av Neselve i Fagernes sentrum, vert utvida til og å omfatta eigedomane mellom E16 og elva, frå 66/13 i nord t.o.m. 66/17 i sør.
4. Formannskapet ber rådmannen kontakta grunneigarar med sikte på å utvikla attraktive, sentrumsnære bustadareal i Fagernes, Aurdal og Leira, mot at areal som er vist i tidlegare planar, men som ikkje er utbygd, blir teke ut av planforslaget. Tilsvarande kontakt skal takast med grunneigarar som har areal nær eksisterande næringsareal ved Kalplassen.
5. Formannskapet vedtek å legga forslag til kommuneplan, datert 21.06.12, ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 11-14 i plan- og bygningsloven.

FS-041/12 Vedtak, einstemmig (7 stemmer):

1. Reguleringsplan for Danebu turistområde – Valdres alpingrend, godkjent 09.05.1988, og reguleringsplan for Hundetjednet, godkjent 09.09.1993, vert oppheva.

2. Det blir teke inn i høyringsforslaget til arealdelen at området nedanfor Aurdal skule (eigedom 95/110) framleis skal visast som offentleg føremål.
3. Arealet som skal visast med sentrumsføremål på vestsida av Neselve i Fagernes sentrum, vert utvida til og å omfatta eigedomane mellom E16 og elva, frå 66/13 i nord t.o.m. 66/17 i sør.
4. Formannskapet ber rådmannen kontakta grunneigarar med sikte på å utvikla attraktive, sentrumsnære bustadareal i Fagernes, Aurdal og Leira, mot at areal som er vist i tidlegare planar, men som ikkje er utbygd, blir teke ut av planforslaget. Tilsvarande kontakt skal takast med grunneigarar som har areal nær eksisterande næringsareal ved Kalplassen.
5. Formannskapet vedtek å legga forslag til kommuneplan, datert 21.06.12, ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 11-14 i plan- og bygningsloven.

.....

Nord-Aurdal kommune
Utvallssak

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksbehandler
Formannskapet	11.04.2013	017/13	nyhgun

Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, behandling 2

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
22.03.2013	1. off. ettersyn, vurd. av off.merknadar.doc	98539
22.03.2013	1. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar.doc	98540
22.03.2013	110413 kartutsnitt.doc	98541
25.03.2013	11042013, 4. Parkeringsnorm.pdf	98556
25.03.2013	11042013, 5. Skiltvedtekter.pdf	98557
25.03.2013	11042013 Avgrensing av Fagernes sentrum.pdf	98559
25.03.2013	11042013 Avgrensing av Leira sentrum.pdf	98560
25.03.2013	110413 Planar som framleis skal gjelda.xls	98561
25.03.2013	11042013 Skriftleg del.doc	98562
25.03.2013	11042013 Eksisterande og nye byggeområde.xls	98563
25.03.2013	Sak 041-12, 210612.pdf	98564
25.03.2013	11042013 KU.doc	98574
02.04.2013	11042013 Planføresegner.pdf	98681
02.04.2013	11042013 Retningsline 1 rpl.pdf	98683
02.04.2013	11042013 Retningsline 2 LNF.pdf	98684
02.04.2013	11042013 Retningsline 3 leike- og uteopphaldsareal.pdf	98693

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Div. merknadar ved 1. offentleg ettersyn (samandrag med kommentarar ligg ved)

Saksopplysningar:

Forslag til ny arealDEL låg ute til offentleg ettersyn i perioden 07.07.-03.09.12. Fleire instansar og personar vart etter førespurnad av ulike grunnar gitt lengre høyringsfrist, den siste til

15.10.12. Utover dette har kommunen fått nye innspel, i hovudsak om hyttetomter, i løpet av og etter høyringsperioden.

Administrasjonen har gått gjennom alle innkomne merknadar og nye innspel, og desse er alle vurdert og kommentert fortløpende i dei vedlagde dokumenta 1. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar og 1. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar. Kommentarane/tilrådingane og forslag til vedtak under er basert på desse.

Kort oppsummert har Fylkesmannen i Oppland reist 19 motsegner til planforslaget, Oppland fylkeskommune har reist 2 og NVE 1. Fylkesmannen har for øvrig etterhalde seg retten til å reisa motsegn til alle byggeområde dei ikkje har kommentert ved 1. offentleg ettersyn. Statens vegvesen har også etterhalde seg retten til å koma med motsegn då dei meiner at plankartet ikkje er godt nok.

Formannskapet bad 21.06.12 rådmannen:

“...kontakta grunneigarar med sikte på å utvikla attraktive, sentrumsnære bustadareal i Fagernes, Aurdal og Leira, mot at areal som er vist i tidlegare planar, men som ikkje er utbygd, blir teke ut av planforslaget. Tilsvarande kontakt skal takast med grunneigarar som har areal nær eksisterande næringsareal ved Kalpllassen”.

Ifølgje § 28-7 i plan- og bygningsloven så kan kommunen i kommuneplanen vedta at det i staden for parkeringsplass på eigen grunn eller på fellesareal, blir innbetalt eit beløp for kvar manglande plass til kommunen for bygging av parkeringsanlegg. Satsane som til ei kvar tid gjeld blir vedtatt av kommunestyret. Innbetalte beløp kan berre brukast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg. Kommunestyret vedtok 16.06.2011 i sak 033/11 slike parkeringsvedtekter for kommunen, og desse er innarbeidd som ein del av kommuneplanen.

Skiltvedtekturene til kommunen er teke inn som ein del av kommuneplanen, jf. §§ 11-9, 5 og 30-3 i plan- og bygningsloven.

Ifølgje § 30-6 i plan- og bygningsloven gjeld § 27-1, [2.-4.](#) ledd og § 27-2, [2.-4.](#) ledd om tilknytningsplikt til offentlege vatn- og avløpsleidningar for nye og eksisterande fritidsbustadar berre når dette er bestemt i plan. Det er teke inn ei føresegn som presiserer at desse §§ også gjeld for fritidsbustadar.

Plankartet er ikkje ferdig bearbeidd i samsvar med merknadane og endringane som blir føreslått etter 1. offentleg ettersyn. Til behandling 11.04.13 føreligg derfor berre kartutsnitt av endringane som blir føreslått. Temakartet for Den Bergenske Kongevegen er heller ikkje klart til behandlinga.

Vurdering:

Fylkesmannen har reist motsegn til næringsområdet ved Breiset (E4). Området er, som det vart presisert ved forrige revisjon, viktig for den vidare utviklinga av regionsenteret Fagernes, og som det igjen er argumentert for både frå kommunen, grunneigar og Valdres næringsforum si side. Planforslaget er ikkje endra etter 1. offentleg ettersyn.

Fylkesmannen har reist motsegn til området for fiskebuer ved Tisleifjorden (Afn1). I høyringsfråsegna til fylkesmannen går det fram at fylkesmannen kan godta naust, men ikkje fiskebuer her. Kommunen meiner det er viktig å stimulera til auka bruk av utmarksressursane som finst i kommunen, og at det blir lett tilgang til dei for rettshavarane både til eige bruk og for ev. utleige. Det er eit faktum at både tilrettelegging for fiskebuer og naust vil kunna verka privatiserande på strandsona.

Tisleifjorden er eit vatn med til dels store inngrep. Vatnet er regulert og det er stor skilnad på HRV og LRV. Ein meiner at ein bør kunna ha ein lemplegare haldning til tilrettelegging for fiskebuer i eit område med slike vesentlege inngrep, og særleg når ein vel å legga fiskebuene samla i ein del av Tisleifjorden der det også tidlegare er opna for utbygging av fiskebuer. Administrasjonen meiner utifrå dette at forslaget om fiskebuer framleis bør vera med.

På den andre sida blir fiskebuer vurdert til å vera små fritidsbustadar. Kommunen har generelt hatt ei restriktiv haldning til bygging i byggeforbodssona langs vassdrag, og særleg i høve til nye fritidsbustadar. Det at det er vektikomst til Tisleifjorden ved det føreslår byggeområdet, og nokre plassar til, gjer at Tisleifjorden er eit vatn som er relativt lett tilgjengeleg samanlikna med andre. Dette er med og gjer det enklare å utnytta utmarksressursane her enn i vatn som ligg meir utilgjengeleg. Det kan stillast spørsmål ved om det er riktig å opna for fiskebuer langs Tisleifjorden med bakgrunn i dette. Planforslaget er ikkje endra etter 1. offentleg ettersyn.

Fylkesmannen har reist motsegn til føresegna om at "Leira sentrum utfyller Fagernes som regionalt handelssenter". Dette er ikkje ei føresegnd, men ei retningsline som er i tråd med dei langsigke retningslinene for arealbruk i kommunen, jf. planføresegndene og kommunal planstrategi. Dette er og eit innspel til revisjonen av Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel. Planforslaget er ikkje endra etter 1. offentleg ettersyn.

Dei øvrige 19 motsegnene (16 frå FMiO, 2 frå OFK og 1 frå NVE) er tekne omsyn til i det reviderte planforslaget.

Bustadområde

Formannskapet har bedt rådmannen vurdera og kontakta ev. grunneigarar om sentrumsnære område for bustadbygging i Aurdal, på Fagernes og Leira. Bustadreservane i kommunen er store, og tilstrekkeleg til å dekka behovet i mange år framover. Det er ferdigregulerte område for bustadar/leilegheiter både i Aurdal, Fagernes og Leira samtidig som det i kommuneplanen er vist nye område for bustadar/leilegheiter. Kommuneplanen legg dessutan til rette for at det kan utviklast leilegheiter i eksisterande byggeområde både i Fagernes og Leira sentrum.

Kommunal planstrategi for 2012-2016 prioritærer tilrettelegging av bustadomter innanfor godkjent reguleringsplan for Vinjarfeltet i Aurdal og regulering av bustadfeltet Nyvegtøppen på Fagernes.

Administrasjonen har vurdert mulegheitene for ytterlegare tilrettelegging av bustadar og leilegheiter i Aurdal, Fagernes og Leira, og ein ser at det arealmessig kan vera vanskeleg å legga til rette for sentrumsnære bustadareal her, dersom ein legg til grunn den avgrensinga av sentrum som følgjer av kommuneplanen. Ein har i revidert forslag til kommuneplan tilrådd å utvida byggeområde B6/b4 Nyvegtøppen på Fagernes med delar av eigedomane 18/29, 37 og 18/18. I tillegg føreslår administrasjonen å visa eit nytt byggeområde for bustadar ved Husaplassen B12. Store delar av arealet som er føreslått som bustadområde ligg innanfor godkjent reguleringsplan for Marsteinhøgdé 2.

Det kan bli vanskeleg å etablera ei tilfredsstillande vegløsing til område B7. Vegen gjennom eksisterande bustadfelt på Marsteinhøgdé er ikkje etablert med sikte på at det skal leggast til rette for fleire bustadar i ei forlenging av denne i aust. Ev. veg til området må tilknytast eksisterande veg til Marsteinhøgdé via eit anna punkt. Det bør stillast krav om at ein får oversendt ei skisse som viser korleis dette området er tenkt løyst både m.o.t. veg, vatn og avløp før endeleg godkjenning av kommuneplanen.

Det er i tillegg vist forslag om ein nytt bustadområde i Skrautvål, B11.

Hytteområde

Isolert sett har dei aller fleste innspela om hyttetomter lite å seia, men kommunen kan ikkje sjå innspela isolert, kommunen skal vurdera det totale biletet. I det totale biletet inngår det faktum at kommunen har kring 1500 godkjente ubygde hyttetomter. Så lenge desse finst, hindrar dette godkjenninng av nye hyttetomter. Kommunen har gjort eit grep i høve til dette ved å ta ut uregulerte område som har lege i kommuneplanen i lang tid (20 år), men dette monner lite samtidig som det er vanskeleg å gjea noko med område som er regulert og/eller frådelt sjølv om dei er eldre enn 20 år.

Hyttebygging er, og har vore viktig for kommunen, og ein ønskjer framleis å legga til rette for dette. Mange har likevel truleg hatt ei urealistisk forventning til kva som kan godkjennast av nye hyttetomter i planperioden. Sett i høve til oppstartsmøtet vedr. kommuneplanen ser ein at ein i liten grad har lykkast med å formidla kriteria som ville bli lagt til grunn for vurdering av innspel.

Arealdelen skal visa eit realistisk bilde av arealbehovet til kommunen i planperioden. Dei siste 11 åra har det årleg i snitt blitt byggemeld nesten 46 fritidsbustadar i kommunen. Med hyttetomtene det vert opna for i kommuneplanforslaget har kommunen kring 2000 godkjente hyttetomter. Dersom talet på byggemelde fritidsbustadar held seg stabilt, vil dette vera tilstrekkeleg til å dekka behovet for over 40 år framover. Kommuneplanen viser m.a.o. ikkje eit realistisk bilet til arealbehovet for hyttebygging i kommunen i planperioden.

Retningslinene som er lagt til grunn for vurderingane av hytteinnspela er tolka strengt p.g.a. at det er så mange innspel om hyttetomter. Dei aller fleste innspela kan på ein eller annan måte isolert sett reknast som fortetting eller (minimal) utviding av eit eksisterande hyttefelt, men utifrå definisjonen som har blitt brukt her, og det faktum at kommunen må sjå alle innspela samla, er det mange innspel som i denne samanhengen ikkje kan reknast som fortetting/utviding. Hadde kommunen hatt 30 i staden for 140 innspel om hyttetomter, hadde vurderingskriteria kunne vore romslegare.

Sidan det er så mange innspel til revisjonen, samtidig som kommunen har ein stor hyttetomtreserve, er situasjonen slik at det er mange fleire innspel om hyttetomter som er avvist enn godkjent. Det er nødvendig med heilt spesielle grunnar og argument for at innspel som ein vurderer til ikkje å vera i samsvar med retningslinene vil bli tilrådd godkjent.

Ein er audmjuk i høve til at vurderingane som er gjort både kan opplevast å vera feil og urettferdige, men ein har etter beste evne og skjønn prøvd å vurdera innspela på mest muleg lik måte. Med tanke på alle innspela som er, har det derfor vore viktig å ha hatt retningslinene for revisjonen som kommunestyret fastsette 16.12.10. Det er også eit faktum at alle var invitert til å koma med merknadar i forkant av vedtaket, og at utmarksraga i kommunen vart direkte varsle og invitert til å koma med innspel. Med tanke på talet på innspel, og merknadar og alt godkjente hyttetomter hadde det vore vanskeleg å koma i mål med revisjonsarbeidet dersom desse retningslinene ikkje førelåg.

Administrasjonen føreslår å gjea følgjande endringar i planen m.o.t. hyttebygging etter 1. offentleg ettersyn:

- Utvida byggeområde H11 på eigedomane 92/26 og 48.
- Utvida byggeområde H12 til og å omfatta heile eller delar av eigedomane 110/72, 110/73, 110/138, 110/68, 110/69, 110/70 og 110/88.

- Presisera at ein stiller seg positiv til fortetting i heile området ved ev. revisjon av reguleringsplan for Kvitingslien, byggeområde H16, eigedomane 110/80-84.
- Legga til rette for 5 nye hyttetomter på eigedom 92/101 og 11 nye hyttetomter på eigedom 92/102 (byggeområde H29).
- Legga til rette for å dela alle hyttetomter over 2 daa innanfor det nye byggeområdet H30.
- Legga til rette for eit mindre byggeområde på eigedom 65/3 (byggeområde H31)
- Legga til rette for 9 nye hyttetomter på eigedom 79/6 (byggeområde H32).
- Legga til rette for eit nytt byggeområde (H33) i området rundt eigedom 92/215.
- Legga til rette for å etablira ei hyttetomt på eigedom 93/148 (byggeområde H34).

I tillegg er plankartet oppdatert ved at alle eksisterande hyttetomter som ikkje ligg i 50/100 metersbeltet langs vassdrag, jf. planføresegnene, er vist som eksisterande byggeområde for hytter.

Næringsområde

Kommuneplanen viser at det avsett og godkjent store areal til næringsføremål ved Kalplassen. Det som er vist i planforslaget er ei vidareføring av alt godkjente areal i kommuneplanen frå 2009. Samtidig legg ein opp til at arealet som det vert drive masseuttak på her ved avslutning skal kunna brukast til ervervsføremål. Arealreservane i området er slik sett tilstrekkeleg til å dekka behovet i mange år framover. Det er vanskeleg å føreslå å legga til rette for endå meir næringsareal i området sett i høve til dette. Samtidig vil ein peika på, og som det går fram av kommunal planstrategi 2012-2016, så ser ein at det er ikkje mangel på næringsareal her, men det har foreløpig ikkje vore vilje til å klargjera dei godkjente næringsområda for bruk. For å kunna bidra i utviklinga av området ved Kalplassen, har kommunen i kommunal planstrategi 2012-2016 prioritert samarbeid med grunneigarane her med sikte på tilrettelegging av næringsareal.

Andre byggeområde

Ein tilrår at det vert opna for revisjon av reguleringsplan for Aurdal renseanlegg, gkj. 10.10.88, med sikte på å legga til rette for etablering av døgnoppstillingsplassar for bobil/campingvogner, mellom reinseanlegget og Aurdalsfjorden (Ft2), eigedom 95/184 og å opna for utviding av 2 eksisterande masseuttak i Skrautvål sameige (R5 og R6) og 1 nytt ved Raukøllhallvegen (Ranheimsåsen – R7).

Byggeområde H19 ligg nær Venevatnet, som er reserve for Freningen, jf. VA-plan for Aurdalsåsen. Ein bør unngå meir bygging i nedslagsfeltet til Venevatnet. Avgrensinga av byggeområdet i aust er derfor føreslått trekt lengre vestover.

4. Andre endringar:

Planføresegnene og retningslinene er endra i samsvar med innkomne merknadar og kommentarane til desse. Av forslag til reviderte plandokument går det fram kva endringar som er tekne inn.

Det er berre vist utkøyring via rundkøyringa frå Leira sentrum.

Området vest for Bjørkestølen camping på eigedom 114/13 er endra frå LNF-område til aktivitetsområde.

Alle gjeldande reguleringsplanar er vist som omsynssoner.

Skilt- og parkeringsnormene til kommunen er innarbeidd i kommuneplanen.

Konsekvensvurderinga er bearbeidd, og det er m.a. poengtatt at byggeområde som ikkje er gjort noko med når neste revisjon av arealdelen vert starta opp, vil bli vurdert tatt ut av kommuneplanen.

Valdres alpinsenter/Aurdal fjellpark har trekt innspelet til kommuneplanen vedr. Valdres alpinsenter, datert 26.11.10, og jobbar vidare saman med grunneigarane med sikte på eit nytt

innspeil til ein seinare revisjon av arealdelen. Byggeområde I3, slik det var vist ved 1. offentleg ettersyn, er derfor teke ut av planforslaget. ”Snippen” på eigedom 94/4 er i revidert planforslag endra frå byggeområde for fritidsbustadar til område for idrettsanlegg, I3, alpinføremål.

Administrasjonen tilrår at det blir gitt fullmakt til administrasjonen til å fullføra arbeidet med plankartet og temakartet for Den Bergenske Kongevegen slik at planforslaget kan leggast ut til 2. offentleg ettersyn i månadskiftet april/mai 2013.

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av § 11-14 i plan- og bygningsloven å legga forslag til kommuneplan ut til 2. gangs offentleg ettersyn med følgjande endringar:

1. Bustadområde:

Byggeområde B6 vert utvida (delar av 14/29, 37 og 18/18).

Skisse for vegtilkomst og VA-løysingar til byggeområde B7 må oversendast før 3. gangs behandling av planforslaget.

Det vert opna for bustadbygging på delar av eigedom 14/55 (B11).

Det vert opna for bustadbygging på delar av eigedom 18/33, 38, og 279 (B12).

2. Hytteområde:

Byggeområde H11 på eigedomane 92/26 og 48 vert utvida.

Byggeområde H12 vert utvida til og å omfatta heile eller delar av eigedomane 110/72, 110/73, 110/138, 110/68, 110/69, 110/70 og 110/88.

Ein presiserer at ein stiller seg positiv til fortetting i heile området ved ev. revisjon av reguleringsplan for Kvitingslien, byggeområde H16, eigedomane 110/80-84.

H19 vert redusert.

Det blir opna for 11 nye hyttetomter på eigedom 92/102 og utviding/fortetting/deling av store tomter rundt 92/215 og på 92/101 (byggeområde H29).

Det blir opna for å dela alle hyttetomter over 2 daa innanfor det nye byggeområdet H30.

Det blir opna for eit mindre byggeområde på eigedom 65/3 (byggeområde H31)

Det blir opna for 9 nye hyttetomter på eigedom 79/6 (byggeområde H32).

Det blir opna for å etablira ei hyttetomt på eigedom 93/148 (byggeområde H33).

3. Andre område:

Det vert opna for revisjon av reguleringsplan for Aurdal renseanlegg, gkj. 10.10.88, med sikte på å legga til rette for etablering av døgnoppstillingsplassar for bobil/campingvogner, mellom reinseanlegget og Aurdalsfjorden (Ft2), eigedom 95/184.

Det vert opna for utviding av 2 eksisterande masseuttak i Skrautvål sameige (R5 og R6) og etablering av 1 nytt ved Raukøllhallvegen (R7).

”Snippen” på eigedom 94/4 vert vist som område for idrettsanlegg, område I3.

4. Administrasjonen får fullmakt til å bearbeida plankartet i samsvar med innkomne merknadar og vedtekne endringar etter 1. offentleg ettersyn, samt til å fullføra arbeidet med temakartet for Den Bergenske Kongevegen.

11.04.2013 Formannskapet

Rådmannen tok opp spørsmålet om habiliteten til enkeltrepresentanter som eier grunn kommunen og orienterte om utgangspunktene for vurderingen. Hver enkelt representants private interesse i arealdelen ble gjennomgått.

Hilde Tveiten Døvre erklærte seg inhabil.

Rådmann, virksomhetsleder og saksbehandler orienterte om saken.

FS-017/13 Vedtak, enstemmig (6 stemmer):

Formannskapet vedtek i medhald av § 11-14 i plan- og bygningsloven å legga forslag til kommuneplan ut til 2. gangs offentleg ettersyn med følgjande endringar:

1. Bustadområde:

Byggeområde B6 vert utvida (delar av 14/29, 37 og 18/18).

Skisse for vegtilkomst og VA-løysingar til byggeområde B7 må oversendast før 3. gangs behandling av planforslaget.

Det vert opna for bustadbygging på delar av eigedom 14/55 (B11).

Det vert opna for bustadbygging på delar av eigedom 18/33, 38, og 279 (B12).

2. Hytteområde:

Byggeområde H11 på eigedomane 92/26 og 48 vert utvida.

Byggeområde H12 vert utvida til og å omfatta heile eller delar av eigedomane 110/72, 110/73, 110/138, 110/68, 110/69, 110/70 og 110/88.

Ein presiserer at ein stiller seg positiv til fortetting i heile området ved ev. revisjon av reguleringsplan for Kvitingslien, byggeområde H16, eigedomane 110/80-84.

H19 vert redusert.

Det blir opna for 11 nye hyttetomter på eigedom 92/102 og utviding/fortetting/deling av store tomter rundt 92/215 og på 92/101 (byggeområde H29).

Det blir opna for å dela alle hyttetomter over 2 daa innanfor det nye byggeområdet H30.

Det blir opna for eit mindre byggeområde på eigedom 65/3 (byggeområde H31)

Det blir opna for 9 nye hyttetomter på eigedom 79/6 (byggeområde H32).

Det blir opna for å etablira ei hyttetomt på eigedom 93/148 (byggeområde H33).

3. Andre område:

Det vert opna for revisjon av reguleringsplan for Aurdal renseanlegg, gkj. 10.10.88, med sikte på å legga til rette for etablering av døgnoppstillingsplassar for bobil/campingvogner, mellom reinseanlegget og Aurdalsfjorden (Ft2), eigedom 95/184.

Det vert opna for utviding av 2 eksisterande masseuttak i Skrautvål sameige (R5 og R6) og etablering av 1 nytt ved Raukøllhallvegen (R7).

"Snippen" på eigedom 94/4 vert vist som område for idrettsanlegg, område I3.

4. Administrasjonen får fullmakt til å bearbeida plankartet i samsvar med innkomne merknadar og vedtekne endringar etter 1. offentleg ettersyn, samt til å fullføra arbeidet med temakartet for Den Bergenske Kongevegen.

.....

**Nord-Aurdal kommune
Utvalssak**

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksbehandler
Formannskapet	07.11.2013	050/13	nyhgun

Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024 - behandling 3

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
22.10.2013	07112013 - 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar.doc	107184
22.10.2013	07112013 - 2. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar.doc	107185
22.10.2013	07112013 Skriftleg del.doc	107186
22.10.2013	07112013 KU.doc	107187
22.10.2013	07112013 Planføresegner.doc	107189
22.10.2013	07112013 Retningsline 1 rpl.doc	107190
22.10.2013	07112013 Retningsline 2 LNF.doc	107191
22.10.2013	07112013 Kart som viser funksjonsklassar.pdf	107192
22.10.2013	07112013 Byggegrenser rv-fv.doc	107193
22.10.2013	07112013 Eksisterande og nye byggeområde.xls	107194
22.10.2013	07112013 Møtebok behandling 1.pdf	107195
22.10.2013	07112013 Møtebok behandling 2.pdf	107196

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Div. merknadar ved 2. offentleg ettersyn (samandrag er vedlegg 1 og 2 over)

Følgjande 6 dokument ligg ikkje med til behandlinga 07.11.13 fordi dei er endra minimalt (men jf. under) sidan behandlinga 11.04.13, men vil vera ein del av høyingsmateriellet ved 3. off. ettersyn:

1. Retningsline 3. Leike- og uteopphaldsareal, eit par-tre av punkta er flyttet tilbake til/til føresegne.
2. Retningsline 4. Parkeringsnorm, det er føreslått ei tilføyning (sjå dokumentet 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar)
3. Retningsline 5. Skiltvedtekter, det er føreslått ei tilføyning (sjå dokumentet 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar)
4. Avgrensing av Fagernes sentrum
5. Avgrensing av Leira sentrum
6. Planar som framleis skal gjelda, oppdatert med planar som er godkjent etter 11.04.13

Følgjande 5 temakart/kart ligg ikkje med til behandlinga 07.11.13, men vil vera ein del av høyingsmateriellet ved 3. off. ettersyn:

1. Temakart for ras (bearbeidd, konklusjon frå skredvurdering etter raset i Aurdal 22.05.13 er innarbeidd)
2. Temakart for flaum (nytt, utarbeidd på bakgrunn av opplysningar frå NVE 02.09.13)
3. Temakart for støy (nytt, utarbeidd på bakgrunn av støyvarselkart motteke frå Statens vegvesen 23.05.13)
4. Konsesjonsområde for fjernvarme, Fagernes (uendra)
5. Temakart for den Bergenske kongeveg (uendra)

Saksopplysningar:

Forslag til ny arealdel låg ute til 2. offentleg ettersyn i perioden 07.05.-17.06.13. Administrasjonen har gått gjennom alle innkomne merknadar og nye innspel, og desse er alle vurdert og kommentert fortløpende i dei vedlagde dokumenta: a) 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar og b) 2. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar. Kommentarane/tilrådingane og forslag til vedtak under er basert på desse.

Kort oppsummert har Fylkesmannen i Oppland reist 12 motsegner til planforslaget, Oppland fylkeskommune har reist 1, NVE 1 og Statens vegvesen 1. Kommunen bad i brev datert 12.07.13 om eit møte med fylkesmannen for å diskutera motsegnene, dette møtet fann stad 02.10.13.

Plankartet er ikkje ferdig bearbeidd i samsvar med merknadane og endringane som blir føreslått etter 2. offentleg ettersyn. Det er derfor viktig å vera oppmerksam på at internettkartet til kommunen per 07.11.13 viser forslaget til kommuneplan ved 2. off. ettersyn, og ikkje det som vil bli lagt ut ved 3. off. ettersyn.

Endringane som blir føreslått på plankartet og i planføresegne, og som det er viktig at det vert teke stilling til, går fram av saksframlegg med vedlegg a og b nemnt i 1. avsnitt. Ev. korrigeringar av det andre planmaterialet følgjer som ein direkte konsekvens av endringar som vert vedteke i desse dokumenta.


Vurdering:

Med bakgrunn i merknadane og innspela som har kome etter 2. off. ettersyn, jf. vedlegg a og b, tilrår ein i samsvar med vurderingane der å gjera følgjande endringar på plankartet:


1. Utvida byggeområde H11 for fritidsbustadar 92/26, Hukkelhaug på Aurdalsåsen, med arealet som er grønt på kartet under:




2. Legga til rette for eit nytt byggeområde for fritidsbustadar på eigedom 91/325 på Aurdalsåsen, Geitebergsteigen (avgrensa med grønt), benemnt H34 i planmaterialet:




3. Legga til rette for eit nytt massetak ved elva Skrinda (renn ut i Steinsetfjorden) på eigedomen vist med blått og den med handa på, 30/7 og 8, benemnt R8 i planmaterialet:




4. Visa arealet som var tenkt til ny brannstasjon på Breiset som næringsområde, benemnt E6 i planmaterialet (raudt på kartet under):



5. Visa eidegom 95/13 som nytt botnpunkt for skiheisen i Aurdal, Valdres alpinsenter, benemnt I4 i planmaterialet. Arealet vest for vegen er tenkt til parkering.




6. Utvida arealet som skal brukast til m.a. storhall på Leira. Arealet som på skissa under er benemnt storhall, fotball, volleyball, aktiviteter og atkomst vert vist som byggeområde I5. Avgrensing av areal for parkering må vurderast i høve til framtidig E16-trase, og sambruk m.o.t. alt eksisterande parkeringsplassar på Leira.



7. Dei brattaste områda i byggeområde B9, Førsgøddin, der det likevel ikkje kan plasserast bustadomter bør framleis vera friluftsområde.
8. Gjeldande planstatus (jf. kommunedelplan for Aurdalsåsen) bør vidareførast for eigedomane 90/65 og 66, dvs. at eigedomane vert vist som hyttetomter.
9. Masseuttaka i Skrautvål sameige ved Etnsenn (R3) bør reduserast/flyttast. Masseuttaket ved Nisa (R6) og Skarstølen (R5) bør reduserast. Masseuttaket Astridmyre R1, nær Bløytdjednsage og byggeområdet H2 i punkt 11, bør flyttast slik at det er meir i samsvar med arealet der det tidlegare er teke ut grus.
10. Naustområdet i Skrautvål sameige, An1, bør flyttast til området kring Stokkebrynnaustet.
11. Område for fiskebuer i Ulnes sameige bør visast som område for naust

12. Byggeområde for fritidsbustadar, H2 Gamlestølfeltet vest for fv51 ved Bløytjednsage, bør takast ut av kommuneplanen.



13. Byggeområde for bustadar, B2 Høgdingsvegen i Aurdal, bør takast ut av kommuneplanen.



Planføresegner

Forslag til endringar i planføresegnene og retningslinene går fram av følgjande dokument:

2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar
2. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar.

Det er gjort ei vurdering av kva ein skal gjera m.o.t. til eksisterande byggeområde som ikkje er teke i bruk og nye område som ligg i område med potensiell rasfare. Ein føreslår å ta inn følgjande føresegn:

Det blir stilt krav om ei utgreiing av reell rasfare med dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik FØR ev. reguleringsarbeid kan startast opp for byggeområde der heile eller delar av arealet inngår i aktsomheitsområde for ras på www.skrednett.no.

Aktuelle kommuneplanføresegner og -retningsliner til nye planar gjeld òg ved realisering av tiltak som er unntake plankravet, jf. planføresegnene.

KU og skriftleg del

Det øvrige skriftlege materialet er som følgje av merknadane og vurderingane der bearbeidd.

Anna

Utover dette kan det vera småjusteringar som er gjort og føreslått både på plankartet, i planføresegnene og retningslinene og anna skriftleg materiell utan at dette går fram av saksframlegget og vurderingane av merknadane. Det kan vera at ein oppdagar openberre feil, därlege og uklare formuleringar i det skriftlege materialet, og feil føremålsbruk på plankartet, oppdaterte arealutrekningar (ikkje samsvar mellom kart og skriftleg materiale) osb. Kommunen har dessutan ikkje fått eintydige råd om alle forhold under planprosessen, og det kan derfor vera forhold ein no meiner høyrer meir heime i retningslinene enn i planføresegnene og omvendt, eller ein annan stad i dokumentet det står.

I tillegg er det føreslått retningsliner/føresegner for klausuleringsområda for drikkevatn, Freningen og Lo.

Bearbeiding av plankartet og konsekvensvurderinga i etterkant av behandlinga med sikte på utlegging til offentleg ettersyn, vil bygga på vurderingane og tilrådingane med vedtek som er vist til og gjort i saksframlegget.

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av § 11-14 i plan- og bygningsloven å legga forslag til arealdelen til kommuneplan ut til 3. gangs offentleg ettersyn med følgjande endringar:

Plankartet

1. Utvida byggeområde H11 for fritidsbustadar 92/26, Hukkelhaug på Aurdalsåsen.
2. Legga til rette for eit nytt byggeområde, H34, for fritidsbustadar på eigedom 91/325 på Aurdalsåsen, Geitebergsteigen.
3. Legga til rette for eit nytt massetak ved Skrinda på eigedom 30/7 og 8, nytt byggeområde R8.
4. Visa arealet som var tenkt til ny brannstasjon på Breiset på eigedom 70/2 som næringsområde, byggeområde E6.
5. Visa eigedom 95/13 som nytt botnpunkt og parkeringsmulegheit for Valdres alpinsenter, Aurdal, byggeområde I4.
6. Utviding av byggeområde i7, storhall på Leira, nytt byggeområde I5.
7. Byggeområde B9, Førssøddin, vert redusert.
8. Gjeldande planstatus for eigedomane 90/65 og 66 i kommunedelplan for Aurdalsåsen blir vidareført, dvs. at eigedomane vert vist som hyttetomter.
9. Masseuttaket ved Etnsenn (R3) vert redusert, likadan masseuttaket ved Nisa (R6) og Skarstølen (R5). Masseuttaker Astridmyre (R1) vert flytta.
10. Naustområdet i Skrautvål sameige, An1, blir flytta til området kring Stokkebrynnaustet.
11. Fiskebuer i Ulnes sameige (Afn1) blir vist som område for naust, byggeområde An2.
12. Byggeområde for fritidsbustadar, H2 Gamlestølfeltet, vert teke ut av kommuneplanen.
13. Byggeområde for bustadar, B2 Høgdingsvegen i Aurdal, vert teke ut av kommuneplanen.

Andre ting

Føreslåtte endringar i det øvrige planmaterialet, jf. dokumenta a) 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar og b) 2. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar skal innarbeidast i planforslaget.

Administrasjonen får fullmakt til å bearbeida planmaterialet slik at det er i samsvar med føreslåtte endringar i dei innkomne merknadane etter 2. offentleg ettersyn, og vedtekne endringar 07.11.13, før utlegging til 3. offentleg ettersyn.

07.11.2013 Formannskapet

Rådmannen redegjorde for saken og korrigerte forslag til vedtak punkt 13 ved å erstatte B2 med B3.

Olaf Nils Diserud tok opp spørsmålet om sin habilitet og ble erklært inhabil.

Tone Irene Meisdalen tok opp spørsmålet om sin habilitet og ble erklært habil.

Inger Torun Klosbøle tok opp spørsmålet om sin inhabilitet og ble erklært habil.

Olav Magne Thyri fremmet følgende forslag til nytt avsnitt under *Andre ting*:

Formannskapet er kjent med planene for utvikling av eiendommen Sanderstølen (gnr. 64 bnr. 31) i Tisleidalen, og stiller seg positiv til at det settes i gang en prosess med sikte på planlegging av flere hyttetomter enn de som allerede er godkjent regulert på eiendommen. Under forutsetning av at godkjente og fremtidige tomter på eiendommen knytter seg til eksisterende renseanlegg, når dette er oppgradert og tilfredsstiller formelle utslippskrav, vil formannskapet kunne tilrå at det igangsettes regulering av eiendommen i henhold til plan- og bygningsloven kapittel 12.

Votering: Rådmannens forslag med Olav Magne Thyris tilleggsforslag enstemmig vedtatt.

FS-050/13 Vedtak, enstemmig (5 stemmer):

Formannskapet vedtek i medhald av § 11-14 i plan- og bygningsloven å legga forslag til arealdelen til kommuneplan ut til 3. gangs offentleg ettersyn med følgjande endringar:

Plankartet

1. Utvida byggeområde H11 for fritidsbustadar 92/26, Hukkelhaug på Aurdalsåsen.
2. Legga til rette for eit nytt byggeområde, H34, for fritidsbustadar på eigedom 91/325 på Aurdalsåsen, Geitebergsteigen.
3. Legga til rette for eit nytt massetak ved Skrinda på eigedom 30/7 og 8, nytt byggeområde R8.
4. Visa arealet som var tenkt til ny brannstasjon på Breiset på eigedom 70/2 som næringsområde, byggeområde E6.
5. Visa eigedom 95/13 som nytt botnpunkt og parkeringsmulegheit for Valdres alpinsenter, Aurdal, byggeområde I4.
6. Utviding av byggeområde i7, storhall på Leira, nytt byggeområde I5.
7. Byggeområde B9, Førssøddin, vert redusert.
8. Gjeldande planstatus for eigedomane 90/65 og 66 i kommunedelplan for Aurdalsåsen blir vidareført, dvs. at eigedomane vert vist som hyttetomter.
9. Masseuttaket ved Etnsenn (R3) vert redusert, likedan masseuttaket ved Nisa (R6) og Skarstølen (R5). Masseuttaker Astridmyre (R1) vert flytta.
10. Naustområdet i Skrautvål sameige, An1, blir flytta til området kring Stokkebrynaustet.
11. Fiskebuer i Ulnes sameige (Afn1) blir vist som område for naust, byggeområde An2.
12. Byggeområde for fritidsbustadar, H2 Gamlestølfeltet, vert teke ut av kommuneplanen.
13. Byggeområde for bustadar, B3 Høgdingsvegen i Aurdal, vert teke ut av kommuneplanen.

Andre ting

Føreslårte endringar i det øvrige planmaterialet, jf. dokumenta a) 2. off. ettersyn, vurd. av off. merknadar og b) 2. off. ettersyn, vurd. av andre merknadar skal innarbeidast i planforslaget.

Administrasjonen får fullmakt til å bearbeida planmaterialet slik at det er i samsvar med føreslårte endringar i dei innkomne merknadane etter 2. offentleg ettersyn, og vedtekne endringar 07.11.13, før utlegging til 3. offentleg ettersyn.

Formannskapet er kjent med planene for utvikling av eiendommen Sanderstølen (gnr. 64 bnr. 31) i Tisleidalen, og stiller seg positiv til at det settes i gang en prosess med sikte på planlegging av flere hyttetomter enn de som allerede er godkjent regulert på eiendommen.

Under forutsetning av at godkjente og fremtidige tomter på eiendommen knytter seg til eksisterende renseanlegg, når dette er oppgradert og tilfredsstiller formelle utslippskrav, vil formannskapet kunne tilrå at det igangsettes regulering av eiendommen i henhold til plan- og bygningsloven kapittel 12.

.....

Nord-Aurdal kommune
Utvalssak

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksbehandler
Formannskapet	15.05.2014	018/14	nyhgun

Arealdelen til kommuneplanen 2014-2024 – behandling 4

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
06.05.2014	22052014 Off. merknadar	115282
06.05.2014	22052014 Andre merknadar	115283
06.05.2014	22052014 Planføresegn	115284
06.05.2014	22052014 Retningsline 1 rpl	115286
06.05.2014	22052014 Retningsline 2 LNF	115287
06.05.2014	22052014 Retningsline 3 leike- og uteoppholdsareal	115288
06.05.2014	22052014 Retningsline 4 parkeringsnorm	115289
06.05.2014	22052014 Retningsline 5 skiltvedtekter	115290
06.05.2014	22052014 Planar som framleis skal gjelde	115292
06.05.2014	22052014 Eksisterande og nye byggeområde	115294
06.05.2014	22052014 KU-ROS	115295
06.05.2014	22052014 Skriftleg del	115296
06.05.2014	22052014 Fylkesvegnettet, funksjonsklassar i NA	115297
06.05.2014	22052014 Byggegrenser rv-fv	115298
06.05.2014	22052014 Avgrensing av Fagernes sentrum	115299
06.05.2014	22052014 Avgrensing av Leira sentrum	115300
06.05.2014	Temakart_Kongeveg	115301
06.05.2014	Temakart_snøskred	115302
06.05.2014	Temakart_steinsprang	115303
06.05.2014	Temakart_støy	115304
06.05.2014	22052014 Temakart fjernvarme	115305

06.05.2014	22052014 Møtebok behandling 1	115306
06.05.2014	22052014 Møtebok behandling 2	115307
06.05.2014	22052014 Møtebok behandling 3	115308

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
39	I	16.12.2013	Fagernes Advokatkontor	Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024 - Merknader til behandling 3
40	U	20.12.2013	Fagernes advokatkontor	Svar: Fagernes advokatkontor - Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024, merknadar til behandling 3
43	I	13.01.2014	Alf Egil Sørum	Angående ras i Aurdal på gnr 99 bnr 1
42	U	30.01.2014	Avisa Valdres	Annonseting 01.02.2014
41	U	31.01.2014	Iflg. adresseliste	Arealdelen til kommuneplanen - melding om 3. offentleg ettersyn Spørsmål vedrørende fiskebu i Skrautvål sameige
46	I	03.03.2014	Skrautvål Sameige	Merknad til kommuneplanen for Nord-Aurdal
44	I	05.03.2014	Reiselivslaget på Vaset	Vedr. høringsdokument til arealdelen til kommuneplanen 2014-2024
45	I	11.03.2014	Ole E. Skrautvol	NVEs merknader ved 3. gangs offentlig ettersyn - arealdelen til kommuneplanen
47	I	11.03.2014	NVE	Kommuneplanens arealdel 2014-2024 - 3 gangs høring
50	I	11.03.2014	Fylkesmannen i Oppland	Merknad/kommentar til kommuneplanen 2014-2024
61	I	11.03.2014	Kjetil Ranheim	Uttalelse ved offentlig ettersyn - Arealdelen til kommuneplanen
51	I	13.03.2014	Tisleia Byggtre AS	Merknader til planforslag, arealdelen til kommuneplanen 2012-2024
49	I	13.03.2014	Fagernes Advokatkontor	Kommentarer til arealdelen til kommuneplanen
48	I	14.03.2014	Aud og Per Einar Tveit	Arealdelen for kommuneplanen-grunnlag for innsigelse bortfalt
52	I	18.03.2014	Statens vegvesen	Kommentarer til kommunedelplanen
53	I	18.03.2014	Aurdal hytteforening	Innspill til kommuneplanen vedrørende søknad om hyttetomter
54	I	18.03.2014	Dag Westerheim	Fjelltun - innspill til kommuneplan, gn20, bnr 7
55	I	21.03.2014	Knut Arne Fjelltun	Høringsuttalelse til arealdelen
60	I	25.03.2014	Oppland fylkeskommune	Høringsdokument Arealdelen til kommuneplanen 2014-2024
56	I	28.03.2014	Ola E. Skrautvol	

58	I	01.04.2014	Thor Dahl	Ad planområde H-12 på gnr 110 bnr 38
59	I	01.04.2014	Ola E. Skrautvol	Ola E. Skrautvol - Arealdelen til kommuneplanen 2014-2024
57	U	01.04.2014	Ola E. Skrautvol	Arealdelen til kommuneplanen - svar vedr. merknad til 3. off. ettersyn
62	I	08.04.2014	Ola E. Skrautvol	Arealdelen til kommuneplanen 2014- 2024
63	U	15.04.2014	Fylkesmannen i Oppland	Fylkesmannen i Oppland - vedr. motsegn til arealdelen
5	I	06.05.2014	Alver Advokatfirma	Skrautvols forslag til kommuneplanens arealdel
65	U	15.05.2014	Per Einar og Aud F. Tveit	Arealdelen til kommuneplanen - vegløysing til B7
66	U	15.05.2014	Skrautvål sameige	Arealdelen til kommuneplanen - fiskebuer ved Fullsenn

Saksopplysningar:

Forslag til ny arealdel låg ute til 3. offentleg ettersyn i perioden 01.02.-15.03.14. Administrasjonen har gått gjennom alle innkomne merknadar og nye innspel, og desse er alle vurdert og kommentert fortløpende i dei vedlagde 22052014 Off. merknadar og 22052014 Andre merknadar. Kommentarane/tilrådingane og forslag til vedtak under er basert på desse.

Kort oppsummert er det etter 3. offentleg ettersyn 4 motsegner til planforslaget, alle fra fylkesmannen som har motsegn til område E4, Breiset (næring) og I4, Bråten (alpin) p.g.a. jordvernet, til vurdering av risikobiletet for alle nye utbyggingsområde når det gjeld flaumfare knytt til mindre vassdrag og til forslaget om ikkje å krevja reguleringsplan for masseuttak R3 ved Etnsenn. For å sikra vassdragsverdiar og god tilkomst meiner dei det bør vera krav om reguleringsplan for det eksisterande masseuttaket. Kommunen bad fylkesmannen i brev datert 15.04.14 vurdera å trekka dei to sistnemte motsegnene med bakgrunn i reviderte opplysningar. Kommunen har per telefon 08.05.2014 fått opplyst at det vil bli innstilt på å trekka dei to sistnemte motsegnene med grunnlag i nye opplysningar, men dette vil ikkje vera formelt avklart før 09.05.2014.

Plankartet er ikkje ferdig bearbeidd i samsvar med endringane som blir føreslått etter 3. offentleg ettersyn. Det er derfor viktig å vera oppmerksam på at internettkartet til kommunen per 22.05.14 viser forslaget til kommuneplan ved 3. off. ettersyn. Endringane som blir føreslått etter 3. off. ettersyn går fram av saken her (vurderingsavsnittet).

Ev. korrigeringar av det andre planmaterialet følgjer som ein direkte konsekvens av endringar som vert vedteke i desse dokumenta.

Vurdering:

Med bakgrunn i merknadane og innspela som har kome i samband med 3. off. ettersyn, jf. vedlegga «22052014 Off. merknadar» og «22052014 Andre merknadar», tilrår rådmannen i samsvar med vurderingane der å gjera følgjande endringar i planforslaget:

Forslag til endringar på plankartet som følgje av motsegn:

1. Område E4 vert teke ut av planforslaget, motsegna frå fylkesmannen til området vert teke til følgje.
2. Område I4 vert teke ut av planforslaget, motsegna frå fylkesmannen til området vert teke til følgje.

Andre endringar på plankartet:

3. Kulturminna i byggeområde for bustadar B5 og B7 vert vist på plankartet.
4. Alle opplysningsane på temakart for flaum vert innarbeidd på plankartet som område med reell flaumfare.
5. Vedteken trasé for E16 Fagernes-Hande vert vist på plankartet (sosi-fila var tilgjengeleg først 25.04.14).

Endringar i det skriftlege materialet

KU og ROS-analyse

Vurderinga av risikobiletet for alle nye utbyggingsområde når det gjeld flaumfare knytt til mindre vassdrag er omarbeidd for å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen.

Konsekvensvurderinga er oppdatert for å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen til R3, masseuttak ved Etnsenn.

Det er ikkje krav om at radon skal vurderast i vidare planlegging.

Hendingane 4, 12, 13, 14, 19, 20, 22, 23, 25 og 26 har fått éin farge.

Det siste kapitlet om konsekvensar av utbyggingsmønster er erstatta av ei kort oppsummering av ROS-analysa.

Konsekvensar for vassdragsmiljø er nærmere utgreidd i R8 (masseuttak ved Skrinda).

Planføresegner

Det er gjort nokre endringar i føresegne til omsynssoner.

1. Følgjande føresegn er teke inn, og gjeld for område med kartlagt reell rasfare :

Ved oppføring av bygg her skal det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik før ev. utbygging kan finna stad.

2. Føresegne til områda med potensiell flaumfare (var vist på temakart) er endra til føresegner for område med reell flaumfare (vist på plankartet).

3. Følgjande retningsline er teke inn for støysonene:

Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) skal leggast til grunn ved behandling av bygge- og anleggstiltak innanfor raud og gul sone.

4. Følgjande føresegner er teke inn for støysonene, jf. temakart for støy:

Raud sone: Nye støyfølsame bygg (bustadar, fritidsbustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar) skal ikkje lokaliserast i raud sone.

Gul sone: Etablering av støyfølsame bygg (bustadar, fritidsbustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar) kan skje dersom ein gjennom avbøtande tiltak tilfredsstiller grenseverdiane i retningsline T-1442/2012. Ved utarbeiding av reguleringsplanar sat enkelttiltak i gul sone, skal det føreligga ei støyfagleg utgreiing som dokumenterer støyforholda og avklarar nødvendige støytiltak.

5. Mønehøgda for hyttetomter er auka med 0.2 cm for å ta høgde for kravet om isolasjon i TEK 10.

6. Ved dei tre høyringane har det vore krav om å legga til rette for parkering under bakkenivå ved vidare utbygging i Leira sentrum, dette er føreslått moderert til at det bør leggast til rette for dette.

7. Kravet til biloppstillingsplassar er justert i høve til kravet i parkeringsnormene.

Planen er klar for godkjenning.

Forslag til vedtak:

Byggeområda E4, næringsområde, Breiset og I4, alpinområde, Aurdal vert teke ut.

Kommunestyret eigengodkjenner arealdelen til kommuneplanen, plankart med tilhøyrande temakart datert 21.06.2012 med revisjonar 11.04.2013, 07.11.2013 og 15.05.2014, planføresegner og tekstdel datert 22.05.2014, i samsvar med § 11-15 i plan- og bygningsloven.

15.05.2014 Formannskapet

Rådmannen redegjorde for saka

Thyri fremmet følgende forslag til tillegg:

«Breiset og I4, og alpinområde» tas ut av vedtaket.

Veg og VA løsning for byggeområde B7 vurderes nærmere ved utarbeiding av reguleringsplan.

For Fullsenn område skal det startes en egen planprosess. Planen skal være ferdig i løpet av høsten 2014.

Diserud fremmet følgende forslag:

Formannskapet vedtar følgende endringer av arealdelen:

- byggeområdene I4 og E4 skal ligge inne i arealdelen
- alternativer trasé for veg fram til boligområdet B7 skal vurderes
- det skal vises område for fiskebuer i Fullsenn i Skrautvål sameige

Med disse endringene legges arealdelen ut på nytt offentlig ettersyn.

Votering: Diserud forslag ble tatt opp til votering først og ble vedtatt med 6 mot 1 stemme

FS-018/14 Vedtak, 6 stemmer mot 1 stemme (7 stemmer):

Formannskapet vedtar følgende endringer av arealdelen:

- byggeområdene I4 og E4 skal ligge inne i arealdelen
- alternativer trasé for veg fram til boligområdet B7 skal vurderes
- det skal vises område for fiskebuer i Fullsenn i Skrautvål sameige

Med disse endringene legges arealdelen ut på nytt offentlig ettersyn.

.....

Fyrste off. ettersyn, vurdering av off. merknadar:

NVE

Generelt

Lesbarheten i plankartet ikkje god nok for dei. Har konsentrert seg om ras- og flaumfare og verna vassdrag. Andre forhold som er relatert til ansvarsområdet deira har dei ikkje fått vurdert då dei meiner plankartet ikkje er eigna til det.

Naturfarar – ras og flaum

Mange av utbyggingsområda ligg i 100 metersbeltet langs vassdrag, utan at det er gjort vurderingar av flaumfare eller innverknad på vassdraget generelt. Det er område i Fagernes ein veit er flaumutsett (flaumsonekart er under utarbeidning), og som inngår som utbyggingsområde på plankartet. Planen viser ikkje potensielt flaumfarlege område som omsynssone eller i eit eige temakart for flaum. Flaumvurderingar blir utsett til neste plannivå.

Byggeområda B2, B8, E4, E5 og I3 ligg heilt eller delvis innanfor aktsomheitsområde for skred. Vurderingar av ras vert og utsett til neste plannivå.

Planføresegne i § 6 er ikkje tilstrekkelege til at tryggleikskravet for flaum og ras er ivareteke. Reiser derfor motsegn til planen. I høyringsmerknaden er det 2 alternative forslag til korleis NVE meiner kommunen kan ivareta tryggleiken tilstrekkeleg.

Vassdrag

I medhald av §11 i vassressursloven skal det langs vassdrag med årssikker vassføring sikrast eit belte med vegetasjon som motverkar avrenning og erosjon, samtidig som det sikrar biologisk mangfald.

Konklusjon

Fremmar motsegn til kommuneplanen p.g.a. manglande dokumentasjon og tryggleik knytt til ras og flaum (jf. over under Naturfarer – ras og flaum). Paragraf 6 i planføresegne er for lite konkret i høve til tryggleikskrava. Anten må føresegna visa til omsynssoner i plankartet, eller så må ho visa til temakart for flaum og ras. Potensielt flaumfarlege område må i allfall visast i kart knytt til planen. Til omsynssonene/temakart med potensiell flaum- og skredfare må det vera planføresegner som gjer at omsyna som sonene viser blir ivaretakne.

Byggeforbudsona langs vassdrag verkar ikkje til å vera tilstrekkeleg heimla i planen. Det blir lagt opp til mange dispensasjoner/utbyggingsområde innanfor denne sona, og det er ikkje gjort flaumvurderingar.

Administrasjonen

Generelt

Lesbarheten i kartet er god nok for enkeltgrunneigarane, men ein har ingen problem med å sjå at han ikkje er god nok for dei etatane som skal ha oversikt over heile kommunen. Ein har jobba kontinuerleg med å forbetra dette i heile høyringsperioden, og i etterkant av høyringa, og meiner at ein no har eit plankart som er i tilfredsstillande.

Naturfarer – ras og flaum

Det er riktig at kartet ikkje viser potensielt flaumfarlege område, og at det ligg ein del ”gamle” byggeområde i 100 metersbeltet langs vassdrag. Flaumsonekart for Fagernes er iflg. NVE under utarbeiding og flaumsone for området som dekker dette kan innarbeidast i planen, men tilsvarende føreligg ikkje for resten av kommunen. Spørsmålet blir derfor kva føresetnadar kommunen har for å visa potensielt flaumfarlege område som omsynssone riktig, eller korleis me skal utarbeida eit eige temakart for flaum som viser riktig situasjon?

Paragraf 9, 5. ledd i KU-forskrifta: ”*Det skal i arealdelen redegjøres for hvilke forhold som skal avklares og belyses nærmere i tilknytning til senere regulering av området*”. Kommunen meiner at det er dette som er gjort i planarbeidet, og at det gir eit feilaktig bilde av situasjonen å seia at ting blir ”utsett til neste plannivå”. Arealdelen er ein overordna plan, og detaljane må ein koma tilbake til ved detaljplanane. Arealdelen skal peika på og gjera greie for ting som må vurderast grundigare ved seinare regulering av området.

Planføresegnene var utforma med tanke på at alle omsynssoner skulle visast på plankartet, men dette har ein ved oppdateringa av kartet funne lite føremålstenleg, då det blir veldig mykje informasjon på plankartet og det i seg sjølv gjer det lite lesbart. Ein har derfor valt å visa omsynssonene for ras som temakart.

Det er alt ei føresegns som stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for alle nye utbyggingsområde. I tillegg er føresegna ”*Rasfare og flaumfare må vurderast grundigare ved detaljplanlegging og søknader om bygge- og anleggstiltak. Risikoreduserande tiltak må vurderast og gjennomførast ved behov. Ev. tiltak må gje god nok tryggleik og ta omsyn til faren*” endra i samsvar med kravet og motsega frå NVE til slik:

For areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr. 1, skal ei utgreiing av reell flaum- og rasfare og dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik inngå før ev. utbygging kan finna stad.

12.10.12 Fylkesmannen i Oppland

1. Planmaterialet

Meiner at planmaterialet ikkje er i samsvar med ”*Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister*” (kartforskrifta). Plankartet manglar teiknforklaring, omsynssonene manglar koding og er ikkje i tråd med sosi-standarden.

Adm.: Teiknforklaring føreligg, omsynssonene har koding som er i tråd med SOSI-standarden.

Det er fleire arealføremålsområde i kartet som ikkje har flate og som må få arealføremålskode.

Adm.: Ein er kjent med dette, og dette er korrigert .

Det er berre nye område for utbygging som skal visast som framtidige byggeområde. Dette gjeld òg gamle planavklarte område som ikkje er bygd ut eller regulert. Det skal utifrå plankartet vera muleg å sjå kva som er nye byggeområde og kva som er gamle byggeområde (som er avklart gjennom tidlegare planprosessar).

Adm.: Byggeområde som er avklart gjennom tidlegare planprosessar er skilt frå nye ved ulik bokstavbruk, dette går fram av teiknforklaringa. Nye byggeområde som blir lagt ut ved denne revisjonen er markert med store forbokstavar (B1, B2, B3 osb.), medan tidlegare godkjente byggeområde som ikkje er bygd ut er markert med små forbokstavar (b1, b2, b3 osb.). Fargekoden er lik på dei. Kommunen har vidareført gjeldande praksis frå kommuneplan frå 2009. Ein meiner dette gir det mest korrekte bilde av den faktiske situasjonen.

Fleire område som skulle ha vore vist som vassdrag er vist som LNF-føremål i plankartet. Gjeld m.a. ved Tisleifjorden, Fullsenn og andre område.

Adm.: Ein er kjent med dette, og dette er korrigert .

Tek **atterhald om motsegn** til område som dei ikkje har kommentert i denne høyringsrunden.

Adm.: Dette gir verken kommunen eller forslagstillarar forutsigbarheit i planlegginga. Me jobbar vidare med byggeområde som det kan bli reist motsegn til ved neste høyringsrunde fordi dei ikkje er kommentert i denne høyringsrunden. Sjølv om planmaterialet ikkje er i tråd med kartforskrifta, er ein av den klare oppfatning at det har vore fullt muleg å setta seg inn i og kommentera alle forslag til byggeområde i løpet av dei 3.5 månadane som har gått sidan planforslaget vart lagt ut, og til merknaden vart oversendt. Ein del av områda som det er merknadar/motsegn til er for øvrig vurdert svært detaljert til å vera ein kommuneplan.

Dei fremmar **motsegn** til sluttbehandling av planforslaget slik det no ligg føre.

2. Konsekvensvurdering

Det kjem ikkje tydeleg fram kor mange nye spreidde område for utbygging i LNFR-område som er avsett. Desse skal konsekvensvurderast. Det kjem ikkje tydeleg fram av planmaterialet kor mange nye spreidde område som er avsett og Fylkesmannen tek **etterhald om motsegn** til desse områda.

Adm.: Alle område for spreidd hyttebygging er ei vidareføring av alt godkjente byggeområde som ikkje er bygd ut (sh1, sh2, sh3 osb). Dette dreier seg om byggeområde med 1-2 tomter. Det er eit nytt område for spreidd naustutbygging på eigedom 79/1, dette er konsekvensutgreidd. Det er ingen andre nye område for spreidd utbygging i LNFR-område enn dette naustet.

Fylkesmannen meiner at konsekvensvurderinga ikkje gjev ei konkret og reell vurdering av verknadane ei utbygging vil ha for miljø- og samfunnsverdiar. Kommunen må vurdera verknadane ei utbygging vil ha for viktige miljø- og samfunnsverdiar. Det må deretter vurderast kva som kan gjennomførast av avbøtande tiltak.

Saknar òg ei nærmare utgreiing og vurdering av dei samla konsekvensane for arealbruksendringane i planen. Dette gjeld særleg arealpolitiske mål og omsyn knytt til utbyggingsmønster, tettstadsavgrensing, transportbehov og klimautslepp. Understrekar at dei samla konsekvensane av arealbruksendringane må vurderast.

Minner om at kommunen som ansvarleg styresmakt, på bakgrunn av høyringa, skal ta stilling til behovet for tilleggsutgreiingar eller dokumentasjon av særlege tilhøve jf. § 10 i KU-forskrifta.

3. Planreserve og behov for nye byggeområde

Saknar ei betre synleggjering av samanhengen mellom rammene for planlegginga gitt i planstrategien og omfanget av nye byggeområde i planforslaget. Er det ønske om å legga til rette for fleire nye byggeområde enn det det er behov for, bør gamle byggeområde takast ut.

Adm.: Planprosessen har vist at ting ikkje er så enkelt, men kommunen har gjort eit grep i høve til dette, og det er fleire byggeområde som har lege i kommuneplanen i lang tid som er teke ut.

Gir kommunen ros for å legga vekt på jordvernet ved å langt på veg legga byggeområde utanom dyrka mark.

4. Vurdering av nye byggeområde

Område for bustadar

B8 Tveit – Det er snakk om eit lite område, og sjølv om det går med ca. 2 daa fulldyrka mark her, meiner Fylkesmannen at det kan vere ein fordel å få til ei god løysing med høg utnytting av arealet. I og med at kommunen hovudsakleg har foreslått byggeområde utanom dyrka mark, og kan dei akseptera at B8 vert utvida slik det er foreslått.

B9 Førsøddin - Fylkesmannen meiner at avklaringane rundt motsegnene deira til reguleringsplan for Strandefjorden fritidspark ikkje er ivareteke i planforslaget, og dei tek **etterhald om motsegn** til avgrensing også av område avsett til fritids- og turistformål.

Adm.: Reguleringsplan for Strandefjorden fritidspark, der desse områda inngår, skal framleis gjelda.

FM Saknar ei utgreiing av behovet for å skaffe erstatningsareal ved omdisponering av område eigna for leik til byggeområde, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*. Førsøddin er eit attraktivt og viktig friluftsområde og ev. vidare utbygging i området må ta omsyn til landskapskvalitetar, vassdragsmiljø og friluftsinteresser i området.

Adm.: Det er avsett store areal på Førsøddin til leikeareal og til friluftsområde. Området nærmest fjorden er svært bratt og vanskeleg tilgjengeleg for ålmenta. Området for øvrig er lett tilgjengeleg for dei som bur på Førsøddin og delar av området er eit eigna område for aking/skileik om vinteren. 28 daa av dette området er føreslått som nytt byggeområde i kommuneplanen. Det vart i konsekvensutgreiinga for utarbeidninga av reguleringsplan for Strandefjord fritidspark som vart godkjent 17.06.10 påpeika at området har ein noko avgrensa verdi som nærekreasjon for folk busett på Førsøddin. Det eksisterer ikkje noko eigna erstatningsareal for nærekreasjon på Førsøddin. Med etableringa av gangbrua har ein likevel fått veleigna nærekreasjonsområde i form av badestrand og friluftsområde på andre sida av Strøndafjorden. Etableringa av gangbrua sikrar dessutan at barn og unge her har god nærheit til aktivitetar og kollektivtilbud.

Fylkesmannen har i tillegg detaljerte meningar om tomteplasseringa som grunneigar har skissert, og som berre er vist i grunnlagsdokument 3:

"...meiner det vil vere uheldig å opne for fortetting av tomt 46 og 59 da desse tomtene vil gjere det vanskelegare for ålmenta å få tilgang til friluftsområdet. Den nordlegaste av tomtene må visast som grønstruktur eller LNF-område, slik at ålmenta er sikra tilkomst til

strandområdet. Det bør og setjast av meir areal til grønstruktur i sørlege del av byggjeområdet for å sikre samanhengande og funksjonelle område for grønstruktur frå bustadområda og ned til strandsona. Byggjeområdet kjem nær det høgaste punktet på halvøya som er Oddetoppen. Dette kan vere uheldig ut frå omsynet til landskapskvalitetar, og Fylkesmannen meiner at verknaden for landskapet er mangelfullt utgreidd i konsekvensutgreiinga. Fylkesmannen viser til St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, og den europeiske landskapskonvensjonen som inneber at Norge har forplikta seg til å vektlegge omsynet til landskap i planlegginga”.

Meiner at dersom vidare utgreiing viser at det er rom for bustadfortetting her, så bør ein vurdera høgare utnytting ut frå den sentrumsnære plasseringa området har. Dei har med bakgrunn i omsynet til landskapskvalitetar, vassdragsmiljø og friluftsinteresser **motsegn** til område B9.

Adm.: Ein er av den klare oppfatning at ein del av vurderingane FM har gjort her ikkje er vurderingar som høyrer heime i arealdelen som er ein overordna plan. Tomt nr. 59 er ikkje med på forslaget til kommuneplan. Dette var ein tomt som var føreslått aust for 83/63 og 69, og på planforslaget ved 1. offentleg ettersyn var ikkje denne vist som byggeområde. Det var og forslag om ein tomt sør for 83/90 som heller ikkje var med på planforslaget. I vurderinga i grunnlagsdokument 3 er det dessutan sagt at ”kor mange tomter som kan godkjennast, endeleg utforming av området og vurdering av kor høgt opp ein kan bygga i høve til silhuettverknad, samt om det vil bli gitt dispensasjon i høve til kulturminna, må vurderast og takast stilling til ved utarbeidning av reguleringsplan”.

Utover dette så meiner administrasjonen at avgrensinga av byggeområdet sørvest for 83/89 bør justerast slik at ein får eit samanhengande grøntområde her. I tillegg var det ein feil på plankartet at arealet mellom eigedomane 83/58 og 83/66 var vist som byggeområde ved 1. offentleg ettersyn, dette er korrigert ved 2. offentleg ettersyn.



Med dei presiseringane som er gjort her, korrigeringane på plankartet og vurderingane i konsekvensvurderinga så meiner administrasjonen at omsynet til landskapskvalitetar, vassdragsmiljø og friluftsinteressene er tilstrekkeleg ivaretake og vurdert. Ein meiner det er riktig å legga til rette for vidare bustadbygging her. Dette er eit attraktivt og sentrumsnært område der mange har etablert seg dei siste åra. Det er ikkje veldig mange like gode alternativ for ny bustadbygging på Leira. Området ligg ikkje innanfor arealet som i kommuneplanen

vert definert som ein del av Leira sentrum eller areal som inngår i det som er avgrensa som sentrumsnære område, jf. kart 210612 Avgrensing av Leira sentrum. Kommuneplanen stiller derfor ikkje krav om høg utnytting.

B10 Skrautvål – Vil ikkje motsetja seg omdisponering av arealet under føresetnad av at makeskiftet som er skissert vert gjennomført, då det legg til rette for tryggare tilhøve i landbruket og ei meir føremålstenleg utforming av gardstunet på gnr. 6 bnr. 7.

Positivt at kommunen tek grep ved å tilbakeføre gamle byggjeområde i eksisterande plan når ein ser at desse ikkje vert realisert.

Område for fritidsbustadar

H1 Båtbrenna, Tisleidalen - Delar av hytteområdet vil ligga berre ca. 15 m frå Åbjøra. Byggeområdet må trekkast lenger vekk frå vassdraget ettersom det er eit nasjonalt mål å ta vare på strandsona som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle, og sikre vassdragslandskap og vassdragsbelte, jf. *St.meld. nr. 26 (2006 – 2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Byggjeområdet må trekkast minst 50 meter vekk frå vassdraget slik at eit belte langs vassdraget blir avsett til LNF-område. Sjølv om det ligg eksisterande hytter nærmere vassdraget er det ingen grunn til å opna for nye hytter så nær vassdraget. Innanfor byggeområdet går det ein høgspentkabel mot aust, og dei tilrår at byggeområdet ikkje blir trekt aust for denne traseen. Mot vest renn det ein bekke gjennom byggeområdet og dei tilrår at området ikkje blir trekt aust for bekken. Fylkesmannen har **motsegn** til området H1.

Adm.: Avgrensinga av byggeområdet er lagt 50 m vekk frå Åbjøra. Ein kan ikkje sjå at det renn ein bekke gjennom byggeområdet mot vest. Byggeområdet er i nordaust justert slik at det er avgrensa av høgspenninga.

H2, R1 og E3 i Tisledalen - H2 omfattar forslag til 3-4 tomter innanfor eit areal på 7 daa. Det er planlagt eit område for råstoffutvinning, R1, berre om lag 100 m frå H2. Det vil vera lite gunstig å etablera masseuttak så nær eit hytteområde. Kommunen må alt i kommuneplanprosessen og konsekvensvurderinga ta stilling til konsekvensane ved å etablera eit masseuttak berre 100 m frå eit hytteområde. Meiner at konsekvensvurderinga for området er mangelfull.

Det er i tillegg planlagt eit næringsområde som ligg om lag 100 meter frå R1. Konsekvensane ved å etablera eit næringsområde så nær eit område for masseuttak og hytteområde, må også gå fram av konsekvensvurderinga.

Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdera områda R1, H2 og E3 på nytt. Fylkesmannen har utifrå mangelfull konsekvensvurdering **motsegn** til områda. E3 må trekkast minst 50 meter vekk frå vassdraget. Fylkesmannen har **motsegn** til område E3.

Adm.: Delar av R1 er alt teke i bruk. Det ligg alt fleire hyttetomter i byggeområde H2. Det er gjort ei ny vurdering av byggeområda R1, H2 og E3. Avgrensinga av byggeområde E3 er trekt 50 meter frå Bløytednet i heile området med unntak av det eksisterande næringsområdet (Bløytednsage).

H4 Skørvestølen, Vaset – Meiner at byggeområdet må avgrensast slik at lokalitetane for rikmyr ikkje blir liggande innanfor avgrensinga av byggeområdet. Ev. må det utarbeidast generelle planføresegner der det går fram at det skal takast omsyn til lokaliteten av rikmyr innanfor område H4 i det vidare reguleringsplanarbeidet. Noreg har som mål å stansa tapet av biologisk mangfald og sikre at truga arter blir opprettheldt på livskraftig nivå jf. *St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* og *St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold*. Naturmangfaldlova har forsterka desse føringane gjennom forvaltningsmål for arter og naturtypar, og krav til generell aktsemd.


Store delar av området er vist som lettbrukt dyrkbar jord i gardskartet til Skog og landskap. Påpeikar at det i eit framtidssretta perspektiv er lite gunstig å legga ut store byggeområde på areal som er godt eigna til dyrka mark. Poengterer sjølv at det alt er etablert fleire hytter i området, og at ei ev. nydyrkning vil kunna skapa konfliktar mellom landbruks- og fritidsinteressene.

Fylkesmannen vil tilrå at større samanhengande dyrkbare areal utanfor utbygde område vert skåna for utbygging.

Adm.: Kommunen meiner det er meir føremålstenleg å ivareta rikmyrene, og få sett fokus på dei verdiane som dei har, ved at dei inngår i avgrensinga av byggeområdet, og tilrår å oppretthalda gjeldande avgrensing. Følgjande planføresegn er innarbeidd: "Det skal takast omsyn til lokaliteten av rikmyr innanfor område H4 og H8 i det vidare reguleringsplanarbeidet".

H5 Dalen, Skrautvål Heimås - Den vestlege delen av området ligg delvis innanfor området Høvssjøen. Dette er eit viktig område for fuglelivet og hekkeområde for fleire såra og trua fugleartar. Kommunen bør vurdera å tilbakeföra den delen av eksisterande hytteområde som inngår i yngle- og beiteområdet til LNF-område. Det kan heller ikkje opnast for ei utviding av nye hytteområde innanfor dette yngle- og beiteområde. Kommunen har ein stor planreserve for framtidige hytteområde og området ligg utanfor dei tre satsingsområda. Dette taler for at kommunen bør legga vesentleg vekt på kvalitetane til området som eit viktig naturområde for fuglelivet, og det bør takast omsyn til dette i planarbeidet.

Adm.: Planforslaget opnar for fortetting innanfor gjeldande reguleringsområde, men berre langs eksisterande i områda som er vist med gul farge under.



H8 Hærvaststølvegen, Tisleidalen/Svennes sameige vest for Tisleia - Det er registrert ei regionalt og nasjonalt viktig rikmyr innanfor planområdet. Fylkesmannen meiner at planområdet bør avgrensast slik at lokalitetane for rikmyr ikkje blir liggjande innanfor framtidig område for utbygging. Det må eventuelt utarbeidast generelle føresegner til kommuneplanens areal del der det går fram at det skal takast omsyn til lokaliteten av rikmyr innanfor område H8 i det vidare reguleringsplanarbeidet, jf. plan- og bygningslova § 11-9 punkt 8. Fylkesmannen har **motsegn** til området H8.

Adm.: Sjå kommentar til merknaden til H4, Skørvestølen.

H12 Huldratjednet og H14 Huldrastølen, Vestningsbygda - Områda har nummerering H12 og H14 i konsekvensutgreiinga, men i plankartet er nummereringa av områda bytt om slik at H12 er nummer H14 og H12 har nummer H14.

H 18 Aureputten, Aurdalsåsen - Byggeområdet må trekkjast lenger frå vassdraget minst 50 meter vekk frå vassdraget slik at eit belte langs vassdraget blir avsett til LNF-område. Fylkesmannen har **motsegn** til område H18.

Adm.: Nummereringa av H12 og H14 er korrigert. Avgrensinga av byggeområde H18 er trekt 50 meter frå vatnet i nord (Beitakosten).

H22 Åreld, Tisledalen/Svennes sameige - Som følgje av ratifiseringa av *Den europeiske landskapskonvensjonen* og St.meld. nr. 26 (2006-2007), *Regjerings miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, er krava til landskapsomsyn i planarbeid skjerpa. Viser til at det m.a. skal vera større fokus på verdifulle kulturlandskap i landbruket. Meiner at ei utbygging her vil vera godt synleg og ha konsekvensar for kulturlandskapet i stølsområdet.

Med unntak av ein liten del nordaust i området, er H22 del av eit større samanhengande dyrkbart areal som ligg i tilknyting til dyrka mark både på Hermannstølen i vest og Brattstølen i aust. Tilrår å ta ut H22 av omsyn til landskapet og framtidig landbruksdrift i stølsområda omkring.

Dersom kommunen vel å oppretthalda forslaget, må det stillast strenge krav til utforming og plassering av nye bygg, slik at ein avgrensar dei uheldige landskapsverknadene.

Adm.: Det er teke inn ei retningsline som seier at det i byggeområde H22 er særleg viktig å ha fokus på å avgrensa uheldige landskapsverknadar, og at det derfor vil bli stilt strenge krav til utforming og plassering av nye bygg.

Nærings-/forretningsområde

E4 Breiset, Fagernes - Miljøverndepartementet avgjorde så seint som i 2010 at området framleis skulle vere LNF-område. Fylkesmannen har forståing for at kommunen har behov for meir næringsareal nær Fagernes sentrum, og registrerer at det i konsekvensutgreiinga går fram at “*eigarane slit med å få nokon til å driva jorda. Området er av det dårlegaste i kommunen landbruksmessig sett...*”. Meiner likevel at næringsareal i første rekke bør leggast utanom dyrka mark, og viser til Meld. St. nr. 9 (2011-2012), *Landbruks- og matpolitikken* og *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* (2011). Det går det fram av Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-2/04: “*Avgjørelser i innsigelsessaker skal legges til grunn for kommunenes utarbeiding av senere planer. Departementet legger derfor til grunn at kommunen innarbeider aktuelle tidlige innsigelsesavgjørelser i en ny eller revidert plan.*”

Med bakgrunn i at den foreslalte arealbruken vart avslått av Miljøverndepartementet for berre to år sidan, og av omsyn til jordvernet, har Fylkesmannen **motsegn** til område E4.

Adm.: Kommunen er ikkje ueinig i at næringsareal i første rekke bør leggast utanom dyrka mark, og at ein generelt bør unngå nedbygging av dyrka mark. Dette er konsekvent teke omsyn til i vurderingane som er gjort, og nye byggeområde som er føreslått ligg i liten grunn på dyrka mark, samtidig som det er mange innspel til kommuneplanarbeidet som er avvist med bakgrunn i dette. I tillegg har kommunen valt å tilbakeføra ein del areal som ligg på dyrka mark, og som har vore reservert for byggeføremål, tilbake til LNF-føremål.

Situasjonen er likevel slik, og som kommunen har gjort gjentekne forsøk på å formidla, at det ikkje finst store samanhengande næringsareal i tilknyting til regionsenteret i Valdres. Dette hemmar vidareutvikling av Fagernes. Det har vore handelsdrivande som ønskjer å utvida verksemda si i Fagernes sentrum, men p.g.a. plassmangel har ikkje dette vore muleg. Det har vore handelsdrivande som har ønska å flytta verksemda si til Breiset for å kunna vera på Fagernes, for her er den einaste plassen det er stort nok areal på Fagernes, men dette er heller ikkje muleg. På Leira er det imidlertid stort nok areal, og enden på visa er at slik vidareutvikling og nye større etableringar finn stad på Leira der det plass. Dette er med og svekkar veksten av regionsenteret.

Kommunen finn det noko merkeleg at fylkesmannen framleis ikkje har teke inn over seg situasjonen for regionsenteret i Valdres. Særleg sett i høve til at fylkesmannen samtidig har motsegn til at kommunen har ei retningsline som seier at Fagernes og Leira utfyller kvarandre som regionalt handelssenter, når folk som ønskjer å vidareutvikla handelsverksemndene sine på Fagernes, eller nye større butikkar som ønskjer å etablera seg på Fagernes og som kan tiltrekka seg mange handlande, ikkje har mulegheit til det fordi det ikkje er store nok areal her. For øvrig vart Miljøverndepartementet sitt vedtak for 2 år sidan fatta som følgje av at Statens landbruksforvaltning overprøvd vedtaket til fylkeslandbruksstyret om å frigje Breiset til næringsføremål.

Kommunen ber fylkesmannen gjera ei ny vurdering av byggeområdet. Det er dyrka mark, men det er som det har blitt påpeika tidlegare, langt frå den viktigaste og beste dyrkingsjorda ein finn i kommunen.

E5 Gausåk, Lo - Har ikkje sett aktivitets- og forretningsplanen, men dersom føremålet er at garden får ei levande jordbruksverksemde igjen, jf. KU, vil dei ikkje motsetta seg desse planane. Det er likevel viktig at næringsverksemda ikkje får negative verknader for landbruksdrifta, og dei er samd i vurderinga i KU om at det må setjast klare vilkår i reguleringsplanen om kva type erverv det kan opnast for.

Område for idrettsanlegg

I1 Pøllaøyé, Aurdal - I følgje konsekvensutgreiinga er området eit viktig friluftsområde. Meiner at konsekvensane for utøving av eksisterande friluftsliv er mangefullt utgreidd i KU-en. Det er eit nasjonalt mål å bevare strandsona som natur- og friluftsområde som skal vere tilgjengelig for alle, og sikre vassdragslandskap og vassdragsbelte. Forventar at arealet langs vassdraget blir avsett til grønstruktur eller LNF-område med allmenn tilgjengelelse. Det må vidare sikrast at det blir avsett eit naturleg vegetasjonsbelte mot vassdraget. Fylkesmannen har **motsegn** til området I1 slik som det føreligg.

Adm.: Det er gjort ei grundigare vurdering av konsekvensane for utøving av eksisterande friluftsliv. Arealet som er vist som idrettsanlegg er vesentleg redusert. Ytterlegare detaljar kring utforminga av modellflystripa skal vurderast grundigare ved detaljplanlegginga der også areal til grønstruktur langs vassdraget skal visast og allment tilgjenge til Pøllaøyé sikrast.

I3 Valdres alpinsenter, Aurdal - Saknar ei vurdering av kvifor dette tiltaket er viktig i næringssamanheng. Meiner at verknaden for landskapet er mangefult utgreidd i konsekvensutgreiinga. Fylkesmannen viser til *St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, og den europeiske landskapskonvensjonen* som inneber at Norge har forplikta seg til å vektlegga omsynet til landskap i planlegginga. Eit så stort tiltak må utgjeraast meir når det gjeld verknad for landskap, både når det gjeld nærmiljø og fjernverknad.

Kan ikkje sjå at det er oppgitt kor mykje fulldyrka mark og innmarksbeite som ligg innafor I3, men på flybilete ser det ut til å dreie seg om fleire titals dekar. Dersom området blir lagt ut med føremål idrettsanlegg vil det, slik FM vurderer det, ha store konsekvensar for landbrukseigedomane Rud, Sørre Rud, og Nerre Rud. Det er ikkje gjort greie for konsekvensane for den dyrka marka og innmarksbeitet, under dette heller ikkje kva for verknad ei ev. omdisponering har for dei nemnde eigedomane.

Av omsyn til landskap og jordvern har Fylkesmannen **motsegn** til område I3.

Administrasjonen

I brev datert 17.01.13 trekker Aurdal fjellpark v/Eivind Akervold og Valdres alpinsenter v/Harald Kullhuset innspelet til kommuneplanen frå 26.11.10, og har valt å arbeida vidare med arealbehovet til alpinsenteret i samarbeid med berørte grunneigarar. Det er oppretta ei styringsgruppe som vil arbeida vidare med ulike problemstillingar knytt til ei utviding av alpinsenteret med siktet på eit innspel til ein seinare revisjon av arealdelen.

Andre byggeområde

R3 Råstoffutvinning Etnsenn, Skrautvål sameige - Området R3 ligg innanfor tidlegare forslag om Fullsenn landskapsvernombordet. Desse areala vart tekne ut før vernevedtaket om Langsua under føresetnad om at dei verdiane som ligg innanfor området skulle takast vare på gjennom kommunen si forvaltning etter plan- og bygningslova. Eit sentralt mål med dette var å ta vare på det store, samanhengande naturområdet, og å ta vare på og oppretthalda eit vakkert og ope kulturlandskap med eigenart. Etablering av R3 vil bryta med desse føresetnadane.

Adm.: Det aktuelle masseuttaket ved Etnsenn er i konsekvensvurderinga til verneplanprosessen for Langsua nasjonalpark vurdert til å vera viktig for vedlikehald av vegar og ha stor verdi.

I oppsummeringa av høyringa og tilrådinga frå fylkesmannen om vern og i samandraget og tilrådingane til dep. frå DN går det fram at: "*Det er behov for uttak av grus også inne i foreslalte landskapsvernombordet til vedlikehold av støls- og setervegene. I Øystre Slidre kommune har de per i dag tilgang på grus utenfor foreslatt landskapsvernombordet, men i Nord-Aurdal har Fylkesmannen akseptert et masseuttak ved Etnsenn i Skrautvål sameige*".

Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdera andre alternativ for råstoffutvinningsområde for Skrautvål sameige. I samband med verneplanprosessen for Langsua vart det konkludert med at 2 andre grusførekomstar er betre eigna enn området ved Etnsenn. Fylkesmannen meiner at desse områda må vurderast nærmere, spesielt området ved Sløaøyin. Viser til at dette området m.a. ligg meir sentralt i høve til dei vegane som grusmassane skal nyttast på. Det vil også gje ei betre landskapstilpassing å plassera massetaket i dette området.

Adm.: Kommunen må legga til rette for grustak som det er realistisk at blir brukt, og som tener føremålet dei skal ivareta. Når ikkje grunneigarane ønskjer grustak ved Sløaøyin, er det lite framtidssretta å legga til rette for massetak her.

Det var berre 4 av dei vurderte områda i konsekvensvurderinga til verneplanprosessen for Langsua nasjonalpark som fylkesmannen meinte var av interesse for vedlikehald av skogs- og stølsvegar innanfor Skrautvål sameige, og desse områda (nr. 31, 32, 33 og 35) vart derfor grundigare vurdert i ein tilleggsrapport frå oktober 2008.

I tilleggsrapporten vart førekost nr. 31 avskrive som uaktuell som stamgrustak p.g.a. dårlig gruskvalitet og liten tjukkleik på dei aktuelle massane.

Dei einaste aktuelle grusførekomstane ein sit att med då er nr. 32, 33 og 35. Grunneigarane ønskjer ikkje nr. 32 og 33. Ein har fått forståing for at masseuttaket som fylkesmannen aksepterte ved Etnsenn er det masseuttaket som fylkesmannen no har innvendingar mot. Det å følgja opp føresetnadane for vernevedtaket må gjelda alle.

Fylkesmannen viser til at R3 ligg under 1 km frå avgrensing av INON-området (inngrepstilfrie naturområde i Norge) med 1-3 km avstand til inngrep. INON-området ligg mot sør aust der den nye vegtilkomsten er tenkt lagt. Inngrep her vil forskyva denne grensa og redusera INON-området vesentleg.

Fylkesmannen poengterer vidare at inngrepstilfrie naturområde er ein unik ressurs i seg sjølv. I tillegg er slike område viktige for nasjonal arv og identitet, naturoppleving, friluftsliv og

biologisk mangfald. I St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet*, blir det peika på at det er spesielt viktig å ta vare på attverande inngrepsfrie område og dei kvalitetane som finst i desse områda. Gjennom St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, har regjeringa vidare gitt viktige arealpolitiske føringar for m.a. landskapsomsyn i arealplanlegging og bygging i snaufjellet og i inngrepsfrie naturområde. Det er eit nasjonalt mål å ta vare på store samanhengande naturområde, og inngrepsfrie naturområde står i ei særstilling.

Konsekvensane med å etablera ny vegtilkomst til området R3 er mangelfullt utgreidd i KU-en og Fylkesmannen meiner dette må vurderast nærmare. Det må mellom anna gå fram av konsekvensutgreiinga korleis ny vegtilkomst vil gje ei betre landskapstilpassing. I samband med verneplanprosessen for Langsua var ikkje ny tilkomst frå sør aust eit tema. Da var intensjonen at eksisterande vegtilkomst frå nord skulle nyttast til området. Fylkesmannen viser også til at det er eit nasjonalt mål om å ta vare på store samanhengande inngrepsfrie naturområde, og ny tilkomst til R3 vil redusera INON-området vesentleg. Fylkesmannen har **motsegn** til området R3 ut frå mangefull konsekvensutgreiing.

Adm.: Eksisterande veg til masseuttaket frå nord skal nyttast, jf. merknad frå Skrautvål sameige datert 16.12.12, og i tilknyting til denne vil det måtta etablerast ny tilkomstveg til sjølve grusuttaket, og denne bør etablerast frå sør aust sidan grusuttaket då vil bli mindre synleg frå stølane ved Etnsenn. Avstanden til INON-området i sør vil derfor ikkje bli redusert.

An1 Naust Fullsenn, Skrautvål sameige - Området ligg i eit ope landskap langs vasskanten og vil vera godt synleg. Naustområdet vil ligga berre om lag 100 meter frå avgrensinga av INON-område (inngrepsfrie naturområder i Norge) med 1-3 km avstand til inngrep.

Området An1 ligg innanfor tidlegare forslag om Fullsenn landskapsvernombordet. Desse areala vart tekne ut før vernevedtaket om Langsua under føresetnad om at dei verdiene som ligg innanfor området skulle takast vare på gjennom kommunen si forvaltning etter plan- og bygningslova. Eit sentralt mål med dette var å ta vare på det store, samanhengande naturområdet og ta vare på og oppretthalda eit vakkert og ope kulturlandskap med eigenart.

Fylkesmannen meiner det er positivt at kommunen ikkje opnar for fiskebuer, men meiner at etablering av naustområde òg vil kunna bryta med føresetnadane som vart sett ved ikkje å legga ut området som landskapsvernombordet. Det er ikkje vegtilkomst til området og det er sannsynleg at etablering av naust vil auka behovet for transport til området. Konsekvensane av dette er ikkje vurdert i KU-en. Slik Fylkesmannen ser det er det pårekneleg at etablering av naust vil kunne gje eit auka press om vegtilkomst til området. Kommunen har heller ikkje vurdert korleis etablering av naustområde vil påverka avgrensinga av INON-området.

Fylkesmannen meiner det kan vere uheldig å opna for bygging av naust innanfor Fullsenn og at konsekvensane ved å etablira naustområdet er mangelfullt utgreidd. Fylkesmannen har med bakgrunn i mangefull KU **motsegn** til området An1.

Adm.: Det kan vera ulike oppfatningar av kva som gir mest uheldige landskapsverknadar. Om det er båtar som er plassert vilkårleg på land med baugen i vêret rundt heile vatnet, eller om det er ei konsentrert naustrekke er diskutabelt. Eit naust har den fordelen at du både vinter og sommar trygt kan oppbevara alt utstyr du treng for å driva fiske. Byggeområdet er ikkje i konflikt med INON-området. Byggeområde ligg ikkje i eit verneområde, og det er ikkje snakk om hyttebygging. Det er gjort ei grundigare vurdering i konsekvensvurderinga av at etablering

av naust sannsynlegvis vil auka behovet for transport til området, og korleis etablering av naustområde vil påverka avgrensinga av INON-området.

Afn1 Fiskebuer Naustedokké, Ulnes sameige - Det er eit nasjonalt mål å ta vare på strandsona som natur- og friluftsområde som skal vera tilgjengeleg for alle, og det er viktig å sikra vassdragslandskap og vassdragsbelte. Oppføring av fiskebuer som opnar for overnattning er i realiteten ei oppføring av fritidshytter som vil verka privatiserande for området, og gje restriksjonar for ålmenta sin bruk av området. Fylkesmannen har **motsegn** til området Afn1. Fylkesmannen kan godta at området blir avsett til naust.

Adm.: Kommunen meiner det er det viktig å stimulera til auka bruk av utmarksressursane som finst i kommunen, og at det blir lett tilgang til dei for rettshavarane både til eige bruk og for ev. utleige.

Tisleifjorden er eit vatn med til dels store inngrep. Vatnet er regulert og det er stor skilnad på HRV og LRV. Ein meiner at ein bør kunna ha ein lempelagare haldning til tilrettelegging for fiskebuer i eit område med slike vesentlege inngrep, og særleg når ein vel å legga fiskebuene samla i ein del av Tisleifjorden der det også tidlegare er opna for utbygging av fiskebuer. I tillegg er det alt vegtilkomst til området. Både tilrettelegging for fiskebuer og naust vil kunna verka privatiserande, og reguleringsplanen for området må derfor regulera og ta vare på allmenn tilgjenge til strandsona i området. Ein meiner det er riktig å legga til rette for eit samla område for fiskebuer framfor at ein legg til rette for spreidd naust-/eller fiskebuutbygging vilkårleg i sameiget.

Ukjent arealformål i plankartet - Aust i plankartet på grensa til Etnedal ved Bjørgovarden er det fleire større område som har anna grønfarge enn LNFR-formål, men det går ikkje fram av planmaterialet kva arealformålet til desse områda er. Områda har nummerering 033, 038, 010, 020 og H21. Ut frå fargekodinga kan det sjå ut som det er LNF-område for spreidd fritidsbusetnad. Dersom det er område for spreidd fritidsbusetnad poengterer dei at slike område skal konsekvensutgreiast, jf. KU-forskrifta. Kan utifrå mangelfulle opplysningar om områda ikkje ta stilling til dei og har **motsegn** til dei.

Adm.: Det går fram av planmaterialet at 010, 020, 033 og 038 viser til planIDen til 4 alt godkjente reguleringsplanar: 010 (0542R010) er reguleringsplan for Bjørgoåsen godkjent 07.06.1982, 020 er reguleringsplan for Nystølen godkjent 19.12.1983, 033 er reguleringsplan for Thoresen eige godkjent 21.01.1988 medan 038 er reguleringsplan for Sørum godkjent 13.03.1989. Dette er store planar med relativt få tomter innanfor, og det er sagt i planforslaget at desse skal vurderast ved neste revisjon.

Det går fram planmaterialet at H21 er eit nytt byggeområde for hytter utan krav om reguleringsplan. Det vert opna for ei ny tomt i området.

5. Planføresegner

- Meiner at retningslina under punkt 1.2 om at område B10 er del av eit makeskifte, bør takast inn som ei juridisk bindande føresegns.
- Ingen paragrafar i plan- og bygningsloven gir heimel til å gje rettsleg bindande føresegner om gjerdning i arealdelen til kommuneplanen. Føresegna i punkt 1.3 fritidsbustadar må takast ut, ev. vedtakast som ei retningsline. Stiller spørsmål ved storleiken på arealet som kan gjerdast inn, meiner 500 m² er stort.

- c) I pkt. 1.4 fellesføresegner for Fagernes sentrum og Leira sentrum, heiter det at Leira sentrum utfyller Fagernes sentrum som regionalt handelssenter. Dette er i strid med *Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel*, og Fylkesmannen har **motsegn** til denne føresegna. Ser på formuleringa som eit innspel til revidering av fylkesdelplanen.
- d) Krav om takvinkel må utformast som ei retningsline som eventuelt kan følgjast opp med føresegner på reguleringsplannivå. Det er ikkje høve til å ha så detaljerte føresegner i arealdelen til kommuneplanen.
- e) Alle nye område for spreidd næringsutbygging skal visast på plankartet, og dei skal vere konsekvensutgreidd. Slik føresegna er utforma, som ei generell føresegn om spreidd næringsutbygging utan at omfang og lokalisering er nærmere gitt, har Fylkesmannen **motsegn** til føresegna.
- f) Det bør takast inn retningsliner om at ev. nye tomter i område for spreidd hytteutbygging ikkje skal plasserast på dyrka mark, eller på ein slik måte at det medfører drifts- og miljømessige ulemper. Med unntak av område sh8, kan vi ikkje sjå at områda for spreidd hyttebygging er vist i plankartet.
- g) Støttar merknadane til planføresegne fra fylkeskommunen.

- Adm.:**
- a) Retningslina om at B10 er del av eit makeskifte, er endra til ei juridisk bindande føresegn.
 - b) Føresegna om gjerde under punkt 1.3 er flytta til retningsline 1.
 - c) Dette er ikkje ei føresegn, men ei retningsline som er i tråd med dei langsiktige retningslinene for arealbruk i kommunen, jf. kommunal planstrategi. Dette er og eit innspel til revisjonen Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel. Tilarar at det ikkje vert gjort endringar i forslag til planføresegner vedr. dette.

I og med at det ikkje er rom for vidare utvikling for store handelsdrivande på Fagernes med alle dei handlande dei trekk til seg, er konsekvensen at desse flyttar verksemda si til Leira. Administrasjonen meiner at Fagernes og Leira, som ein naturleg konsekvens av dette, må sjåast slik at dei utfyller kvarande fordi det på Leira er rom for den utviklinga ein ønskjer på Fagernes. Samtidig er det ein del viktige funksjonar som er lagt til Leira og som oftast er knytt til regionsentra.

- d) Utforming av takvinkel er gitt i retningsline 1.
- e) Føresegna er teke ut, men ein vil påpeika at det er ei vidareføring av ei gjeldande føresegn som vart godkjent i 2009.
- f) Det er teke inn ei retningsline om at ev. nye tomter i område for spreidd hytteutbygging ikkje skal plasserast på dyrka mark, eller på ein slik måte at det medfører drifts- og miljømessige ulemper. Områda var avgrensa på plankartet, men mangla farge- og tekstkoding, dette er retta opp.

6. Samfunnstryggleik og beredskap

I denne høyringa gir Fylkesmannen ingen tryggleksfagleg vurdering av dei enkelte bygge- og anleggsområda. Dei ventar med dette til plankart, føresegner og planomtale etter deira mening er lettare tilgjengeleg, og konsekvensvurderinga samt ROS-analyse er meir i tråd med slik dei vil ha det, jf. under.

7. ROS-metodikk

Saknar ei samla vurdering av risikobiletet for alle dei nye byggeområda utifrå registreringane i konsekvensutgreiinga.

I konsekvensutgreiinga er det lista opp faktaopplysninga for kvart nye byggeområde som gjeld natur- og miljøforhold, klima på den eine sida (ras og flaum) og samfunnstryggleik, risiko og beredskap (brann, legevakt osb.) på den andre sida. Etter vår mening gir dette ei rotete risikokartlegging. Tilrår at kommunen konsekvent nyttar uttrykket *samfunnstryggleik og beredskap*, og samlar alle ROS-tema som gjeld liv, helse, miljø og materielle verdiar her. Det er viktig å få fram eit heilskapleg risikobilete for kommunen på ein oversiktleg måte for dei som skal fatta arealpolitiske vedtak. Legg fram eit forslag til overskrifter i ei grovanalyse til arealdelen til kommuneplanen.

Adm.: Det er gjort ei samla vurdering av risikobiletet for alle dei nye byggeområda utifra registreringane i konsekvensutgreiinga.

8. Risiko- og sårbarheitsanalyse – konsekvensutgreiing

Finn ikkje nokon vurdering omkring tilpassing til eit klima i endring, nemner t.d. handtering av overvatn, fare for forureining av drikkevasskjelder, vatn- og avløp og anna kritisk infrastruktur ved klimaendringar. Meiner kommunen må vurdera handtering av sidevassdrag nær nye og eksisterande bygge- og bustadområde. Aktuelle sidevassdrag med farepotensiale knytt til utbyggingsområde og eksisterande bustadområde bør koma tydeleg fram i eit temakart.

Større tekniske inngrep i bratt terreng (skogsdrift, vegar, alpinanlegg osv.) i nærliken av planlagde bustadområde må vurderast i høve til klimaendringane, og faren for auka erosjon, masseskred og flaum. Brann og legevakt mv. er teke inn i konsekvensutgreiinga og det er positivt. Når det gjeld brannberedskapen så gjeld det ikkje berre sløkkevatn, men også muligheter for brann- og redningsressursar til å koma fram til ulukkestaden på formålstenleg vis.

Fylkesmannen vurderer risiko- og sårbarheitsvurderingane i konsekvensutgreiinga som utilstrekkelege. Har **motsegn** til planen grunna mangel på ei nærmare utgreiing og vurdering av dei samla konsekvensane for risiko- og sårbarheit for arealbruken i planen.

Adm.: Det er gjort ei nærmare utgreiing og vurdering av dei samla konsekvensane for risiko- og sårbarheit for arealbruken i planen.

9. Registrering av risiko – planføresegner - kart

Det er ikkje samsvar mellom dei registreringane/vurderingane av risiko som gjeld flaum og skred og planføresegner og kart. Dette gjeld for dei nye utbyggingsområda, som Fagernes sentrum, B2, B8, E4, E5 og I3. Desse områda ligg heilt eller delvis innanfor aktsemråde for skred. Vurderingar knytt til skredfare er ikkje gjennomført på kommuneplannivå, men utsett til reguleringsplannivå. Det er ikkje vist til temakart for steinsprang og snøskred i planføresegne, noko som bør gjerast.

Vi meiner at anten må føresegna vise til omsynssoner i plankartet eller til temakart for flaum og skred. Muleg flaumfarlege område må uansett visast i kart knytt til planen. Temakart og omsynssone knytt til flaum og ras vil i praksis ha same verknad. Vi saknar føresegner som konkretiserer kva for omsyn som skal takast ut frå omsynssoner/temakart for flaum og ras. Har identisk forslag med NVE til utforming av føresegna.

Planføresegna i § 6 er ikkje tilstrekkeleg til at kravet om sikkerheit for flaum og skred er ivaretake. Fylkesmannen har **motsegn** til planen med grunnlag i *Retningslinjer for*

Fylkesmannens bruk av innsigelse for å ivareta samfunnssikkerhet i arealplanleggingen”, kapittel 4 pkt. 4 a. underpunkt ii og iii.

Adm.: Intensjonen var at det skulle visast omsynssoner for steinsprang og snøskred på plankartet når det vart lag ut til offentleg ettersyn. Av praktiske grunnar valde kommunen i løpet av høyringa å heller utarbeida eit temakart. Planføresegnene vart ikkje oppdatert på dåverande tidspunkt, men det er korrigert no.

Følgjande planføresegn er teke inn: *For areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr. 1, skal ei utgreiing av reell flaum- og rasfare og dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik inngå før ev. utbygging kan finna stad*

Oppsummering av merknader på området samfunnssikkerheit og beredskap

Fylkesmannen har motsegn til planen på grunn av mangfull risiko- og sårbarheitsanalyse og manglande oppfølging av risikovurderingar i konsekvensutgreiinga, i planføresegner og kart. Det er behov for ei nærmere utgreiing og vurdering av dei samla konsekvensane av arealdelen for risiko- og sårbarheit.

10. Folkehelse og universell utforming

I plan- og bygningslova er folkehelse og universell utforming framheva som viktige tema å ta omsyn til i planlegginga, jf. pbl §§ 1-1 og 3-1 pkt. e og f. Fylkesmannen ventar at kommunen følgjer opp desse omsyna og konkretiserer dei nærmere i arbeidet med arealdelen, jf. også dei nasjonale føringane som kom i fjor. Sikring av gode bummiljø for alle, med moglegheit for fysisk aktivitet i nærmiljøet og tilbod om gang- og sykkelvegar bør prioriterast. Vi saknar fokus på dette i arealdelen, særleg føresegner med krav til uteopphaldsareal for bustadområde og føresegner om universell utforming. Til det siste viser vi til heftet “*Universell utforming i kommunal planlegging*” som er utarbeidd av ressursgruppa i folkehelse og universell utforming i Oppland og Hedmark.

Adm.:

Kommunen har hatt fokus på å ikkje repetera ting som er heimla i anna lovverk i kommuneplanen. I ein tidleg fase hadde kommunen føresegner om universell utforming, men valde etter signal på møte i planforum å ta ut mesteparten nettopp fordi universell utforming var heimla i anna lovverk. Det som står att er følgjande føresegn: *For prosjekt med 8 bustader/leilegheiter eller fleire skal minimum 50% tilretteleggast for livsløpstandard. For prosjekt med færre enn 8 bustader/leilegheiter skal det synleggjeraast korleis delar av desse på sikt kan oppnå livsløpstandard.* Av paragraf 1.1 i plan- og bygningsloven går det fram at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltak. Ein meiner dette til saman er tilstrekkeleg for å ivareta universell utforming.

Det er teke inn retningsliner med krav til uteopphaldsareal for bustadområde (retningsline 3). Retningslina om at ”*Det er viktig å sikra grøntkorridorar som gjev rom for turvegar*”, er teke innatt (retningsline 1). Denne vart teke ut etter 1. møte i planforum.

18.09.12 Oppland fylkeskommune

Fylkesutvalet behandla planforslaget 18.09.12, og har motsegn til følgjande i planforslaget:

1. Utforminga av plandokumentet kan ikkje godkjennast som eit formelt plandokument slik det føreligg no. Viser til at det manglar omsynssoner og komplett teiknforklaring. Planføresegnene må gjennomgåast utifrå merknadane deira i saksutgreiinga.

2. Behovet for utviding av alpinareal (I3) må utgreiaast nærmere og vurderast m.a. i høve til dyrka mark, landskapsverkand, fare for snøras og kulturminne. Kvifor dette er tiltaket er viktig i næringssamanheng må gå fram.

I tillegg vedtok dei følgjande:

3. Ser at det er behov for vidare arbeid og drøfting av planforslaget fram til 2. gangs offentleg ettersyn, viser til merknadane i saksutgreiinga.
4. Forholdet mellom Fagernes og Leira skal vurderast i ein eigen areal- og transportplanprosess i samarbeid mellom kommune, fylkeskommune, Statens vegvesen og næringsliv.
5. Ønskjer synfaring før 2. gangs offentleg ettersyn.

Utover dette blir det i saksutgreiinga påpeika følgjande forhold:

Regionaleininga

6. Ser det som svært positivt at det er gjort ei gjennomgang av eldre byggeområde som ikkje er teke i bruk, og føreslått å tilbakeføre dei til LNF-område.
7. Har forståing for at det har vore nødvendig å nedprioritera ein del tema utifrå tidsbruk.
8. Meiner at godkjente byggeområde i tidlegare planar skal visast som eksisterande område og ber kommunen endra dette.
9. Ber kommunen vurdera om ulike delar av kommunen kan visast på kart i høveleg målestokk i pdf.format.

Bustadområde

10. Påpeikar at omfanget av planlagte bustadområde samla sett er meir enn behovet i neste 12 års periode. Meiner at områda B5 og B6 på Fagernes ligg mest ugunstig til i høve til praktisk avstand til skular og sentrum. Tirlår kommunen å vurdera desse grundig. Viser til m.a. at det er problem med vatn og avløp i området i tillegg til at det er kulturminne i B5.
11. Det må vera eit vilkår at planen stiller krav til konsentrert utbygging i form av planførere segner og ikkje berre som retningsliner.

Fritidsbustadar

12. Det manglar ei komplett oppstilling av kor mange tomter det er planlagt innanfor dei 2282 daa som er avsett til byggeområde for fritidsbustadar i planperioden, slik at ein kan samanlikna det med måla i planstrategien.
13. Saknar eit illustrasjonskart som tydeleg viser avgrensing av satsingsområda.
14. Forholdet mellom areal avsett til byggeområde i dei tre satsingsområda og utanfor er no kring 70:30 og ikkje 80:20 slik intensjonen var. Det er særleg eit stort område som er utslagsgjenvende, H5, Dalen. Kommunen bør ha fokus på å avgrensa nye område utanfor satsingsområda.
15. Avstanden til Hermannstølen gjer at ein bør vera forsiktig med utbygging i H22, sjølv om nærliken til alpinsenteret og omsynet til Åreld ungdomssenter er tilhøve som talar for å opna for utbygging her.
16. Det er avsett 3 nye byggeområde, H17-H19 i kommunedelplan for Aurdalsåsen frå 2004, som ikkje er vist som byggeområde her. Landskapsomsyn tilseier at ein bør vera forsiktig med å plassera bygningar på haugar og toppar på Aurdalsåsen , slik det i stor grad har blitt gjort i området før.
17. H2 ligg nokså isolert frå resten av hytteområda, og kan vera starten på ei ny utbyggingsretning. Området har straum, og dersom ein kan få til høg standard bør dette vera eit vilkår for utbygging.

18. Når det gjeld H12, H13 og H14 så bør nye hytteområde i størst grad leggast der det er mulighet for høg standard. Dei er skeptiske til områda med tanke på at det vert lagt opp til låg standard samt storleiken på områda. H14 bør avgrensast vesentleg slik at snaufjell ikkje inngår.

Område for næringsutvikling

19. Når det gjeld E5 så registrerer dei at det av planføresegnerne går fram at jordlova framleis skal gjelda for heile eigedom 78/2. Dette ser ut til å vera i strid med at E5 skal regulerast til næringsføremål. Alternativt kunne heile det aktuelle området vore vist som område for spreidd næringsutbygging i LNF med krav til reguleringsplan.

Område for idrettsanlegg

20. Det bør gå fram av retningsline 1 at fellesløysing for tilkomst og parkering med skytebana bør vurderast slik det står i KU. Ved utarbeiding av reguleringsplan må konsekvensar for anna friluftsliv vurderast nærrare, forholdet til vassdraget og strandsona er også viktig slik at den vert halda intakt i god breidde.

LNF-område

21. I planføresegnerne for spreidd næringsutbygging er det ikkje vist til nærrare innteikna område på plankartet, dette er eit krav i loven. Valdres lufthamn, Leirin, er vist som LNF-område i planen, dette må korrigera, området er regulert.

Planføresegner og retningslinjer.

22. Tiltrå å heller bruka omgrepene ”tilgjengelege bueiningar” (bustadar med alle funksjonar på inngangsplanet) framfor omgrepene ”livsløpstandard”. Saknar fleire generelle føresegner om universell utforming (punkt 1.2).

23. I retningslinene heiter det at ”område for konsentrert utbygging kan brukast til einebustadomter”. Vil frårå denne retningslina, område som er reservert for konsentrert utbygging, bør brukast til dette (punkt 1.2).

24. Det heiter i retningslinene at Leira sentrum utfyller Fagernes sentrum som regionalt handelssenter. Dette er ikkje i samsvar med fylkesdelplan for lokalisering av varehandel, og dei vil gå mot denne formuleringa (punkt 1.4).

25. ”Elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god vasskvalitet innan 2021” bør endrast til ” Elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god miljøtilstand etter vassforskrifta innan 2021” (LNF-område).

26. Setninga ”Utbygging kan vurderast der terrenget eller andre forhold ikkje er til hinder for fri ferdsel eller andre friluftsinteresser eller utgjer fare for forureining” er uklar. Kve meiner ein her?

27. Retningsline 1, punkt 2: Forskrift T-1442 er erstatta av T-1521 (ny i år).

28. Kommunen har vedteke eigne parkeringsføresegner for kommunen 16.06.11. Kjenner ikkje heimelen til desse. Kommunen bør vurdera å ta inn dei nemnte føresegnerne i kommuneplanen med heimel i § 11-9 nr. 5 i plan- og bygningsloven når ein no prøver å samla alle føresegner og retningsliner i eitt dokument.

Kulturarveininga

29. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor byggeområda er til dels svært høg.

30. Retningslina under punkt 5 om LNF: ”Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplanar skal føreleggast kulturminnestyresmaktene....” bør heller innarbeidast som ei generell planføresegn.

31. Minner om at søknadar om riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg oppført før 1850 skal oversendast kulturminnestyresmaktene i samsvar med § 25 i kulturminnelova. Dette bør gå fram av dei generelle retningslinene. Føreslår følgjande retningsline: ”Alle enkeltsaker som omhandlar tiltak på bygningar oppført før 1850 skal sendast til Oppland fylkeskommune, kulturarveiningar til uttale”.

32. Kulturarveininga er av den oppfatning at avgrensinga av bygningsvernområdet i Aurdal er god og bør vidareførast, viser til tidlegare samtaler om dette.

33. Saknar ei vurdering og verdsetting av stølsområda. Dette ville vore eit verdifullt grunnlag i vurdering av utbyggingsområde i høgareliggende område.

34. Saknar ei utdjuping av kva omsynssona ved Leira omfattar. Kva kjenneteiknar karakteren til området? Kva slags friluftsverdiar er det her? Tilrår at sjølve kulturminna vert vist med rune-R på plankartet slik at dei blir tydeleggjort. Fylkeskommunen jobbar saman med kommunen om å få på plass ein skjøtselsplan for området. Det bør gå fram av retningslinene at det er planar om å få tilrettelagt kulturminna for publikum.

35. Kan ikkje sjå at Kongevegen er markert på plankartet, jf. det som står i planprogrammet. Det finst ingen retningsline som sikrar vern av kulturminnet. Dette bør gjerast med omsynssone etter § 11-8 bokstav c i plan- og bygningsloven og gode føresegner. Føreslår følgjande retningsline: ”For å ta vare på dei bevarte partiane av Den Bergenske Kongevegen, vert vegen verna med ei omsynssone som er 15 brei. Det er ikkje løyve til å gjera inngrep i desse areala som kan skade Kongevegen. Arbeid nær Kongevegen skal utførast skånsomt og med minst moglege inngrep. Det kan ikkje setjast i verk tiltak på desse vegane før plan for tiltaket er godkjent av kulturminnestyresmaktene. Endringar i omsynssona skal godkjennast av myndighetene.”

36. Kulturminna på museumsområdet bør markerast i plankartet med rune-R og omsynssone. Det same gjeld for ev. andre automatisk freda kulturminne som kommunen vel å legga inn på kartet. Det bør vera føresegner om bandlegging etter kulturminnelova.

37. Dei 5 kjende middelalderkyrkjestadane i kommunen skal markerast som omsynssone på plankartet, jf. § 11-8 d i pbl: Aurdal (AskeladdenID 83813), Skrautvål (gnr. 9 i Skrautvål sokn), Svenes (AskeladdenID 85017/52395), Ulnes (AskeladdenID 85720) og Sørhus (AskeladdenID 85038).

38. Det er synd at kommunen ikkje prioriterer arbeidet med temakart for kulturminne. Det er desto viktigare at viktige kulturminne, -miljø og -landskap vert vist på plankartet. Tilrår at Valdres natur- og kulturpark vert trekt inn i eit slikt arbeid.

39. Det er registrert 454 automatisk freda kulturminne i kommunen i databasen til riksantikvaren. Omfanget er truleg mykje større.

40. Kommunen bør vurdera korleis kulturminne kan brukast som ein ressurs, og trekka fram enkelte kulturminne som har stor verdi, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Viser til godkjent planprogram og kommentar til deira merknad om dette.

41. Ber kommunen vurdera å markera gravminnet på Strand i plankartet på same måte som Faslefoss, og å trekka det fram som eit område som eignar seg for tilrettelegging, viser til innspel frå Valdres natur- og kulturpark til BARK-prosjektet (bevaringsprogram for spesielt utvalde kulturminne).

42. Det er gjort ein grundig jobb med å innarbeida alle kjente kulturminne i utbyggingsområda i konsekvensutgreiinga. Viser til at det er fleire av kulturminna innanfor I3 som blir rekna som verdifulle kulturminne, og at dei vil vera restriktive med å tilrå at ev. skiløyper o.l. anlegg kan anleggast på ein måte som kryssar områda med kulturminne.

Utbyggingsområde

43. B5: Det ligg ei fangstgrop i utkanten av området, og tiltak vil koma maks 40 m frå gropa. Det vil vera vanskeleg å gjennomføra tiltak utan dispensasjon frå §8 i kulturminnelova.

44. B6: Det er ikkje registrert nokon kulturminne i Askeladden her. Det går fram av KUen at vidare planlegging må ta omsyn til kulturminnet her. Dersom det ikkje er noko kulturminne her må KUen korrigera.

45. B7: Kolgropa her er sannsynlegvis ei gjenbrukt fangstgrop, ligg på rekke med fleire andre. Kulturminnet ligg i eit område som ikkje utbygd, og saman utgjer samlinga av kulturminne ein kontekst som tilseier at ei verdurdering bør settast til middels, og konsekvensen av utbygging blir av dei vurdert til å vera -1.

46. H5: Verdien av kulturminna her sett til liten av kommunen og konsekvensen til 0, meiner verdien er middels og konsekvensen -1 utifrå kontekst og miljø.

47. H11: Meiner at kulturminnet som det i KUen er oppgitt at ligg i området, ligg eit godt stykke nord for byggeområdet. Dette må avklarast i den vidare prosessen.

48. H28: Ev. Olavskjelde må avklarast nærmere, jf. KU.

49. E1: Ligg inntil omsynssona i Faslefoss, ev. utbygging i området nærmest dette må ta omsyn til omsynssona.

50. I3: Påvist vegparti har høg verneverdi, og konsekvensar for utbygging her vert vurdert til -1 av dei. Eit område rundt kulturminna bør avsettast til omsynssone, § 11-c i pbl, vil senda over forslag til avgrensing. Stiller seg restriktive i høve til eit brot av kulturmiljøet i dette området med løyper o.l.

31.08.12 Riksantikvaren om Gu1 og Gu2:

51. Sakene må vurderast i lys av ei heilskapleg miljøvurdering, der ikkje minst den freda kyrkjegarden legg føringar for kva som kan aksepteras av utbygging.

52. Seier seg einig i den føreslalte utvidinga i Aurdal og Ulnes, men vurderer kyrkjegardsutvidingane som tiltak som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. § 12-1, 3 i pbl. Reguleringsplanane må utformast i tett dialog med Riksantikvaren slik at kyrkjegardane vert utforma på ein måte som tek best muleg omsyn til dei automatisk freda kyrkjestedane og verknadane deira i omgjevnadane.

53. Er av den oppfatning at den føreslegne utviding i Ulnes er stor og har ei for rigid form. Meiner at ein meir organisk utforming av kyrkjegarden vil gjera at utvidinga vil ligga betre i landskapet.

54. I konsekvensvurderinga om kyrkjegardsutvidinga i Ulnes er det ikkje teke med ei vurdering av verknaden tiltaket har på den freda middelalderkyrkja og kyrkjegarden.

55. Finn det uheldig at ikkje noko av det kunnskapsgrunnlaget som vart oversendt 26.03.2009 er å finna att i konsekvensvurderinga.

Administrasjonen

1. Dokumentet er bearbeidd kontinuerleg etter utlegging til offentleg ettersyn, og ein meiner at forslaget som no ligg føre tilfredsstiller krava til eit formelt plandokument.

2. Innspelet er trekt.

4. Kommunen har i kommunal planstrategi prioritert eit slikt arbeid, men står fast ved at Leira utfyller Fagernes som regionsenter fordi ein finn ein del tilbod på Leira som ein normalt finn i eit regionsenter. Ein minner om at m.a. Valdres vidaregåande skule ligg på Leira.

5. Synfaring av følgjande område vart gjennomført 27.11.12:

Breiset (E4), bustadområde B5 og B6 (Fagernes), H22 og Brattstølområdet (Tisleidalen) samt vandring i Aurdal (bygningsvernombordet).

8. Ein meiner at å visa område som det ikkje er bygd noko på som eksisterande byggeområde ikkje gir eit riktig bilde av situasjonen, og at det for dei hyppigaste brukarane av kartet gir eit meir riktig bilde å ha det slik som det er vist på planforslaget. Ein meiner det å bruka bokstavkoding og visa arealet som framtidig byggeområde, som og vart brukt i 2009, er ei betre og meir riktig og illustrerande løysing for dei som brukar kartet mest.

10. Kommunen har i kommunal planstrategi prioritert reguleringsarbeid som inkluderer byggeområde B6. Byggeområde B5 er ein del av eit heilskapsbilde for å stimulera til å finna ei løysing på avløpsproblematikken i området.
11. Utkastet til planføresegner til møtet i planforum 17.01.12 og 17.04.12 hadde krav til konsentrert utbygging på Nesjordet og Ulnesøy, ei vidareføring av planføresegna i gjeldande kommuneplan. Kommunen fekk i møte 17.04.12, og i eige møte med fylkesmannen 12.04.12, signal om at dette skulle vera retningsline.
12. Det er gjort ei grov synsing for å fylla ut eit omtrentleg tal på hyttetomter i dei 33 byggeområda for fritidsbustadar som det er forslag om, og totaltalet på tomter kan ligga ein stad mellom 450 og 500. Det er eit høgst usikkert tal, og svært få av tala i tabellen er på nokon som helst måte sikre.
13. Kart som viser avgrensing av alle 3 satsingsområda har lege på heimesida til kommunen sidan februar 2011, og var ikkje ein del av høyringsdokumenta.
16. H17-H19 er alle ferdigregulert: Steinbrennuten, Nystølen og Hauststølhaugen og skal framleis gjelda. Reguleringsplanane er vist som omsynssonene 149, 150 og 153, reguleringsplan skal framleis gjelda.
19. Kommunen har tidlegare fått tilbakemelding (møte med FMiO 12/4-12) om at det må gå fram av planføresegne at jordloven gjeld fram til området vert regulert.
20. Dette er innarbeidd i retningsline 1.
21. Dette er korrigert.
22. I førsteutkastet til planføresegner til planforum 17.01.12 var det forslag om ein del generelle føresegner om universell utforming, men etter tilbakemeldingar frå statlege styremakter blei det teke ut.
23. Retningslina ”område for konsentrert utbygging kan brukast til einebustadtomter” er teke ut.
24. Dette er ei retningsline som er i tråd med tidlegare politiske signal i kommunen, og er som det har vore poengtert haldninga til kommunen. Retningslina må og sjåast som eit innspel til den prioriterte revisjonen av gjeldande fylkesdelplan, og det faktum at kommunen aldri har stilt seg bak gjeldande fylkesdelplan.
25. Setninga ”Elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god vasskvalitet innan 2021” er endra til ” Elvar/bekkar/vatn som står i fare for ikkje å oppnå god miljøtilstand etter vassforskrifta innan 2021”.
26. Setninga ”Utbygging kan vurderast der terreng eller andre forhold ikkje er til hinder for fri ferdsel eller andre friluftsinteresser eller utgjer fare for forureining” er presisert betre.
27. Forskrift T-1442 er endra til T-1521.
28. Både parkeringsvedtekten og skiltnormene til kommunen er tatt inn i kommuneplanforslaget.
30. Retningslina er av opplysande karakter, og kommunen meiner bestemt at det som er heimla i anna lovverk, ikkje skal takast inn som planføresegner.
31. Følgjande retningsline er teke inn i planforslaget: ”Alle enkeltsaker som omhandlar tiltak på bygningar oppført før 1850 skal sendast til Oppland fylkeskommune, kulturarveininga til uttale”.
34. Dette er teke inn litt om kva omsynssona for kulturminne på Leira omfattar.
35. Det er laga temakart for Kongevegen, og følgjande retningsline er teke inn i planføresegne: ”For å ta vare på dei attverande delane av Den Bergenske Kongevegen, er det avsett ei 15 brei omsynssone i tilknyting til vegen. Det er ikkje lov til å gjera inngrep innanfor omsynssona som kan skada Kongevegen. Arbeid nær vegen skal utførast skånsomt og med minst muleg inngrep. Det kan ikkje settast i verk tiltak innanfor omsynssona før tiltaket er godkjent av kulturminnestyresmaktene.”

36. Sjå merknad til 30. Reguleringsplan for Storøyé gjeld framleis, og området er derfor vist som omsynssone med eksisterande reguleringsplan.

37. Middelalderkyrkjestadane som er avgrensa i Askeladden er vist med omsynssone (Aurdal, Svenes og Ulnes). Sørhus har eige IDnr., men manglar nøyaktig kartfesting. Skrautvål manglar både IDnr. og nøyaktig kartfesting, jf. brev frå Riksantikvaren 31.08.12.

41. Gravminnet på Strand er i planføresegne trekt fram, på lik line med området ved Faslefoss, som eit område som eignar seg for tilrettelegging.

42. I3 er teke ut av planen. Det er vist eit kulturminneområde (Oc4) innanfor området som var vist som I3 ved 1. offentleg ettersyn. Innspelet om utviding av alpinanlegget er trekt, og I3 er derfor teke ut av planforslaget. Det blir jobba vidare med eit meir detaljert innspel vedr. utviding av alpinsenteret til neste revisjon av arealdelen.

44. Konsekvensvurderinga er korrigert.

51. Det er gitt ytterlegare føringar om utarbeiding av reguleringsplanen i konsekvensvurderinga og retningslinene.

52. Det er gitt ytterlegare føringar om utarbeiding av reguleringsplanen i konsekvensvurderinga og retningslinene.

53. Kommuneplanen viser forslag til område som kan brukast til utviding av kyrkjegarden. Forslaga er basert på eit innspel/ønskje om lokalisering frå sokneråda, og tek ikkje stilling til den endelige avgrensinga eller utforminga av området. Arealdelen sikrar areal som gjer det muleg med ei utviding, og seier ikkje noko om korleis arealet skal utformast og heller ikkje om heile arealet bør brukast. Det må takast endeleg stilling til utforminga i reguleringsplanforslaget som fellesrådet/soknerådet skal utarbeida i samarbeid med aktuelle myndigheter, deriblant Riksantikvaren, før formell oversending og behandling i kommunen.

31.08.12 Statens vegvesen

1. Ber kommunen vurdera om støysonekart bør utarbeidast som temakart til arealdelen til kommuneplanen. Alternativt bør ein vurdera om reglar for etablering av støyfølsame bygg nær veg bør leggast inn i føresegne slik det er tilrådd i rettleiar T-1521.

2. Fylkestinget har vedteke 4 nye funksjonsklassar for fylkesvegnettet (klasse B-E). Med bakgrunn i dei nye funksjonsklassane ventar ein nye retningsliner for avkøyringar i 2013 og oppdaterte byggegrenser for fylkesvegane. Tiltrår derfor dei noverande haldningsklassane og byggegrensene ikkje vert teke inn som ein del av retningslinene, planføresegne eller blir vist på plankartet. Punkt 3 i dei generelle planføresegne bør derfor takast ut av planen. Det bør heller visast til føresegne i vegloven og gjeldande forskrifter og retningsliner for byggegrenser og avkøyringar.

3. Ber om at formuleringa om at nytt byggeområde E4 ”ikkje kan takast i bruk før framtidig E16-trase er fastsett” vert endra til at det ”ikkje kan byggast ut før framtidig E16 er fastsett”.

4. Det utsende plankartet manglar synleg nummerering av dei ulike byggeområda og arealføremåla. Ein del område er også vist med feil farge i høve til gjeldande standard. Manglar som må rettst opp på plankartet: a) Nokre område manglar arealdøremål og er vist som kvite område i kartet utan nærmere omtale. b) Eksisterande vegar/gangvegar er ikkje lagt inn som arealføremål etter pbl, § 11-7 nr. 2. c) Teiknforklaringa er mangelfull.

5. Kommunen må vurdera om det er føremålstenleg å legga ut 28 nye område for hyttebygging med den planreserven som er i kommunen. Med ein så stor auke i tilgjengeleg tomter og areal vil det truleg bli vanskelegare å realisera alt avsette byggeområde. Det er og klima- og miljømessige utfordringar ved å tilrettelegga for så store hytteområde. Dette både i høve til arealbeslag, biologisk mangfald samt utslepp av klimagassar. Kan ikkje sjå at dette er vurdert godt nok i konsekvensvurderinga. Det skal vera ei vurdering av verknadane av dei samla arealbruksendringane for miljø og samfunn.

6. Det er i liten grad vurdert kva konsekvensar dei nye byggeområda har for trafikkavvikling og -tryggleik. Område Ab1 (bioenergianlegg) er eit døme på dette. For eit slikt anlegg må det pårekna trafikk av tyngre lastebilar med energiverke. Kva konsekvensar vil dette ha for bruken av Middelskulevegen og av skulebygget like ved?
7. Fleire av dei føreslegne byggeområda er av kommunen vurdert som vanskelege m.o.t. til trafikksikker skuleveg, t.d. B4 og B5. Det manglar ei vurdering av om stien frå Marsteinhøgdé 2 er eigna som skuleveg for B6 og B7, t.d. med tanke på kryssing, gangavstand og snøforhold om vinteren.
8. Meiner at kommunen bør vurdera å ta ut dei bustadområda som blir vurdert til ikkje å ha trafikksikker skuleveg, t.d. B4 og B5, ev. bør det vera føresegner som sikrar at det blir etablert trygg skuleveg før nye bustadområde vert bygd ut.
9. Konsekvensvurderinga skal gjera greie for planen i høve til statlege retningsliner og føresegner, viser her særleg til RPR for samordna areal- og transportplanlegging.
10. Meiner at plankartet ikkje er godt nok, og etterheld seg retten til å gje ytterlegare kommentarar og ev. motsegn når det føreligg eit betre kartgrunnlag.

Administrasjonen


1. Støysonekart kan med fordel vera eit temakart til kommuneplanen. Dette bør kunna prioriterast ved neste revisjon av arealdelen. Reglar for etablering av støyfølsame bygg nær veg T-1521 er ikkje teke inn, då det går fram av retningslinene at denne skal leggast til grunn ved alle tiltak, både tiltak med plankrav og tiltak som er unntake plankravet.
2. Plankartet og -føresegndene er justert i samsvar med merknaden.
6. Det er gjort ei nærmare vurdering av trafikkavvikling og -tryggleik i fleire av byggeområda.
7. Vegen frå Marsteinhøgdé 2 er i bruk som gangveg. Frå B6 må det etablerast ein ny permanent sti i ein delvis eksisterande trasé. Vist på plankartet.

Fyrste off. ettersyn, vurdering av andre merknadar:

26.06.12 Ove Gunnar Eid vedr. eigedom 92/102 på Aurdalsåsen

Har vore i kontakt med kommunen vedr. etablering av ein hovudleidning med mulegheiter til å fanga opp 25-29 hytter som i dag er utan kommunal tilkopling. Leidningen vil og kunna fanga opp fleire hyttetomter på nedsida med korte pumpeleidningar.

Føresetnadane for at han kan setta i gang er at han får godkjent eit byggeområde for 11 nye hytter på eigedom 92/102 langs traseen, og at han får skilt ut den eksisterande hytta si for finansiering. Dette vil og opna for at eigedom 92/132 kan gå over eigedomen hans med vatn og kloakkgrøft. Naboane på eigedom 92/156 og 190 samt 1 nabo til tenker på saka og ønskjer ei løysing for hyttene sine.




Han har snakka med eigaren av 92/101 som ligg rett nord for eigedomen hans, yttergrensa av 92/102 er markert med svart strek på kartutsnittet til venstre, om muleg forlenging over eigedomen til vedkomande. Han er positiv til ei løysing som vil fanga opp 9 hytter som er utskilt frå 92/101 og ytterlegare 15-20 stk som er utskilt frå eigedom 91/127 nord for 92/101. Eigar av 92/101 ønskjer og ei løysing med utskiljing av nokre hyttetomter for å finansiera dette. På kartet til venstre er det skissert 5 hyttetomter på eigedom 92/101 og 11 på 92/102.

Administrasjonen

Innspelet om 5 hyttetomter på eigedom 92/101 og 11 hyttetomter på eigedom 92/102 vert vurdert til å vera i samsvar med retningslinene for nye byggeområde i satsingsområde, og er

innarbeidd på plankartet som byggeområde H29. Det må leggast vekt på i størst mulig grad å kunna nytta eksisterande vegnett.

06.08.12 Grete Nøland de Geus vedr. eideom 85/282 og 20.08.12 Halvor Gjevre vedr. eideom 85/110 på Leira



Utsnittet av forslag til ny kommuneplan viser kombinert område for næring/kontor/forretning for aktuelle eideomar (E2).

Grete Nøland de Geus

Kan ikkje sjå at det er nødvendig å visa eideomen hennar og dei to andre som ligg innanfor E2 som næringsområde. Det fører til stor usikkerheit for alle 3 i høve til framtida når det gjeld investering i eideomen, og ev. sal av eideomen. Kan ikkje sjå at det er mangel på næringsområde på Leira, det bør vera nok å ta av! Stiller spørsmål ved om kommunen ikkje vil at dei skal føla seg trygge der dei bur, og at dei skal ha lyst til å planlegga framtida der dei bur no? Forstår ikkje kvifor det er nødvendig å reservera desse 3 bebygde eideomane til næringsføremål når det ikkje føreligg konkrete planar for området. Kva vil framtida bringa om eideomen vert endra frå bustadområde til næringsområde? Usikkerheit for hennar del! Ber om at eideomen framleis vert vist som bustadområde.

Halvor Gjevre

Eideomen hans er føreslått endra frå bustadføremål i gjeldande kommuneplan til ervervsområde. Eideomen blir brukt som fritidsbustad.

Ber om at eideomen framleis blir vist som bustadområde. Registrerer at bakgrunnen for forslaget er at alt areal på sørssida av E16 på Leira bør reserverast til ervervsføremål. Er kjent med at verken kommunen eller andre har konkrete planar for bruken av eideomen hans eller dei to andre i tilsvarende situasjon, 85/94 og 85/282.

Viser til at det å visa eideomen som næringsområde vil få store negative konsekvensar når det gjeld usikkerheit knytt til framtidig bruk, vedlikehald og eigarforhold. Dette er eit stort inngrep overfor ein privatperson.

Viser til at det nær eigedomen hans er store unytta skogsområde som heller bør kunna bruka til næringsverksemd. Kan ikkje forstå at det er knappheit på areal som ikkje er bebygd på Leira, og at det skal vera nødvendig å bruka eigedomar som det er bygd på til næringsområde. Når kommunen i tillegg opplyser at det ikkje føreligg konkrete planar om å ta areala i bruk til næring, meiner han det er unødvendig for kommunen å gå til det steg å endra arealbruksføremålet for ein bustadtomt det er bygd på.

Administrasjonen

Kommuneplanen skal visa korleis kommunen tenker seg at eit område bør utvikla seg i framtida, og gir ikkje ekspropriasjonsheimel. Før realisering av E2 er det krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Administrasjonen meiner i utgangspunktet at arealet på sørsida av E16 i det aktuelle området bør reserverast til næringsområde, då det er lite gunstig at det ligg att 3 bustadeigedomar inneklemt i eit område som elles er reservert for næringsutvikling (og offentleg område) med dei potensielle konfliktar som ligg i det. Eigedomane er i forslag til ny arealdel vist som ”kombinert bebyggelse og anleggsformål”. I dette føremålet inngår fleire ulike former for kombinasjonar som kan inkludera både bustadareal og næringsområde, og føremålet gir stor fleksibilitet. Før ev. endra bruk er det krav om reguleringsplan for området. Også eigedom 85/170, aust for dei 3 bustadtomtene, er nytta til næringssføremål, men sidan det ikkje er teke endeleg stilling til kor ny trase for E16 skal gå er eigedomen vist som LNF-område på kommuneplankartet.

Det er lite aktuelt for kommunen å regulera området. Ev. reguleringsarbeid må derfor initierast av grunneigarane sjølve, eller av andre i samråd med grunneigarane. Det må vera viktige grunnar for at kommunen skal tilrå å regulera området til næringsområde utan at grunneigarane ønskjer det, men kommunen meiner at når ein ser på kva dei nærliggande eigedomane blir brukt til, så er det riktig å legga til rette for at også desse eigedomane kan nyttast til dette føremålet.

21.08.12 Else-Margrethe Wessel vedr. eigedomane 92/26 og 48 på Aurdalsåsen

Viser til brev datert 25.07.11 vedr. innspel til konsekvensvurderinga. Ho skriv at det 23.11.2005 vart fremma eit reguleringsforslag for eigedomen. Dette vart trekt i innspelet til konsekvensvurderinga 25.07.11, og det vart der vist eit nytt forslag til avgrensing av byggeområde på eigedomen deira. Meiner at det ikkje er teke omsyn til dette ved utarbeidninga av planforslaget.



Administrasjonen

Dette er riktig. Vurderingane i grunnlagsdokument 1 og 2 er basert på tidlegare innspel frå m.a. prosessen rundt utarbeiding av kommunedelplan for Aurdalsåsen. Forslaget til byggeområde vart av ulike grunnar ikkje prioritert. I brev 23.11.05 sokte Wessel på ny om behandling av planforslaget for Hukkelhaug, dette vart avvist av planutvalet i sak 056/06 den 29.06.06. I brev 24.01.07 bad ho om at planforslaget vart vurdert ved neste revisjon av arealdelen.


Endringsforslaget 25.07.11 burde vore vurdert ved 1. offentleg ettersyn. Administrasjonen meiner at heile arealet som er føreslått som byggeområde 25.07.11 og i merknaden 21.08.12 bør visast som byggeområde, og vurderer innspelet til å vera i samsvar med retningslinene som er fastsett for vurdering av innspel til kommuneplanen. Fortetting/utviding langs eksisterande veg på 92/26 og 48 kan vera aktuelt. Byggeområde H11 i planforslaget ved 1. offentleg ettersyn (til høgre over) er utvida i samsvar med innspelet til venstre over.

Alt arealet ligg innanfor satsingsområdet Aurdalsåsen. Området ligg langt inne på åsen, og tilknyting til vatn og avløp vil vera kostnadskrevjande. Det vil bli stilt krav om felles avløpsanlegg i området. VA-planen for Aurdalsåsen vil bli lagt til grunn for vurdering av vatn- og avløpsløysing.

21.08.12 Ingrid og Peder Nedrelied vedr. eidegom 62/10 i Svennes sameige v.f. Tisleia

Meiner at følgjande to moment har vesentleg å sei til vidare behandling av innspelet deira om 3 hyttetomter som er avslått i grunnlagsdokument 1:


Det ligg med eit utsnitt av eit kart frå 1980-talet som viser planlegging og plassering av tomter i Svennes sameige v.f Tisleia. Kartet har ikkje nokon juridisk verknad, og er ikkje godkjent av kommunen. Det er fleire andre tomter på dette kartutsnittet som ikkje er realisert, m.a. på naboteigen 62/6.



Utsnitt av kart fra 1980-talet.

a) Meiner at dei tre tomtene vil utgjera ei minimal utviding av eit eksisterande byggefelt. Tomtene ligg ca. 750 meter frå satsingsområdet Tisleidalen, og ligg nært opp til eksisterande hytter. Det er opparbeidd veg og vatn til tomtene. Tomtene ligg godt skjult i terrenget. Det har vore bygd ut fleire hytter i dei nærliggande hyttefelta dei seinare åra, og det er berre aktuelt å bygga i same stil som dei andre hyttene i området.

b) Viser til at grunneigar har handla i god tru sidan tomtene vart stukne ut på 1970-talet, og hatt den oppfatning at tomtene var klare for utbygging. Bygging av veg til tomtene i 1995 understrekar dette. Då det i samband med arbeidet kom fram nokre spørsmål om plassering av tomtene, vart teknisk etat i kommunen kontakta. Ein representant frå etaten kom på synfaring, og stadfesta plassering av tomtene slik at arbeidet kunne halda fram. Viser til at denne episoden vert stadfesta av administrasjonen si vurdering av innspelet deira til kommuneplanen. Hevdar kommunen tidlegare har innrømt ”slett saksbehandling” knytta til bygging på 62/10.



Utsnitt av internettkartet 26.09.12.

Meiner at forholda som er omtala under a og b gjer at saka må vurderast anleis enn det som vert framlagt frå administrasjonen si side.

Administrasjonen

- a) Forslaget er ingen fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt. Det ligg berre ei hyttetomt her (skravert på kartutsnittet frå 1980-talet), og det er 250 meter til nærmeste hyttetomt utover det.
- b) Ein kan ikkje sjå at det er vist til nye moment eller andre moment som gjer at ein kan tilrå å endra planforslaget.


22.08.12 Jonny Øvergaard på vegne av eigarar av 111/28 i Veststringsbygda sameige

Meiner at vurderinga om at innspelet deira ikkje kan sjåast som fortetting eller minimal utviding beror på ei misforståing, og ber om ei forklaring på det. Dette dreier seg berre om 3-4 nye hyttetomter og ei minimal utviding av eksisterande felt. Deira innspel til planleggaren i Veststringsbygda sameige viste 10 aktuelle område innanfor det 47 daa store området, men tanken var at berre eit av dei skulle takast til følgje. Eigedom 111/28 grensar inntil hyttefeltet på eigedom 107/11 (adm: 107/1).

Meiner dette vil bli låg utnyttingsgrad og ikkje middels slik administrasjonen skriv i vurderinga.

Hyttefeltet vil ligga tilbaketrekt og godt skjult i fjell-/skogsterreng, min. 100 m. frå vatn. Området utanfor vegen er i dag prega av å vera utilgjengeleg og dominert av fattig/død bjørkeskog, og fattig –intermediær myr mellom teigane. Utbygging og utbetring av vegane vil derfor gjera området meir framkommeleg og attraktivt for turar og friluftsliv.

Opplyser om at forfedrane til noverande eigarar har vore grunneigarar i området sidan 1917, og har hatt eit veldig godt samarbeid med eigarane av naboeigedomane. Eigarane av 111/28 ga i 1983 vederlagsfritt grunn til å bygga veg til dei 4 hyttene som vart godkjent i reguleringsplan for Stogodalsteigen. Det blei då gjort avtale om at eigarane av 111/28 skulle ha bruksrett til vegen dersom det seinare skulle oppførast hytter langsvegen. Det vil derfor vera veldig urettferdig om ikkje dagens eigarar får utnytta eit lite område av den store eigedomen sin til hyttebygging.



Administrasjonen

Det går ikkje fram av innspelet frå Vestingsbygda sameige at det skal leggast til rette for 3-4 tomter innanfor det 47 daa store området. Der er det berre vist eit 47 daa stort byggeområde.

Det blir vist til at innspelet grensar inntil eit hyttefelt på eigedom 107/1. I 1983 vart det godkjent ein reguleringsplan på naboeigedomen i sør som viste 4 hyttetomter. I denne samanhengen og ved denne revisjonen av arealdelen vil 4 hyttetomter ikkje kunna reknast som eit hyttefelt. Ein meiner dessutan at 3-4 hyttetomter i tilknyting til 4 eksisterande hyttetomter ikkje kan reknast som ei minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt.

Administrasjonen har ikkje vurdert utnyttingsgraden i innspelet frå Vestingsbygda sameige. Det er sameiget ved planleggaren sin som har vurdert utnyttingsgraden til middels.

Argumenta som er brukta kan brukast for å argumentera for dei aller fleste hytteinnspel som har kome, og det er vanskeleg å kunna vektlegga dei for dette området, og sjå vekk frå dei i andre område. Når det er så mange innspel må det vera noko spesielt og unikt som gjer at akkurat ditt innspel bli med vidare på bekostning av andre innspel. Ein kan ikkje sjå at det er oppgitt nokon slike grunnar.

Sett i høve til andre tilsvarande innspel så ligg dette i eit område med lite hyttetomter frå før, og i eit av dei meir urørte områda av kommunen m.o.t. hyttebygging, og ein meiner derfor at ein bør unngå å bygga det ned med nye hyttetomter, og heller legga vekt på å ta vare på særpreget i området med få hytter. Isolert sett har 3-4 nye hyttetomter lite å seia, men dette gjeld for dei aller fleste innspela, og kommunen skal vurdera innspela i ein heilskap utifra same retningsliner, ikkje isolert.

22.08.12 Jan Einar Bergene vedr. eigedom 114/13 i Tisleidalen

Viser til at det er forslag om å endra området vest for Bjørkestølen camping frå område for turisme/forretning til LNF-område (kvitt på kartet). Meiner dette vil vera feil utifra bruken av området. Området blir brukt til riding, køyring med hest og vogn og andre aktivitetar for gjestene ved campingplassen. Det er meir riktig å kalla dette eit aktivitetsområde. Ber om at det blir vist som det i kommuneplanen.



Administrasjonen

Området blir vist med riktig føremål i kommuneplanen.

24.08.12 Vestingsbygda grunneigarlag SA v/styreliar Knut Bakkene og Vestingsbygda utmarksdrag SA v/styreliar Lage C. Westerbø

Er ikkje tilfreds med måten innspelet deira har blitt behandla på. Har følgt krava kommunen hadde for å koma med innspel, og dei retningsliner som låg til grunn for planlegging i åra før 2007 då dei leverte innspelet sitt.

Dei har aldri registrert at kommunen har endra retningslina si om at innspel skal koma frå store utmarksområde med avtale om samarbeid mellom grunneigarane. Viser til at grunneigarane dei representerer har inngått samarbeidsavtale der det m.a. går fram at interessene til fellesskapet går framom interessene til den enkelte. Grunneigarar som får tomter på eigedomen sin skal betala ein viss sum til samarbeidsordninga, pengane skal m.a. gå til grunneigarar som held friareal, til investeringar i felles tiltak knytt til stiar og løyper.

Kommunen har brukt over 5 år på behandlinga, og når innspelet blir teke opp er det nærast ei totalslakt av det.

Dei registrerer at kommunen har gitt full opning for soloutspel frå enkeltgrunneigarar. Hevdar at det dermed oppstår det ein kan kalla "cowboy-planlegging" – den som er rask på avtrekkaren med enkeltutspela sine vinn fram.

Dei har alltid vore av den oppfatning at for utmarkssektoren så er det innspel frå dei etablerte utmarksområda som skal behandlast. Viser til at dei då innspelet deira vart innsendt i 2007, fekk beskjed om at det måtte sjåast saman med planar for dei andre utmarksområda i kommunen som ønska å fremma innspel. Dei forstår ikkje at det verken kan oppnåast ein samordningseffekt eller ei meir heilskapleg planløysing ved at spelereglane blir endra på dette området.

Meiner det er vesentleg skilnad på enkeltståande soloutspel og eit gjennomarbeidd opplegg frå eit stort utmarksområde, der du har ein solidarisk fordeling der alle grunneigarane i samarbeidsordninga blir delaktige.

Innspelet frå Veststringsbygda var basert at det ved behandlinga skulle etablerast nært samarbeid og dialog med kommunen. I innspelet vart ikkje dei ulike innspela prioritert og det vart ikkje fokusert på kvalitative sider ved kvart enkelt felt. Det vart lagt inn visse reservar i form av noko romslegare utvidingar av eksisterande hyttefelt/reguleringsplanar. Finn det veldig frustrerande at mange av dei føreslegne felta blir avvist utan nokon kvalitative vurderingar, men berre med den grungjevinga at utvidinga ikkje er minimal.

Meiner det blir feil når deira heilskaplege planutkast blir plukka frå kvarandre i enkeltelement som så blir sett opp mot ei rekke innspel frå enkeltgrunneigarar. Det å ha etablert samarbeidsløysingar der kvar enkelt grunneigar av omsyn til samarbeidet, ikkje marknadsfører dei personlege interessene sine gir dei dermed eit stort handikap. Det verkar som at dei som snakkar berre sin eigen sak, får størst respons. Dessutan får tydelegvis nyare innspel større merksemd enn eldre, sjølv om dei ikkje kan lastast for den seine behandlinga.

Dei kan ikkje gå inn på kvart enkelt felt, men reknar med at kvar enkelt grunneigar ser verdien av å gje sine eigne kommentarar i tilknyting til den oppsplitta behandlingsmåten kommunen har valt.

Ber om at innspelet deira vert behandla som ein separat sak (ev. saman med samarbeidsopplegg frå andre utmarksområde) utifrå dei føringar som kommunen la i invitasjonen sin til samarbeid.

På informasjonsmøtet i rådhuset 14.08.12 vart problemstillinga kring samarbeidsløysingar og enkeltinnspel trekt fram. Det er gledeleg at ordføraren responderte på dette, og uttrykte at det var behov for nærmere drøfting av denne problemstillinga. Ho føreslo at det blir arrangert eit drøftingsmøte. Ber om at eit slik møte blir arrangert.

Administrasjonen

Kommunen ser det som svært positivt at grunneigarane har gått saman om eit felles innspel til revisjon av kommuneplanen, men det er ikkje slik at du kan forventa å få innspelet godkjent slik du oversender det. Ein kan ikkje sjå vekk frå andre retningsliner som ligg til grunn fordi ein har levert eit felles innspel.

Kommunen har måttा prioritera ferdigstilling av andre større planoppgåver, og derfor har innspelet måttē venta til oppstart av revisjonen av utmarksdelen til kommuneplanen som vart sett i gang hausten 2010.

Alle innspel er behandla etter dei same retningslinene. Retningsliner som kommunestyret har fastsett for revisjonen av arealdelen til kommuneplanen.

Kommunestyret gjorde alt i september 2005 vedtak om *at ein heilskapleg revisjon av arealdelen for utmarka skal prioriterast* og at *"Nye innspel frå dei ulike aktørane må setjast inn i denne samanhengen."*


Vestringsbygda sameige er godt kjent med at innspelet ikkje ville bli behandla som ein separat sak. I brev 16.08.06 frå kommunen til Vestringsbygda utmarksområde er vedtaket referert, og det gjekk fram at det med bakgrunn i dette vedtaket, og nye reglar med krav om konsekvensvurdering, truleg ikkje vil vera ønskeleg eller føremålstenleg at kommunen utarbeidde ein kommunedelplan for området. Ein poengterte imidlertid at eitt samla innspel frå grunneigarane ville vera eit svært viktig bidrag i høve til revisjon av kommuneplanen. Når innspelet frå Vestringsbygda kom i 2007 vart det i svarbrevet gjentatt at ein såg på det som eit svært viktig bidrag til revisjonsarbeidet.

Det å behandla innspelet som ein separat sak vil ikkje gje den heilskaplege revisjonen som alle førande dokument har lagt opp til sidan i 2005.

Revisjonsarbeidet har alt teke lang tid, og med alle dei merknadane som kom ved 1. offentleg ettersyn samt motsegnene som føreligg, så vil denne prosessen dra ut tidsmessig. Det å få godkjent innspelet er vanskeleg, og det er vanskeleg p.g.a. 1. den store hyttereserven kommunen alt har, denne hindrar godkjenning av nye område, 2. det høge talet på innspel. Kommunen har ikkje kapasitet til å prioritera nært samarbeid og dialog med alle som har kome med innspel, dette må koma på reguleringsnivå.

28.08.12 Skrautvål sameige v/Arnold Skaar vedr. massetak


Ber om at kommunen gjer ei ny vurdering av grusførekost nr. 30 og 31, då desse ligg mest gunstig til like inntil vegen og omtrent midt på veganlegget. Meiner begge kan utnyttast utan store synlege terremessige inngrep. Begge har vore i bruk lenge. Det er ikkje snakk om store mengder, og heller ikkje kontinuerleg drift. Det vil bli sortert, ev. knust, ein gang mellom 5. og 10. år, høvesvis 1000 til 2000 m³. Arbeidet vil då pågå i 2-3 veker. Massane skal brukast til vedlikehaldsgrusing og bøting. Ser fram til eit positivt svar, då dette har mykje å seia for belastning på miljø og eksisterande vegnett.



Administrasjonen

Administrasjonen meiner at det utifrå konklusjonane og vurderingane det er referert til i grunnlagsdokument 5 er vanskeleg å føreslå å visa område 30 og 31 som massetak, men utifrå omfanget som sameiget skisserer, lokaliseringa omtrent midt på veganlegget og at dette er eit alt etablert masseuttak, samtidig som det ikkje er snakk om store mengder eller kontinuerleg drift, så meiner ein likevel at det bør kunna leggast til rette for vidare drift her.

28.08.12 Lisbeth Jemtland vedr. eigedom 65/3 i Svennes sameige v.f. Tisleia



Ho viser til at innspelet hennar om fortetting i alt påbegynt hytteområde er avvist, og at det er grunngitt med at området ikkje er teke i bruk. Dette er ikkje riktig, det er alt veg og straum i området. I tillegg er det 3 hytter der frå før. Området ligg inn til fv51. Sidan området alt er teke i bruk til hytter eignar det seg godt for vidareutvikling og fortetting til hyttebygging. Det er plass til 8-10 hytter rundt eksisterande hytter, og området eignar seg godt for vidareutvikling av Tisleidalen.

Administrasjonen

Det er ikkje riktig at innspelet er avvist med bakgrunn i at det ikkje er teke i bruk, jf grunnlagsdokument 1, innspele H46e. Der går det fram at innspelet er vurdert slik at ein meiner det verken kan sjåast som fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt. Det står ikkje at det ikkje er teke i bruk. Ved ny vurdering har ein likevel kome fram til at ein meiner at etablering av nokre få tomter nordvest på teigen søraust for fv 51, kan reknast som fortetting av området, dette er vist som byggeområde H31 på plankartet. Dette området inngår ikkje i avgrensinga av satsingsområdet Tisleidalen.


28.08.12 Per Meaas og Marit Sørli vedr. byggeområde H19 m.m.

Eig sjølve 95/306 i Storstøllie

a) Vegen til byggeområde H19 kryssar Danebuløypa som truleg er den mest brukte skiløypa i området. Ved utbygging utover det som er i dag, vil løypa bli meir utsett for kryssande biltrafikk. Dei lokale forholda ligg ikkje til rette for ei planskilt løysing. Både ei slik kryssing og sjølve biltrafikken vil redusera naturopplevinga for skiløparane, og vil dessutan kunna representera ein trafikkfare. Dette er såpass uheldig at ytterlegare utbygging bør unngåast. Området H19 bør takast ut av planforslaget.



b) På austsida av H18 er det ein anleggsveg og eit leidningsnett som ein reknar med at har samanheng med utbygging av området eller andre område lenger sør. Det har skjedd omfattande sprenging av fjellskjerings og utfyllingar med sprengstein. Dette er ikkje tildekkja med jord og tilsådd sjølv om det ser ut som arbeidet vart avslutta for eit par år sidan. Det er eit stort ope og skjemmande sår i landskapet som følgje av dette. Kommunen må sorgja for at området blir tildekkja og tilsådd i nærmeste framtid.




a) Sidan det ikkje er snakk om å etablera ei ny kryssing her, og fordi ein vurderer området til å vera relativt flatt, så bør det vera muleg å finna løysingar som gjer kryssinga tilfredsstillande i høve til trafikk samtidig som riktig og god skilting også kan bidra til dette. Ligg nær Venevatnet, som er reserve for Freningen, jf. VA-plan for Aurdalsåsen. Bør unngå meir bygging i nedslagsfeltet. Avgrensinga av byggeområdet i aust er derfor trekt lenger vestover.

b) Hovudleidningsnettet ligg i vegen, som er regulert tilkomst til Åsrudvardin/Valaknatten sidan vegen over høgda, som blir brukt i dag, er for bratt. Leidningsanlegget vil ikkje få ferdigattest før vegen er sett i stand.

29.08.12 Torleiv Ranheim vedr. eigedom 14/55 i Skrautvål

Forslag om å visa eigedomen som bustadområde. Eigedomen kan vera rundt 7-8 daa. Viser til at eigedom 14/55 ligg nær Fagernes og Skrautvål langs fv 270. Det er bustadar både ovanfor og nedanfor eigedomen, samtidig som det er sol til langt på kveld her. Tilkomst er muleg å få til via veg til eksisterande bustadeigedomar i området. Eigedomen er skogkledd.




Administrasjonen

Delar av området er godt eigna til føremålet som er føreslått. Det er 15 meter byggegrense til fv270, og stadvis for bratt for bustadbygging. Det er ikkje noko av arealet på eigedomen som inngår på aktsomheitskartet for snøskred og/eller steinsprang. Arealet som er vist som bustadområde i kommuneplanen skal stå i forhold til forventa folketalsauke og behov. Ein kan ikkje sjå at det er behov for fleire bustadomter i Skrautvål i planperioden, men området ligg nærrare Fagernes i høve til andre innspel i Skrautvål, og ein meiner derfor det likevel kan vera riktig å visa delar av arealet som bustadområde (byggeområde B11).

29.08.12 Pål Næss vedr. eigedom 93/148 på Aurdalsåsen, på vegne av Danebu AS

Eigedomen er regulert til idrettsføremål, det ligg ei tennisbane her som han viser til at ikkje er i god stand lenger. Meiner det ikkje er realistisk å oppretthalda ei tennisbane her, føreslår derfor å visa arealet som område for fritidsbustad. Meiner det er tilstrekkeleg med LNF- og grøntområde rundt. Det er naturleg at eigedomen inngår i infrastrukturen i Tuva-feltet. Det er gravd ned ein høgspenning på eigedomen.




Administrasjonen

Eigedom 93/148 inngår i reguleringsplan for Danebu turistområde, Danebu og Tuva hyttefelt som vart godkjent 14.09.00. I retningslinene for vurdering av innspel til kommuneplanen er det sagt at det i satsingsområda skal leggast vekt på fortetting og utviding av eksisterande hyttefelt, og ein vurderer innspelet til å vera i samsvar med retningslinene.

30.08.12 Ole O. Hoff vedr. eigedom 91/211 på Aurdalsåsen

Ber om at kommuneplanen legg til rette for at det kan settast opp to nye hytter på eigedom 91/211 på Aurdalsåsen.




Administrasjonen

Kommuneplanforslaget opnar for ein revisjon av, med sikte på fortetting, reguleringsplan for Damtjednteigen der denne eigedomen på over 10 daa ligg, byggeområde H26 i planforslaget. I tillegg ligg byggeområde h20 rett nord for H26. Det er krav om ny reguleringsplan før vidare utbygging i H26. Det vil bli stilt krav om felles avløpsanlegg i området. VA-planen for Aurdalsåsen vil bli lagt til grunn for vurdering av vatn- og avløpsløysing.

30.08.12 Iver Thomle vedr. eigedom 93/116 på Aurdalsåsen

Ønskjer å dela eigedom 93/116 på Aurdalsåsen på 2912 m² i to slik at hovudhytta vert liggende på den eine delen og annekset på den andre. Har tidlegare søkt om dette, men fått

avslag fordi kommunedelplanen ikkje opnar for det. Viser til at både hovudhytta og annekset på 93/116 er tilknytt kommunal hovudleidning for offentleg kloakk via Ravangsfeltet. Påpeikar at det tidlegare er betalt tilknytingsavgift for både hovudhytta og annekset på eigedomen.



Administrasjonen

Normalt har søknadar som dette blitt vurdert ved revisjonar av arealdelen. Forslag til kommuneplan legg opp til å vidareføra praksisen,

Eigedomen ligg i eit satsingsområde, og er tilknytt off. VA-løysingar. Det å legga til rette for ei ekstra tomt her må kunna sjåast som ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt.

Det ligg fleire store hyttetomter i nærområdet, og administrasjonen tilrar at det vert opna for same løysing for alle hyttetomter over 2 daa innanfor det nye byggeområdet H30.

30.08.12 Styret i Åbjør sameige og utmarkslag BA v/Knut Grøndalen

Argumenterer først for å oppretthalda Tisleidalen som satsingsområde.

Det var ein grunnleggande haldning ved utarbeiding av innspelet deira at dei skulle legga til rette for at så mange som muleg av grunneigarane skulle ha mulegheit til å selja tomter. Slik planforslaget er utforma så er det berre nokon få som har fått tomter på eigedomen sin.

Ser at grunngjevinga for å avvisa område for grustak/steinførekomstar i området deira er at det er avgrensa behov for masse lokalt. Poengterer at grus og stein er enkelt å flytta på, og at marknaden er langt større enn Åbjør/Tisleidalen dersom ein har tilgang på god masse. Ved ei opprusting av fv51 gjennom Tisleidalen, noko som er signalisert, vil det vera positivt dersom ein kan tilby masse av god kvalitet i nærområdet. Grustaka som er i drift i dag har avgrensa levetid. Meiner med bakgrunn i dette at det bør opnast for at fleire grunneigarar, særleg med steinførekomstar, kan få mulegheit til å utnytta desse.

Registrerer at det er lagt inn ein heller stort område for næring i samband med Bløytfjednsaga. Håpar dette blir med i den godkjente planen.

Administrasjonen



I vedtaket om godkjenning av kommunal planstrategi for 2012-2016 går det fram at Tisleidalen framleis skal vera satsingsområde.

Administrasjonen har vurdert dei 6 innspela om område for råstoffutvinning på nytt (M1-M6), og meiner framleis at 2 av områda ligg slik til at dei utifrå lokaliseringa ikkje bør visast som

massetak (M2 og M4), medan det til M3 er knytt såpass store naturverdiar at det å visa det som område for råstoffutvinning vil medføra motsegn til området. Områda M5 og M6 er alt godkjent, medan M1 er vist som framtidig område for råstoffutvinning.

30.08.12 Tor Ivar Gullord vedr. eigedom 105/8 på Bjørgoåsen

Registrerer at kommunen i planforslaget har føreslått å redusera innspelet til ei tomt. Føreslår to tomter som ei rein fortetting av eksisterande felt.



Administrasjonen

Ny tomt 1 er identisk med H21 som var vist på plankartet ved 1. offentleg ettersyn. Ny tomt 2 kan ikkje sjåast som verken fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt.

31.08.12 Harald Breiseth, Hilde T. Døvre, Geir Frøsaker, Harald Høyvik og Kjetil Vassdal vedr. arealet mellom Valdresvegen, Sløavegen og Garlivegen

Det er fleire moment i dette arbeidet som har mykje å seia for dei:

1. Eigedomane deira er vist som offentleg føremål i samband med bygging av omsorgsbustadar i tilknyting til Valdres lokalmedisinske senter, byggetrinn 3. Området blir reservert for framtidig bruk utan at dette vert regulert foreløpig. Tidshorisonten er uviss, og dei sit utan formelle rettar med tanke på kjøpsplikt frå kommunen si side. Det knyter seg stor usikkerheit og store ulemper med dette forslaget for dei som eigarar med bandlegginga som medfører tap av store verdiar og at dei ikkje har utviklingsmulegheiter for eigedomane. Kommunen har påpekt behovet for sentrumsnære bustadar, men fjernar med forslaget bumulegheitene her. Kostnadane med ekspropriering her vil vera store før sjølve bygginga av omsorgsbustadane kan starta. Denne problemstillinga må kommunen ta på alvor og visa ansvar overfor dei som innbyggjarar.


Området nordvest for tidlegare Fagernes skule vert oppretthalde som opprinneleg vist på plankartet. Dersom ikkje dette blir gjort, krev dei at kommunen tydeleggjer utlysingsplikta si i planverket slik at eigarar kan kjøpast ut av kommunen, til riktig pris, når dei ønskjer å selja eigedomen.

2. Krev at øvre grense for Fagernes sentrum vert trekt oppover på oversida av Valdresvegen og innlemmar egedomane 25/131, 150, 151 og 152. Det er ei blanding av bustadføremål og næringsaktivitet på desse egedomane, og nærlieken til Fagernes kjøpesenter er stor, bør grensa for Fagernes sentrum gå i overkant av desse egedomane.

Det er frå politisk og administrativt hald ønskeleg at arealplanen skal vera aktuell, og at plankartet dermed skal visa faktisk bruk. Meiner at i det vidare arbeidet med utbygging av Valdres lokalmedisinske senter trinn 3, om forslaget blir gjort gjeldande, inneber ei motseiing. Som eigarar av nemnte areal, meiner dei at dette må gjerast gjeldande for deira område og.

Administrasjonen

1. Planforslaget frå 21.06.12 er for det aktuelle område ei vidareføring av eit alt godkjent byggeområde i arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene, frå 2009.



Utsnitt av gjeldande kommuneplan

Ein har stor forståing for usikkerheita og ulempene som den godkjente planen medfører for dei med egedom her. Likevel er det slik at kommunen skal ivareta og sørge for å ivareta viktige samfunnsinteresser, herunder sørge for riktig arealreservasjon i tilknyting til prosjekt som dette. Det er gjort vedtak om at Valdres lokalmedisinske senter skal ligga innanfor dette området på Fagernes. Det å visa arealet her med eit anna føremål, endrar ikkje denne situasjonen og heller ikkje dei faktiske forhold for dei som har egedom i området. Ein meiner derfor at arealreservasjoner som vart gjort, og godkjent i 2009, viser forutsigbarheit og derfor bør vidareførast.

2. Avgrensinga av sentrumskjernen av Fagernes bør vera relativt konsentrert, og ein bør ikkje legga opp til at denne skal flyta ut verken i den eine eller den andre retninga. Valdresvegen er vurdert til å vera ei naturleg avgrensning utifrå etablerte kvartal og utbyggingsstruktur. I tillegg meiner ein at utifrå framtidige planar for arealet på oversida av Valdresvegen i dette området, så bør ikkje arealet som inngår i sjølve sentrumskjernen av Fagernes utvidast.

Plankartet skal visa faktisk bruk i tillegg til planlagt framtidig bruk. Arealreservasjonen her viser at ein planlegg å bruka området til offentleg føremål i framtida. Trinn 3 er ikkje inne i dei langsiktige investeringsplanane til kommunen fram til 2019.

31.08.12 Aurdal fjellpark v/Eivind Akervold og Valdres alpinsenter vedr. Valdres alpinsenter

Ber om at heile "snippen" vert vist som alpinføremål i kommuneplanen.



Administrasjonen

"Snippen" vart unnateke eigengodkjenning då reguleringsplan for Åsrudvardin vart godkjent 19.11.01. I brev datert 17.01.13 trekker Aurdal fjellpark v/Eivind Akervold og Valdres alpinsenter v/Harald Kullhuset innspelet til kommuneplanen frå 26.11.10, og har valt å arbeida vidare med arealbehovet til alpinsenteret i samarbeid med berørte grunneigarar. Det er oppretta ei styringsgruppe som vil arbeida vidare med ulike problemstillingar knytt til ei utviding av alpinsenteret med siktet på eit innspel til ein seinare revisjon av arealdelen. Merknaden vedr. "snippen" er ein del av dette arbeidet.


31.08.12 Dag Westerheim vedr. eigedom 107/4 i Veststringsbygda sameige

Utfyllande informasjon til innspel om tom hyttetomter i hyttefeltet "Grøne Jila". Hovudføremålet med å få på plass dei to tomtene er iflg. brevet eit arveoppgjer. Søknaden er ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt. Det er forslag om to tomter der ei tomt ligg mellom eksisterande tomter, og ei tomt kant i kan med eksisterande tomter.

Etter hans oppfatning kan ikkje området det er snakk om omtalast som samanhengande og urørt, slik det går fram av grunnlagsdokument 2. Han viser til at det i det tilstøtande visuelle og naturlege turområdet til hyttefeltet "Grøne Jila" i denne dalen finst fem stølar med opparbeidd og innhegna beiteinnmark, i tillegg til 12 andre hytter i områda rundt desse stølane. Hyttefeltet "Grøne Jila" er utover dette avgrensa av ei fjellsida med ulendt terreng og Vesterheimsvegen.

For han som grunneigar i kommunen og planane hans om husdyrhald i Stugudalen rundt stølsområdet Grøne Jila om 4-5 år, er det viktig at fortetting av hyttefeltet med to hyttetomter blir godkjent. Gjengroinga i området er tydeleg, og den omsøkte fortettinga vil kunna bidra til bruk av nærområdet og motverka ytterlegare gjengroing.

Det har vore tjuvjakt og tjuvfiske i området. Det er viktig for han som grunneigar at området blir brukt av påliteleg hytteeigarar som brukar området aktivt og regelmessig, kjenner områdegrenser og forholda der godt. Meiner at ei fortetting av området med 2 tomter har nokon negative sider for området. Ei fortetting av området i samband med generasjonsskifte gir berekraftig bruk av området frå menneske han kan stola på. Det er viktig for han som gardbrukar og grunneigar at det vert lagt til rette for 2 nye hyttetomter i området. Har ingen planar om å fortetta eller bygga ut ytterlegare i området i framtida. Området mistar heller ikkje sin verdi som utmarksbeitet eller turområde, to nye tomter vil tvert i mot lette ei berekraftig skjøtsel av utmarksområdet for framtida. Det er viktig for han som gardbrukar.



Administrasjonen

Området er omtalt som meir eller mindre urørt m.o.t. hyttebygging i grunnlagsdokument 2, ikkje m.o.t. støling.

Argumenta som er brukt kan brukast for å argumentera for dei aller fleste hytteinnspeil som har kome, og det er vanskeleg å kunna vektlegga dei for dette området, og sjå vekk frå dei i andre område. Når det er så mange innspeil må det vera noko spesielt og unikt som gjer at akkurat ditt innspeil bli med vidare på bekostning av andre innspeil. Ein kan ikkje sjå at det er oppgitt nokon slike grunnar.

Dette kan reknast som ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt. Dette er imidlertid ikkje den einaste retningslinia som skal vurderast ved innspelet. Sett i høve til andre tilsvarande innspeil så ligg dette i eit område med lite hyttetomter frå før, og i eit av dei meir urørte områda av kommunen m.o.t. hyttebygging, og ein meiner derfor at ein bør unngå å bygga det ned med nye hyttetomter og heller legga vekt på å ta vare på særpreget i området med få hytter og stølar. Isolert sett har to nye hyttetomter lite å seia, men dette gjeld for alle område, og kommunen skal vurdera innspeil i ein heilskap ikkje isolert.

31.08.12 Anne-Marie Berge vedr. eigedom 18/5, Ranheimsbygda

Viser til søknad datert 15.05.10 der ho sökte om hyttetomter i tilknyting til Valdres hyttegrend. Har i etertid kome fram til at området kanskje heller eignar seg betre til bustadføremål (arealet med handa på).



Administrasjonen


Det er vesentlege utfordringar knytt til avløpssituasjonen i området/nærområdet. I retningslinene for utarbeiding av kommuneplanen er det sagt at talet på nye bustadområde skal stå i høve til folketalsprognosar for dei neste 10-20 åra, utifra det kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å føreslå endring av gjeldande situasjon og visa ytterlegare areal for

bustadbygging. Ein er av den oppfatning at behovet for nye bustadomter i Fagernesområdet er ivareteke for planperioden gjennom det som vart godkjent 12.11.09, og forslaget om bustadområde i kommuneplanforslaget. Eksisterande tilkomstveg til området er dessutan alt for bratt i høve til kommunal standard.


Bustadarealet som det er forslag om i kommuneplanen (B5), er vist for å stimulera til å finna ei løysing på avløpssituasjonen i området.

01.09.12 Inger Reidun Opheimsbakken vedr. eigedom 93/3 i Aurdal og på Aurdalsåsen

a) Føreslår å visa arealet sør aust for eigedom 93/14 som byggeområde for bustadar.



b) Ønskjer å ha mulegheit til å selja 11 hyttetomter, då ho har overteke ein gard der bygningane er så dårleg at det må gjerast vesentlege oppjusteringar for å kunna brukha dei til noko som helst. Det har heller ikkje vore drive jordbruk der på ein del år, og det vil derfor kosta ein del å få ting på stell att. Det er i tillegg 2 stølar til garden der begge må påkostast ein del for at dei skal kunna takast vare på for ettertida og for å brukast no. Tomtene vil ha bra utsikt, og det er nær vatn- og avløpsløysingar. Det er lett å laga veg til feltet.



Administrasjonen

a) Formannskapet vedtok ved utlegging til offentleg ettersyn at det skulle takast kontakt med grunneigarar med sikte på å utvikla attraktive, sentrumsnære bustadareal i Fagernes, Aurdal og Leira, mot at areal som er vist i tidlegare planar, men som ikkje er utbygd, blir teke ut av planforslaget. Sidan arealet som er føreslått vist som bustadområde i all hovudsak ligg på dyrka mark kan ikkje administrasjonen tilrå å ta det inn i kommuneplanforslaget. Erfaringsmessig medfører dette motsegn, mykje arbeid og unødvendig tidsbruk med sikte på å få godkjent noko me med stor sannsynlegheit ikkje kjem til å få godkjent. For å bli ferdig med planen innan rimeleg tid, og sett i høve til alle innspela ved denne planprosessen, bør ikkje kommunen prioritera å legga ut openberre konfliktfulle bustadområde på noverande tidspunkt.

b) Tilrettelegging for hyttebygging her kan neppe sjåast som fortetting og er heller inga minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt. Eigedomen ligg ikkje innanfor satsingsområdet Aurdalsåsen.

02.09.12 Skrautvål heimås grunneigarlag

Generelt har kommune sagt at ein forventar at grunneigarar leverer inn innspel i samarbeid for å gjera vurderingane lettare. Dette er ikkje vektlagt i planutkastet.

Meiner at slik planforslaget føreligg så er det ingen nye aktuelle tomter som er teke til følgje innanfor arealet til grunneigarlaget. Dette sjølv om lokaliseringa, nærleiken til og kvaliteten på m.a. løypetrasar saknar sidestykke i fleire av satsingsområda.

Stiller seg undrande til at det ikkje no heller i realiteten er muleg å driva næringsutvikling i dette området utanom tradisjonell stølsdrift. Poengterer at Skrautvål gjennom verneplan for Langsua har måtte tola ein sterk innskrenking i råderetten over eigne areal. Utan hytteeigarar og bruk av området vil også mulegheiter for utvikling av vedlikehaldstenester samt drift og utvikling av løypenet og turstiar vera vanskeleg.

Kan ikkje sjå at det å utvida området, der det blir opna for fortetting innanfor reguleringsplan for Dalen, i sørøst forringar eller endrar bruksmulegheitene for områda. Viser til eigen merknad frå grunneigarane her (eigedom 14/12 og 14/48).

Ber om at H3 i kommunedelplan for Skrautvål heimås blir vidareført. Det har gått seint, men det blir arbeidd med reguleringsplan for feltet.

Administrasjonen

Det ligg mange gamle innspel her frå enkeltpersonar i tillegg til at ein har fått innspel frå enkeltpersonar etter varsel om planoppstart. Ein del av innspela frå enkeltpersonar er dessutan byggesøknadar som er vist til revisjonen.

I planforslaget som låg ute til høyring er det forslag om 30 nye hyttetomter i tilknyting til eksisterande vegar i reguleringsplan for Dalen i all hovudsak lokalisert til områda H1 og H2 i kommunedelplan for Skrautvål heimås frå 1993. Utviding av området er vurdert i samband med merknaden frå Torbjørn Bergheim og Audun M. Bakken under. Fylkesmannen skriv i merknaden sin at dei to eigedomane 14/12 og 14/48 bør takast ut av reguleringsplanen.

Det er store viltverdiar i området H3 i kommunedelplan for Skrautvål heimås som ein ikkje kjende til når kommunedelplanen vart godkjent. Med bakgrunn i naturmangfaldloven, og det at det ikkje har skjedd noko i området på nesten 20 år, føreslår ein å ta det ut.

02.09.12 Torbjørn Bergheim og Audun M. Bakken vedr. hyttetomter på eigedom 14/12 og 14/48 i Skrautvål heimås

Ønskjer å imøtegå det dei meiner er feil omtale av innspelet deira og den faktiske situasjonen gjeldande for eigedomane deira og nærliggande hyttefelt.

Viser til at *"Nye hyttetomter utanom satsingsområda skal koma som fortetting/minimal utviding av eksisterande hyttefelt"*.

Det er ikkje primært føreslått hyttebygging i stort omfang slik høyringsutkastet gir inntrykk av. Meiner dei har stilt seg fleksible til talet på tomter og plassering. Dei har føreslått 4 tomter på 114/12 og 3 tomter på eigedom 14/48, men dette kan justerast ned slik det stod i innspelet. Det er berre 50-200 meter frå eksisterande hyttefelt, og det må derfor kunna sjåast som fortetting/minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt.


Ser at det blir vist til at det er randområde til Hovsjøen, men det er alt 4 hytter og ein støl på eigedom 14/48. Meiner det er viktigare at begge eigedomane ligg innafor reguleringsplan for Dalen, slik det er vist på plankartet til kommunen.

Eigedomane 14/12 og 14/48 er ikkje ein del av randområda til Hovsjøen, opplysningane om dette må sjåast som ei misforståing eller saksbehandlingsfeil. Randområda av Hovsjøen består av sameigegrund og er alt regulert med det føremål å ta vare på området.

Ber om at innspelet deira blir med i den vidare vurderinga av kommuneplanen og viser spesielt til at eigedomane ligg innanfor gjeldande reguleringsplan og at det er snakk om fortetting/minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt. Ei total forlenging på ca. 200 meter av eksisterande veg vil vera nok.

Administrasjonen

Utsnittet frå naturbasen til DN viser at arealet det er føreslått byggeområde på ligg innanfor Hovsjøen, eit 1834 daa stort yngle- og beiteområde for fugl (ID-BA00046836 i naturbasen til DN).



Administrasjonen meiner at det å legga til rette for hyttebygging, utifrå definisjonane som er lagt til grunn i kommuneplanarbeidet og sett i lys av over 140 innspel om hyttetomter, verken kjem under kategorien fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt, og tilrår å avvisa det. Ein meiner utover dette at natur- og miljøinteressene i form av større samanhengande relativt urørte område vest for eksisterande utbygging bør prioriterast, og at området bør skjermast for hyttebygging.

Utfyllande kommentarar 11.10.12 frå Torbjørn Bergheim og Audun M. Bakken vedr. hyttetomter på eigedom 14/12 og 14/48 i Skrautvål heimås

Argumenterer for at innspelet deira bør vera med vidare, viser til følgjande:

1. Eigedomane ligg innanfor den godkjente reguleringsplan for Dalen hytteområde.
2. Før reguleringsplanen vart godkjent, var det jobba i ca. 15 år med planen. Kommunen bør derfor etter 25 år kjenna godt til reguleringsplanen, og at eigedomane ligg i eit alt regulert hytteområde!
3. Talet på hyttetomter blei ved plangodkjenninga redusert frå 35 stykk til 29 stykk med bakgrunn i at dette skulle vera låg standard på tomtene her. Hytteområdet er oppgradert til høg standard, og derfor gjeld vel ikkje grunngjevinga lenger.
4. Dei 6 tomtene som vart tekne ut av planen låg alle på eigedom 14/12 og 14/48. Hevdar at grunneigarane ikkje vart varsle før vedtaket blei gjort, og at dei derfor ikkje fekk koma med merknadar.
5. Grunneigarar som vart informert om forslaget til vedtak, m.a. leiaren av grunneigarlaget, protesterte mot reduksjon i talet på hyttetomter på eigedomane sine før vedtaket blei gjort, og vart høyrt. Heile reduksjonen vart gjort på eigedomane 14/12 og 14/48.

Dei ønskjer i tillegg å presisera at

1. Omsøkte område er regulert for hyttebygging, og det er veg, straum, vatn og infiltrasjonsanlegg for avløp ved og delvis inne på eigedomane (!), dvs. at det er snakk om ei fortetting/lita utviding av eksisterande hytteområde. Skiløypa Beitostølen – Danebu går over eigedomane, ca. 100-200 meter frå omsøkt hytteområde og vil gje bilfri tilkomst til løypenetten frå ev. hyttetomter.
2. Eigedomane 14/12 og 14/48 ligg ikkje innanfor Hovsjøen landskapsvernområde, og ei utbygging på eigedomane vil ikkje ha noko å seia for Hovsjøen landskapsvernområde.
3. Grunneigarlaget er positive til hyttetomter innanfor det regulert områdt, då dete r mangel på hyttetomter i Skrautvål, og sidan grunneigaralget i alle år har vore positive til dette.

Administrasjonen

1. Eigedomane er vist som landbruksområde i reguleringsplanen, og innspel her må vurderast på same måte som innspel på LNF-område i kommuneplanen. Hyttetomter på 14/12 og 14/48 kan utifrå tolkingane i kommuneplanarbeidet verken sjåast som ei minimal utviding eller fortetting av eit eksisterande hyttefelt. Tolkar ein retningslinene anleis her, vil det ha konsekvensar for vurderingane som er gjort i andre samanliknbare innspel.
2. Det vart varsle planoppstart i 2002, kommunedelplan for Skrautvål heimås vart godkjent i 1993. Berre dei nordlegaste delane av eigedomane 14/12 og 14/48 ligg innanfor det som er vist som byggeområde i kommunedelplan for Skrautvål heimås (H1 i kommunedelplanen). Resten av arealet på eigedomane er i kommuneplanen vist som LNF-område. Av praktiske grunnar vart byggeområde H1 og H2 i kommunedelplan for Skrautvål heimås regulert saman.
3. Hyttetalet vart sett til 29 ved sluttbehandling. Planutvalet vedtok under prosessen at dersom området vart regulert med låg standard, så ville ein ikkje opna for fleire enn 20-25 tomter her. Innlevert planforslag hadde vesentleg fleire tomter enn dette. Kommuneplanforslaget opnar for fortetting i reguleringsplan for Dalen hytteområde (byggeområde H5).


4. Tomtene som vart tekne ut av planforslaget låg ikkje innanfor det som er vist som byggeområde i kommunedelplan for Skrautvål heimås. Tomtene låg på areal som var vist som LNF-område i kommunedelplanen, og her er det ikkje lov å bygga hytter. Grunneigarane vart varsla i samsvar med krava i plan- og bygningsloven.

5. Ved sluttbehandlinga i planutvalet vart det teke inn ei tomt på eigedom 14/12 etter protestar frå grunneigar. I motsetning til eigedomane 14/12 og 14/48 låg store delar av eigedomane til leiaren av grunneigarlaget den gang, innanfor det som er vist som byggeområde i kommunedelplanen.

1. Omsøkt område er ikkje regulert for hyttebygging. Omsøkt område er regulert til landbruksområde.
2. Hovsjøen landskapsvernområde eksisterer ikkje. Omsøkte områder ligg innanfor eit viktig hekkeområde for fuglar, jf. naturbasen til DN.
3. Kommuneplanforslaget opnar for fortetting innanfor reguleringsplan for Dalen hytteområde.

02.09.12 Areal+ på vegne av Henrik Hyseth vedr. eigedom 79/6 i Svennes sameige

Forslag om å visa eit område for hyttebygging nord for dei 4 tomtene som vart godkjent i reguleringsplan for Brattstølen (9 nye tomter).



Administrasjonen

I brevet er det fleire ganger gjort eit poeng av at området er avsett til byggeområde, dette stemmer ikkje. Innspelet gjeld ikkje fortetting innanfor eit alt avsett byggeområde, området som det er forslag om hyttetomter på er regulert til område for jord- og skogbruk. Arealdelen viser avgrensinga av reguleringsplanområdet, og ikkje eit byggeområde. Det er ei utfyllande grunngjeving for kvifor arealet bør visast som byggeområde i brevet, men ikkje noko som kan vektleggast i høve til andre innspele.


Som alle andre innspele til arealdelen skal dette også vurderast etter retningslinene som kommunestyret har fastsett for revisjonen. Innspelet gjeld byggeområde innanfor avgrensinga av satsingsområdet Tisleidalen, og retningslinene er derfor romslegare enn for innspele utanfor satsingsområda. Utifra at området ligg innanfor eit satsingsområde vurderer ein det slik at det kan sjåast som ei utviding, men ikkje som nokon fortetting av eit eksisterande hyttefelt.

Det er krav om høg standard for ev. nye hyttetomter her. Ein meiner at innspelet er i tråd med dei grunnleggande vurderingskriteria som er brukt i grunnlagsdokument 1 og 2, og innspelet

er derfor vurdert grundigare (jf. konsekvensvurderinga). Ein tilrår at det vert vist eit nytt bygeområde H32, Flisebanin, her.

02.09.12 Steinar Haraldstad vedr. eigedom 58/3 i Svennes sameige

Ønskjer å trekka fram følgjande tilleggsopplysningar knytt til innspelet om hyttetomter på eigedom 58/3: Hyttene vil kunna knyta seg til eksisterande straumnett i området. Felles septikkum og synkegrøft vil lett kunna plasserast nedanfor området om ein ønskjer det. Tømming med tankbil er fullt muleg. Det finst 2 vassårer nordvest for området som, med ikkje for store kostnadar, kan brukast. Fortetting vil bety at Tamburvegen økonomisk vil tola vedlikehald betre. Ser som kasserar for vegen at budsjettet berre dekkar lettar vedlikehald og godt kunne trenga fleire bidragsytalar. Ev. hytter vil gli inn i terrenget og ikkje vera synleg frå stølane. Avstanden frå eksisterande hytter på andre sida av vegen vert naturleg auka av ein markant forseinking i terrenget. I område med få hytter er det vanskeleg å oppretthalda eit godt løypenett, 3-4 hytter i området hans vil betra dette ein del. Dersom hytteeigarane skulle ønskja høg standard er det mulegheiter for vatn, straum og kloakk. Lågare standard gir mulegheit for utedo, då avstanden mellom hyttene ikkje vanskeleggjer dette. Driv eit firma som har begynt å røra på seg, og kunne ha god nytte av meir investering.



Administrasjonen

I dei aller fleste tilfella vil ein kunna argumentera godt for at eit område er eigna til hyttebygging, og isolert sett har ev. godkjenning av eit enkelt innspele lite å seia. Imidlertid skal ein vurdera alle innspele i heilskap sett i høve til kvarande etter dei same kriteria. Administrasjonen har vurdert innspelet på nytt, men meiner framleis at utifrå tolkingane i kommuneplanarbeidet, så kan hyttetomter på eigedom 58/3 verken sjåast som ei minimal utviding eller fortetting av eit eksisterande hyttefelt.

02.09.12 Thor Dahl vedr. eigedom 110/85 i Vestringsbygda utmarksområde

I brevet vert det først gitt ein del eigedomsopplysningar m.a. totalareal går fram og kor mykje som er att til friområde når ein trekker frå planlagt utbygging på eigedomen. Deretter skriv han litt om eksisterande planar og utbygging for/på eigedomen. Han viser vidare til eit planforslag som vart avvist i 1992 p.g.a. at det var mange godkjente tomter som ikkje var bygd på/selt. Dette står framleis som ein uavskrivne investering i reknskapen hans, og han håpar framleis at kostnadane ikkje var bortkasta. Han forstår planforslaget slik at ein del av tomtene som ikkje er bygd på/selt no vert teke ut.

Dei noverande hyttetomtene hans og dei framtidige utbyggingsplanane gjeld lågstandardhytter, det einaste kravet er vinterbrøyta veg. For å få til dette bør det vera fleire å dela kostnadane på.

Skuffa over at innspela hans i innspelet til Vestningsbygda utmarkslag nok ein gang er avvist av kommunen. Tor Ivar Gullord som utarbeidde innspelet, såg det som veldig aktuelt å innarbeida desse i innspelet. Særleg galdt dette "Haugsetfjellplanen" som er ei utviding av Sangatn hyttefelt.

Grunneigarane ønskjer ein meir langsigtnig og forutsigbar arealdisponeringsplan. Dei siste 20 åra har reglane for hyttebygging endra seg fleire ganger, og tildeling av utbyggingsområde har skjedd etter bingoprinsippet. Håpar at det for framtida blir fastlagt meir rettferdige og gode reglar som også grunneigarane utanfor satsingsområda kan få nyta godt av.

Administrasjonen

Når det gjeld planforslaget frå 1992 så var utarbeiding av dette i strid med tilrådingane frå kommunen, og ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan den gang.

I kommuneplanen er det forslag om å ta ut område som er vist med hytteføremål som ikkje er regulert og har lege i kommuneplanen i lang tid. Det kan i tillegg vera knytt interesser til desse som ein ikkje kjente til når dei vart vist som byggeområde i kommuneplanen, og som hadde gjort at dei i dag ikkje ville blitt lagt ut som byggeområde.

Revisjonen og godkjenninga av kommuneplanen gir oss ein meir langsigtnig og forutsigbar arealdisponeringsplan. Kommunestyret fastsette i 2010 langsigtnige retningsliner for korleis arealdisponeringa i kommunen skal vera, jf. kommunal planstrategi som vart sendt på høyring til alle utmarkslag i kommunen. Langsigtnige retningsliner og målsettingar finn ein og i samfunnssdelen og planprogrammet for revisjonen til arealdelen. Begge desse dokumenta har og blitt sendt til utmarkslaga i kommunen på høyring. Retningslinene og målsettingane i dei 3 nemnde dokumenta er lagt til grunn for vurderingane av innspela som har kome.

02.09.12 Fagernes gårdeierforening

Er opptekne av forvaltinga og utviklinga av Fagernes inkludert omlandet. Herunder at område som Breiset for framtida kan gjerast tilgjengeleg for næringsverksemd, og slik skapa større utviklingsmuleheder i eit trangt sentrum.

Meiner det er svært viktig at den nye planen er fleksibel i høve til endra føresetnadjar i behovet for bustadar og næringslokal, og i samspelet mellom desse. Er i utgangspunktet einig i at 1. etasje i sentrum bør nyttast til næring, men er meir oppteken av at det er liv i bygningane enn av at dette er eit absolutt krav, og meiner planen bør vera fleksibel på dette området.

Ser det som naturleg i ein moderne by at det vert skapt konsentrerte bydelar. Meiner det vil gjera det lettare å skapa trivsel i buområda og auka tilgjengelet for publikum til område med forretnings- og anna næringsverksemd. Meir konsentrerte næringsområde, i ein form for "gatekjøpesenter", der ein finn alt på eit lett tilgjengeleg og høgkonsentrert område, vil gjera det meir attraktivt å driva næringsverksemd her, og skapa ny giv på gateplan i sentrum. Eit slikt grep vil vera eit viktig steg i arbeidet med å imøtekoma ein moderne handels- og opplevingskultur.

Briskebyen vert i dag sett på som eit aktuelt bustadområde. Området er tilbaketrekt frå gjennomgangstrafikk og har fin tilgang til naturområde.

Administrasjonen

Kommunen legg opp til fleksibel arealutnytting i Fagernes og Leira sentrum ved å visa store delar av dei definerte sentrumsområda med sentrumsføremål med tilhøyrande føresegner og retningsliner for utarbeiding av detaljplan. Enkelt område skal imidlertid brukast til spesielle føremål, og desse er vist på plankartet med tilhøyrande føresegner og retningsliner for utarbeiding av detaljplan.

Meiner at retningslinene om kor det skal vera næring i 1. etasje i hovudsak bør vidareførast, men føreslår å ta ut Gullsmedvegen slik at retningslinene blir slik:

"Det er lov med kjellar dersom forholda ligg til rette for det. Det kan etablerast leilegheiter i 1. etasje i bygningar som ikke har fasade mot Valdresvegen, Jernbanevegen, Skiferplassen el. Skrautvålsvegen mellom Skiferkrysset (avkjøringa til Skiferplassen frå Jernbanevegen) og Valdresvegen.

Første etasje i bygningar med fasade mot Valdresvegen, Jernbanevegen, Skiferplassen eller Skrautvålsvegen mellom Jernbanevegen og Valdresvegen skal nyttast til forretningsføremål. Det er lov med leilegheiter som vender mot bakgarden i desse bygningane i 1. etasje, men minimum halvparten av 1. etasje må avsettast til forretningsføremål".

02.09.12 John Lie på vegne av Storstølknatten AS vedr. Storstøllie

1. Stiller seg undrande til at kommunen skriv at Storstøllie ikkje ligg innanfor satsingsområdet Aurdalsåsen. Dei kjenner ikkje til at det finst ei grense for avgrensinga av satsingsområdet Aurdalsåsen like aust for hytteområdet i Storstøllie, der det har vore utbygging dei 6 siste åra. Kva vedtak er gjort om dette? Det kan ikkje vera slik at gamle planar set avgrensingar for den nye kommuneplanen som skal utarbeidast. Det er ikkje annonsert/eller lagt som ei premiss for vidare planlegging.

2. Tiltakshavar har heile tida under planlegginga av Storstøllie hatt planar om vidareutvikling austover, og dette har vore signalisert overfor kommunen. All infrastruktur er etablert med sikte på dette. Ved behandling av VA-planen for Storstøllie fekk dei tilbakemelding om at planen måtte tilpassast ei utviding av hytteområdet austover.

3. Storstølknatten har lagt ned store ressursar for gjennomføring av utbygginga av Storstøllie, og andre område på Aurdalsåsen, t.d. Valaknatten, og på denne måten bidrige sterkt til reiselivsutviklinga på Aurdalsåsen. Det er ikkje likegyldig kven som blir gitt mulegheit til å utvikla slike område.

4. Område H58d (adm: H19) sør for Storstøltjednet som det er gitt grønt lys for, strekk seg like langt austover som dei områda Storstølknatten føreslår for utviding av Storstøllie.

5. Ber om at kommunen vurderer føreslegne utviding av Storstøllie som eit seriøst tiltak for å fremma reiselivsutviklinga på Aurdalsåsen spesielt, og sørger for at områda blir lagt inn i den nye kommunedelplanen for Aurdalsåsen.

Administrasjonen

1. Som ein del av kommuneplanprosessen er avgrensing av dei 3 satsingsområda i kommunen kartfesta. Formannskapet vedtok gjeldande avgrensing 03.02.11 i sak 004/11. Saksutgreiinga og karta er tilgjengeleg på heimesida til kommunen.



For å ha mulegheit til å kunna vurdera dei ulike innspela utifrå retningslinene som kommunestyret vedtok 16.12.10 (samfunnsdel, kommunal planstrategi og planprogram for revisjonen av arealdelen) var det heilt avgjerande å få på plass ei kartfesta avgrensing av satsingsområda som galdt for alle innspel. Det har vore høgst ulik oppfatning av kva område som inngår i dei ulike satsingsområda gjennom åra. Med vedtaket 03.02.11 har kommunen definert kva areal me meiner inngår i dei ulike satsingsområda.

2. Ein er kjent med at tiltakshavar heile tida under planlegginga av Storstøllie har hatt planar om vidareutvikling austover. Ein kan ikkje sjå at det er lagt føringar som tilseier at kommunen har vore aktiv i å tilrettelegga for vidare utvikling austover, til det var nok protestane mot det som blei vedtatt utbygd for store. Ein er kjent med at det vart lagt fram eit forslag til VA-plan med større dimensjonar på leidningsnettet enn det som var nødvendig for feltet, og at kommunen ikkje gjekk i mot dette, men Storstølknatten ville fått godkjent ein VA-plan med mindre dimensjonar på leidningsnettet enn det som vart føreslått.

3. Ein undervurderer ikkje verdien av det som er gjort, men det vil neppe vera rettferdig, overfor alle andre som har kome med innspel, å sjå vekk frå retningslinene som er vedteke for revisjonen av arealdelen.

4. Område H19 ligg innanfor avgrensinga av satsingsområdet Aurdalsåsen.

5. Alle innspel som har kome er vurdert som seriøse tiltak for å fremma reiselivs-/næringsutvikling. Innspelet om hytteområde i Storstøllie er ikkje i samsvar med retningslinene som er vedtatt for revisjonen av arealdelen.

12.-20.03.13 Styret i Storstøllie vel og i tillegg 35-40 enkeltinnspele frå hytteeigarar i innanfor gjeldande reguleringsplan for Storstøllie

Støttar administrasjonen si vurdering av at innspelet frå Storstølknatten om utbygging vidare austover ikkje er i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen til kommuneplanen.

Dei hevdar at dei ikkje har motteke nokon signal om at det er planlagt eit nytt felt på 43 hyttetomter der vegnettet i Storstøllie skal vera hovudårer til det nye feltet. Dei er av den

formeining at tilkomstane er ueigna for føremålet, og at dei som i dag bør brukast som tur- og skiløyper til omkringliggende friluftsområde.

03.09.12 Norunn og Odd Jørgen Lyseng vedr. eigedom 22/2 på Ranheimsåsen

Viser til at på 1990-talet tok Statens vegvesen i samband med vegen over Ranheimsåsen prøver av grunnen langs Raukøllhallvegen. Dei fann masse på eigedomen deira som er godt eigna til knusing, og sidan det, ifølgje dei, no er mangel på masse til m.a. å vedlikehalda vegr, så ønskjer dei å knusa masse på dette området. Dei har snakka med eigaren av 23/4 (teigen som er avgrensa med grønt) som er positiv til å vera med på dette.



Administrasjonen

Administrasjonen meiner det arealmessig sett ikkje vil vera riktig å vurdera eit område for råstoffutvinning berre på eigedom 22/2 og 23/4. Halve kollen ligg på eigedom 22/1, og det må vera ein føresetnad at heile denne inngår i planane. Per telefon 22.03.13 uttaler nabo i sør/søraust (den eigedom der Svartetjednet, og halve kollen ligg), at vedkomande i utgangspunktet stiller seg positiv til forslaget.

Området er heilt skogkledd i dag, og grensar inntil Svartetjednet på eigedom 22/1 (50 metersgrense). Administrasjonen meiner det utifrå eit miljø- og transportmessig synspunkt er viktig å legga til rette for masseuttak også i denne delen av kommunen, sjølv om innspelet ikkje er heilt i samsvar med retningslinene for revisjonen som seier at ”*Nye utbyggingsområde og område for råstoffutvinning skal konsentrerast til eksisterande område og i tilknyting til eksisterande infrastruktur*”. Eit område for råstoffutvinning her vil bli godt skjult, og sjenera få. Vegen i området er ein tømmerbilveg som tidvis blir brukt til friluftsføremål. Administrasjonen tilrar at det blir vist område for råstoffutvinning her (R7).

03.09.12 Svein Jørgen Ranheim og Jørgen Ranheim vedr. eigedom 19/1 og 21/39 ved Kruk

Meiner det er ei merkeleg tolking av retningslinene at innspelet på eigedom 19/1 (Søljehøyda) er avvist. Meiner at det ikkje kan vera noko poeng at berre dei som har selt hyttetomter frå før skal kunna frådela nye tomter. Det viktige og fornuftige må vera at hyttene blir bygd mest muleg samla og på dei areala som er eigna til hyttebygging, slik at ein kan ta vare på dei mest verdifulle jord- og skogressursane. Når desse vilkåra er oppfylt bør det vera likt for alle å bygga hytter.



Ønskjer som andre å selja hyttetomter for å auka inntektsmulegheitene til garden samtidig som Svein Jørgen kan gjera grunnarbeidet på hytter sjølv og elles hjelpe til med bygging av hytter. Skriv at det er hytter både nedanfor og ovanfor teigen, og at det er hytter på fleire av naboteigane. Meiner derfor at forslaget deira heilt klart er i tilknyting til eit eksisterande hyttefelt.

På eigedom 21/39 (Leireteigen) er det aktuelt å fortetta og utvida i den nord-austre enden mot Kruk jednet. I grunnlagsdokument 2 er alle planar i Kruk-området føreslått avvist fordi det trengs ein felles plan for vatn og kloakk. I samband med tilbygg og nybygging på hytter i Leireteigen er grunnen undersøkt av konsulent, og han konkluderte med at det var gode forhold for infiltrasjon. Graving av veg og tomter viste òg ei lett morenejord med innslag av grus.



Det er drastisk å stoppa all utbygging i eit såpass attraktivt område som Kruk, og dei meiner kommuneplanutvalet må gjera ei meir grundig vurdering av forholda i kvart enkelt tilfelle, og sørge for at det skjer i utvikling i heile kommunen.

Administrasjonen

19/1 - Administrasjonen meiner at det å legga til rette for hyttebygging her i denne samanheng verken kan reknast som fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt.

21/39 – Sjølv om ein rapport har konkludert med at det er gode forhold for infiltrasjon her, så manglar ein ei heilskapleg vurdering av vatn- og avløpssituasjonen i heile Kruk-området. Det er knytt stor usikkerheit kring forureiningsfare i Kruk-området, og utifra prinsippet om førevar meiner administrasjonen at det ikkje bør leggast til rette for fleire hytter her før det er gjort grundigare vurderingar for heile området.

03.09.12 Svein Jørgen Ranheim og Thomas Ranheim vedr. eigedom 19/1 ved Kruk

Som ledd i eit arveoppgjer ønskjer dei å dela frå ei hyttetomt på eigedom 19/1. Sjølv om det ikkje er frådelt hyttetomter i teigen (Sølvehøvda, sjå forrige merknad), er det frådelt mange hyttetomter på naboteigane. Meiner derfor at ei ev. tomt blir liggande i tilknyting til eksisterande hyttefelt. Viser òg til at det går straumline over teigen til mobilmasta på Sølvehøvda.

Administrasjonen


Administrasjonen meiner at det å legga til rette for hyttebygging her verken kan reknast som fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt i denne samanheng. Arveoppgjer er ikkje nokon grunn som kan vektleggast ved vurdering av om eit område kan leggast ut til byggeområde.

03.09.12 Knut Westerbø vedr. eigedom 110/16 m.fl.

1. Veldig lite nøgd med behandling av fellesinnspelet som kom frå Vestningsbygda i 2007. Er kjent med at utmarkslaget og grunneigarlaget har teke opp dei meir overordna sidene ved dette, og konsentrerer seg derfor her om eigedomen sin 110/16 m.fl. Dette gjeld Kvitinglié, Sandebekklié og Hærevatnet.

Kvitinglié

2. Ingen av dei 15 hyttene i reguleringsplan for Kvitinglie er utbygd, ei vesentleg årsak til dette er at den planlagde vegløysinga er svært kostbar og at det er for få hytter å dela kostnadane på. Ved godkjenning av planen låg det med ei skisse som viste 8 tomter som mulegens kunne byggast på etter 1990. Vegløysinga som vart valt tok omsyn til denne mulegheita.



3. Registrerer at det i planforslaget på gnr/bnr 110/80 er gitt eit tillegg på to tomter til dei 3 som inngår i reguleringsplanen.

4. Det er viktig at alle som er involvert i reguleringsplanen blir trekt med ved ein revisjon av han. Det må til eit samarbeid, ikkje minst på vegsida. Sidan han har størst interesser i høve til gjeldande reguleringsplan, og eig dei omkringliggende områda og tilkomstvegen (Kinnsvegen), meiner han at kommuneplanen må opna for ein litt vidare utviding av hyttefeltet.

5. Ei utviding med 8-10 tomter slik som vart vist som mulegheit ved godkjenning av planen, vil kunna gje grunnlag for ein revisjon av reguleringsplanen med deltaking frå alle involverte. Det vil då bli muleg å få til ei betre vegløysing og ei betre plassering i høve til vassdrag.

Hærevatnet

6. Her står den gamle familiehytta, og dei andre hyttene og ei tomt tilhøyrer nærmeste familie. For å kunna tilfredsstilla tilknytinga til familiemedlemmar til både garden og familien, er det svært viktig at det blir opna for ei forsiktig fortetting her. I det innsende planforslaget har planleggar teikna inn eit forholdsvis stort område her, og det er grunngjevinga til kommunen for å avvisa innspelet. Meiner at løysinga er å redusera området vesentleg, til ei fortetting på 4-5 nye hytter mellom eksisterande hytter. Det er behov for fleire medeigarar i vegen som ender ved Huldrastølen, slik at det kan bli fleire å dela kostnadane på.



Sandebekklié

7. Samtlege 8 hyttetomter som vart godkjent i reguleringsplan for Øvre Sandebekklia på eigedom 110/16 i 1994 er utbygd. Det ligg naturleg til rette for ei lita utviding av hyttefeltet, og vil ikkje medføra nokon negative konsekvensar for nokon. Planleggar har også for dette feltet teikna inn ei noko større utviding, og det er tydelegvis årsaka til at innspelet er avvist. Utvidinga kan reduserast vesentleg.



Handa viser teigen det gjeld.

Administrasjonen

2. Ei av tomtene i reguleringsplanen er frådelt (nr.14), og ligg ikkje der ho er vist i planen, ho ligg utanfor planavgrensinga (turkis avgrensing over), Kvitingen i nordaust.

3. Plan- og miljøutvalet stilte seg i 1997 positive til at "*det på gnr. 110/80 fremmes planforslag for ytterligere to hyttetomter i tillegg til allerede vedtatte tre tomter i stadfestet reguleringsplan for Kvittingslien*".

4./5. Ei utviding som skissert er ikkje i tråd med retningslinene for revisjonen av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen tilrådde at reguleringsplanen vart revidert samla som følgje av

ein søknad om ein midlertidig veg på eigedom 110/81, og flytting av 2 tomter der, samtidig som ein har eit politisk vedtak der ein er positiv til 2 ekstra tomter på eigedom 110/80. Ein ser at det er kostnad med både revisjon av reguleringsplanen, noko som gjeld fleire i same situasjon, og utfordringar både i høve til vegløysing og kostnad med etablering av veg. Likevel kan ein ikkje sjå at dette skulle medføra at ein skal sjå vekk frå retningslinene for revisjonen.

Dersom reguleringsplanen vert revidert meiner ein imidlertid at det bør kunna opnast for å fortetta innanfor avgrensinga av gjeldande reguleringsplan.

6. For dei aller fleste er argument som familietilknyting og behov for fleire å dela utgifter på argument som kan trekkast fram, og kan derfor ikkje vektleggast.

Innspelet er ikkje avvist av kommunen. Aktuelle del av eigedom 110/16 ved Hærevatnet inngår i innspel D på 290 daa frå Veststringsbygda. Ved vurdering av innspelet, har kommunen med bakgrunn i retningslinene for revisjonen av arealdelen, vurdert innspelet slik at det kan opnast for 2 mindre område for hyttebygging innanfor D. Kven som eig arealet der desse 2 områda ligg er uvesentleg for vurderingane som er gjort.

7. I mange innspel ligg det naturleg til rette for utviding, samtidig som utvidingane sannsynlegvis ikkje vil medføra nokon negative konsekvensar for nokon. Alle desse innspela kan ikkje godkjennast, og dei har derfor blitt vurdert etter retningslinene for revisjonen av arealdelen. Aktuelle del av eigedom 110/16 i Sandbekklié inngår i innspel F på 190 daa frå Veststringsbygda. Innspelet er ikkje avvist av kommunen. Ved vurdering av innspelet, har kommunen med bakgrunn i retningslinene for revisjonen av arealdelen, vurdert det slik at det kan opnast for 1 mindre område for hyttebygging innanfor F.

03.09.12 Nord-Aurdal Venstre

vedr. utvikling Sørskogen – Bjørgo – Bjørgoåsen – Aurdal - Aurdalsåsen

Meiner at utbyggjarar av område som vert regulert til fritidsbustadar, bustadområde og nokon gonger næringsområde skal delta i finansiering av felleskostnad som skiløyper, lyssetting, gangvegar, ridevegar, bruer, parkeringsplassar og andre aktuelle føremål. Dette er utprøvd i andre kommunar og bør kunna brukast her i kommunen og. Utbyggjararar av eit område må setta av ein viss sum per tomt til felleskostnad, og dette må gjerast i ei utbyggingsavtale for det aktuelle området.

Aurdalsåsen

1. Stiller spørsmål ved om det er teke omsyn til kryssing av turløyper i terrenget for ski, fot- og sykkelturar, hestar og hundar? Kan ein gjera noko med det i planarbeidet?
2. Ein bør parallelt med arealplanarbeidet starta opp ein heilsaksplan for området i samsvar med InnovasjonNorge si ”Hviteboka for utvikling av reisemål”.
3. Det kan vera aktuelt å tenka fritidsbustadar ned i bygda og, viser til eigedom 96/6 og 99/1 der det er søkt om bustadområde. Tomtene vil bli rimelegare, og kunna gje ein ny marknad.
4. Det er attraktivt med hytter som ligg for seg sjølv, og ikkje tett utbygging. Kommunen bør vera offensive og undersøka slike område.
5. Lag ein offensiv handlingsplan for bruk av fritidsbustaden som bustad.

Kva vil me med Aurdal, kva mulegheiter kan utnyttast no, stadutvikling

6. Utvikling kan startast med ”Hviteboka” frå InnovasjonNorge som verktøy. Boka inneheld arbeidsmodell for prosessen. Ho viser m.a. samanhengen mellom kommunal planlegging og

arealforvaltning. Det er gitt ein del moment som kan nyttast i arbeidet og kan/bør startast opp no.

Sørskogen – Bjørgo – Bjørgoåsen

7. Bør sjåast som ein naturleg eining saman med Aurdal.
8. Ein av fordelane til Sørskogen er at det ligg nær Gjøvik, Hønefoss, Lillehammer og Oslo. Det har alt gitt resultat i godt utvikla hyttebygging på Bjørgoåsen, og det finst ca. 100 byggeklare tomter med vanleg standard.
9. Lokaliseringa er gunstig også i høve til arbeidsplassar, det er 10 min til Bagn, 35 min til Dokka og 1t 15 min til Hønefoss.
10. Det bør vera fleire bustadomter her og Venstre føreslår at kommunen tek kontakt med mulege grunneigarar med mål om dette.
11. Lokalisering sør i kommunen er også ein fordel i høve til attraktive næringsområde, med godt klima og mykje sol. Desse bør plasserast nedanfor E16. Skogen mellom områda og vegen må behaldast og god byggeskikk utvisast.
12. Føreslår å legga hytteområda inn i same heilskaplege handlingsplan som Aurdalsåsen. Områda høyrer saman i fritidsaktivitetane.

Administrasjonen

1. Det skal ved detaljplanlegging takast omsyn til kjente turløyper. Tur- og løypeplan er ikkje ei prioritert planoppgåve i kommunal planstrategi for 2012-2016.
2. Dette er ikkje ei prioritert planoppgåve i kommunal planstrategi for 2012-2016, og bør heller ikkje prioriterast, då det vil gå utover framdrifta til revisjonen av arealdelen.
3. Nye område for fritidsbustadar bør i samsvar med dei langsiktige retningslinene for arealbruk i kommunal planstrategi framleis konsentrerast til utmarksområda av kommunen. Innspela om bustadområde på 96/6 og 99/1 er i det alt vesentlege avvist. Bruk av områda til fritidsbustadar er ikkje i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen.
4. Dette er i strid med nasjonal politikk og retningslinene for revisjonen av arealdelen.
5. Utarbeiding av ein slik handlingsplan er ikkje prioritert i valperioden, jf. kommunal planstrategi for 2012-2016. Før ein ev. aktivt marknadsfører ein slik mulegheit må ein tenka nøye gjennom konsekvensane m.o.t. helsetenester og andre offentlege tilbod.
6. Dette er ikkje ei prioritert planoppgåve i valperioden, jf. kommunal planstrategi for 2012-2016.
- 10./11. Kommunen har ikkje motteke innspel om bustadområde på Bjørgo, men forsøkte ved forrige revisjon å legga ut område her, men desse reiste Fylkesmannen motsegn til p.g.a jordvernomsyn. Utifrå at ein ikkje har motteke innspel om bustadfelt her, og det heller ikkje er stor etterspurnad etter bustadomter i Bjørgoområdet er det ikkje vist nye område for bustadbygging her. For øvrig er det 5-10 ubygde tomter her innanfor reguleringsplan for Bjørgo. Ev. søknadar om bustadomter utover dette vil måtta behandlast etter retningslinene for dispensasjon. Det vart godkjent eit næringsområde (E3) i arealdelen til kommuneplanen i 2009 på Bjørgo. Øvrige forslag vart tekne ut p.g.a. motsegn frå Fylkesmannen.

03.09.12 Ørrin, Norsk ornitologisk foreining Valdres lokallag, foreningen for fuglevern, v/leiar Trond Øigarden

Oppmoder kommunen om å vidareføra politikken med å vera forholdsvis streng og konsekvent i høve til 100-meterssona langs vassdraga i kommunen og sørgra for at det også i framtida vil vera inngrepssfrie område i kommunen, m.a. ved å vidareføra hyttebyggingspolitikken med fortetting eller (minimal) utviding av eksisterande felt.

Det er ikkje utarbeidd ei samla oversikt over miljøstatus i kommune, kartlegging av biologisk mangfald (herunder viltkartlegging) er ikkje fullført, kommunen har ikkje oversikt over raudlisteartar og ansvarsartar og sårbarheitanalyse utarbeidd, dei viser til merknaden sin til kommunal planstrategi. Dette er verktøy som hadde vore bra å ha ved utarbeidingsa av denne planen, og så lenge desse elementa ikkje er på plass så forventar dei at kommunen fører ein streng politikk ("føre var") m.o.t. nye inngrep og utbyggingar.

Administrasjonen

Det er føreslått ei lemping på 100-metersbeltet. Det er føreslått redusert til 50 m langs vatn på under 200 da og langs mindre bekkar.

03.09.12 Forum for natur og friluftsliv

1. Moderat fortetting av eksisterande utbygde område gir meir berekraftige framtidsløysingar enn å beslaglegga stadig nye. Framtidige utbyggingar må ikkje redusera viktige kulturlandskapsområde og må sikra omsynet til behovet for jordvern. Ev. utbygging i strid med dette vil både kunna redusera naturkvalitetar, landskapsverdiar og mulegheita til alle til å driva friluftsliv i områda. Nasjonale målsettingar om å behalda utørte område intakte, vil og vera i strid med denne type utbyggingsplanar.
2. Transport står for halvparten av dei totale klimagassutsleppa i Oppland. Det er derfor veldig viktig at kommunane legg meir vekt på samordna areal- og transportplanlegging. Ny utbygging som har eit konsentrert utbyggingsmönster som støttar opp om knutepunkt og kollektivaksar, er ein viktig strategi for å redusera transportbehovet og stimulera til meir miljøvenlege transportformer. Planforslaget som bryt med dette må takast opp til ny vurdering. Arealplanlegginga må medføra reduserte klimagassutslepp, redusert energibruk og redusert transportbehov.
3. Målsettingar i klima- og energiplanen til kommunen må vera forpliktande for arealplanlegginga i kommunen.
4. Ser det i tillegg som viktig at nye utbyggingsplanar ikkje kjem i konflikt med målsettinane i naturmangfaldlova.
5. Ber om at følgjande moment vert innarbeidd i planen:
 - a) Det må leggast til rette for gode mulegheiter for å driva friluftsliv nær bustad.
 - b) Kartlegging av biologisk mangfald i området blir styrka og det blir utarbeidd handlingsplanar for enkeltartar og leveområda deira i samsvar med målsettingane i naturmangfaldlova.
 - c) Vern etter plan- og bygningsloven av særleg verdifulle område for biologisk mangfald
6. Meiner at brei medverknad i prosessen er viktig og ber om at dei og lokalorganisasjonane deira vert invitert til å delta i arbeidsgrupper o.l.

Administrasjonen

3. Kommunen har som mål å starta opp arbeid med klima- og energiplan i løpet av noverande kommunestyreperiode.
- 5 a) Det er gode mulegheiter for å driva friluftsliv i overkommeleg avstand frå alle bustadar i Nord-Aurdal.
- b) Dette er ikkje ei prioritert oppgåve i samband med denne revisjonen av arealdelen.
- c) Dette er ikkje ei prioritert oppgåve i samband med denne revisjonen av arealdelen.


03.09.12 Aud og Per Einar Tveit vedr. eidegom 25/1 på Fagernes

Nytt revidert innspel tilkommuneplanen

Område "bolig 1", 11.2 daa leilegheiter


1. Kommunen overtok i 2011 16 daa av den dyrka marka på garden, og det er no att så lite dyrka mark att at uansett kva ein vel å bruka det til så er det på ingen måte drivverdig. Viser til kommentaren til kommunen i planomtala for Tveit skuleområde i samband med forslag om å visa resterande del av jordet til friområde: ”*Konsekvensene av en slik utbygging må bli at gårdsbruket Tveit ikkje kan opprettholdes som en selvstendig og formålstjenlig produksjonsenhet innenfor landbruket*”. Stiller spørsmål ved om dei kan trekka den konklusjon at jordvernet no ikkje spelar like stor rolle lenger i denne saken.

2. Oppland fylkeskommune sin kommentar om at alt areal trengs til oppvekstsenteret og at det derfor ikkje kan aksepterast eit bustadområde her, er ikkje særleg relevant i høve til dagens situasjon, jf. s 10 i grunnlagsdokument 3. Det er heller ingen nabobruk som naturleg kan gjera seg nytte av den dyrka marka no. Håpar kommunen kan gå inn for omregulering av området.



Område ”bolig 2”, 3.26 daa leilegheiter og B8

3. Ber om at område B8 blir utvida med 3.26 daa (bolig 2). Viser til at det er plass til for få einingar til å dela grunninvesteringane på i område B8, samtidig som det er ei utfordring å få til tilkomstveg på ein god måte. Ønskjer å legga til rette for tilkomstveg frå vest/sørvest, jf. kartutsnitt. Dette vil gje lettare og betre tilkomstmulegheiter via Tveitavegen til det nye bustadområdet, og ein vil kunna få laga ein heilskapleg plan for området både med tanke på grunninvesteringar og bruk av ein ev. etappevis utbygging.



Bolig 3 nede til venstre, ny tilkomstveg til B8 (og bolig 2) vest for bolig 3

Nytt bustadområde, ”bolig 3”, 1.87 daa.

4. Det ligg att ”ei tomt” mellom eigedomane 25/242 og 25/246. Føreslår eit makeskifte med kommunen for å få plass til ein tomannsbustad her. All nødvendig infrastruktur er lett tilgjengeleg i Tveitavegen.

Andre ting

5. Meiner at verken innspel a, c eller d i det opprinnelige innspelet er spesielt konfliktfulle. a (bolig 1) er trekt mot vest, slik at det vert avsett areal til skileikområde, dei har teke ut område d frå tidlegare innsendte innspel. c er redusert, og er ikkje like stort lenger p.g.a. utfordrande/bratt terreng (B8). Det er lagt inn ny tilkomstveg til området, der det på tidlegare innsendte innspel var tenkt bustadbygging. Tilleggsområdet (bustad 2) er eit skogsområde som ingen nyttar til noko. Dette bør ikkje vera konfliktfylt, med mindre kommunen legg opp til å ta spesiell omsyn til naboane Endrerud og Isachsen som begge får tomtegrenser til dette området.

6. Kommunen har ved fleire høve etterlyst sentrums-/skulenære område til bustadbygging. Dei har sidan 2001 prøvd å få til ein dialog vedr. dette, men med lite hell. Håpar at dei no kan få til denne dialogen, og at kommunen ser heilskapleg og praktisk på utbyggingssøknadane dei har fremma her.

7. Håpar kommunen tek med i vurderinga samarbeidet som har vore omkring Tveit skuleområde det siste året.

Administrasjonen

1. Kommunen sin konklusjon om at *"Konsekvensene av en slik utbygging må bli at gårdsbruket Tveit ikkje kan opprettholdes som en selvstendig og formålstjenlig produksjonsenhet innenfor landbruket"* betyr ikkje jordvernet gjeld for resterande areal. Området vart vurdert under forrige revisjon av kommuneplanen for bygdene, som vart godkjent i 2009, og avvist fordi det ligg på dyrka mark. Området er dessutan rasutsett. FMiO har tidlegare vore klar på at det er uakseptabelt med eit nytt bustadområde innanfor avgrensinga av skuleområdet.

2. Administrasjonen stiller seg skeptisk til å tillata etablering av tilkomstveg i så bratt terreng. Tilrettelegging av veg her vil medføra store terrengeingrep samtidig som rasfaren vil kunna auka p.g.a. terregendringane. I tillegg til den nye tilkomstvegen her vil ein dessutan måtta etablera meir eller mindre same vegnett som tidlegare er skissert i området. Ein meiner det bør vera unødvendig.


Ved 1. offentleg ettersyn av planforslaget vart det argumentert for å utvida B8 for å kunna å legga betre til rette for etablering av nødvendig infrastruktur, utvidinga vart innarbeidd i planforslaget. Tilkomstvegen som ein no føreslår å bruka til B8 er identisk med tilkomstvegen som skulle brukast i eit innspel om bustadområde som vart avvist.

4. Området mellom eigedomane 25/242 og 25/246 er regulert til friområde, og det skal leggast til rette for parkmessig opparbeiding av det, jf. reguleringsplan for Vesletveit godkjent 13.10.2005. Området er del av ein større heilskap der det er lagt til rette for konsentrert bustadbygging samtidig som det ligg ein offentleg institusjon her. Det vart lagt til rette for mange bustader, som framleis ikkje er realisert, ved utarbeiding av reguleringsplanen for området. Ein kan ikkje sjå at det er grunnlag for å legga til rette for endå fleire bustadar i området, når ein ser at bustadene som det alt er lagt til rette for ikkje blir realisert.




05.09.12 Alf Egil og Anne Britt Sørum vedr. eigedomane 99/1 i Aurdal og 112/5 på Liaåsen

a) Meiner at arealet på oversida av E16 ikkje er for bratt for bygging av tomter etter deira syn. Kommunen bør sjå på tilsvarende område på Fagernes og Leira der det er godkjent utan at kommunen har meint det er for bratt. Området dei har føreslått er ikkje eigna til jordbruk, men betre eigna til bustadtomter. E16 vil dessutan ikkje bli gåande der han gjer i dag i framtida. Sjå på kva kommunen har føreslege her tidlegare vedr. E16.



b) I saneringsplanen så er det forslag om etablering av leidningsnett for vatn og avløp frå Søre til Solvang.



c) Gjeld byggeområde h18 (tidlegare godkjent byggeområde). Skriv at kommunen meiner at dei kan selja tomter ute i myra der det er forslag om å demma opp Ørmekula for å bli kvitt vegetasjonen. Meiner det er heilt feil då dei ved etablering av desse tomtene må bruka ein tilkomstveg som dei ikkje er medeigarar i. Samtidig står det område rett ovanfor parkeringsplassen på deira eigen grunn som er turr og mykje betre eigna då det ikkje vil vera framtredande tomter der.

Ønskjer å flytta h18 til arealet aust for myrområdet på 112/5 på kartet under.



Dei vil ha synfaring på alle 3 områda, og eit svar på brevet snarast og ein dialog om desse områda før det blir bestemt.

Administrasjonen

Innspelet er svart på i brev datert 02.10.12, og det er gjort greie for kvifor ein meiner det ikkje er nødvendig å synfara nokon av dei 3 områda og korleis dei ulike områda er vurdert i samsvar med kommentarane under punkt a, b og c.

a) Det er godt muleg E16 ikkje blir liggande der han ligg i framtida, men inntil vidare er det gjeldande situasjon, og den må alle forhalda seg til. Arealet som kommunen meiner er best eigna til bustadføremål ligg i byggeforbudssona langs E16, og det kan derfor ikkje leggast til rette for bustadbygging der. Kommuneplanen skal reviderast regelmessig, og i framtida kan det ligga andre vilkår til grunn for revisjonen av arealdelen enn i dag. Med unntak av arealet i nord-aust på eigedomen, der det er vist 1 tomt, meiner ein at det ikkje bør leggast til rette for bustadbygging sidan det er relativt bratt der. For øvrig inngår heile det aktuelle området på aktsomheitskartet for snøskred (utløpsområde), jf. www.skrednett.no.

b) Når det gjeld det andre forslaget om bustadområde så ligg det på dyrka mark. Med 200 innspel til kommuneplanen, så bør ikkje kommunen prioritera å legga til rette for bustadbygging på slike areal, og særleg ikkje på areal som vart føreslått nytta til bustadområde ved forrige revisjon i 2009 og som fylkesmannen reiste motsegn til nettopp p.g.a. jordvernomsyn. Jordvernet er ytterlegare styrka etter den tid.

c) Kommunen har ein stor hyttereserve, og ein har fått tydlege signal frå overordna styresmakter om at ein skal sjå kritisk på eksisterande og nye hytteområde. Dersom det er forhold som tilseier at eit byggeområde ikkje bør vera byggeområde, slik det her går fram, bør det takast ut av planen. Subsidiaert kan byggeområdet flyttast til eit område som ivaretok dei

opprinnelege intensjonane med byggeområdet. Alle nye byggeområde skal vera i samsvar med retningslinene for det pågående planarbeidet.

Administrasjonen frårår sterkt mot å splitta byggeområde h18 i 3, og plassera det vilkårleg på andre stadar på dei 3 nemnde eideomane. Ei slik oppstykking av byggeområdet vil vera i strid med intensjonane for godkjenninga av det i kommunedelplan for Liaåsen, der dette byggeområdet vart godkjent som følgje av at det låg gunstig og strategisk til i høve til utbygginga som har føregått i Sør-Aurdal. Det vil dessutan vera urettferdig overfor fleire andre som har kome med innspel til kommuneplanen. Utbygging av hytteområde krev i dei fleste tilfelle samarbeid. Dersom h18 skal flyttast inneber dette at heile byggeområdet må flyttast samla og vera maksimalt ca. like stort (35 daa), og at kravet om felles reguleringsplan framleis gjeld. Området det ev. blir flytta til må ligga slik til at det er i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen.

Administrasjonen meiner at uansett kor du flyttar byggeområdet til på eideom 112/5 så vil det ikkje på nokon måte kunna sjåast som ei utviding av eit eksisterande hyttefelt slik dette er definert i denne planprosessen, og heller ikkje som ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt. Næraste hyttetomt frå føreslått område ligg kring 200 meter unna (i Sør-Aurdal).


d) Grunneigar har kravd at kommunen kjem på synfaring i dei 3 områda. Administrasjonen har i brev 02.10.12 gitt tilbakemelding om at ein vurderer det som ikkje nødvendig, og at ein vanskeleg kan forsvara at ein skal bruka tid på å synfara desse 3 områda framfor dei 200 andre innspela som har kome til kommuneplanen. Administrasjonen meiner det er feil og urettferdig ressursbruk.

06.09.12 Harry Moshagen på vegne av Ivar Jørgensen vedr. eideom 110/72 i Vestrebygda sameige

Utsett innleveringsfrist til 07.09.12 med bakgrunn i e-post oversendt 27.08.12.

Eideom 110/72 har iflg. skulddelingsforretninga eit areal på 6 daa, og det er bygd 1 fritidsbustad her. Jørgensen ønskjer å vidareutvikla eideomen. Det er veg fram til eideomen via Nordre Fjellstølen i Sør-Aurdal, og denne vegen gir og tilkomst til fleire andre fritidseideomar ved Haugsjøen.

Planforslaget ved 1. off. ettersyn viser eit nytt byggeområde H14 der avgrensinga ligg langs den vegen som er nemnt over, omtrent parallelt med Haugsjøen. Alle dei seks fritidseideomane langs vasskanten ligg utanfor planområdet. Plangrensa knekker ca. 90° ved fritidsbustaden til Jørgensen. Ettersom eideomen ikkje har målebrev, er ikkje tomtegrensa vist i kartet. Det kan tenkast at plangrensa går gjennom eideomen, som i gitte tilfelle kan vera ei ulempe for vidare utvikling av eideomen. Ber om at heile eideom 110/72 vert innlemma i byggeområde H14.



Administrasjonen

I og med at eigedomen ligg inntil eit føreslått byggeområde, og det i tillegg er usikkert om delar av han ligg innanfor det, så meiner ein at det kan vera riktig å utvida byggeområdet slik at heile eigedomen inngår i det. Avgrensinga av byggeområdet skal ta omsyn til at det ligg eit akt somheitsområde for snøskred og steinsprang nord/nordaust for eksisterande fritidsbustad på eigedom 110/72. Ev. vidareutvikling av eigedomen føreset reguleringsamarbeid med eigarane av 110/38 og 46. Ein meiner det i tillegg kan vera naturleg å ta med dei 5 resterande hytteeigedomane i H14 med sikt på at dei vert teke inn i reguleringsplanen slik at alle eigedomar inntil Haugsjøen får like og klare føringar for vidare utvikling av eigedomen. Slik desse 5 er vist på plankartet må det søkast dispensasjon for vidare utnytting av dei enkelte eigedomane.

06.09.12 Knut Revling vedr. innspel frå Vestningsbygda grunneigarlag og utmarkslag

Støttar brevet frå Vestningsbygda grunneigarlag og utmarkslag som vart sendt kommunen 24.08.12. Vil som større grunneigar i området, påpeika at han er sterkt ueinig i behandlinga av innspelet deira for eigedomen hans. Dei har aldri søkt om hyttetomter før, og dei har søkt om eit område der det i dag finst hytter og fastbuande.

Viser og til at dei tidlegare har fått tildelt 9 hyttetomter utan at dei har ønska dei, desse er umuleg å selja p.g.a. lokaliseringa.

07.09.12 Torger Juel Fosse på vegne av Andre Husø, Tore Henrik Ruud og Bjørn Steinar Berg

Har bedt om og fått utsett fristen for å koma med merknad til 10.09.12.

Ser ut som at eigedomane deira i all hovudsak blir avsett til arealføremål. Planforslaget ser ut til utelukkande å fokusera på å sikra areal til alpinføremål, utan at konsekvensane av dette er vurdert. Grunneigarane vil med forslaget bli fråteken mulegheita til å gjera tiltak på eigedomane sine. Gjeldande areal del bandlegg alt eigedomane deira i vesentleg grad. Blir planane realisert er det dessutan fare for at eigedomane vil kunna måtte avvikla landbruksdrifta og ikkje vil kunna bli buande på. Grunneigarane ser at eksisterande alpinanlegg ikkje klarer å få drifta til å gå i balanse. Dei ser dessutan at det ikkje finst areal på Aurdalsåsen som gjer at alpinanlegget vil kunna utvidast på ein måte som vil gjera området til ein vesentleg alpindestinasjon. Ei utviding av alpinanlegget ned mot Aurdal sentrum vil bli svært kostbar, og i dagens marknad framstår det ikkje som realistisk at nokon vil kunna løfta ei slik investering.

Grunneigarane ser positivt på ei utvikling av alpinanlegget m.o.t. å utvikla Aurdalsåsen vidare, men ikkje på at denne utviklinga unødig øydelegg mulegheitene deira til å kunna disponera eigne heimar så vel som mulegheiter innanfor landbruket.

Dei har tru på at det finst løysingar som ivaretok alle interessene her på ein god måte, men då må kommunen konkret vurdera kva areal som eigna til alpinføremål, i staden for å avsetta alt muleg til føremålet ”*for sikkerhets skyld*”.

Dei ønskjer ikkje alpinanlegg for tett inn på eigne bustader, men er villig til å sjå på om det finst løysingar som ikkje gjer det vanskeleg å kunna bu på eigedomane deira og driva desse vidare.

Meiner at arealdelen i større grad enn det vert lagt opp til i planforslaget må definera landbruksområde, alpinområde, byggeområde osb. Ei generell bandlegging vil øydelegga mulegheitene til grunneigarane til å disponera over eigne eigedomar, og dei motset seg derfor dette. Dei meiner det er heilt urealistisk at nokon i løpet av det nærmaste 10-året kjem til å bygga nokon skiheis ned i Aurdal sentrum.

Ser fram til å bli innkalla til møte med kommunen for å diskutera problemstillingane kring dette.


Administrasjonen

I brev datert 17.01.13 trekker Aurdal fjellpark v/Eivind Akervold og Valdres alpinsenter v/Harald Kullhuset innspelet til kommuneplanen frå 26.11.10. Dei opplyser at dei har valt å arbeida vidare med arealbehovet til alpinsenteret i samarbeid med berørte grunneigarar, deriblant dei 3 som Juel Fosse har kome med merknad på vegen av. Det er oppretta ei styringsgruppe som vil arbeida vidare med ulike problemstillingar knytt til ei utviding av alpinsenteret med sikte på eit innspel til ein seinare revisjon av arealdelen.

12.09.12 Marit Helene og Håvard Torseth vedr. eigedom 115/2

I generalplan for Nord-Aurdal, utmarksplan Hovda sameige, datert februar 1978, punkt 3.2 arealdisponering står Høllingset, eigedom 115/2 oppført med 2 tomter. Viser til sak 101/77 der generalplanen vart vedteken einstemmig.

Alle tomtene i utmarksplan for Hovda er frådelt, med unntak av dei to nemnt over. Fleire grunneigarar i Hovda sameige har i ettertid fått frådelt fleire tomter enn den opprinnelege planen, m.a. 116/5 som fekk auka talet frå 2 til 4 i 1986. 3 av tomtene er frådelt på eigedom 116/5.



Brevet frå dei om at dei ønskjer å dela frå minst 5 hyttetomter innanfor og i tilknyting til det markerte området er feiltolka. Det er ikkje meiningsa at alle 5 tomtene skal ligga innanfor det merka området på 10 dekar, men også tett inn til det. Det er feil at vegen sluttar ved 115/14, denne går heilt ned til 116/5, avtale om dette ligg ved. Meiner at det er feil det som står om at innspelet deira om hytter ikkje er ei fortetting. Alle hyttene er bygd langs vegen her, og hyttene dei føreslår blir lagt mellom eksisterande hytter på eigedom 115/5 og frådelte byggeklare tomter på eigedom 116/5.

Meiner at dei utifrå rimelegheitsomsyn og likebehandling innanfor Hovda sameige bør kunna få frådelt tomtene langs eksisterande veg mellom 115/5 og 116/5. Dei ønskjer 5 tomter.

Administrasjonen

Generalplan for Nord-Aurdal frå februar 1978 gjeld ikkje lenger. Den nyaste planen gjeld, for denne eigedomen er det utmarksplanen frå 1995. Reguleringsplan for Stuehovde på eigedom 116/5 vart godkjent 27.06.1985 med 4 tomter.

Tilrettelegging for hyttetomter skjer ikkje utifrå eit rettferdsprinsipp der alle grunneigarar skal ha like mange tomter. Vilkåra for å få lagt ut hyttetomter er vesentleg endra, og stramma inn sidan både godkjenninga av generalplanen på 1970-talet, og godkjenninga av reguleringsplan for Stuehovde på 1980-talet.

15.09.12 Egil Sundheim på vegne av Jørgen Sundheim vedr. eigedom 53/1 ved Einarsæt
I brev datert 05.09.12 frå kommunen er Sundheim etter førespurnad til kommunen per e-post 31.08.12 gitt utsett høyringsfrist til 17.09.12.

Viser til at Jørgen Sundheim i brev datert 26.11.10 kom med eit konstruktivt forslag som ikkje er ivareteke i planforslaget.

Ønskjer ei vurdering av følgjande: Vestre Slidre har systematisk tilrettelagt for hytteutbygging og friluftsliv, medan Nord-Aurdal held friareal. Kvifor skal grunneigarar i Einarsæt og Ulnes sameige stilla område til fri disposisjon (friluftsområde) for Vestre Slidre? Det ligg godt til rette for utvikling ved Einarsæt, då det er veg og straum til området. Det er ein del hytter her alt, og dei er av den oppfatning at det ligg godt til rette for fortetting og utviding her. Det ligg og godt til rette for å laga ny veg mot skianlegg/hytteområde i Vestre Slidre.

Primært føreslår han å innarbeida innspelet deira i arealdelen, og at området må sjåast som eit naturleg område for fortetting og vidareutvikling av fritidsbustadar for å styrka alt etablerte aktivitetar og næringar i Valdres.

Sekundært ønskjer han å kunna frådela 3-4 hyttetomter heilt sør på teigen for å kunna gje kvar sin tomt til barnebarna.




Administrasjonen

Vaset har sidan 2005 vore eit satsingsområde for Nord-Aurdal slik som for Vestre Slidre. Avgrensinga av det som er definert som satsingsområdet Vaset i Nord-Aurdal vart fastlagt av formannskapet 03.02.11. Området innanfor avgrensinga vert vurdert og behandla på same

måte som i Vestre Slidre. Einarset ligg for langt unna til at det inngår i avgrensinga av satsingsområdet Vaset, og dei mulegheitene ein har der m.o.t. kloakk- og avløpsløysingar.

Det er ikkje slik at alle sine innspel kan imøtekoma eller alle sine private interesser kan ivaretakast. Ein nye revidert plan skal visa eit realistisk bilet av arealbehovet i kommunen i planperioden. Det å imøtekoma 140 innspel om hyttetomter gir ikkje eit realistisk bilet av arealbehovet i kommunen i planperioden. Alle som har kome med innspel har viktige argument for sitt innspel, og isolert sett betyr dei lite, men kommunen skal ivareta heilskapen og sjå det totale biletet, deriblant gjera ei realistisk vurdering av kor mange nye hyttetomter det er behov for i planperioden. For å kunna gjera desse vurderingane har kommunestyret vedtatt retningsliner for å vurdera innspela. Innspela som er vurdert til å vera mest muleg i samsvar med retningslinene er føreslått som nye byggeområde. Retningslinene har mått tolkast strengt sidan det er mange innspel, og definisjonen av fortetting/minimal utviding har nødvendigvis måtte vera strengare når det er snakk om 140 innspel om hyttetomter, enn om det hadde vore snakk om 30 innspel.




Det er over 1.5 km frå den sørlege utkanten av nytt byggeområdet H24 ved Vaset til vestleg grense på teigen ein ønskjer å legga ut til byggeområde. Utsnittet av internettkartet viser at det er få hytter mellom H24 og eigedom 53/1.

01.10.12 Ståle Martin Røine vedr. eigedom 60/3 i Svennes sameige

Har registrert at tomta på eigedomen som inngår i reguleringsplan for Fløten, men som ikkje er frådelt, ikkje er vist i kommunedelplan for Svennes sameige som vart godkjent i desember 2004. Dette må vera ein feil. Han viser til planføresegnene til kommunedelplanen, der det går fram at Fløtenplanen framleis gjeld. Han vil ha ei stadfesting på at tomta framleis er der.

Viser til det tidlegare innspelet sitt vedr. utviding på eigedom 60/3, og ber om ei ny vurdering utifrå det over. Meiner at det i dette tilfellet er snakk om fortetting eller minimal utviding.




Administrasjonen

Fløtenplanen gjeld framleis, og det er feil at denne ikkje vart vist på kommunedelplankartet i 2004. Det er gjort ein del endringar på forslaget til plankart/plan etter 1. offentleg ettersyn. Kommuneplanforslaget ivaretak interessene til Røine.

Ein har gjort ei ny vurdering av innspelet utifrå at det manglar ei tomt på plankartet, men kan ikkje sjå at opplysningane om den manglande tomta gjer at innspelet kan vurderast noko anleis. Hyttetomter på 60/3 kan utifrå tolkingane i kommuneplanarbeidet verken sjåast som ei minimal utviding eller fortetting av eit eksisterande hyttefelt.

07.10.12 og 14.11.12 Linda Wilhelmsen vedr. eigedom 23/72 ved Sørhelltjednet

Ønskjer at eigedom 23/72 vert vist som byggeområde for fritidsbustad i arealdelen til kommuneplanen. Det er ikkje veg til området. Utifrå skulddelingsforretninga ser det ut som at tomtegrensa går ca. 25 meter frå vatnet. Ev. ubygging på eigedomen vil derfor ikkje hindra fri ferdsel langs vatnet.




Administrasjonen

Eigedomen er på 1.5 daa og ligg 25 meter frå vatnet. Eigedomen er tilleggsareal til eigedom 23/60 som er 2.35 daa. Eigedomen ligg ikkje i eit satsingsområde, og innspelet blir vurdert til

ikkje å vera i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen om fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttfelt. I tillegg er innspelet i strid med retningsline 2 i forslaget til kommuneplan. Ifølgje retningsline 2 i forslag til kommuneplan så vil dispensasjon for bygging på ubygde hyttetomter i byggeforbudsbeltet langs vassdrag normalt ikkje bli gitt. Det går fram at dispensasjon kan vurderast dersom det 1. er mulegheit for tilkopling til offentleg godkjent vatn- og avløpsløysing, 2. tomta terrengmessig ligg slik til at dispensasjon ikkje verkar hemmende på fri ferdsel ved at det t.d. ligg ein bergskrent mellom tomta og vassdraget eller at ein køyreveg for bil skil tomta og vassdraget. Ein kan ikkje sjå at søknaden er i tråd med dei føreslårte reningslinene, og tilrår at han blir avvist.

16.10.12 Marianne og Truls Erik Holm vedr. eigedom 92/215 på Aurdalsåsen

Ønskjer at eigedom 92/215 vert vist som byggeområde for fritidsbustad i kommuneplanen med ev. mulegheit for å dela tomta i 2. Viser til at eigedomen ligg innanfor eit såkalla satsingsområde, og at det vert bygd hytter berre ca. 200 meter frå eigedomen.



Administrasjonen

Tomta med ei pil på inngår i reguleringsplan for Freningvegen, eigedom 92/215 er avgrensa med grønt. Eigedommen inngår i satsingsområdet Aurdalsåsen. Ein meiner det bør kunna leggast til rette for hyttebygging på denne eigedomen og fleire her, men som del av det nye byggeområdet H29, både i form av fortetting, utviding og ev. deling av store tomter.

31.10.12 Aurdal fjordcamping og hytter vedr. utviding av området

Viser til brev datert 05.12.11 der dei sökte om grunn for utviding av området sitt. Det er gjort ein del undersøkingar i området som gjer søknaden ytterlegare aktuelle, i tillegg til at det er gjennomført synfaring i området:

- Riksantikvaren har undersøkt området for kolgrøper, og godkjent at området kan takast i bruk til det omsøkte føremålet
- det er bygd nytt borkefilter ved reinseanlegget som gjer at lukt ikkje lenger er noko problem
- det er bestemt å hogga skogen rundt reinseanlegget, noko som gir fri sikt til vatnet frå området
- det blir opparbeidd sti langs området som sikrar fri ferdsel for alle, også rullestolbrukarar
- det vil ikkje bli nokon faste installasjonar i beltet mellom reinseanlegget og vatnet, døgnparkering inneber ikkje bygging av plattingar, veranda eller spikartelt.

Det kom ikkje innvendingar til planane under ei synfaring med kommunen 29.10.12.


Dei søker om følgjande:

Ønskjer å kjøpa eller ev. leiga 24 mål ned mot Aurdalsfjorden ved Aurdal reinseanlegg, rett aust for campingen. Området skal nyttast til døgnoppstillingsplassar for bobil/campingvogner og til bygging av nytt sanitæranlegg ved snuplassen ved innkøyringa til campingplassen.

Med bakgrunn i at statistikken viser auke i sal av bubar, dei har hatt førespurnad om å halda caravan-/bubiltreff, endra krav frå NHO reiseliv til sanitæranlegg samtidig som ettereffekten av "Farmen" vil gje vesentleg auke i trafikk-/etterspurnad har dei behov for å utvida kapasiteten sin.

Tilbyr seg å hogga i området då dei har utstyr til dette, samtidig som kommunen blir avlasta for ulempen med hogst og bortkøyring. Dei vil sorgja for at området blir riktig tilplanta slik at det framstår idyllisk og innbydande.

Det er ein del etterspurnad frå fiskeinteresserte handikappa bobil-/vogn turistar om plass heilt ned mot vatnet. Vil prøva å legga til rette for at dei kan dekka dette behovet.



Administrasjonen

Riksantikvaren gav i brev datert 27.09.06 løyve til å fjerna kulturminnet i området under føresetnad av at det vart gjennomført ein arkeologisk utgraving av kolgropa. Løyvet galt i 3 år frå mottakinga av brevet.

Nord-Aurdal er ein stor campingkommune. Aurdal fjordcamping og hytter har jobba lenge for å kunna utvida campingplassen. Det ligg eit reinseanlegg rett nord for aktuelle område. Luktpåverknaden er vesentleg redusert frå reinseanlegget, men ein bør ta alle mulige etterhald om ev. sjenerande lukt som kan oppstå. Sidan det ikkje blir nokon faste installasjonar i beltet mellom reinseanlegget og vatnet, då døgnparkering ikkje inneber bygging av plattingar, veranda eller spikartelt, så bør ein kunna stilla seg positiv til søknaden (Tf2).

13.12.12 Terje Hvidsten vedr. eigedom 106/272 i Tisledalen

Ber om at eigedomen som sonen har kjøpt, vert vist som område for fritidsbustad i staden for offentleg føremål. Eigedomen har tidlegare vore nytta som skule og lånt ut til idrettslaget.



Administrasjonen

I sak 298/06, delegert for planutvalet, 29.12.2006 vedr. frådeling av tomt rundt det gamle skulehuset i Tisleidalen som låg på grunnen til Hovda fjellhotell vart det gitt løyve til å dela frå tomta frå 106/79. I eit gavebrev datert 18.05.1915 frå dåverande eigar vart det gitt tomt til skulehus her vederlagsfritt. Tomta vart imidertid ikkje formelt frådelt i 1915. I brev frå kommunen 14.02.2007 ber kommunen om at tomten blir overskøytt til kommunen, og det vart vist til eit tidlegare kommunestyrevedtak der nedlagde skulehus vart gitt til dei ulike krinsane der dei låg og at krinsen sjølv skulle avgjera bruken. Tisleidalen krins blir i brevet gitt eigedomsretten til bygg på eigedomen og bruksretten til tomta. Administrasjonen tilrår at gjeldande situasjon vert oppretthalde.

16.12.12 Skrautvål sameige v/Arnold Skaar vedr. massetak ved Etnsenn

Det er ikkje behov for å etablera ny veg til masseuttaket, dette er ikkje eit nytt grustak. Her har det blitt henta grus og støypesand i fleire tiår. Det blei etablert ny veg i aust for ca 15 år sidan på sameigegrunn. Vegen har blitt brukt til tømmer-, ved-, dyretransport og for grustaket.



Administrasjonen

Avgrensinga på kartet viser avgrensinga i rapporten "Verneplan Ormtjernkampen – Skaget Tilleggsundersøkelser av grusforekomster i Skrautvål sameige", og viser at det ikkje er behov for å etablera nye veg til området (jf. merknaden frå Fylkesmannen).

17.01.13 Skrautvål sameige v/Arnold Skaar vedr. fiskebuer i Skrautvål sameige

Viser til at kommunen har føreslått at det berre skal vera lov å etablera naust ved Fullsenn i Skrautvål sameige, og at fylkesmannen har varsle motsegn til området p.g.a mangelfull konsekvensvurdering. Reknar med at dette fører til at det ikkje blir lov til å føra opp naust i sameiget. Er forundra over at det i sakutgreiinga til både kommunen og fylkesmannen er lagt avgjerande vekt på forslaget om Fullsenn landskapsvernområde, og ei avtale som skal inngåast mellom Øystre Slidre og Nord-Aurdal kommunar.

Meiner at dei områda som ikkje er verna må forvaltast etter plan- og bygningsloven, dei viser til at det i LNF-områda er lov med bygge- og anleggverksemder som har direkte tilknyting til stadbunden næring. Etter rettleiaren "LandbrukPluss" inngår naust, rorbuer, jakt- og fiskebu, jakttårn osb. i landbruksomgrepene. Fiskebuene vil bli oppført som og er eit enkelt bygg, og er nødvendige for å utnytta utmarksressursane. Fiskebuene er ikkje fritidsbustadar med eigne gnr/bnr, og kan ikkje omsetta utanom saman med landbrukseigedommen for øvrig.

Administrasjonen

Ein er samd i at områda som ikkje er verna skal forvaltast etter plan- og bygningsloven. Etter rettleiaren "LandbrukPluss" inngår ikkje naust, rorbuer, jakt- og fiskebu, jakttårn osb. i landbruksomgrepene dersom bruken i hovudsak er knytt til turisme, frilufts- eller fritidsaktivitet og bærplukking, jakt eller fritidsfiske som berre utgjer eit naturtilskot til til eiga hushaldning. Utnytting av ev. fiskebu eller naust som har vesentleg å seiia for inntekta på landbrukseigedommen må dokumenterast. Kommunen har ikkje slike opplysningar for nokon av eigedomane som det kan vera aktuelt med fiskebu for. Så lenge situasjonen er slik, meiner ein at fiskebuene som det vert søkt om må reknast som søknadar om fritidseigedomar, og behandlast etter retningslinene som gjeld for nye fritidsbustadar utanfor satsingsområda.

Administrasjonen meiner at tilrettelegging av (små) fritidsbustadar i Skrautvål sameige ikkje er i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen. Administrasjonen har omarbeidd konsekvensvurderinga for område An1, og meiner framleis at det bør leggast til rette for eit naustområde ved Fullsenn.

17.01.13 Valdres alpinsenter v/Harald Kulhuset og Aurdal fjellpark v/Eivind Akervold vedr. Valdres alpinsenter

Viser til at det i møte med kommunen 08.01.13 blei konkludert med at dei skulle gå i dialog med grunneigarane som blir berørt av planane om utviding av Valdres alpinsenter, for å sjå på meir eksakte traseaval, slik at ikkje meir areal enn nødvendig vert vist som alpinområde. Dei har hatt møte med 4 av grunneigarane i området, som var positive til tanken om ein alpintrase ned til bygda, men dei ser alle at dei treng tid på planleggingsprosessen. Dei frammette grunneigarane, Kulhuset og Akervold er einige om å trekka tilbake innspelet til kommuneplanarbeidet, datert 26.11.10, og om å arbeida vidare med planane om utviding av alpinsenteret, men med eit litt lengre tidsperpektiv enn dei fristar som er lagt til grunn for denne revisjonen av kommuneplanen.

21.01.13 Valdres biovarme AS v/Tor Ovhovd vedr. fjernvarmeanlegg, Fagernes

Ber om at det i planføresegnene og vert vist til § 27-5 i plan- og bygningsloven vedr. tilknytingskrav til fjernvarmeanlegget i Fagernes sentrum, og ikkje berre §§11-9, 3 og 4.

Administrasjonen

Ein meiner dette er tilstrekkeleg heimla, men ser heller ikkje noko problem i at § 27-5 vert lagt til.


27.01.13 Andre Nilsen vedr. del av eigedom 18/279, Fagernes

Forslag om byggeområde for bustadar på eigedom 18/279 (grunneigar: NAK) i delar av friluftsområde i reguleringsplan for Marsteinhøgda 2. Viser til at aktuelle område ligg fint til med utsikt over Fagernes, og med lett tilgang til eksisterande infrastruktur. Gangstien til Fagernes ligg i tillegg inntil området slik at det er gangavstand til skular, barnehage og sentrum. Meiner at ei omregulering av området vil medføra ei positiv fortetting av Marsteinhøgde som bustadområde.

Har skissert to tomter i forslaget sitt der den eine blir forholdsvis smal. Tomtene blir ca. 850 m². Viser til at gangvegen fra snuplassen i enden av Elgvegen kan brukast som tilkomstveg til området, og det truleg utan omfattende inngrep/forbetringar siden det berre gjeld eit par tomter. Ser at gangvegen vert nytta til tilkomstveg til ein del eigedomar også andre stadar på Marsteinhøgde.

Han ser at også delar av eigedom 25/1, som grensar inntil eigedomen og tomteforsлага, bør vera med, og hadde gitt rom for ytterlegare ein tomt, men viser til at eigaren av 25/1 ikkje vil selja eller omregulera denne delen av eigedomen sin, då vedkomande ser det som ein muleg tilkomst til bustadtomtene i byggeområde B7.

Viser til at det er mangel på fine tomter i distriktet rundt Fagernes, og at etterspurnaden etter hus/tomter på Fagernes vil auka i dei komande åra med aukande sentralisering av skule/barnehage. Meiner at forslaget er eit viktig bidrag til å møta denne etterspurnaden. Dersom kommunen opnar for ei omregulering av området, men ser for seg at private tek del i vidareutviklinga, og kostnadane med dette, så er han interessert i denne prosessen.





Administrasjonen

Dersom det skal leggast til rette for bustadareal her så må arealet utvidast, og også omfatta delar av 25/1. Det framstår unaturleg og som ikke riktig arealbruk å bruka eigedomsgrensa som avgrensning. Eksisterande vegsystem på Marsteinhøgde er ikke etablert med sikte på ei ytterlegare utbygging austover her.

12.03.13 Frost management AS og Valdres Gjensidige brannkasse vedr. 25/114 i Gullsmedvegen, Fagernes

Ønskjer å legga til rette for 5 rekkehusleilegheiter på tomta:



Planlegg å bygga same hustype som Frost utvikling AS MyCube Valdres AS bygger i Øvrevegen:



Viser til at Gullsmedvegen etter kvart blir opplevd å vera meir eigna som eit attraktivt bustadområde, enn som framtidig næringsområde, då store delar av næringsverksemda i denne delen av Fagernes er flytta austover.

Dei meiner at prosjektet deira vil bidra til aktivitet i området, og at dette vil vera positivt for dei som driver næringsverksemد i denne delen av Fagernes i dag. Området har mange bustadar i dag, og blir opplevd som eit attraktivt bustadområde. Prosjektet deira passar også veldig godt for dei som ønskjer seg eit lettstelt alternativ.

Parkeringsplassar blir ivaretatt ved at det som ein del av prosjektet blir frigjort inntil 11 innandørs parkeringsplassar i kjellaren på Gjensidigegården. Dvs. at sjølv om ein mistar 6 parkeringsplassar p.g.a. det nye bygget, vil det totalt bli 5 nye parkeringsplassar for kvartalet, når ein tek med parkeringskjellaren i Gjensidigebygget.

Administrasjonen

Området er vist med sentrumsføremål i planforslaget. Det har vore ein tendens til at næringsverksemder flyttar eller etablerer seg lenger aust på Fagernes dei siste åra, og området er prega av dette. Ein meiner retningslina om kor det skal vera næring i 1. etasje i hovudsak bør vidareførast, men føreslår å ta ut Gullsmedvegen, jf. kommentarar til innspelet fra Fagernes gårdeierforening 02.09.12.

Andre off. ettersyn, vurdering av off. merknadar:

14.06.13 Oppland fylkeskommune

Trekker motsegnene frå 1. offentleg ettersyn, men har motsegn til det nye byggeområdet for bustadar, B12- Husaplassen p.g.a. at dei meiner området er mangefullt konsekvensutgreidd, og at dei ikkje kan sjå at omsynet til barn- og unge er tilstrekkeleg ivaretatt slik krava er formulert i rikspolitiske retningslinjer for ivaretaking av interessene til barn og unge i planlegginga.

Administrasjonen

Det er teke inn ei føresegn som sikrar at tilsvarende areal som er vist som friområde i gjeldande reguleringsplan også skal visast som friområde ved utarbeiding av reguleringsplan for B12.

Kartframstilling

Pdf-kartet har ikkje bakgrunnkart. Plankartet er tilgjengelig i webkart-løysinga, men dette har ein ganske høg brukarterskel. Dette gjer karta vanskelege å lesa og mulegheiten til å medverka blir redusert. Det samla planmaterialet med tekst fordelt på planomtale, saksframlegg, KU og notatar gjer det tungt å setta seg inn i kva som er foreslått.

Har framleis nokre merknadar som ikkje er til hinder for eigengodkjenning av planforslaget.

Føresegner og retningslinjer

Forventar at dei foreståande prosessane med revisjon av fylkesdelplanen for lokalisering av varehandel og utarbeiding av *areal- og transportplan i samarbeid mellom kommune, fylkeskommune, Statens Vegvesen og næringsliv* vil avklara ueinigheten som kommunen og fylkeskommunen har hatt lenge om at Leira sentrum utfyller Fagernes sentrum som regionalt handelssenter.

Føresegnene viser ikkje til vedtaket til kommunen om utbyggingsavtaler. Slike avtaler skal heimlast i eit kommunalt vedtak (jf. pbl § 17-2), og som ein overordna plan for arealbruk bør kommuneplanen synleggjera haldninga til kommunen i høve til bruk av slike avtaler.

Meiner at det vil gjera dei juridiske dokumenta meir oversiktleg dersom alle føresegner og retningslinjer blir samla i eitt dokument. Viser til arealdel for Gjøvik kommune som døme.

Administrasjonen

Det er ulik oppfatning av korleis ting bør utformast for at det skal vera lett å lesa, og utifrå at ein opplevde enkelte kommuneplanar, der alt var samla slik fylkeskommunen føreslår, som vanskeleg å bla og finna fram i, har ein valt å ha retningslinene og føresegnene som eigne filer ved offentleg ettersyn.

OFK: Planforslaget har litt svake føringar når det gjeld grøntstruktur utover det som står i den generelle føresegna 1.1. punkt 2:

Administrasjonen

Kommunen viser til retningsline 1, innleiinga, punkt 4 og 9 samt innleiinga i retningsline 2, og meiner dette er tilstrekkeleg ivareteke.

OFK: Retningslinene med leikeplassnormer kan gjerne vera føresegner, ber kommunen vurdera dette.

Administrasjonen

Kommunen har teke innatt rekkefølgjeføresegna for å sikra samtidig ferdigstilling av byggeområde og leikeområde/grønstruktur som føresegns. I tillegg krav til arealstorleik og soltilhøve. Kommunen har tidlegare flytta desse frå føreseggnene til retningslinene etter tilråding frå FMiO.

Ved møte med fylkesmannen 12.04.12 vedr. planføresegner, fekk me tydelege signal om at det var mykje av det me hadde som planføresegner, deriblant føresegner for leikeareal, som me heller burde ha som retningsliner. Kommunen har valt å forhalda seg til dette rådet, og mesteparten av det som står i retningsline 3 er derfor framleis retningsliner.

Fritidsbustader

Kommunen skriv at område H17, H18 og H19 på Aurdalsåsen er ferdigregulert. På plankartet er desse tre hytteområda vist med gulfarge (framtidig byggeområde), og burde vore vist med liggende skravur, når reguleringsplan skal gjelda.

Administrasjonen

Område H17 (Steinbrennutn), H18 (Nystølen) og H19 (Hauststølhaugen) i kommunedelplan for Aurdalsåsen er ferdigregulert og vist med skråskravur. Byggeområda H17 (92/27), H18 (94/1) og H19 (94/1) i kommuneplanforslaget er nye framtidige byggeområde, og derfor vist med gult.

OFK: Nytt område H34 er berre éi tomt, men er ikkje konsekvensvurdert, noko som er eit krav. Ber kommunen sørja for dette.

Administrasjonen

Det eksisterte ikkje noko byggeområde H34 ved 2. off. ettersyn. Byggeområde H33 er ei tomt, og var konsekvensvurdert.

Idrettsanlegg

Berørte i forrige merknad spørsmålet om felles tilkomst og parkering med skytebanen. Ber kommunen vurdera om ikkje desse punkta bør vera med i planføresegnerne, ev. retningsliner til planen. No er ikkje idrettsanlegg nemnt i føresegnerne i det heile teke.

Administrasjonen

Dette gjekk fram av retningsline 1 om utarbeiding av reguleringsplanar. Det går i tillegg fram av retningsline 1 at tilrådingane og vurderingane i konsekvensvurderinga skal leggast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar.

Planføresegnerne er endra, og utforma slik no: *Fri ferdsel til heile Pøllaøyé må sikrast. Det skal settast att ei grøntstruktursone langs vassdraget. Støyvurderingar må gjennomførast, og ev. påkravde støytak gjennomførast.*

Fellesløsing for tilkomst og parkering med skytebana skal vurderast.

Bustadområde B5 og B6

Byggeområde B5 ligg i konflikt med fangstgrop id 52392. Kommunen må synleggjera den reelle konflikten i planen både i konsekvensvurderinga, og ved å markera kulturminnet i plankartet.

Utvindinga av B6 ligg i skogsterreng og de samme innvendingene vi hadde sist mot hele området kan gjøres gjeldende mot utvidelsen: *ligger mest ugunstig til i forhold til praktisk avstand til skoler og sentrum*. Med et større utbyggingsareal kan imidlertid investeringer i infrastruktur lettere forsvares.

Administrasjonen

Det såkalla ”nye feltet” på nedsida av vegen er ikkje noko nytt felt, men ein del av byggeområde B6 og skal vurderast og regulerast saman med dette. Det skal etablerast ein ny gangvegtrase i til Marsteinhøgda ved realisering av byggeområdet. Utover dette er det gjort ein feil når det ikkje er nemnt at byggeområde B5 er i konflikt med eit kulturminne i konklusjonen. Ein ber om forståing for at det kan bli gjort feil i ein så stor og omfattande sak som kommuneplanen.

Bustadområde B7

Byggeområde B5 ligg i konflikt med kolgrop id 81311. Kommunen må synleggjera den reelle konflikten i planen i konsekvensvurderinga. Verdivurderinga bør settast til middels og konsekvensen til -1.

Administrasjonen

Kulturminnet er omtalt i konsekvensvurderinga.

Bustadområde B12

Det framgår ikkje i kor stor grad dei busette i nærområdet er spesielt informert om og involvert i dette forslaget. Meiner konsekvensvurderinga er mangelfull og viser til at det ikkje er diskutert erstatningsareal for friområdet. Planen må synleggjera om det i tilgrensande område finst erstatningsareal som kan kompensera for friområde og andre grøne område som ein planlegg å bygga ned. Fylkesrådmannen fremmar ei administrativ **motsegn** til B12, då planen ikkje viser korleis areal til barn- og unges leik og opphold er ivaretatt i og nær byggeområdet.

Administrasjonen

Ein del av arealet innanfor B12 er i gjeldande reguleringsplan for Marsteinhøgde 2 vist som friområde. Ikkje noko av friområdet i reguleringsplanen er opparbeidd. Ein meiner at storleiken på friområde, leikeareal osb. vil vera ein del av heilsapsvurderinga knytt til tilrettelegginga av nye bustadomter i området.

I eit område som dette er det å finna erstatningsareal for ev. friluftsområde lite problematisk. Byggeområdet er omslutta av LNF-område på alle kantar med unntak av mot eksisterande bustadområde på Marsteinhøgda. Er det noko det er nok av i nærområdet så er det område som kan nyttast til friluftsføremål, i tillegg er det enkel tilgang både til fots og med sykkel til meir fjerntliggende friluftsområde.

Det er i tillegg teke inn ei føresegn som seier at ”*Tilsvarande areal som er vist som friareal i gjeldande reguleringsplan skal visast som friareal ved utarbeiding av reguleringsplan*”.

Leikeplassnormene til kommunen er klar på at noko av det som skal vurderast i ein reguleringsplanprosess er leikeareal. Dette går fram av konsekvensvurderinga.

Når det gjeld i kor stor grad bebuarar i nærområdet er spesielt informert om og involvert i dette forslaget, så kan ein vanskeleg sjå kvifor bebuarar i dette området skal informerast og involverast spesielt sett i høve til bebuarar i andre byggeområde som blir føreslått i kommuneplanen. Ein god del av arealet i B12 er, i motsetning til i andre nye byggeområde, alt avsett til byggeføremål. Grunneigarane i området er informert, og er positive til planane. Alle innbyggjarar i kommunen har fått same informasjon om prosessen, og er gitt same mulegheit til å medverka.

Kultury

Omsynsone for kulturlandskapa og kyrkjegardane ligg inne i plankartet med gode føresegner og retningsliner. Som eit tillegg til retningslinene for omsynssona, ber vi om at det blir lagt til ein merknad om at vår uttale til eventuelle tiltak skal tilleggast vekt. Dette gjeld særleg retningslina for bygningsmiljøet i Aurdal. Det er elles flott at det er utarbeidd eit eige temakart for den Bergenske Kongeveg, og at denne er sikra med omsynssone og gode retningsliner.

Administrasjonen

Det er teke inn ei retningsline om at ev. merknadar frå fylkeskommunen skal vektleggast ved vurderingane av ulike tiltak.

OFK: Det er riktig at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova sikrar at tiltak skal føreleggast kulturminnesstyresmakta, men dei meiner likevel at det vil vera ryddig overfor andre brukarar av kommuneplanen at det vert minna om at denne plikta også gjeld for tiltak som det ikkje er plankrav for. Dette for å gjera planen mest muleg informativ overfor brukarar som ikkje er godt kjende med lovverket. Ber defor kommunen igjen vurdera å ta inn dette som ei generell retningsline, eller som eit minimum visa til undersøkingsplikta etter kml § 9.

Administrasjonen

Kommunen har tidlegare fått tilrådingar om å unngå unødvendige ting og oppattaking av ting som går fram av anna lovverk i planføresegnene. Ein meiner dette er ein fornuftig strategi for å komprimera dokumentet, men ein vil likevel sei seg einig i at det kan vera informativt med slike opplysningar.

17.06.13 NVE

1. Paragraf 6 i planføresegnene er for lite konkret i høve til tryggleikskrava. Anten må føresegna visa til omsynsone i plankartet, eller så må ho visa til temakart for flaum og ras. Potensielt flaumfarlege område må iallfall visast i kart knytt til planen. Til omsynssonene/temakart med potensiell flaum- og skredfare må det vera planføresegner som gjer at omsyna som sonene viser blir ivaretakne.

Byggeforbudssona langs vassdrag verkar ikkje til å vera tilstrekkeleg heimla i planen. Det blir lagt opp til mange dispensasjonar/utbyggingsområde innanfor denne sona, og det er ikkje gjort flaumvurderingar.

Det er ikkje vist flaumfare på temakart, sjølv om det er utarbeidd flaumsonekart for Neselva. Ein har også ein viss kunnskap om flaumproblematikken på Fagernes. Det har også vore

fleire flaumhendingar/flaumskredhendingar i mindre vassdrag etter at planen vart sendt på høyring. Dette bygger opp under behovet for å gjera ei vurdering av flaumfaren i kommuneplanen.

NVE skriv vidare at det truleg er muleg å få ut foreløpige tal frå flaumkartleggingsprosjektet til NVE på Fagernes, slik at høgda for ein 200-års flaum på Fagernes kan teiknast inn på eit temakart med omsynssoner for flaum.

Administrasjonen

Kommunen bad om dette i brev datert 12.07.13. I svarbrev 02.09.13 skriv NVE at flaumkartleggingsprosjektet for Fagernes sentrum og Neselva er planlagt ferdigstilt i løpet av 2014, men at delar av arbeidet er ferdig. Dette gjeld m.a. flaumberekningar, som er presentert i NVE rapport nr. 37-2012 der det er rekna ut ein vasstand i Strøndafjorden (ved utløpet) på 358,91 moh. ved ein 200 årsflaum. Flaumhøgde for Neselva føreligg ikkje, men i området omkring sentrum/Neselva har kommunen blitt bedt om å bruka ein flaumhøgde som er 0,5 m høgare enn vasstanden gitt ved Strøndafjorden. Det er presisert at dette er ei grov tilnærming, og at den oppgitte høgda er å oppfatta som område med reell fare. Det er laga temakart omsynssone for desse områda, og gitt føresegner til dei.

2. NVE meiner at kommunen bør visa potensielt flaumutsette område i eit temakart.

Administrasjonen

I brev datert 12.07.13 til NVE skreiv kommunen at det ikkje finst tilgjengelege data for å kunna visa potensielt flaumutsette område i kommunen. Kommunen bad vidare NVE om å fastslå kor brei ei ev. sone skal vera dersom me skal kunna visa potensielt flaumutsette område utover det som ev. kan lagast, dersom me får ut foreløpige tall fra NVE sitt flaumkartleggingsprosjekt på Fagernes og for Neselvén på strekninga Sebufjorden-Kvitvella fossen. Kommunen presiserte også at det ikkje bør vera nødvendig å utarbeida eit temakart som viser dei t.d. 10-30 nærmeste metrane langs alle vassdrag som potensielt flaumfarlege, då ein meiner at eit slikt kart i liten grad er meir informativt enn om det vert opplyst i planføresegnene/retningslinjer at ei viss sone langs alle vassdrag er potensielt flaumfarlege og må vurderast utifrå det.

3. I svarbrev frå NVE 02.09.13 går det fram at ein t.d. kan knyta generelle føresegner til alle område langs vassdrag som sikrar byggeforbud eller krav om utgreiing/tiltak. Mindre skrentar på under 50 meter som ikkje blir fanga opp av www.skrednett.no bør vurderast m.o.t. potensiell fare.

Ein kan òg bruka generelle planføresegner knytt til alle område langs vassdrag. Vurderingar og føresegner om tilfredsstillande tryggleik må vera knytt opp mot/fanga opp område for utbygging – inkludert område for spreidd bustadygging i LNFR-område. I tillegg må han gje klare føringar for dispensasjonssaker/byggesaker utanom regulerte område slik at tilfredsstillande tryggleik knytt til flaum og ras blir ivaretake (jf TEK10).

Der det er kartlagt reell fare (Neselva) er det eit krav frå NVE at desse blir vist i plankartet eller ev. på eit temakart.

Administrasjonen

Flaumsonekart for Neselvén på strekninga Sebufjorden-Kvitvella fossen er innarbeidd på temakart flaum.

4. NVE meiner at § 5 i planføresegnene ikkje er tilstrekkeleg til å ivareta tryggleikskrava for naturfarar i TEK10 i LNF-områda, fordi ein i siste ledd opnar for at godkjente tiltak i kommuneplanen kan gjennomførast utan at desse er vurdert i høve til flaumfare.

NVE skriv vidare at det heller ikkje er gitt noko generelt krav til at det skal vera dokumentert tilstrekkeleg tryggleik innanfor 100 meters beltet langs vassdrag generelt, eller i område referert til i eit temakart. Dei viser til at § 6 heller ikkje gir tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og ras, jf TEK10 §§ 7-2 og 7-3, verken i utbyggingsområde eller LNF-område, og at kommunen legg opp til utbyggingsområde innanfor både 100 meter beltet langs vassdrag og i potensielt rasutsette område. NVE har ikkje vurdert desse utbyggingsområda i høve til naturfarar, fordi dei meiner kartgrunnlaget og planmaterialet totalt sett er mangelfullt.

NVE meiner planen er mangelfull, uklar og uryddig i framstillinga av tryggleik knytt til naturfarar. Planføresegner, og ikkje retningsliner, skal ivareta tryggleikskrava for flaum og ras som er gitt i TEK10 §§ 7-2 og 7-3. Desse planføresegnene må også klart definera kva tryggleikskrav som gjeld.

NVE opprettheld **motsegna** til planen. Bruk av planføresegner og plankart/temakart, skal dokumentera tilstrekkeleg tryggleik mot naturfarar. Planføresegnene må anten visa til planområdet som heilskap (generell føresegn) eller vise til omsynssoner i plankart eller temakart.

Administrasjonen

Føresegner som ivartek tryggleiken m.o.t. naturfarar er teke inn i planforslaget. Etter førespurnad 10.10.13 og purring 21.10.13 vedr. om forslaget ser ut til å ivareta tryggleikskrava for flaum og ras for alle nye tiltak tilstrekkeleg svarte NVE 21.10.13 at "Slik forslaget til retningslinjer og planbestemmelser er framstilt i e-post datert 10.10.2013, mener vi at dette må være tilstrekkelig på kommuneplannivå".

20.06.13 Statens vegvesen

1. Ser at merknaden til Vegvesenet ved 1. gangs høyring, knytt til utarbeiding av støykart, er vurdert og at utarbeiding av temakart støy er utsett til neste rulling av arealdelen. Registrerer at krav til vurdering av støy i medhald av statleg retningsline er teke inn i Retningsline 1 og 2, medan krav til støy i leikeområde er teke inn i Retningsline 3. Påpeikar at statleg støyretningsline er benemnt T-1521 i høyringsdokumenta, men at denne no heiter T-1442/2012.

Administrasjonen

Etter at planforslaget var lagt ut til 2. offentleg ettersyn mottok kommunen støyvarselkart frå Statens vegvesen over europa-, riks-, og fylkesvegar med ÅDT over 500 i kommunen. Kartet er rettleiande i høve til vurderingar av støy i arealplanlegging. Med bakgrunn i støyvarselkartet er det utarbeidd temakart for støykart, omsynssone, med tilhøyrande planføresegn: "*I raud og gul sone: Ved oppføring av bygg med rom for varig opphold i sona skal det gjennomførst støyreduserande tiltak*". Benemninga på støyretningslina er korrigert.

2. Fylkesvegane er gjennom vedtak i Fylkestinget (sak 85/12) delt inn i funksjonsklassar (B-E). Riksvegar har funksjonsklasse A med byggegrense 50 m og svært streng haldning (IV) til avkøyringar.

Nord-Aurdal har 15 fylkesvegar fordelt på dei fire funksjonsklassane med tilhøyrande byggegrense (15, 20, 30 og 50 m) og haldningsklasse til avkøyringar (I-IV). Enkelte vegar er delt i parsellar med ulik funksjonsklasse. Punkt 3 i dei generelle føreseggnene slik dei står i høyringsdokumentet, blir etter dette feil og må rettast. Tilrår at dette verte innarbeidd i planen.

Byggegrenser langs riks- og fylkesvegar kan leggast inn i dei generelle føreseggnene, jf. § 11-9 nr. 5 i plan- og bygningsloven.

Tekst knytt til avkøyringstemaet (haldningsklassar og retningsliner for behandling) kan takast inn i punkt 2 i føreseggnene ‘Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur’, jf. § 11-10 nr. 4 i plan- og bygningslovens. Ev. føresegner knytt til skysstasjon eller kollektivknutepunkt kan også stå i same punkt 2.

Statens vegvesen tilrår at funksjonsklassar for riks- og fylkesvegar med byggegrenser og haldningsklassar for avkøyringar, med retningsliner for behandling, vert teke inn i planen.

Statens vegvesen har **motsegn** dersom ikkje byggegrense for E16 vert teke inn i planen.

Viser til at i andre, nye kommuneplanar i Oppland, så tek kommunane inn føresegner og retningsliner knytt til forvaltning av riks- og fylkesvegar. Samtidig må temaet synliggjerast i kart og teiknforklaring med bokstav (A-E) for funksjonsklasse.

Administrasjonen

Per e-post 18.09.13 stilte kommunen spørsmål ved om dette er slik å forstå at dersom det går fram av planføreseggnene at byggegrensa er 50 meter så er det tilstrekkeleg, eller om Statens vegvesen krev at byggegrensa langs E16 blir lagt inn på plankartet? Det vart og stilt spørsmål ved om ikkje byggegrensa langs E16 gjeld uansett, sjølv om det verken går fram av plankartet eller planføreseggnene?

Statens vegvesen svara i e-post 24.09.13 at § 29 i Vegloven fastset byggegrensa, og at Statens vegvesen er forvalningsstyresmakt dersom byggegrensa ikkje er teke inn i arealdelen. Det er likevel ein gjeldande ”policy” i Statens vegvesen som tilseier at dei ber om at byggegrensa blir teke inn i arealdelen. Dei skriv at intensjonen med dette er at kommunen med dét får forvaltninga av ev. endringar/dispensasjonar (med SVV som høyringsinstans) på lik line med forvaltninga av byggegrense langs vatn og vassdrag. Det går vidare fram at ”policyen” er til diskusjon i planavdelingane til vegvesenet for tida. Dersom byggegrensa på 50 m er teke inn som ei generell føresegn (Pbl 11-9 pkt. 5) trenger ho ikkje å visast på plankartet.

Følgjande nye generelle føresegn er teke inn: *2. Byggegrense mot E16 (A), fv 33 (B) og 51 (B) er 50 m frå midten av vegen. Byggegrensa mot fv 263 (C), 264 (C), 274 (C) og fv 204 (C) til der fv 263 startar er 30 m frå midten av vegen. Mot det resterande fylkesvegnettet i kommunen er byggegrensa 15 eller 20 m frå midten av vegen (D eller E). Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5.*

Det høyrer ei forklarande retningsline til: *Vedr. punkt 2: Det er utarbeidd eige kart over fylkesvegnettet i kommunen (sjå vedlegg til planføreseggnene), og fylkestinget vedtok funksjonsklassar (A-E i parentes i punkt 2), byggegrense og haldningsklassar i sak 85/12.*

3. Framtidig trasé for E16 Fagernes – Hande bør synleggjera i arealdelen til kommuneplanen. Skriv at det er stor semje om trasévalg f.o.m. tunnelutgangen ved Hunkevike, kryssing av Neselva og nordover langs dagens fv.51. Verken ny E16 Fagernes – Hande eller eksisterande E16 er nemnt i tekstdel eller føresegner til høyingsdokumenta.

Administrasjonen

Arbeid med ny E16-trase er nemnt både i tekstdel og i planføresegnene.

4. Teksten i siste setning i pkt 8 i retningsline 1 vert endra til òg å omfatta utvida bruk av eksisterande avkøyringar.

Administrasjonen

Innarbeidd i retningsline 1, punkt 8.

5. Det er teke inn krav om handikapparkering i Retningsline 1, utarbeiding av reguleringsplanar. I Retningsline 4, parkeringsnormer, er krav til handikapparkering ikkje nemnt. Handikapparkering bør omtalast i parkeringsnormene m.a. for å dekka krav ved bruksendring/bygging/utviding av bygg/verksemder der det ikkje er krav om ny regulering.

Administrasjonen

Retningsline 4 er ein blåkopi av parkeringsnormene som vart vedtekne av kommunestyret 16.06.11. Ein meiner dette er eit viktig poeng, og har derfor teke det inn i parkeringsnormene.

6. Retningslina om skilting er ikkje uttømmande, og dei tilrår derfor at det også blir vist til gjeldande lovverk som regulerer skilting. Det er Vegloven med skiltforskrifter, Plan- og bygningsloven, Markedsføringsloven, Granneloven, Kulturminneloven og ev. politivedtekter.

Administrasjonen

Retningsline 4 er ein blåkopi av skiltvedtekten til kommunen frå 11.07.1995, og burde vore revidert. Ein er av den oppfatning at det generelt bør vera unødvendig å lista opp lover og vedtekter som uansett gjeld, men har for å presisera at retningslina ikkje er uttømmande, og av informativ grunn, likevel valt å visa til det i retningsline 5.

7. Fagernes og Aurdal er omtalt i tekstdelen, men ikkje Leira der det for tida skjer mykje. ATP-prosjektet for Fagernes, som er i oppstarten no, og skal pågå i første del av planperioden, er ikke nemnt i plandokumenta. Bygginga av Valdreshallen (Leira) og trafikale løysingar knytt til den er ikke nemnt (auka trafikk, parkeringsbehov, gang- og sykkelvegar). I/i-arealet der hallen skal plasserast manglar benemning på kartet og er ikke nemnt i tekstdokumenta til planen, konsekvensvurderinga inkludert.

Administrasjonen

Det er riktig at I/i-arealet for bygging av storhall ikkje har benemning. Området vart godkjent i kommuneplanen i 1992, og vart vidareført i 2009 og er derfor ikke konsekvensvurdert. Det er for så vidt ryddig at området får ein ID, og denne er i planen i7 (liten i for at området er godkjent tidlegare). Det er 2 eksisterande næringsområde på Kalpllassen som heller ikke er tekne i bruk, det er ryddig at desse også får ein ID, dette er områda e5 og e6 i planen. Tilsvarande er gjort for ev. andre område ein ser at manglar og bør ha ei benemning. Leira er no omtalt i tekstdelen, likeins det at kommunen, etter ferdigstilling av pågående planprosessar, prioriterer ei utgreiing av forholdet mellom Fagernes/Leira som komplimenterande handelsstadar (jf. kommunal planstrategi for 2012-2016), ATP-prosjektet.

8. Plankarta vil vera lettare å orientera seg på dersom t.d. eksisterande vegliner, vassliner, høgdekurver og viktige stadnamn frå basiskart blir teke med. Særleg i område der reguleringsplan framleis skal gjelda. Tekst reduserer lesbarheten av hovudkartet (A0) vesentleg. Kartutsnitta manglar teiknforklaring.

Administrasjonen

Vegliner og eigedomsgrenser bør vera med på kartutsnitta i pdf-format. Det er lite tekst på plankartet, og ein ønskjer ikkje meir, for som Statens vegvesen påpeikar så reduserer det lesbarheten. Teksten som er på hovudkartet må vera der, med unntak av dei to områda for nedslagsfelt for drikkevatn og kyrkjegardsutvidinga i Aurdal som er teke bort.

24.06.13 Fylkesmannen i Oppland

Trekker følgjande 7 motsegner: motsegnene til dei 4 byggeområde H1, H8, H18 og I3, retningslina om at Leira sentrum utfyller Fagernes sentrum som regionalt handelssenter, den generelle føresegna om spreidd næringsutbygging samt motsegn til måten områda 033, 038, 010, 020 og H21 var vist på plankartet (4 store godkjente reguleringsplanar og nytt byggeområde H21).

Kort oppsummert har fylkesmannen ved 2. gangs off. ettersyn 12 motsegner:

- * B9 Førstopp – landskapskvalitetar og friluftsinteresser
- * B12 Husaplassen – erstatningsareal for friareal
- * H2, R1 og E3 (Bløytednsagé) - samlokalisering
- * Ft2, Aurdal fjordcamping og hytter – føresegner i samsvar med funna i KUen må innarbeidast
- * R3 Etnsenn– Påstår at det reduserer avstanden til INON-området, området må vurderast opp mot konsekvensane av å bruka Krøsstjednet (32) og Sløaøyin (33)
- * E4 - Breiset – viser til at det vart avgjort i 2010 at området skal vera LNF-område
- * I1 Pøllaøyé – omsyna som er omtala i KUen må inn i føresgnene
- * An1, naust Fullsenn – må gå fram kvifor ein ev. ikkje vil bygga nærmare dei andre nausta, meiner i tillegg at føresegna ikkje ivaretak omsyna KUen peikar på.
- * Afn1 fiskebuer Ulnes sameige – ser ingen nye moment, men aksepterer naust
- * Summen av ting på plankartet
- * ROS-analysa → samla vurdering av risikobiletet for alle dei nye byggeområda må med og ei overordna ROS-analyse for framtidig arealbruk
- * Må ha føresegna som krev sikker byggegrunn for alle tiltak i kommunen

Fylkesmannen meiner kommunen har gjennomført ein ryddig merknadsgjennomgang etter første gongs høyring, og ser at det er gjort fleire forbetringar i planforslaget både når det gjeld formell utforming og ivaretaking av nasjonale omsyn. Det er bra, og heilt nødvendig, at det er sett opp ei oversikt over endringar i plankartet i ei så omfattande plansak, men ved gjennomgang av dei områda dei hadde motsegn til ved første høyring, har dei oppdagat endringar som ikkje er med i nemnde oversikt.

Administrasjonen

Massetaket ved Etnsenn er endra, og det burde gått fram av saken. Kommunen seier seg lei for utegløyminga, og ber om forståing for at ting kan gløyma ting i ein så stor og omfattande plan.

Fylkesmannen viser til at dei ikkje har kapasitet til å gå over alle område for utbygging og sjekka om dei har lik utforming som ved forrige høyring, og kan heller ikkje saumfara kartet for ev. nye område som ikkje er med i samanstillinga. Dei tek derfor etterhald om ev. motsegner utover dei som dei omtalar i merknaden.

Administrasjonen

Kommunen hadde absolutt ikkje til føremål å lura nokon ved 2. off. ettersyn. Dei store og vesentlege endringane, med unntak av utvidinga av massetaket ved Etnsenn, gjekk klart fram av vedtaket og samanstillinga. Ein viser for øvrig til kommentarane til H18.

I brev av 12.10.12 hadde dei motsegn til sluttbehandling av planforslaget pga. feil og manglar ved planmaterialet. Meiner at plankartet ikkje er utarbeidd i samsvar med nasjonal produktspesifikasjon for arealplan.

Administrasjonen

I brev datert 16.09.13, som svar på brev herifrå 12.07.13, har Fylkesmannen konkretisert merknaden.

Fylkesmannen viser til resultat av teknisk kontroll hos Statens kartverk der det går fram at planen framleis har vesentlege feil.

Administrasjonen

Det går fram av tilbakemeldinga frå Statens kartverk 18.06.13 at leveransen er godkjent, men at feila må korrigerast.

Meiner at manglane ved plankartet gjer det vanskeleg å lesa. Stiller spørsmål ved i kva grad ålmenta har hatt mulegheit til å lesa og forstå plankartet. Dei er i tvil om kravet til medverknad i planprosessen er oppfylt med det materialet kommunen har lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Administrasjonen

I brev datert 16.09.13, som svar på brev herifrå 12.07.13, har Fylkesmannen konkretisert merknaden. Ein er einig i at planmaterialet er vanskeleg å orientera seg i p.g.a. mengden av dokument i saken og alle krav som vert stilt til utforming av planforslaget. Tilhøyrande pdf-filer burde hatt eigedomsgrenser og vegliner slik at det hadde blitt lettare å orientera seg på dei. Ein meiner at plankartet med tilhøyrande materiale gjer det lett for ålmenta å forstå kva innspel som er innarbeidd på kommuneplanforslaget, og kva som er avvist. Dette er det mest konkrete på kommuneplanen, og det lettaste for folk flest å forhalda seg til. Merknadene som har kome til planforslaget tyder på at folk har klart å orientera seg i planmaterialet både med og utan kommunal hjelp. Plankartet er korrigert i samsvar med dei konkrete tilbakemeldingane kommunen fekk per brev 16.09.13 og i møte 02.10.13.

Bruken av detaljeringssone for gjeldande reguleringsplanar er vist på lovleg måte, men plankartet blir vanskeleg å lese med slik kvite soner. Dei tilrår derfor heller å visa hovudtrekka i arealbruken innanfor sona. Kommunen legg inn nye område for utbygging/fortetting i dei same detaljeringssonene. Det er ikkje høve til å la to arealbruksføremål for same område gjelde side om side på denne måten. Det gjev usikkerheit om korleis planen skal tydast, og om det er reguleringsplanen eller kommuneplanen som gjeld.

Administrasjonen

Ved 1. offentleg ettersyn var hovudtrekka i arealbruken vist, men kommunen fekk forståing for at dette ikkje var rett måte å gjera det på, og endra det derfor til ”kvite soner”. Ein korrigerer tilbake berre for reguleringsplanane med nye byggeområde innanfor avgrensinga.

Vi gjentek elles vår merknad om omsynssone i strid med sosi-standard, og strekar under at dette må rettast opp.

Administrasjonen

Korrigert.

Samferdselliner er konsekvent utelate i plankartet.

Administrasjonen

Store viktige vegar har vore med som flater, dei andre har lege i grunnlagskartet. Etter møte med fylkesmannen 02.10.13 skal no alle vegar som er viktige ledd i kommunikasjonssystemet vera teikna inn på plankartet.

Fylkesmannen har framleis **motsegn** til slutthandsaming av planforslaget slik det no er utforma. Planforslaget kan ikkje godkjennast som eit formelt plandokument etter plan- og bygningslova i den form det no har. Dette inneber krav om nytt offentleg ettersyn og høyring.

Saknar ei vurdering av dei totale verknadene utbygginga som er føreslått i kommuneplanen vil ha for miljø- og samfunnsverdiar i kommunen. Det er i liten grad vurdert alternativ plassering av byggeområde eller avbøtande tiltak. Fylkesmannen viser til rettleiar *T-1493 Konsekvensutredning av arealdelen* som er utarbeidd av Miljøverndepartementet.

Minner om at kommunen som ansvarleg styresmakt, på bakgrunn av høyringa, skal ta stilling til behovet for tilleggsutgreiingar eller dokumentasjon omkring særlege tilhøve jf. § 10 i KU-forskrifta.

Administrasjonen

Dei totale verknadane som ei ev. utbygging vil ha for miljø- og samfunnsverdiar i kommunen er gitt under punkta ”Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar” og ”Konklusjon” heilt til slutt for kvart nye byggeområde. Ei samla vurdering av kvart enkelt byggeføremål er innarbeidd avslutningsvis under dei ulike føremåla.

Det går klart fram av konsekvensvurderinga at kommunen har avvist fleire alternative plasseringar av byggeområde. Kommunen har m.a. avvist 14 alternative område for bustadbygging, over 110 alternative område for hyttebygging er avvist, 5 område for råstoffutvinning, 5 næringsområde og ein kan vanskeleg sjå at påstanden om at alternative plasseringar av byggeområde ikkje er vurdert er riktig. Når det ikkje er nødvendig med avbøtande tiltak utover det som går fram av konsekvensvurderinga, kan ein ikkje sjå at det skal vera behov for å nemna det. Dersom det er behov for avbøtande tiltak så går det fram av konklusjonen for kvart byggeområde i konsekvensvurderinga. Vurderingane i konsekvensvurderinga skal takast omsyn til ved utarbeiding av reguleringsplan og ved realisering av nye byggeområde utan plankrav, dette går fram av planføresegne og retningslinene.

Kommunen vil minna om at det i konsekvensvurderinga skal peikast på ting som bør vurderast ved neste plannivå. Konsekvensvurderinga vil vera eit viktig dokument når det vert starta planarbeid i eit område. Det er innarbeidd ein setning i dokumentet ”*Retningsline 1 Utarbeiding av reguleringsplanar*” der dette er presisert. Det går fram av planføresegnehene og –retningslinene at føresegner og retningsliner som gjeld for bygggeområde med krav om reguleringsplan også skal leggast til grunn ved tiltak i område utan krav om reguleringsplan, tilsvarende blir det gjort gjeldande at dette også skal leggast til grunn ved dispensasjonar.

ROS-analysen

Saknar ei samla vurdering av risikobiletet for alle dei nye byggjeområda i planen. Eit heilskapleg og oversiktleg risikobilete er eit viktig grunnlag for arealpolitiske vedtak.

Fylkesmannen meiner risiko- og sårbarheitsvurderingane i konsekvensutgreiinga er utilstrekkelege og for dårlig vurdert, og har framleis **motsegn** til planen på dette grunnlaget.

Føresegner om tilstrekkeleg dokumentasjon av flaum og ras ved utbygging omfattar berre tiltak etter pbl §11-7 nr 1. Det er og behov for å krevje sikker byggjegrunn for andre tiltak, til dømes landbruksbygg og tekniske anlegg.

Administrasjonen

Følgjande generelle føresegn gjeld::

4. Alle nye bygg og tiltak skal planleggast ras- og flaumsikkert, jf. TEK 10 og NVE si retningsline 2/2011. Dette gjeld også for lokale, mindre bekkar og bekkedrag. Område med mindre skrentar på under 50 meter som ikkje blir fanga opp av www.skrednett.no må også vurderast.

Følgjande føresegn gjeld for alle vassdrag:

Før det blir sett i gang ev. bygging/tiltak i ei sone på 30 meter langs eit kvart vassdrag, skal det vurderast om området kan vera utsett for flaum eller erosjon. Dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik skal føreligga før ev. utbygging kan finna stad.

I område med ras- eller flaumfare (temakart med omsynssoner) skal det ved oppføring av bygg i sonene inngå ei utgreiing av reell fare, og dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik føreligga før ev. utbygging kan finna stad.

Det er innarbeidd rekkefølgjeføresegner der det blir stilt krav om ei utgreiing av reell rasfare med dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik før ev. reguleringsarbeid kan starta opp i bygggeområde som inngår på aktsomheitskartet for ras og skred.

Jordvern

Fylkesmannen peiker på at i områda for fritidsbustader og råstoffutvinning er det husdyr på beite, og minner om at det er viktig å ta omsyn til beiteretten i vidare reguleringsplanarbeid.

Barn og unge

Fylkesmannen tilrår at føringane i retningslinene vert innarbeidd som generelle føresegner i arealdelen til kommuneplanen. Meiner i tillegg at det er ein stor fordel å utforma rekkefølgjeføresegner for å sikra samtidig ferdigstilling av bygggeområde og leikeområde/grønstruktur, jf. pbl § 11-9 nr. 4.

Vidare er det sentralt å sikre god kvalitet på uteområda gjennom føresegner med krav til soltilhøve, arealstorlek og maks avstand mellom byggjeområda og uteområda, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

Administrasjonen

Kommunen har teke innatt rekkefølgjeføresegna for å sikra samtidig ferdigstilling av bygggeområde og leikeområde/grønstruktur som føresegn. I tillegg krav til arealstorlek og soltilhøve. Kommunen har tidlegare flytta desse frå føresegne til retningslinene etter tilråding frå FMiO.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det er gitt planføresegner knytt til flaum og skred under *Omsynssoner*, men flaumfare er ikkje vist i temakart eller plankart. Føresegner om tilstrekkeleg dokumentasjon av flaum og ras ved utbygging omfattar berre tiltak etter pbl §11-7 nr 1. Temakartet for ras er generelt og i en målestokk som gjer det uråd å vurdere korleis byggjeområda vil bli påverka. Det same forholdet gjeld og for støy.

Slik planen er utforma no, har Fylkesmannen **motsegn** til kommuneplanen pga. utilstrekkelege føresegner og manglande samanheng mellom planføresegner og kart.

Administrasjonen

Temakart for ras, flaum og støy er bearbeidd. Det er gitt føresegner til omsynssonene på temakarta.

Fleire av byggjeområda som er lagt inn i plankartet ligg heilt eller delvis inne i *aktsomhetsområde* for skred. Fylkesmannen ber kommunen vurdera om det er tenleg å legga inn areal for utbygging i område som er omfatta av så store restriksjonar at dei kanskje aldri blir utbygde.

Administrasjonen

Dette gjeld byggjeområda B2, B3, B8 og E4-E6. Kommunen har vurdert å ta ut desse 6 områda, men har valt å innarbeida rekkefølgjeføresegner der det blir stilt krav om ei utgreiing av reell flaum- og rasfare med dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik før ev. reguleringsarbeid kan starta opp for byggjeområda. B2 og B3 er unnateke plankravet, men kravet vert òg gjort gjeldande for tidlegare godkjente byggjeområde og for tiltak som er unnateke plankravet.

Kravet om kartlegging av fare i samband med reguleringsplanarbeid er uklar.

Administrasjonen

Kommuneplanen har ei generell føresegn som seier at ”*alle nye bygg og tiltak skal planleggast ras- og flaumsikkert, jf. TEK 10 og NVE si retningsline 2/2011. Dette gjeld også for lokale, mindre bekkar og bekkedrag. Område med mindre skrentar på under 50 meter som ikke blir fanga opp av www.skrednett.no må også vurderast*”.

Dersom kommunen vel tilnærminga med å utsetje kartlegging av fare knytt til byggjeområda, tek Fylkesmannen **etterhald om motsegn** til framtidige reguleringsplanar som ikkje legg kjend kunnskap frå *aktsomhetskart* til grunn.

Administrasjonen

Det skal i arealdelen gjerast greie for kva forhold som skal avklarast og vurderast nærmere i tilknyting til seinare regulering av områda, jf. KU-forskrifta § 9, 5. ledd.

Bustadområde (B)

B9, Leira, Førssøddin

Ny bustadbygging skal skje på areal som er avsett til friluftsføremål i reguleringsplanen, men kommunen har ikkje sikra erstatningsareal eller utforma føresegner for å kompensera for bygging på område eigna for leik. Føresegnerne til byggjeområdet gjev ikkje klare rammer for korleis landskapsverdiane skal ivaretakast ved regulering. Med bakgrunn i omsynet til landskapskvalitetar og friluftsinteresser har Fylkesmannen framleis **motsegn** til område B9.

Administrasjonen

Følgjande retningsline er teke inn som ei generell føresegn:

Inngrep i samband med tiltak skal vera færrest muleg, minst muleg synlege og tilpassast dei viktigaste landskapstrekka og nærområdet. Det skal ikkje byggast på areal som ligg eksponert i landskapet eller på ein slik måte at landskapet vert oppsplitta eller det krevst store terrengeinngrep.

Etter møte med fylkesmannen 02.10.13 føreslår ein å redusera byggeområde H9 ved å ta ut dei brattaste partia der det uansett ikkje bør leggast nye bustadomter.

I konsekvensutgreiinga for utarbeiding av reguleringsplan for Strandefjord fritidspark, som vart godkjent 17.06.10, vart det konkludert med at området har ein noko avgrensa verdi som nærekreasjon for folk busett på Førssøddin.

Det eksisterer ikkje noko eigna erstatningsareal for nærekreasjon på Førssøddin. Med etableringa av gangbrua har ein likevel fått eit veleigna nærekreasjonsområde med trafikksikker tilkomst i form av badestrond og friluftsområde på andre sida av Strøndafjorden. Barn og unge som veks opp innanfor B9, vil slik ein vurderer det få god og trafikksikker nærliggende aktivitetar, friluftsområde og kollektivtilbod. Utover dette vil arealet sør for Fylkesveg 261, vegen har redusert fartsgrense i området, vera eigna som nærekreasjonsområde. Også arealet her er tilgjengelege både til fots og med sykkel.

B12, Husaplassen

Kan ikkje sjå at området er utgreidd tilfredsstillande i høve til *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*. Fylkesmannen fremjar **motsegn** til området inntil slik utgreiing føreligg og ev. erstatningsareal er sikra i planen.

Administrasjonen

Det er teke inn ei føresegn som sikrar at tilsvarande areal som er vist som friområde i gjeldande reguleringsplan også skal visast som friområde ved utarbeiding av reguleringsplan for B12.

Fritidsbustader (H)

H2, R1 og E3

Meiner framleis at det er uheldig å plassera massetak og næringsområde så nær eit hytteområde og kan ikkje sjå at konsekvensane av dette, til dømes støypåverknaden på hytteområdet, er utgreidd. Status for dei tre andre uttaksområda nord og aust for E3 er ikkje omtalt. Det er ikkje i tråd med arealpolitikken å opna for nye massetak før behovet for massar

og reserver i andre uttak er kjent. I konsekvensvurderinga legg ein til grunn at det ikkje skal drivast tung industri på område E3, men dette er ikkje teke med i føresegnene for området.

Inntil det er dokumentert at samlokalisering av desse formåla er naudsynt og forsvarleg og/eller det er innarbeidd planføreseigner som sikrar tilfredsstillande løysingar for ei slik lokalisering, har Fylkesmannen framleis **motsegn** til områda.

Administrasjonen

E3 er eit næringsområde, og det blir ikkje opna for massetak her. Det går fram av planføresegne at det er forbudt med tungindustri i alle dei 6 nye næringsområda.

Dette er ikkje eit spørsmål om samlokalisering er nødvendig, for samlokaliseringa er der alt.

Astridmyre er eit eksisterande masseuttak som det er lenge sidan har vore i bruk, og som det er avgrensa med grusressursar i. Området har hatt og vil ha ein avgrensa bruk. Området er vist på plankartet, men unnateke krav om reguleringsplan. Det skal imidertid lagast ein etterbruksplan som skal gjera greie for landskapsmessig rehabilitering og etterbruk av området. Maks. årleg uttak i området er avgrensa til 500 m³ grus, jf. planføresegne.

Etter møte med fyleksemannen 02.10.13 føreslår ein å ta ut byggeområde H2 frå planforslaget, då ein meiner det er viktigare med næringsområde E3 for Tisleidalen enn dei 3-4 hyttetomtene i H2. Tidlegare leiar i Åbjør sameige og utmarksdrag vart 15.10.13 orientert per telefon om vurderingane kring H2, R1 og E3, medan noverande leiar vart orientert per e-post same dag.

H5 Skrautvål Heimås

Området er ikkje redusert og Fylkesmannen tek **etterhald om motsegn** til framtidig reguleringsplan dersom naturverdiane i området ikkje blir tilfredsstillande ivaretakne.

Administrasjonen

Plankartet viser at det ikkje er lagt til rette for byggeområde innanfor avgrensinga av området som er vist i naturbasen.

H8 Tisleidalen/Svennes sameige vest for Tisleia

Fylkesmannen tek **etterhald om motsegn** til reguleringsplanen om naturverdiane ikkje blir sikra på ein tilfredsstillande måte.

Administrasjonen

Det er teke inn planføreseigner som sikrar rikmyrane både i H4 og H8.

H 18 Aurdalsåsen, Aureputten

H18 er eit døme på utbyggingsareal som er endra frå første høyring utan at dette er omtalt i planbeskrivinga eller andre dokument som til dømes oversikta over endringar etter første høyring. Dette er eit problem for alle partar som har interesserer i planarbeidet, og svekker tilliten til plandokumenta. Arealrekneskapen i konsekvensvurderinga er heller ikkje oppdatert med nytt areal.

Administrasjonen

Det gjekk fram av konsekvensvurderinga s59 at arealet i H18 er trekt 50 meter frå strandsona. Dette gjekk også fram av vurderingane i dokumentet "Merknadar off." s8 som er ein del av

saksframstillinga. Endringa er vedteke teke inn i planforslaget med punkt 4 i vedtaket 11.04.13: *Administrasjonen får fullmakt til å bearbeida plankartet i samsvar med innkomne merknadar og vedtekne endringar etter 1. off. ettersyn.*

Det er fleire byggeområde som er redusert på denne måten, og på bakgrunn av motsegner frå fylkesmannen, m.a. B9 (Førsguddin), H1 (Bårbrenna i Tisleidalen) og spreidde område for hyttebygging. Ein har ikkje presistert desse endringane i eit eige dokument slik ein har gjort med dei nye byggeområde ved 2. off. ettersyn og vesentlege utvidingar/reduksjonar av byggeområde som var vist ved 1. off. ettersyn. Utvidinga av massetaket ved Etnsenn skulle vore med blant desse endraingane, men vart dessverre gløymt. Endringar i planføresegner og retningsliner er gjort på tilsvarende måte, og det går ikkje fram kva som er endra her heller med mindre du les heile saksframstillinga inkl. vurderingane av merknadane.

Fritids-/turistføreomål (Ft)

Ft2, Aurdal fjordcamping og hytter

Området ligg i flaumfarleg område, og det er tidlegare søkt dispensasjon for bygging her. Fylkesmannen og kommunen har gått imot dette. Fylkesmannen viser til vurdering og uttale i dispensasjonssaka, om mulege problem knytt til Aurdal reinseanlegg. Føresegna til føremålet er knapp og tek ikkje omsyn til momenta kommunen legg vekt på i konsekvensvurderinga, som til dømes at området berre skal brukast til døgnoppstillingsplass. Fylkesmannen har slik området er utgreidd **motsegn** til område Ft2.

Administrasjonen

Følgjande føreseigner er innarbeidd i planforslaget:

Området skal berre brukast til døgnoppstillingsplass.

Ev. muleg luktpolitikk frå reinseanlegget må vurderast grundigare, og ev. nødvendige tiltak vurderast og settast i verk for å hindra luktpolitikk.

For å sikra allmenn ferdsel og ta vare på strandsona skal det avsettest ei 10m brei grønstruktursone nærest Aurdalsfjorden.

Råstoffutvinning (R)

Råstoffutvinning R3

Fylkesmannen er einig med kommunen i at dette er eit av fleire uttak det vart opna for gjennom verneplanprosessen for Langsua. Men det fritek ikkje tiltaket for handsaming og konsekvensvurdering etter pbl. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har vurdert konsekvensane av uttaket, sett opp mot konsekvensane av andre mulege uttak (32 og 33). Uttaksområdet er og auka sidan første høyring, frå 103 daa til 160 daa, utan at denne auka er synleggjort i konsekvensvurderinga. Hevdar at uttaket vil redusera INON-områda i nærleiken, i motsetnad til kva konsekvensvurderinga seier. Fylkesmannen viser til uttale ved første høyring og har slik området er utgreidd framleis **motsegn** til område R3.

Administrasjonen

Opplysningsane i konsekvensvurderinga ved 2. off. ettersyn om at INON-området ikkje vart redusert var riktig. R3 var utvida, men dette gjekk ved ein feil ikkje fram av planmaterialet.

Etter møte med leiar i sameiget 16.07.13 faktisk behov og eksakt lokalisering av massetak i Skrautvål sameige i planperioden, så føreslår ein at både område R3 –Etnesenn, R5 – Skardstølen og R6 – Nisa vert redusert til 3. off. ettersyn. Avgrensinga av R3 vil heller ikkje

no redusera avstanden til INON-området. Utifrå skisserte omfang og bruk av desse 3 massetaka føreslår ein å ikkje krevja reguleringsplan for dei, men ein stiller krav om ein etterbruksplan.

Sameiget ønskjer primært at uttak 32 vert reservert som framtidig massetak fordi området ligg strategisk til med fin masse, men uttaket er ikkje vurdert grundigare fordi fylkesmannen, i følgje sameiget, tidlegare har gitt klare signal om at dette er uaktuelt p.g.a. nærleiken til Etna og våtmarksområdet her. Når det gjeld uttak 33 så er dette mindre aktuelt fordi det er nødvendig med totrinns knusing, noko som gjer at kostnadane med knusing er vesentleg høgare enn for eit uttak ved Etnsenn (R3). Når ein legg dette til grunn ser ein ikkje nokon grunn til å vurdera uttak 32 og 33 noko nærmere.

Næringsbygg (E)

E4, Breiset

Området ligg på dyrka mark nord for Fagernes. Fylkesmannen hadde ved førre revisjon av kommuneplanen motsegn til at området vart omdisponert til næringsområde. Miljøverndepartementet avgjorde så seint som i 2010 at området framleis skulle vere LNF-område. Har forståing for at kommunen har behov for meir næringsareal nær Fagernes sentrum. Dei ser og at kommunen har tilbakeført byggjeområde til LNF og har registrert at den dyrka marka på området ikkje er av den beste i kommunen. Viser til rundskriv T-2/04. Med bakgrunn i at føreslått arealbruk vart avslått av Miljøverndepartementet i 2010, har Fylkesmannen framleis **motsegn** til område E4.

Administrasjonen

Kommunen er kjent med rundskriv T-2/04 der det går fram at ”*Avgjørelser i innsigelsessaker skal legges til grunn for kommunenes utarbeiding av senere planer*”, men meiner at når det er openberre behov, noko som også fylkesmannen erkjenner, så må det likevel vera grunnlag for å vurdera motsegna på ny.

Idrettsanlegg (I)

I1, Pøllaøye

Fylkesmannen hadde motsegn til område I1 ved første høyring med bakgrunn i manglande omsyn til sikring av vegetasjon og allmenn tilgjengelelse langs vassdraget. Konsekvensvurderinga til kommunen set ei rad krav om ulike omsyn til konklusjonen «*overvegande positive konsekvensar av utbygginga*». Planføresegnene har likevel ikkje noko punkt om idrettsanlegg, og omsyna kommunen omtaler er ikkje sikra oppfølging. Fylkesmannen har derfor **motsegn** til området I1 slik det føreligg.

Administrasjonen

Det er teke inn ein planføresegn om at det må sikrast fri ferdsel til heile Pøllaøyé, og at det skal settast att ei grøntstruktursone langs vassdraget. Det er også innarbeidd krav om støyvurderingar.

Andre typar anlegg (A)

An1, Naust, Skrautvål sameige

Konsekvensutgreiinga vurderer ikkje mulegheitene for å bygga nærmare eksisterande naust lenger nord, og så lenge plankartet ikkje viser veglinjer er det uklart om kommunen vil tillate ny veg til byggeområdet. Dei knappe føresegnene for området sikrar heller ikkje dei omsyna konsekvensutgreiinga peiker på som viktige i området. Fylkesmannen har slik området er vist og utgreidd framleis **motsegn** til området An1.

Administrasjonen

Det er krav om reguleringsplan, og det går fram av retningslinene for utarbeiding av denne og av konsekvensvurderinga at eksisterande veg/stiar skal brukast som tilkomst. Det er ikkje lov å etablera nye vegen til områda. Plankartet viser heller ikkje nokon ny vegtilkomst. Badeplassar og stiar/tilkomstvegar til områda skal ikkje byggast ned. Kommunen har tidlegare hatt dette som føresegner, men fylkesmannen tilrådde kommunen å ha dei som retningsliner. Etter møtet 02.10.13 er det einigkeit om at dei blir ståande som retningsliner.

Kommunen har etter møtet med fylkesmannen 02.10.13 vurdert ei anna plassering av byggeområdet for naust, og 15.10.13 konferert leiari i sameigestyret vedr. dette. Naustområdet er flytta lenger nordvestover til området som er kalla Stokkebrynaustet på kartet. Det å plassera naust her som ei fortetting mellom eksisterande naust er meir i tråd med fortettingspolitikken som gjeld i kommunen. Det er også meir i tråd med praksisen som er lagt opp til i Ulnes sameige.

Afn1, Fiskebuer med naust, Ulnes sameige

Fylkesmannen viser til uttale ved første høyring der det er motsegn til fiskebuer (for overnatting), men ikkje til naust. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment i saka og har framleis **motsegn** til område Afn1.

Administrasjonen

Etter møte med fylkesmannen 02.10.13 føreslår ein å endra dette til naust. Før 3. gangs offentleg ettersyn bør dei motsegnene som kan lukast ut bort, og det er viktig å heller fokusera på å få godkjent område med motsegn som er viktigare for kommunen i ein større heilskap enn det dette området for fiskebuer er.

Planføresegnene

Utover merknadene til planføresegnene ovanfor, er Fylkesmannen nøgd med dei endringane som er gjort etter første høyring:

Fylkesmannen hadde motsegn til formuleringa i fellesføresegn om at Leira sentrum utfyller Fagernes sentrum som regionalt handelssenter. Dette er no formulert som ei retningsline og er dermed ikkje ein juridisk del av plandokumentet som det er aktuelt å fremma motsegn mot.

Administrasjonen

Dette var formulert som ei retningsline også ved 1. off. ettersyn når fylkesmannen hadde motsegn til ho, fylkesmannen er også kjent med at det er ikkje gjort endringar i denne etter 1. off. ettersyn.

12.07.13 Gol kommune

Har ingen merknadar til kommuneplanforslaget ved 2. offentleg ettersyn

Andre off. ettersyn, vurdering av andre merknadar:

15.04.13 Helene Ruud Haugen vedr. 96/6, Aurdal

Oversender skredanalyse for eigedomen Lundsmyré, utført av NGI v/Erik Hestnes. Analysa konkluderer med at det ikkje er fare for snøskred på eigedomen. Det blir poengtert at snøskredkartet som det blir vist til i notatet frå kommunen er eit automatisk generert kart på basis av 20 meters kotegrunnlag, og at områda på kartet ikkje er synfart og verken tek omsyn til vegetasjonsforhold, lokale terrengforhold eller eksisterande bygningar.

Vidare blir det konkludert med at det vil vera relativt enkelt å ta hand om overflateavrenninga i området ved ein ev. utbygging og at faren for steinsprang frå Gråberg/Disrudberget bør vurderast dersom utbygging er aktuelt. Ved ei ev. synfaring kan også stabiliteten i nokre andre små fjellparti i dagen vurderast.


Administrasjonen

Kommunen er godt kjent med korleis dei teoretisk framstilte skredkarta er laga, og NGI er tilsvarende godt kjent med at kommunane må ta omsyn til dei ved planlegginga si.

23.05.13 Helene Ruud og Espen Haugen vedr. 96/6, Aurdal

Ser at eigedomen framleis er vist som LNF-område på plankartet, m.a. grunngitt med at området er rasutsett. Kjenner og respekterer ønsket om eit grønt belte gjennom bygda i samsvar med tettstadsanalysa frå 2001, men som følgje av attgroing framstår heile bygda som grøn i dag. Det vil bli vist forstomsyn ved utvikling av området. Har fått førespurnadar frå både privatpersonar som ønsker bustadtomt her og utbyggjarar som ønsker å utvikla heile området og som er interessert i å samarbeida med fleire utviklarar/initiativtakrar i bygda. Meiner dei ahr gode løysingar/forslag til infrastruktur i området, t.d. ved å legga veg fint i terrenget. Viser og til uttalen frå NGI v/Erik Hestnes m.o.t. rasfare i området. Ser for seg at området skal bli eit nyskapande bustadområde med miljø i fokus, m.a. gjennom retningslinene til ENOVA for slikt.

Avsluttar med at dei gjerne høyrer frå kommunen, og ønsker kommunen lukke til i den ansvarsfulle prosessen det er å ivareta og å utvikla bygdene og ta omsyn til innbyggjarane der og deira interesser.



Administrasjonen


Ordføraren har i brev datert 03.06.13 svart på merknaden frå Haugen. Av brevet går det fram at innspelet vil bli vurdert når saken blir behandla på ny i formannskapet. Ordføraren viser i brevet til at kommunen ikkje registrerte noko skriftleg innspel vedr. eigedom 96/6 i samband med 1. off. ettersyn av planforslaget, og derfor vart det ikkje gjort nokon ny vurdering av innspelet vedr. eigedom 96/6 frå mai 2011 i møte i formannskapet den 11.04.13. Det aktuelle området vart derfor vist som LNF-område på planforslaget som låg ute til 2. off. ettersyn.

Innspelet vedr. eigedom 96/6 vart 21.06.12 vurdert slik at det sannsynlegvis er muleg å legga til rette for bustadtomter på enkelte småflater i området. Imidlertid meinte ein at det vil kunna bli vanskeleg å få til ei vegløysing med tilfredsstillande stigningsforhold utan at det vil medføra vesentleg inngrep både på eigedom 96/6 og naboeigedomar. I tillegg ligg heile eigedomen i eit teoretisk utløpsområde for snøskred.

Vurderingane frå formannskapsmøtet 21.06.12 ligg framleis til grunn, men skredanalysa frå 15.04.13 er eit viktig innspel m.o.t. vurderingar knytt til det teoretiske utløpsområdet for snøskred.

Administrasjonen meiner at ein primært bør legga til rette for ny bustadbygging i område som er rassikre. Hendingane våren 2013 i Aurdal aktualiserer dette. Rasvurderinga for Lundsmyré konkluderer ikkje med at området er sikkert mot ras. Tvert imot blir det sagt at området må vurderast ytterlegare ved ei ev. utbygging. Utover dette meiner ein at det vil bli vanskeleg å få til ei tilfredsstillande vegløysing til området, jf. møtet i formannskapet 21.06.12, og kan heller ikkje sjå at det er behov for fleire bustadtomter i Aurdal i planperioden. Administrasjonen tilrår å oppretthalda gjeldande situasjon.

19.04.13 Vidar Hovdet vedr. Skrautvålsvegen 29 (25/23) og del av 33 (25/2), Fagernes Del av 25/1 og 25/58, i tillegg følgjande eigedomar: 25/28, 25/32, 25/40, 25/59 og 25/160
Ber om at det vert lagt til rette for framtidig bustadbygging i områda som er vist med oransje farge.



Administrasjonen

Den nordlegaste delen av arealet som er markert med oransje på eigedom 25/2 er regulert til spesialområde, friluftsområde og felles gangareal, men det er etter godkjenninga av reguleringsplanen gitt løyve til å setta opp ein forretningsbygning her. I store delar av det sørlegaste området er det vist ein alternativ trase for E16 gjennom sentrum, men denne traseen er ikkje juridisk bindande i dag, og heller ikkje lenger aktuell.


Resten av arealet som er markert med oransje, er vist som område for forretning, kontor m.v. i gjeldande reguleringsplan for Fagernes sentrum frå 30.06.1988.



Støyvarselkarta (rett over) er eit varsel om kor støy kan innebera ein støykonflikt i høve til bygg. Det skal alltid gjerast meir nøyaktige støyberekingar dersom det er aktuelt med utbygging av støyømfintlege bygningar (bustadar, fritidsbustadar, skular, barnehagar og institusjonar) innanfor støysonene. Slike nøyaktige berekningar er det utbyggjar som har ansvaret for å utarbeida. Vegnettet som blir lagt til grunn er imidlertid dagens situasjon, og vegprosjekt som ikkje er ferdigstilt blir ikkje lagt inn som grunnlag for støyberekingane.

Kommunestyret i både Nord-Aurdal, Vestre og Øystre Slidre er samstemte, og har gått inn for oransje alternativ 4 i kommunedelplan for E16 Fagernes – Hande, jf. under. Med dette alternativet for framtidig E16-trasé vil situasjonen i dette området m.o.t. til trafikk-/støybelastning kunna endra seg drastisk. Det er gjort utrekningar som viser at det kan vera snakk om ein auke på 1000-3000 bilar i gjennomsnitt kvart døgn.

Det er behov for næringsareal nær Fagernes sentrum. Administrasjonen vurderer det som uheldig å føreslå å endra eksisterande næringsareal nær Fagernes sentrum til andre føremål, og tilrår å oppretthalda gjeldande situasjon.



13.05.13 Valdres alpinsenter v/dagl. leiar Harald Kulhuset vedr. eigedom 95/13 i Aurdal
 Valdres alpinsenter er kjent med at eigedom 95/13 kjem for sal i løpet av sommaren, og viser til at det er viktig for Valdres alpinsenter å tilknyta seg eigedom 95/13 som ein dalstasjon for ei framtidig utviding av det eksisterande anlegget. For dei vil dette vera den beste mulegheita for å utnytta det eksisterande anlegget. Håpar dette kan bli med i kommuneplanen, då dei har eit mål om å utvida anlegget innan 2 år. Ber om at området markert med gult blir omdisponert til "farge grønn".



Administrasjonen

Eigedomen er på kring 35 daa, og store delar av han er fulldyrka mark, det aktuelle arealet er derfor alt vist som grøntområde på planforslaget. Kartet under viser kommuneplanforslaget

ved 2. off. ettersyn. Kartet over er utsnitt av grunnkartet som m.a. viser dyrka mark, området er derfor gult.

I og med at det går fram av merknaden at Valdres alpinsenter har eit mål om å utvida anlegget innan 2 år, så forstår ein innspelet slik at dei ønskjer at eigedomen vert vist som område for idrettsanlegg (her: alpinområde). Forslaget er innarbeidd på plankartet.

I brev datert 02.07.13 frå kommunen er alpinsenteret bedt om å gjera ytterlegare greie for planane sine.

16.08.13 Valdres alpinsenter v/dagl. leiar Harald Kulhuset, utfyllande opplysningar

Slik alpinsenteret sjølv ser det er denne omdisponeringa og tilrettelegginga det mest fornuftige som kan gjerast i anlegget på kort sikt. Viser til at det er den einaste mulegheita dei har til å kunna utvida eksisterande anlegg på ein fornuftig måte. Med denne løysinga vil dei kunna utnytta eksisterande bakkar og område til å bli eit anlegg som strekker seg opp mot det beste i landet. Meiner at for Aurdal og Aurdalsåsen, Nord-Aurdal kommune og Valdres er dette ein viktig faktor for reiselivet, utvikling og utbygging i dalen.

Hevdar at ei utviding av alpinsenteret er eit spørsmål om vidare eksistens, og at det vil kunna flyta med i 5-10 år til utan utbygging, men etter det vil dei ikkje kunna henga med i marknaden. Meiner at dersom alpinsenteret forsvinn så vil det gå dårleg med Aurdalsåsen også. Tomtesal på åsen heng saman med at det er eit godt alpintilbud. Skriv vidare at dei ikkje kan overleva på berre hyttemarknaden og helgejester. Med føreslattede utviding har dei gode mulegheiter til å få på plass stolhei oppover i eksisterande trase. Meiner at dei med det vil kunna knytta til seg reiseselskap som vil kunna fylla opp midtvekene med gjester. Dei vil slik også kunna bli meir synlege overfor forbipasserande og kunna få til eit flott serviceområde i samband med eigedomen.

Det ligg ingen hindring i at delar av marka framleis kan nyttast til landbruksføremål, viser til at både dei og andre har erfaring med at det berre er positivt at marka kan nyttast begge vegar. Skriv at det berre er delar av marka som har blitt nytta dei siste åra, og at ho ikkje har vore i bruk i 2013. Delar av marka på nedrsida av vegen er bratt og ulendt, meiner derfor det er liten grunn til å tru at ho blir nytta i framtida. Dette området er aktuelt for parkering i terrassar.

Gardsbruket er heller lite driveverdig samtidig som bygningane er dårlege. Meiner området er betre eigna som areal for turisme og turistområde.

Under møte med alpinsenteret 9/10-13 vart ev. alternativ lokalisering av botnpunkt for ein stolhei diskutert.

31.05.13 Espen H. Wessel vedr. eigedom 92/48 og 26 på Aurdalsåsen

Ønskjer at også det nordlege området på eigedom 92/26 blir innlemma i byggeområde H11. Området ligg i ein relativt bratt skråning som flatar ut mot toppen, og dei ønskjer derfor å kunna vurdera bruk av dette området på lik line med resten av H11.

Ber om stadfesting på at merknaden er motteken.



Administrasjonen

Stadfesting på at merknaden er motteken vart sendt per e-post 07.06.13 til ehwess@gmail.com.


Det blir ikkje sagt noko om kor ein ser for seg vegløysing til området, men forslaget er innarbeidd på plankartet. Ein legg til grunn at det skal etablerast tilkomst frå vegen i vest som ligg innanfor reguleringsplan for Sørre Engatn, og med det vurderer ein innspelet til å vera i samsvar med retningslinene for revisjonen. Det er teke inn ei retningsline om vegtilkomst via vegen til Sørre Engatn i retningslinene for utarbeiding av reguleringsplanar.

Området ligg langt inne på åsen, og tilknyting til vatn og avløp vil bli svært kostnadskrevjande. Det vil bli stilt krav om felles avløpsanlegg i området. VA-planen for Aurdalsåsen vil bli lagt til grunn for vurdering av vatn- og avløpsløysing for byggeområde H11, jf. planføresegnene.

03.06.13 Mette Marit Jensen og Anne Karin Elisenberg vedr. eigedom 91/325 på Aurdalsåsen

Har motteke varsel om at planforslaget ligg ute til 2. off. ettersyn. Forstår det som at bakgrunnen for dette er at 3 daa av eigedomen deira i planforslaget ved 2. off. ettersyn er vist som byggeområde (del av H29). Området var ikkje med ved 1. off. ettersyn, og dette er ifølgje dei ”*Dermed vår første mulighet til å komme med innsigelse, og vi håper kommunen tar hensyn til dette*”.

Dei fremma i 2000/2001 forslag om å regulera eigedomen som låg innanfor B2-området i arealdelen til kommuneplanen, utmarksdelen frå 1995. Planen vart stoppa p.g.a. krav om off. vatn- og avløpsløysingar. Det ligg betre til rette for dette no, og dei håpar derfor at innspelet deira vert teke til etterretning og at mest muleg av eigedomen på totalt 52 daa vert vist som framtidig hytteområde.



Administrasjonen:

Planoppstart vart varsla 09.10.10, og alle vart gitt mulegheit til å koma med innspel til planarbeidet. Kommunen har verken mulegheit eller plikt til å varsle kvar enkelt grunneigar når ein set i gang arbeid med arealdelen til kommuneplanen. Grunneigarar må sjølve følgja med på heimesida og i media. Innspellet er i tråd med retningslinene for kommuneplanarbeidet. Forslaget er innarbeidd på plankartet.

07.06.2013 Aud Fagerås og Per Einar Tveit vedr. eigedom 25/1, Fagernes

Registrerer at det er liten vilje frå kommunen si side til å ta med ønskja og forslaga deira. Om det skuldast mangel på vilje eller evne, vil dei ikkje sei noko om her, men dei registrerer ein klar forskjellsbehandling av innspela som kjem inn til kommunen. Nokon frå "lov til alt", medan andre får ikkje lov "til noko". Rådmannen viser til (i media og møte) at kommunen hadde eit godt samarbeid med dei m.o.t. regulering/sal av delar av jordet vårt til "Tveit skoleområde", men dei ser lita vilje hjå kommunen til å samarbeida på andre område. Dei ser det som nødvendig å repetera det som tidlegare er skrive/kommunisert, i tillegg til å koma med nye argument og forslag.

Bustad 1


Utifrå argumentasjonen som blir gitt, ber dei om at området vert innarbeidd. Viser til at det er politisk ønskeleg med sentrumsnære bustadområde, og at det ikkje er lønsamt å driva jordbruk på dei 15 resterande daa med dyrka mark på eigedomen.



*Kartutsnitt sendt inn med merknad til
planforslaget ved 1. off. ettersyn*

Bustad 2 og B8

Ønskjer at "Bustad 2" kan innlemmast i B8, dette er eit skogområde på 3 daa på lik line med delar av B8, og det er derfor vanskeleg å sjå for dei kvifor kommunen ønskjer at dette ikkje skal inkluderast, med mindre det ligg andre forhold til hinder som ikkje har kome fram i saksdokumenta.



Kartutsnitt sendt inn med merknad til planforslaget ved 1. off. ettersyn, B8 t.h., bustad 2 i midten og i sørvest bustad 3

Bustad 3

Viser til at det i vurderinga til kommunen går fram at dette området er vist som friområde, og meiner dette kanskje er ein god tanke, men skriv at for å vera ærleg så bør vel heller kommunen konsentrera seg om vedlikehald av eksisterande parkar/parkmessige område før det blir etablert fleire nye. Med referanse til behovet for sentrumsnære/skulenære tomter, og ber dei om at området blir teke inn og føreslår eit makeskifte med kommunen for å få til ein tomannsbustad i området.

Avslutningsvis skriv dei at ordføraren ved fleire høve har etterlyst sentrumsnære/skulenære område til bustadbygging. Dei har heilt sidan 2001 forsøkt å få til ein dialog med kommunen om temaet, men med liten vilje frå kommune si side til å bidra med anna enn "prat". Håpar no på å få til ein meir konstruktiv dialog med kommunen i fortsetjinga, og bidreg gjerne med meir informasjon omkring desse mulegheitene/ønskja som har er omtala.

Administrasjonen

Det er godkjent eit byggeområde på eigedomen i gjeldande kommuneplan, og opna for utviding av dette for å få til ei betre vegløysing til området (B8 i kpl frå 2009, b5 i nytt planforslag).


Det er vist eit nytt bustadområde på eigedomen i kommuneplanforslaget (B7).

Det vart godkjent ein reguleringsplan for eit større område på eigedomen, jf. reguleringsplan for Vesletveit godkjent 13.10.2005. Det vart lagt til rette for mange bustader, som framleis ikkje er realisert.


Kommunen poengterte ved utlegging til 2. offentleg ettersyn at dette primært var ei høyring av endringane etter 1. off. ettersyn. Innspelet/merknaden er vurdert 2 gonger tidlegare i denne planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget.

Ein vil poengtera følgjande forhold: Utviding av B8 vart innarbeidd i planforslaget for å få ei betre vegløysing til byggeområdet, slik som det vart argumentert for i innspelet til planoppstart. Utvidinga i nordvest, (det som ved 1. og 2. off. ettersyn blir kalla bustad 2) er ikkje nødvendig for å få ei betre vegløysing. I merknaden til planforslaget ved 1. off. ettersyn blir det føreslått ei anna og ny, lang vegløysing til B8 (sjå kart over), enn den kommuneplanen for 2009 opnar for og den som byggeområdet vart utvida for før 1. off. ettersyn.

Innspel ved varsel om planoppstart:



I brev datert 02.07.13 bad kommunen om at det vat oversendt ei skissa for vegtilkomst og VA-løysingar til byggeområde B7. Kommunen mottok forslag i brev datert 02.09.13. I brev datert 13.09.13 gjorde kommunen oppmerksam på at forslaget 02.09.13 ikkje var i samsvar med føringane i vedtaket til formannskapet 11.04.13, og bad om eit nytt forslag. Dette vart motteke 26.09.13, og viser to alternative mulegheiter til vegtilkomst til byggeområde B7. Av oversendingsbrevet går det fram at alternativ 1 (grøn line) er prioritert frå deira side. Plankartet viser begge løysingane som mulegheit.



10.06.2013 Ingrid Onstad vedr. eigedom 90/15, 65 og 66 på Aurdalsåsen


Papeikar at det er vist framtidige byggeområde (2 hyttetomter) på 90/65 og 66 i kommunedelplan for Aurdalsåsen. Ved kjøp av hyttetomtene i 2001 vart det søkt om, og gitt, konsesjon for kjøp av dei to hyttetomtene som byggetomter. Ber om at dei to tomptene vert vist som framtidig byggeområde i kommuneplanen.

Administrasjonen

Tomptene er vurdert for utbygging etter innspel i samband med utarbeiding av kommunedelplan for Aurdalsåsen. Tomptene er ubygde, og er derfor vist som LNF-område i planforslaget. Sidan tomptene alt er vurdert m.o.t. utbygging, og teke inn i kommunedelplan for Aurdalsåsen, meiner ein gjeldande planstatus bør vidareførast for eigedomane. Det er vist ei hyttetomt på eigedom 90/65 og ei på 90/66.

15.06.13 Valdres biovarme AS vedr. Leira sentrum

Føreslår å innarbeida følgjande planføresegn: "*Nye bygg og bygg med større ombyggingar skal tilretteleggast for energiforsyning med vassboren fjernvarme*". Viser til at dette er ei nøytral formulering som gjer det muleg for fleire teknologiar og leverandørar å levera til desse bygga. Føreslår å gjera føresegna gjeldande innanfor det som er avgrensa som Leira sentrum (raud strek på kartet), eller at grensa vert justert slik at ein tek med dei områda der ein forventar at det kan bli bygd større bygg.




Administrasjonen

Det er for stor usikkerheit knytt til ev. realisering, krav til framtidige løysingar vs dyre interne leidningsnett til at ein kan tilrå ei slik løysing.

15.06.13 Linda Wilhelmsen vedr. eigedom 23/72 aust for Sørhelltjednet

1. Det er uklart for ho kva kommunen meiner med at eigedomen hennar ikkje ligg i eit satsingsområde.
2. Ho meiner at tomta hennar ikkje kjem i konflikt med byggeforbodet langs vassdrag. Ho viser til at eigedomen ligg ca. 25 meter frå vatnet, og meiner derfor at den allmenne ferdsel langs og til vatnet ikkje blir hindra.
3. Vidare meiner ho at faren for forureining ikkje er stor då bygninga på 23/72 ikkje vil få innlagt vatn, men henta vatn frå Sørhelltjednet slik dei andre hyttene i området gjer.
4. Frakt av bygningsmateriale vil skje på vinterstid, og i ein avgrensa periode, på sommartid med båt over vatnet, på same måte som det alltid har vore gjort til hyttene i området. Ho meiner derfor at manglande veg derfor ikkje er eit vesentleg argument mot bygging av ei enkel hytte på tomta.
5. Ber på nytt om at det vert opna for bygging på eigedomen, og gir uttrykk for at ved nokon anna konklusjon så vil ho oppleve det som ein utilbørleg inngrisen i disposisjonsretten over eigen privat eigedom utan at det er tungtvegande samfunnsmessige argument som blir lagt til grunn.



Administrasjonen

1. Kommunen har 3 definerte satsingsområde for turisme/hyttebygging, Aurdalsåsen, Tisleidalen og Vaset. Egedomen ligg ikkje i desse områda. I desse områda skal 80 % av dei nye hyttetomtene ein opnar for i planperioden ligga.

2.-4. Denne søknaden må vurderast etter andre kriterium enn det dei nye hyttetomtene som det blir opna for i planprosessen blir. Det blir søkt om løyve til å bygga ut ei tidlegare frådelt, men ubygdi hyttetomt. Hyttetomta vart frådelt for 45 år sidan, i 1968. Tomter vart den gang frådelt etter heilt andre kriterium enn det som ligg til grunn for nye hyttetomter i dag. Ein god del av desse tomtene ville ikkje blitt frådelt i dag, og nettopp derfor skal desse vurderast spesielt, fordi det kan vera grunnar til at dei ikkje bør byggast ut. Det er ingen tvil om at hyttetomta ikkje ville blitt godkjent i dag, og at lokaliseringa heller ikkje er i samsvar med reningslinene for revisjonen av arealdelen.

Når hyttetomtene det dreier seg om av ulike årsakar ikkje har blitt teknar i bruk i løpet av den perioden som har gått fram til i dag, så kan faktisk situasjonen derfor bli slik at du sit med ei hyttetomt du ikkje får løyve til å bygga på. Kommuneplanforslaget opnar likevel for bygging på slike tomter i mange tilfelle, men ikkje alle:

"Dispensasjon i byggeforbudsbeltet vil normalt ikkje bli gitt, men kan vurderast dersom det 1. er mulegheit for tilkopling til offentleg godkjent vatn- og avløpsløysing, 2. tomta terrengmessig ligg slik til at dispensasjon ikkje verkar hemmande på fri ferdsel ved at det t.d. ligg ein bergskrent mellom tomta og vassdraget eller at ein køyreveg for bil skil tomta og vassdraget".

Tomta er i konflikt med byggeforbodet langs vassdrag. Kommuneplanen legg opp til ei byggeforbudssone på 50 meter her (100 meter per dags dato). Tomta er opplyst til å ligga 25 meter frå Sørhelltjednet. Det er ikkje vegtilkomst til hytta, og det ser ut til å vera kring 500 meter til nærmeste køyreveg for bil (fv 204). Det er ikkje mulegheit for tilkopling til offentleg godkjent vatn- og avløpsløysing, samtidig som VKR krev vinterbrøyta veg for muleg tömming. Transport av materiale for bygging på egedomen er likevel, som for alle andre

tilsvarande tomter, uproblematisk. Administrasjonen kan ikkje sjå at bygging på tomta her er i samsvar med retningslinene for ev. dispensasjon i LNF-område som er føreslått i kommuneplanen, og tilrår derfor å oppretthalda gjeldande situasjon.

16.06.13 Ingrid og Peder Nedreliid vedr. eigedom 62/10

Har hatt kontakt med administrasjonen og møte med politikarar vedr. saka, og etter oppmading søker dei på nytt om at det vert innarbeidd 3 hyttetomter på eigedom 62/10. Dei meiner at argumenta dei har lagt fram ”*skal få ei anna vurdering enn administrasjonen sitt forslag til kommuneplan*”.


Dei har lagt fram argumenta sine tidlegare, og vil hevda at eigedom 62/10 står i ei særstilling mellom søknadane, noko dei og gav uttrykk for i brev den 30.07.11, og hevdar vidare at ingen andre eigedomar har fått stukke ut tre tomter frå ”kommunen”. Dei viser til at dei i ettermidd har fått kjennskap til at den som representerte kommunen har gått utover fullmaktene sine. Meiner at utstikkinga av tomtene var eit så tydelege signal at det i etterkant vart investert og opparbeidd veg og vatn til tomtene. Avsluttar med at dei på oppmading vil koma med utfyllande opplysningar og dokumentasjon.

Administrasjonen

Planforslaget som låg ute til 2. off. ettersyn er formannskapet sitt forslag til ny til kommuneplan.

Kommunen poengterte ved utlegging til 2. offentleg ettersyn at dette primært var ei høyring av endringane etter 1. off. ettersyn. Innspelet/merknaden er vurdert 2 gonger tidlegare i denne planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget. Nye hyttetomter her er ikkje i samsvar med retningslinene for revisjonen av kommuneplanen.

Det vert sett fram påstand om at innspelet deira er i ein særstilling i høve til andre innspel. Tomtene er ikkje innarbeidd i utmarksplanen frå 1995, her er området vist som LNF-område. Det er opparbeidd veg til hytta på eigedom 62/10, og det er tilgang til vatn frå ei åre i nærområdet iflg. tidlegare merknad. Dei tre nye hyttetomtene er tenkt plassert rett sør for den eksisterande hytta.



I sak 21/97 i hovudutval for plan og miljø går det fram at det er nødvendig med dispensasjon for å bygga på eigedomen, og at grunneigar er kjent med dette. Søkar har tidlegare oppgitt at

teknisk etat skal ha stukke ut 3 tomter i 1985, og at desse vart kontrollert i 1995 samtidig som at veg vart ført heilt fram.


I skøytet til eideomen, som kommunen tidlegare har fått oversendt, går det fram at eideomen er overdratt til 1 av 4 søsken, og at vedkomande skal medverka til at det blir frådelt 3 tomter til dei øvrige søskena.



Følgjande går fram av sak 21/97 i hovudutval for plan og miljø: ”*Når det gjelder tomtene som skal være utstukket av teknisk etat i 1985, er dette tomter som i planforslag for Svennes sameige vest for Tisleia var vist som hyttetomter. Denne planen ble aldri godkjent, og som nevnt ovenfor er det kommuneplanen som er det gyldige plandokument. For øvrig er det riktig at en fra teknisk etat har sett på utstikking i 1995, men han var ikke kjent med at tomtene ikke tidligere var godkjent og hadde heller ikke satt seg inn i plansituasjonen.*”

Planforslaget frå sameiget, som aldri vart godkjent, viste ei rekke tomter på dei ulike teigane vest for Tisleia, og det er heller ikkje på desse gitt løyve til bygging dei seinare åra. Tilsvarande søknader tidlegare i området er avslått. Arveoppgjer er ikkje nokon særleg grunn til å gje dispensasjon. Administrasjonen tilrår å oppretthalda gjeldande situasjon.

16.06.13 Thor Dahl vedr. 110/38 i Vestringsbygda sameige

1. Har i 20 år venta på at dei to reguleringsplanane hans kunne få ein nye muleheit til godkjenning. Føreslår ei mindre utviding av byggeområde H14. Argumenterer for å ta med heile stølvollen på Haugsetsætri. Alle gamle bygg er fjerna på hans del, og det hadde vore historisk positivt å gjenskapa eit stølstun med gamle bygningar her. Han ber om at byggeområdet vert utvida, slik at etterkomarane hans kan få dette prosjektet som ei utfordring.





2. Avslutningsvis har han nokon generelle kommentarar om at kommunen bør vera glad for alle attraktive hytteområde i kommunen. Desse bør registrerast tidlegast muleg, slik at alle kan arbeida mot eit forutsigbart mål for områda. Primærnæringane er ramma av sterk økonomisk nedgang. Dette tilseier at dei som har andre naturressursar må ta desse i bruk. Ulike former for turisme blir derfor meir og meir redninga både for store delar av folket, og for kommuneøkonomien i fjellbygdene våre.

Han skriv vidare at dei medverkande i slike planprosessar ikkje bør la seg villeia av personar eller grupper, som meiner at livsoppgåva deira er å forsøka å stoppa tiltak, som kan vera fordelaktig for nokon av medmenneska deira.

Han viser elles til merknaden sin til 1. off. ettersyn, der han meir utførleg har omtalt dei personlege opplevingane sine som grunneigar dei siste 20 åra.

Administrasjonen

Rammer og retningsliner for planarbeidet har vore presisert og poengtert opp til fleire gonger, desse må alle setta seg inn i og forholda seg til. Det har vore administrasjonen si oppgåve å vurdera om innspel som kjem inn er i samsvar med desse. I desse vurderingane og lovverket

til kommuneplanen ligg òg realitetane kring kor mange nye hytter det vert sett i gang arbeid med årleg i kommunen, og kor mange godkjente tomter det faktisk er i kommunen i dag.

Kommunen poengterte ved utlegging til 2. offentleg ettersyn at dette primært var ei høyring av endringane etter 1. off. ettersyn. Innspelet/merknaden er vurdert 2 gonger tidlegare i denne planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein bør endra planforslaget.

Når det gjeld tidlegare planforslag (frå 1992) så var utarbeiding av dette i strid med tilrådingane frå kommunen, og ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan den gang.

H14 er eit lågstandardområde for hytter. Avgrensinga av byggeområde H14 tek omsyn til at det skal etablerast minst muleg ny veg, og det er ikkje veg til eigedom 110/92. Dette er grunnen til at heile stølsvollen ikkje er med. Ein føreslår å oppretthalda gjeldande situasjon. Ein legg til grunn at dei nye tomtene på 110/38 skal ha tilkomst frå Huldrastølvegen.

17.06.13 Dag Westerheim vedr. 107/4 i Vestningsbygda sameige

Ser at kommunen har avvist innspelet hans om to tomter, hovudsakleg med at argumenta han brukar kan brukast av alle, og at det ikkje har kome fram noko nytt i saka samtidig som det ikkje er noko spesielt og unikt som skil saka hans frå andre.

I brevet argumerterer han for at dei som skal ha dei to tomtene er familie, og at dei har god kjennskap til området og eit stort ønskje om å ta vare på området slik det er i dag. Hyttene vil ikkje ha innlagt vatn-/straum, og utgjer dermed svært liten belastning på omgjevnadane. Utbygging med to tomter vil ikkje medføra ei nedbygging av området. Det er vidare valt å ikkje brøyta veg dei 3 siste km til området.

Kommunen vert invitert på synfaring i området. Ber om at vedlegga hans frå i fjar vedr. innspele til saka blir lagt med vidare i saken, også overfor kommunestyret.

Administrasjonen

Ein kan vanskeleg forsvara å bruka tid på å synfara dette området framfor dei 200 andre innspele som har kome til kommuneplanen. Administrasjonen meiner det er feil og urettferdig ressursbruk å synfara området. Ein kan dessutan heller ikkje sjå at det er noko som tilseier at området burde vore synfart.


Innspelet er tidlegare vurdert til å vera i tråd med retningslina om fortetting, men ligg samtidig i eit område av kommunen med vesentleg natur- og miljøinteresser. Store delar av nærområdet er meir eller mindre urørt m.o.t. hyttebygging, og ein meiner at den verdien som desse store samanhengande, meir eller mindre urørte, områda utgjer bør vektleggast, og skjermast mot ny hyttebygging.

Alle dokument i saken er til ei kvar tid lett tilgjengeleg for kommunestyret, både digitalt og i papirversjon, om dei ønskjer å sjå dei i heilskap.

Kommunen poengterte ved utlegging til 2. offentleg ettersyn at dette primært var ei høyring av endringane etter 1. off. ettersyn. Innspelet/merknaden er vurdert 2 gonger tidlegare i denne planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget.

14.08.13 Lars G. Rime vedr. 70/2, Breiset, Fagernes

Viser til at han er blitt orientert om at kommunen ikkje kjem til å arbeida vidare med planane om brannstasjon på eigedomen hans. Han er kjent med dei faktiske forhold kring at området vart avsett til offentleg område ved forrige revisjon av arealdelen til kommuneplanen.



Føreslår å visa arealet som er reservert til offentleg føremål som næringsareal, den øvrige delen av den dyrka marka og dei uproduktive areaala mellom den dyrka marka og fv 51. Han viser til at dette er i samsvar med reguleringsforslaget hans frå 18.06.06.

Han meiner at motsega til næringsområdet her ved revisjonen av arealdelen, delplan for bygdene 2009, bygde på fleire upresise og ikkje korrekte opplysningar om arealet. Han meiner at utifrå at området ligg nær Fagernes og er lite eigna til framtidig landbruksproduksjon så bør det kunna omdisponerast.

Administrasjonen

Resterande areal utanom det som er vist som offentleg område i gjeldande kommuneplan inngår i forslag til nytt byggeområde E4. Fylkesmannen har reist motsegn til området. Administrasjonen meiner at området som er vist som offentleg område i gjeldande kommuneplan bør visast som framtidig byggeområde for næring, E6. Byggeområde E4 og E6 ligg mellom eksisterande næringsområde på både nord-, sør- og austsida. Ein meiner dette er viktige område for framtidig næringsutvikling i tilknyting til Fagernes.

25.09.13 Arve Bergsbakken vedr. 30/7 og 8 ved Skrinda i Steinsetbygda

Forslag om område for råstoffutvinning. Ønskjer å etablera eit grustak med sikte på sal då det er mykje stølsvegar og private vegar som treng vedlikehald. Anslår at det kan vera omrent 50 000 m³ i det føreslalte området. Grustaket vil bli opna frå elva og fortsetta i nordleg retning. Det må byggast veg over elva frå ein veg som går på sørsida av ho. Skriv at det vil bli lagt røyr som vassgjennomføring i elva. Området ligg ikkje nær nabobar. Det ligg dyrka mark aust for området.

Det har i mange år vore eit grustak på eigedom 20/7 som ligg heilt inntil elva og teigen hans, dette er no tomt for grus.

Administrasjonen

Utifrå eit miljø- og transportmessig synspunkt er det viktig å legga til rette for masseuttak også i denne delen av kommunen, sjølv om innspelet ikkje er heilt i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen: *"Nye utbyggingsområde og område for råstoffutvinning skal konsentrerast til eksisterande område og i tilknyting til eksisterande infrastruktur"*.

Eit område for råstoffutvinning her vil bli godt skjult, og sjenera få. Ein tilrår at området blir innarbeidd på plankartet som byggeområde R8. Ev. konsekvensar og tiltak m.o.t. avstanden til vassdrag må vurderast i reguleringsplanprosessen.

10.10.13 Valdres storhall AS, Leira , v/styreleiar Torger Juel Fosse


Styret i Valdres storhall AS meiner at Storhallen vil kunna danna grunnlaget for eit svært variert aktivitetstilbod for barn og vaksne i heile Valdres. Storleiken og innhaldet vil vera så unikt at hallen vil vera interessant også for naboregionane (Land, Hadeland og Hallingdal).

Ser for seg at fasilitetane i hallen også vil kunna utgjera eit godt grunnlag for utandørsaktivitetar i området rundt hallen. Foreldre vil m.a. kunna ta seg ein joggetur eller skitur, eller dei vil kunna bruka styrkerommet, medan ungane er opptatt med fotball, handball eller friidrett.

For å kunna dra full nytte av Storhallen er det derfor avgjerande at det blir lagt til rette for utandørsaktivitetar i tilknyting til denne. Dei tenker seg særleg langrenn (ev. også skiskyting), skøytebane (ev. hockeybane), utvendig fotballarena (i første omgang for 7-er fotball) m.m. Når det gjeld langrenn så må det leggast til rette for både skøyting og klassisk stil samt at vil vera behov for lys i løypa. Det kan over tid bli behov for snøproduksjonsanlegg og trakkemaskin, som igjen krev lager for oppbevaring, service m.v.

I gjeldande kommuneplan er det avsett i overkant av 30 dekar til idrettsføremål der storhallen skal ligga. Styret meiner at dette ikkje er stort nok til å dekka behovet som over tid vil oppstå i tilknyting til Storhallen. Dei presiserer samtidig at Valdres storhall AS på noverande tidspunkt ikkje har kapital eller andre ressursar som gjer det muleg å realisera slike planar. Dei meiner likevel at det er viktig å reservera tilstrekkeleg areal til stadionområde, parkering, fotballbane, skiløyper (lysløype), skøytebane m.m., slik at framtidige utnyttingsmulegheiter ikkje blir låst.

Dei føreslår med bakgrunn i dette å reservera det skravert arealet på kartet under til idretts- og kulturformål i ny kommuneplan.



I e-post og per telefon 13.10.13 er styret bedt om å koma med utfyllande opplysningar til innspelet.

16.10.13 Valdres storhall AS, Leira, v/styreleiar Torger Juel Fosse, utfyllande opplysningar

Valdres storhall AS meiner det bør avsettast areal til utandørsaktivitetar i tilknyting til Storhallen. I tillegg til dette må storhallen ha nok parkeringsplassar for både bilar og bussar. Plassane må vera tilgjengeleg for alle, og ikkje ligga for langt unna eller med store høgdeskilnadar i høve til hallen.

Arealet som er reservert i kommuneplanen ligg på eit platå, som det er vanskeleg å utvida. Både sør og aust for arealet dett terrenget svært raskt. Slik dei ser det er det i første rekke områda rett nord og vest for eksisterande avgrensing som kan utvidast og brukast til parkering, stadionområde for langrenn og skiskyting, fotballbane, skøytebane, skileikområde osb. Her dett ikkje terrenget like fort, og gjennom tilkøyring av massar vil området også kunna utvidast noko.

Det øvrige arealet som innspelet omhandlar er tenkt brukt til løyper for langrenn, skiskyting, sykling, jogging og turgåing. Dei ser at lengda på det arealet dei har foreslått er i underkant av 700 meter. Dei trur at dersom løypa vert lagt i "slynger" så vil det vera plass til ei løype på ca. 2km innanfor avgrensinga. Meiner kommunen må vurdera om dette kan vera i minste laget, og i tilfelle også vurdera ei utviding av arealet mot sør og aust (retning "Brustogoelv"). Dei viser til punkt 5 i Norges skiforbund og kulturdepartementet sin "veileder skianlegg", som slår fast at dersom det blir laga 2 separate løyper; ei for fristil og ei for klassisk stil – kvar løype på 5 km – så kan det arrangerast alle typar langrenns- og skiskytarkonkurransar. Det bør vurderast om det vil vera føremålstenleg å legga til rette for dette.


Dei har registrert at det ligg vassleidningar i området, med fire tilkoplingspunkt som mulegens vil kunne betena eit anlegg for snøproduksjon? Dei viser til at lågareliggende anlegg dei seinare åra har fått ein del problem med å skapa gode og stabile snøforhold, dei utelukkar derfor ikkje at det bør bli teke høgde for eit framtidig snøproduksjonsanlegg. Sidan anlegget i stor grad vil bli brukt på kveldstid, bør det også vera lys her.

Dette er prosjekt som det i framtida kan vera aktuelt å søka om spelemidlar for. Før dette er muleg reknar dei med at planane må vera med i ein kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Dei meiner storhallen uansett vil trekka til seg eit vidt spekter av brukarar, og at det derfor er heilt naturleg å greia ut kva andre mulegheiter som finst i tilknyting til denne. I deira auge bør derfor kommunen i samband med revisjon av kommuneplan, prøva å avklara korleis dette området vil kunne utviklast. Styret i Storhallen vil gjerne påpeika at dei sjølv ikkje har nokon umiddelbare planar om å ta arealet i bruk, men dei er av den oppfatning at området verkar godt eigna til dei aktivitetane som dei føreslår. Poenget deira er at bør sikrast areal i samband med revisjonen av kommuneplan, slik at framtidige mulegheiter ikkje blir låst.

Tilrettelegging for alle typar idrettsaktivitetar i tilknyting til Storhallen vil skapa eit godt miljø for alle barn og unge. Foreldre vil også i mindre grad måtte køyra rundt på sine håpefulle til ulike typar idrettsanlegg rundt omkring i dalføret. Dette er bra for miljøet, og familiane vil få frigjort meir tid til kvarandre.

Illustrasjonen under viser ei enkel prinsippskisse for korleis dei ser for seg utviklinga av området. Dei presiserer at dei ikkje har tenkt nærmare over kor dei ulike elementa bør plasserast.



Administrasjonen

Innspelet til kommuneplanen har kome så seint at det ikkje har vore tid til å gjera ei nærmare vurdering av det. Ein meiner at det er oppgåva til styret for storhallen å avklara faktiske planar for området og økonomi til å realisera dei. Kommunen vil med bakgrunn i dette vurdera behovet for areal, og føreslå ev. nødvendige arealreservasjonar. Arealreservasjonen ein føreslår i kommuneplanen skal gjenspegla arealet som det er realistisk at blir bygd ut i planperioden. Det skal vurderast om det er behov for å revidera arealdelen til kommuneplanen i løpet av det 1. året av kvar kommunestyreperiode.

Utifrå signalene i brevet både 10. og 16.10.13 framgår det at storhallen per dags dato ikkje har økonomi til å realisera alt som blir føreslått, men at styret er opptatt av å reservera areal slik at ein ikkje er ”låst” i høve til framtidig arealbruk.

Ein del av det føreslårte arealet for parkering ligg innpå eigedom 85/170. Dette er ein eigedom som i dag blir brukt til næringsføremål, men ikkje er vist som dette i kommuneplanen. Bakgrunnen for dette er at kommunen har vore av den oppfatning at det har vore viktig å sikra ein korridor her for muleg ny E16-trase på Leira. Det er avgrensa med mulegheiter i området til ny trase. Så lenge ny E16-trase ikkje har vore fastlagt har ein valt å visa arealet som LNF-område. Ein er kjent med at det ved større arrangement på noverande idrettsbane har vore problem med parkering i området. Det er viktig at ein finn ei bra løysing for parkering for området. Sambruk av parkeringsplassar på Leira bør vera eit tema for reguleringsplanprosessen.

Når det gjeld arealet som det er planlagt skiløypetrasear i, så vil ein føreslå at dette inntil det føreligg meir konkrete planar om både realisering og omfang framleis vert vist LNF-område. Innspelet med signal om at dette kan vera aktuelt er likevel viktig. Området er ikkje ved å visa det som LNF-område låst for muleg framtidig bruk til skiløypetrasear. LNF-kategorien sikrar at det ikkje er aktuelt å bruka området på anna måte enn det det har blitt fram til i dag. Ein føreslår at byggeområde i7 (godkjent byggeområde for idrettsanlegg i gjeldande kommuneplan), vert utvida til å omfatta det arealet som er skissert er nødvendig for å realisera planane om storhall , volleyballbane,

Utover dette vil ein påpeika at det alt er eit velfungerande skianlegg med alle fasilitetar som har blitt brukt til konkurransar i både langrenn og skiskyting i kommunen. Anlegget ligg høgare til og er meir snøsikkert. Spørsmålet er om det bør leggast til rette for eit anlegg til i kommunen når ein alt har dette veletablerte området, og i tillegg lokalisera det i eit område der det er såpass mykje mindre snøsikkert at ein ved planlegginga må basera seg på eit snøproduksjonsanlegg. Det kan vera greitt å ta med i vurderinga at det tidlegare var ei lysløype på Leira ikkje langt unna det aktuelle området, og kva som er bakgrunnen for at denne ikkje er i bruk lenger.

For spesielt Fagernes og Leira, men også dei andre bygdene i kommunen kan storhallen med dei skisserte planane på sikt bli eit viktig treningsområde. Når det gjeld bygdene i dei andre Valdreskommunane så er det vel så realistisk å tru at det kanskje er like viktig med handelstilbudet på Leira når folk først er på Leira om ulike aktivitetsmulegheiter i tilknyting til hallen. Det er også grunn til å tru at mesteparten av det daglege aktivitetstilbudet i dei andre Valdreskommunane framleis vil føregå innanfor dei respektive kommunane, og at storhallen vil bli ein arena for spesielle hendingar slik Valdreshallen har fungert til no.

14.10.13 Skredfarevurdering i Aurdal

Asplan Viak har på vegne av NVE gjennomført ei skredvurdering for bustadområde i Aurdal der fleire hus vart treft av ras 22.05.13. Det føreslårte byggeområdet for bustadar, B3, ligg innanfor området som er vurdert. Faresona er innarbeidd på temkartet for ras. Det ser ut som kanskje så mykje som over halve B3 ligg innanfor faresona. Planføresegnene seier at ingen nye bustadtomter skal vera under 800 m^2 . Byggeområde B3 er 1.5 daa, og det er opna for ei ny bustadtomt her. Det bør ikkje leggast til rette for ein ny bustadtomt på under 750 m^2 , som i tillegg er mindre enn det planføresegnene seier ei ny bustadtomt skal vera, inneklemt i eit område med rasfare på alle kantar. Administrasjonen tilrar å ta ut byggeområde B3 frå planforslaget.



Faresone Aurdal t.v., kommuneplanforslaget ved 1. og 2. off. ettersyn t.h.

Tredje off. ettersyn, vurdering av off. merknadar:

06.03.2014 Statens vegvesen

1. Tilrår at støyføresegnene som er teke inn i forslaget ved 3. gangs off. ettersyn blir endra til å vera noko meir utfyllande. Har lagt ved eit konkret forslag som skil mellom raud og gul sone, spesifiserer bygningstypar og funksjonar samtidig som det også gjeld for bygge- og anleggstiltak som ikkje krev regulering.
2. Meiner at vedteken trasé for framtidig E16 Fagernes-Hande bør innarbeidast på plankartet, og ikkje berre vera vist til i det skriftlege materialet. Kartet ved 3. off. ettersyn er misvisande, og manglar vesentleg informasjon. Vil oversenda vedteken kommunedelplan for E16 Fagernes-Hande på gjeldande SOSI-format til kommunen med det første, slik at denne kan innarbeidast på kommuneplankartet.
3. Peikar på at vedtatte endringar som følgje av merknadar frå dei ved 2. off. ettersyn ikkje er innarbeidd i planmaterialet ved 3. off. ettersyn. Fråfell motsegn til byggegrense langs E16 sidan dette er teke inn i planforslaget.

Vurdering

1. Planføreseigna vedr. støy er omarbeidd i samsvar med merknad frå Statens vegvesen.
2. Kommunen er samd i at vedteken trasé for E16 Fagernes-Hande burde vore vist på plankartet, og jobba derfor med å få tak i SOSI-fil for godkjent kommunedelplan før kommuneplanforslaget vart lagt ut til 3. off. ettersyn. Så lenge dette ikkje var muleg å få tak i, og kommunen først mottok denne 25.04.2014, måtte nødvendigvis plankartet ved 3. off. ettersyn bli misvisande, og mangla vesentleg informasjon i høve til E16.
3. Ved gjennomgang av vedtaket 07.11.13 så har ein kome fram til at det må vera parkeringsnorma og skiltvedtekten som ikkje var oppdatert, dette er no korrigert.

11.03.2014 Fylkesmannen i Oppland

Har motsegn til område E4, Breiset (nærings) og I4, Bråten (alpin) p.g.a. jordvernet.

Har også motsegn til planen vedr. vurdering av risikobiletet for alle nye utbyggingsområde når det gjeld flaumfare knytt til mindre vassdrag. For å sikra vassdragsverdiar og god tilkomst til masseuttak R3 har dei motsegn til forslaget om ikkje å krevja reguleringsplan for uttaket.

Planføresegner og kart

Planføresegnene viser til temakart med potensiell fare for skred. Planføresegnene bør vera meir presise, og dei tilrår at TEK 10, § 7-2. vert teke inn.

Vurdering

Fylkesmannen har tidlegare bedt kommunen ta ut alt som ikkje er heimla i anna lovverk frå planføresegnene for å komprimera dei. Denne strategien har ein valt å følgja, og ser ingen grunn til å endra.

FM ber kommunen om å ta inn ei planføresegn knytt til områda med reell rasfare som seier noko om forbod mot oppføring av bygg, alternativt med krav om tilstrekkeleg sikringstiltak, dersom bygg likevel blir sett opp.

Vurdering

Det er teke inn ei føresegn som stiller krav om dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik før ev. utbygging kan finna stad.

FM påpeikar at reell flaumfare må visast som omsynssone på plankartet med tilhøyrande planføresegner som seier noko om forbod mot oppføring av bygg, alternativt med krav om tilstrekkeleg sikringstiltak, dersom bygg likevel blir sett opp.

Vurdering

Område med reell flaumfare er vist på plankartet, og ikkje på temakart. Planføresegnene hadde ved 3. off. ettersyn ei føresegn som stiller krav om tilstrekkelege sikringstiltak dersom bygg likevel blir sett opp.

Vurdering av utbyggingsområde

E4 - Breiset

Opprettheld motsegsa mot område E4, Breiset. Viser til kommentarane ved 1. og 2. off. ettersyn, har gjort ei ny vurdering, men har ikkje endra standpunkt. Meiner at avgjerda til Miljøverndepartementet i 2010, om at området skal vera LNF-område, må gjelda framfor å bygga ned dyrka mark. Viser til rundskriv T-2/04 der det m.a. går fram at «*Avgjørelser i innsigelsessaker skal legges til grunn for kommunen utarbeiding av senere planer. Departementet legger derfor til grunn at kommunen innarbeider aktuelle tidligere innsigelsesavgjørelser i en ny eller revidert plan*

Vurdering

Kommunen har fått innspel om å ta området inn i kommuneplanen frå Valdres næringsforum som peika på at Breiset er viktig for vidare utvikling av regionsenteret, i tillegg har grunneigar i planprosessen føreslått og argumentert for å reservera området til næringsutvikling. Kommunen har tidlegare argumentert og vist til at området er viktig for vidare utvikling av regionsenteret.

Kommunen har generelt lagt stor vekt på å bidra til at dei nasjonale jordvernålåa blir nådd ved å avgrensa omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane i kommunen. Jordressursane på Breiset er vurdert til ikkje å vera av dei mest verdifulle som finst i kommunen.

Oppland fylkeskommune har i merknaden sin ved 3. offentleg ettersyn sagt at dei har sett at i avveginga mellom jordvern og andre samfunnsomsyn er by/tettstads – og handelsutvikling vektlagt høgt i avgjerdene til den nye regjeringa i motsegnssaker.

I arbeidet med revisjon av rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging viser dei dessutan til at det er føreslått noko sterkare differensiering, med noko større mulighet for å vektlegga andre samfunnsomsyn enn jordvern i by- og tettstadsutviklinga.

Ein meiner signala frå ny regjering gir grunnlag for å kunna vurdera motsegna til næringsområde E4 på Breiset på ein annan måte. Dersom ein vel å ikkje ta motsegna til fylkesmannen til følgje kan kommuneplanen godkjennast, og vil vera gyldig for heile kommunen med unntak av E4. Kommunen må i så tilfelle i etterkant av godkjenninga mekla om E4 med fylkesmannen.

Etter ei heilskapsvurdering av situasjonen errådmannen av den oppfatning at det på noverande tidspunkt vil vera riktig å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen og visa E4 som LNF-område.

I4 - Bråten

FM har motsegn mot I4, Bråten, p.g.a. jordvernomsyn. Viser til nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging. Kommunane skal søka unngå dyrka mark, og det må leggast opp til effektiv arealutnytting. Dette ansvaret kviler i første rekke på kommunane. I dei nasjonale forventingane er peika på at kommunane skal ta omsyn til landbruksareal og kulturlandskapet, og bidra til at dei nasjonale jordvernålma blir nådd ved å avgrensa omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane, og redusera oppsplitting av viktige areal. FM er einig i at inntektpotensialet er avgrensa på eigedomen, men meiner at ressursane på eigedomen ikkje kan vurderast isolert sett. Ein ser ofte at større samanhengande areal med dyrka mark blir splitta opp, og det er viktig å hindra slik oppsplitting der det er muleg. Dyrka mark kan seljast eller leigast ut som ledd i bruksrasjonalisering, og viser til at jorda her t.d. kan drivast saman med nabobruket, 95/43. Meiner at det burde vore vurdert fleire alternativ til nytt botnpunkt, ikkje berre to, og føreslår skogarealet sør og søraust for tunet på Bråten. Det skal sterke samfunnmessige interesser til for å forsvara ei så omfattande nedbygging av dyrka mark. FM vurderer at slike interesser ikkje ligg føre her.

Vurdering

Området ligg strategisk til i høve til muleg forlenging av eksisterande heistrasé, og er eigna til føremålet samtidig som ein ser at det er eit viktig muleg alternativ for vidareutvikling av Valdres alpinsenter.

Etter ei heilskapsvurdering av situasjonen er ein likevel av den oppfatning at det på noverande tidspunkt vil vera riktig å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen og visa I4 som LNF-område.

R3 - Etnsenn

For å sikra vassdragsverdiar og god tilkomst til masseuttak R3 har fylkesmannen motsegn til framlegget om ikkje å krevja reguleringsplan for uttaket. Dei viser til konsekvensutgreiinga som slår fast at visse forhold må avklarast i reguleringsplanprosessen

Vurdering

Kommunen har i brev datert 15.04.14 vist til at ein meiner grunnlaget for motsegn ikkje er tilstades, då ho er varsla på feil grunnlag. Kommunen tok i brevet sjølvkritikk på at delar av konsekvensutgreiinga for R1-R6 ved ein feil ikkje var oppdatert ved utlegging til 3. off. ettersyn, og ba fylkesmannen etter å ha gjort greie for endringane om å trekka motsegna. Kommunen har per telefon 08.05.2014 fått opplyst at det vil bli innstilt på å trekka motsegna til R3, Etnsenn, med grunnlag i nye opplysningar, men dette vil ikkje vera formelt avklart før 09.05.2014.

R8, Skrinda

Meiner at det å legga til rette for nye område ved 3. gongs høyring utan at det er meldt seg nye behov er uheldig og dreg ut planprosessen. Det å ha massetak nær ei elv kan ha negativ effekt på vassdragsmiljøet, meiner dette ikkje er godt nok utgreidd i konsekvensutgreiinga. Det vil vera avgjerande for vassdragsmiljøet at det blir oppretthalde eit vegetasjonsbelte, og at det vert sett ein frist for når arbeidet med bru over elva kan utførast. Arbeid som kan gje tilslamming av elva/bekken skal utførast i tidsrommet 15.06.-15.09. Tek atterhald om motsegn dersom slike vassdragsomsyn ikkje vert teke i reguleringsplanprosessen.

Vurdering

Kommunen driv ei løpende kommuneplanlegging, og så lenge eit planforslag ikkje er godkjent og eit nytt offentleg ettersyn uansett er påkrevd, ser ein ingen problem i at nye byggeområde vert lagt inn dersom ein vurderer dei til å vera i samsvar med retningslinene til revisjonsarbeidet og det er behov for dei. Dette området har på ingen måte drege ut planprosessen. Konsekvensar for vassdragsmiljø er nærmere utgreidd.

Motsegnene mot Tf2, Aurdal fjordcamping, R1, Astridmyré, E3, Bløytednsagé, An1, Fullsenn, An2, Naustedokké, B9, Førsøddin og B12, Husaplassen er trekt.

Samla vurdering av risikobiletet

Radon – det er ikkje nødvendig at radon skal vurderast i vidare planlegging, dersom ein gjennomfører minimumstiltaka etter TEK 10 § 13-5.

Hendingane 4, 12, 13, 14, 19, 20, 22, 23, 25 og 26 er vurdert som blanda risiko med gul og raud farge. Hendingane bør ha ein farge.

Samd i at brannvatn er viktig, men hendinga bør kallast brannfare.

Tema overvatn i skriftleg del kunne vore meir utdjupa m.o.t. mulege tiltak, der kommunen vurderer overvatn som eit trugsmål.

Ser ingen samanheng med det siste kapitlet som gjeld konsekvensar av utbyggingsmønster og ROS-analysen. Ber om at det vert laga ei kort oppsummering av ROS-analysa.

ROS-analysen av hendingar (flaum og skred) med stor innverknad på arealbruken som gjeld liv og helse, er ikkje analysen av mindre vassdrag vurdert godt nok.

FM har motsegn til planen p.g.a. manglande vurdering av risikobiletet for alle nye utbyggingsområde når det gjeld flaumfare knytt til mindre vassdrag.

Vurdering

Det er ikkje krav om at radon skal vurderast i vidare planlegging.

Hendingane 4, 12, 13, 14, 19, 20, 22, 23, 25 og 26 har fått ein farge.

Det er alt ei hending som heiter brannfare, og brannvatn blir derfor ståande.

Det siste kapitlet om konsekvensar av utbyggingsmønster er erstatta av ei kort oppsummering av ROS-analysen.

Kommunen har i brev datert 15.04.14 oversendt revidert risikoanalysen, omarbeidd i samsvar med merknaden frå fylkesmannen, og bedt om at fylkesmannen går gjennom den reviderte analysen, og om ein munnleg og skriftleg dialog med sikte på fråfall av motsegna før ny behandling av planforslaget 15.05.2014. Kommunen har per telefon 08.05.2014 fått opplyst at det vil bli innstilt på å trekka motsegna til risikoanalysen med grunnlag i nye opplysningar, men dette vil ikkje vera formelt avklart før 09.05.2014.

11.03.2014 NVE

1. Område som er kartlagt med tanke på reell fare skal visast med omsynssoner i plankartet. Vurderer det slik at Generelle føresegner punkt 4 fangar opp alt dei vurderer skal vera med for å gje tilfredsstillande ivaretaking av tryggleik knytt til flaum og skred med unntak av for område som er kartlagt med tanke på reell fare. Dersom ein legg inn alle kartlagte område med reell fare (mangler Neselvē og Fagernes) og gir føresegner til desse områda som hindrar bygging, eller byggeforbud inntil tilstrekkeleg tryggleik, jf. TEK 10, er dokumentert ivareteke før bygging kan starta, vil grunnlaget for motsegn ikkje vera til stades lenger.

2. Kunne ha rydda noko i høve til andre føresegner og temakart, men sidan den generelle føresegna fangar opp alle nye bygg og tiltak, kan ein ta dette ved neste revisjon. Skriv at dei saknar ein del i høve til heilskapen knytt til naturfarar og forståing av samanheng og skilnadar mellom reell fare (kartframstilling, føresegner) og potensiell fare (kartframstilling, førsegner) kontra bruken av generelle føresegner for heile planområdet.

3. Det er manglar ved ROS-analysen for utbyggingsområde.

Vurdering

1. Neselvē og Fagernes inngjekk som dei einaste sonene på temakart for flaum, områda er no lagt inn som omsynssoner på plankartet, og det er ikkje lenger noko temakart for flaum.

2. Det er vanskeleg å forholda seg til generelle merknadar som er lite konkrete, men me har uavhengig av merknaden, gått gjennom planføresegnehene på ny, og vore kritisk i høve til kva som skal vera med og ikkje.

3. Det er vanskeleg å forholda seg til generelle merknadar som er så lite konkrete.

26.03.2014 Oppland fylkeskommune

«*Fylkesutvalget fattet slikt vedtak 25.03.2014:*

1. Oppland fylkeskommune vil gi ros til kommunen for et omfattende og grundig planarbeid med kommuneplanens areal del. Fylkesutvalget håper at planarbeidet etter denne høringen kan føres fram til omforent plan uten for store forsinkelser.
2. Oppland fylkeskommune vil peke på betydningen av å vektlegge landskapshensyn i utvikling av hytteområder.
3. Oppland fylkeskommune forutsetter at det foretas nødvendige utredninger for område I5 idrettsområde/storhall på Leira i forbindelse med reguleringsarbeidet.
4. Kulturminnet i område B5 – fangstgrop - bør merkes i plankartet, med opplysning om at utbygging trolig vil kreve dispensasjon fra Riksantikvaren i hht. kulturminneloven §8. Også kulturminnet i område B7 bør avmerkes i kartet».

Andre forhold fra saksutgreiinga

Bustadområde

Meiner at føresegna: *"Tilsvarande areal som er vist som friareal i gjeldande reguleringsplan skal visast som friareal ved utarbeiding av ny reguleringsplan"* er tilstrekkeleg for at interessene til barn og unge blir ivaretatt i B12, og trekk derfor motsegna.

Fritidsbustadar

Landskapsekspesialisering kan være utfordrande i det nye byggeområdet H34, Geitebergsteigen. Fylkesrådmannen ber kommunen om å vektlegga dette ved reguleringsplanlegginga.

Næringsområde

Område E6 ved Breiset vest er tidlegare avklart i kommunedelplan for bygdene som område avsett til ny brannstasjon, dvs. offentleg byggeområde. Kommunen føreslår ei føremålsendring til næringsføremål, sidan off. føremål ikkje lenger er aktuelt, og dette er nytt ved 3. off. ettersyn.

Premissane frå MD vert utfordra ved det nye forslaget, då dei samfunnsmessige omsyna var at ein skulle frigje næringsareal i Fagernes sentrum og samlokalisera uteseksjonen og brannstasjonen ved Breiset vest. Dersom det ikkje hadde vore tale om eit offentleg føremål på området i 2010, så er det høgst usikkert om arealet hadde blitt frigitt av MD.

Fylkesrådmannen ser at det er gode argument for ei omdisponering, ved at landbruksverdien truleg er marginal og at Fagernes manglar næringsareal nær sentrum. Det aktuelle arealet er likevel ikkje ideelt for næring m.a. p.g.a. hellingsgraden.

Idrettsanlegg

Fylkesrådmannen vurderer forslaget til nytt byggeområde I4, Bråten, som uheldig, ved at fulldyrka mark blir teke i bruk. Arealet på nedsida av vegen er ein del av eit samanhengande kulturlandskap som er avgrensa av vegen, medan arealet på oversida visuelt heng meir saman med alpinanlegget. Området på nedsida av vegen, som skal brukast til parkering, ligg inntil jorda på eit anna bruk lenger ned. Kan ikkje sjå at planmaterialet godt gjer behovet for ein utvida parkeringsplass. Ei visualisering av tiltaket manglar, og det er grunn til å tru at dette

kan bli eit sår i kulturlandskapet. Terrassert parkering kan vanskeleg kombinerast med framleis landbruksdrift.

Vedr. I5, Storhall på Leira, vil reguleringsplanen som er under arbeid, så langt dei kan sjå, ikkje vera helt i samsvar med kommuneplanforslaget.

Kulturminne

Potensiell konflikt med kulturminne i byggeområde B5 og B7 bør synleggjerast på plankartet.

Gjer merksam på at omsynssone etter plan- og bygningsloven § 11-8 bokstav d, «bandlegging etter lov om kulturminne» er korrekt merka i kommunen sitt plankart i PDF, men ligg med feil SOSI-kode i det digitale kartet. Her ligg alle omsynssoner for kulturminne med kode 570, som er rett for PBL 11-8 bokstav c. For bokstav D skal SOSI-koda vera 730. Kommunen bør sørgra for at dette vert retta opp.

Vurdering

Oppland fylkeskommunen har etter avtale hatt utsett høyringsfrist.

Kulturminna i områda B5 og B7 er avmerka på plankartet. Kommunen har etter tilråding frå fylkesmannen valt å ha ei klar haldning vedr. at forhold som er heimla i anna lovverk ikkje skal gjentakast i planføresegnene. Denne strategien har ein valt å halda seg mest muleg konsekvent til. Sjølv om det ikkje er krav om reguleringsplan for B5 gjeld kulturminnelova.

Omsynssonene etter § 11-8 bokstav d har fått rett sosikode på det digitale kartet.

Tredje off. ettersyn, vurdering av andre merknadar:

13.01.2014 Alf Egil Sørum vedr. bustadbygging på eideom 99/1 i Aurdal

Skriv litt om raset i Aurdal og ulike tilhøve knytt til det, og at det vart vist eit nytt område for bustadbygging i kommuneplanen (B3) på eideomen, men etter raset i området er det ingen som har lyst til å bygga der, noko han forstår. Dei kan ikkje bruka den delen av eideomen der raset gjekk. Dersom kommunen vil setta opp sikringstiltak på dette området, så vil han sterkt oppmoda om at kommunen kjøper grunnen av dei.

Dei har tidlegare føreslått byggeområde på to jorde nedanfor E16 som dei meiner er godt eigna til bustadføremål. Han og søstera har skriftleg avtale om at ho kan setta seg opp hus på deira grunn. I og med at kommunen har ein saneringsplan for området frå Sørei opp til Solvang vedr. vatn og avløp så er begge jorda godt eigna til tomter og lite eigna til jordbruk, då det er lita avling på begge stader. Han ber om at dette blir teke med i dei vidare vurderingane. Han vil ha synfaring på eideomen slik at kommunen betre ser kva som er situasjonen no.



Vurdering


B3 vart teke ut av kommuneplanen etter 2. off. ettersyn p.g.a rasfare. Når det gjeld forslaget om ytterlegare bustadbygging på eideomen, forstår ein det som dette gjeld same areal som har blitt føreslege vist som bustadareal 2 gonger tidlegare i planprosessen, og som også vart føreslege ved revisjonen av arealdelen, delplan for bygdene, i 2009.

Innspelet/merknadane er vurdert 2 gonger tidlegare i denne planprosessen. Rådmannen kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget.

Kommunen har tidlegare i prosessen gitt uttrykk for at ein ikkje vil prioritera å legga til rette for bustadbygging på dyrka mark etter erfaringane frå 2009-revisjonen. Dette er eit av bustadområda som det vart reist motsegn til i 2009 p.g.a. jordvernomsyn. Det at det har gått ras på ein annan del av eideomen, og at B3 er teke ut av planforslaget, endrar ikkje dette faktum.

27.02.2014 Styret i Skrautvål sameige v/formann Arnold Skaar vedr. fiskebuer

Viser til møte med kommunen 16.12.2013 og det at dei der vart oppmoda om å skriva eit brev vedr. deira syn på fiskebuer.



Viser til at administrasjonen i kommunen vurderer fiskebuer til å vera fritidsbustadar. Dette meiner dei er feil fordi fiskebuene skal vera maks. 12 m² (noko dei meiner knapt kan kallast ei hytte), dessutan er dette ei driftseining tilknytt ein gard då ho ikkje har eige gards- og bruksnummer. Peikar på at det har vore veldig strenge retningsliner og kontroll med bygging av fiskebuer, styret har sjølv teke seg av kontrollen av storleik og utføring.

Dei viser til at Landbruk pluss-avtala seier at fiskebu er ein del av driftseininga, dette p.g.a at det blir drive næringsverksemder der. Ein del fiskebuer blir leigd ut, det blir drive aktiv fiskeskjøtsel i Fullsenn med fiske av stamfisk, sal av rogn og mjølke, sal av yngel og utsetting av fisk.

Skriv at gardsbruk i Skrautvål ved jordskiftedom i 1979 fekk tildelt fiskebutomter i sameiget, og at dei vanskeleg kan forstå at dette kan gjerast om med berre eit kommunestyrevedtak. Dei viser til at det har vore rettssak i liknande tilfelle i Forollhogna nasjonalpark i Trøndelag der grunneigarane fekk medhald i å bygga fiskebuer. Dei håpar at dei kan unngå ei slik sak her. Det er omkring ein halvtimes gange frå bilveg til Fullsenn, og i tillegg ein times køyretur frå bygda. Meiner at dersom ein ikkje har mulegheit for overnatting i ei fiskebu, så er det umuleg å utøva fiske der. Dvs. at tradisjonelt fiske kjem til å forsvinna, og med det den aktive fiskeskjøtselen som har hatt mykje å seia for heile Skrautvål sameige. Dei viser til at også mange andre vatn i Oppland fylke har hatt stor nytte av gytefiskproduksjonen deira.

Dei avsluttar med at fiskebuene i Fullsenn har mykje å seia for rekreasjonsmulegheitene til innbyggjarane i bygda, unge som gamle, i fortid og notid, og forhåpentlegvis òg i framtida.

Vurdering

Fylkesmannen reiste motsegn ved 1. og 2. off. ettersyn til forslag om fleire fiskebuer ved Naustedokké ved Tisleifjorden i Ulnes sameige der det alt ligg eit konsentrert område for fiskebuer. Fylkesmannen uttalte at dei kunna akseptera naust i området. Planforslaget ved 3. off. ettersyn viste naustområde, og motsegna vart trekt. Det vart reist motsegn p.g.a. at det er eit nasjonalt mål å ta vare på strandsona som natur- og friluftsområde som skal vera tilgjengeleg for alle, og at det er viktig å sikra vassdragslandskap og vassdragsbelte. Fylkesmannen argumenterte også med at oppføring av fiskebuer som opnar for overnatting i

realiteten er ei oppføring av fritidshytter som vil verka privatiserande for området, og gje restriksjonar for ålmenta sin bruk av området.

Det er fleire faktorar som skal vurderast for at eit tiltak skal kunna gå inn i LNF-kategorien, m.a. storleiken og volumet på tiltaket, kva verknader tiltaket har i høve til natur- og kulturlandskap, naturvern, friluftsliv, kulturminne m.m. (jf. rettleiar om landbruk pluss). Inntekter knytt til oppføring og bruk av ei ev. fiskebu må i tillegg dokumenterast å utgjera eit reelt tilskot til næringsgrunnlaget til garden, elles er oppføring av fiskebu å rekna som oppføring av fritidsbustad.

Kommunen har tidlegare vurdert det å legga til rette for fiskebuer ved Tisleifjorden som meir akseptabelt enn ved Fullsenn. Når det vart reist motsegn til fiskebuer ved Tisleifjorden, kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å gå vidare med forslaget om å legga til rette for eit område for fiskebuer ved Fullsenn i kommuneplanen. Rådmannen tilrår å oppretthalda viste arealbruk, og opna for eit naustområde ved Fullsenn slik det gjort i Ulnes sameige.

05.03.2014 Reiselivslaget på Vaset v/Eivind Brenna, Brennabu as og v/Bjørn Sveine, Gomobu fjellstue vedr. sikring av skiløyper (Vasetløypene)

Kommuneplanen bør sikra grunnen for den delen av Vasetløypene som ligg i Nord Aurdal. Dette for å hindra at snøfattige vintrar, brøyta vegar eller anna utbygging øydelegg det viktigaste tilbodet for gamle og nye hytteeigarar. Det er viktig å sikre grunnen for løyper og stiar.

Viser til at det i planføresegnehene står at gamle reksler skal sikrast og at folk skal ha tilgang til friområde, men det står ingenting om skiløyper. Viser til at alle har erfart at varme i påsken kan føra til at skituren blir ein tur av og på med skia, dersom snøen har smelta på brøyta vegar.

Dette er kommuneplanen for 2014-24 og bind opp arealbruken for denne perioden. Skiløyper kan sikrast med eigen temaplan (sti- og løypeplan) som Øystre og Vestre Slidre har gjort, eller med synleggjering på hovudkart eller med omtale under planføresegner.

Vurdering

Kommunen er oppteken av gode, tilgjengelege og samanhengande skiløyper. Dette er ein viktig faktor for hytteturismen i kommunen. Sti- og løypeplan er ikkje prioritert i gjeldande kommunal planstrategi, men ein erkjente i forkant av oppstart av arbeid med arealdelen at det hadde vore ein stor fordel om denne var på plass før revisjonen starta opp.

Det er vanskeleg å unngå situasjonar med på og av med skia når ein samtidig skal ha vinterbrøyta veg og det er varmt vær. Tilsvarande situasjon finn me mange plassar i kommunen. Det er muleg å ta inn i kommuneplanplanføresegnehene at du skal ta omsyn til skiløyper, men det er ikkje fullt så enkelt dersom dette skal tolkast slik at du ikkje kan vinterbrøyta vegar eller må ha løysingar for kryssing av vegar som inneber store kostnadar.


Ved utarbeiding av reguleringsplanar har kommunen ei retningsline (jf. retningsline 1) som seier at: «*Det er viktig å sikra grøntkorridørar som gjev rom for turvegar. Det skal takast omsyn til eksisterande og planlagde stiar og skiløyper ved all planlegging og utbygging. Ny utbygging skal ta omsyn til og leggast utanfor gamle ferdsselsårer og eksisterande stiar*».

13.03.2014 Fagernes advokatkontor v/Sigurd Bang vedr. byggeområde I4 på eigdom 95/13 i Aurdal

Viser til merknad frå han 16.12.2013 om endra arealbruk for eigedom 95/13, og ber på vegne av buet om at brevet blir sett på som ein merknad til 3. gangs off. ettersyn.

Han er klart ueinig i vurderinga til administrasjonen i brev 20.12.13 om at endring til «alpinføremål» kan verka positivt for eigedomen. Etter hans erfaring vil dette berre verka negativt for omsetninga av eigedomen i den alminnelege marknaden. Han er undrande til at Knut Kullhuset i Valdres alpinsenter AS ganske bestemt har argumentert for at verdien av eigedomen er lågare nettopp p.g.a. ein slik «heftelse». Etter hans vurdering blir mulegheita for å omsetta eigedomen i den frie marknaden vesentleg svekka ved ev. å endra arealbruken frå LNF-område til alpinføremål.

Han ber om at eigedomen vert vist som LNF-område i kommuneplanen.



Vurdering

Fylkesmannen har reist motsegn til byggeområde I4 p.g.a. jordvernomsyn. Dødsbuet v/Sigurd Bang ber om at eigedomen vert vist som LNF-område, medan Valdres alpinsenter ønskjer at området vert reservert til alpinføremål, og argumenterer med at dette er viktig for vidare utvikling av alpinsenteret og satsinga på Aurdalsåsen.

Området ligg strategisk til i høve til muleg forlenging av eksisterande heistrasé, og er eigna til føremålet samtidig som ein ser at det er eit viktig muleg alternativ for vidareutvikling av Valdres alpinsenter. Etter ei heilskapsvurdering av situasjonen er rådmannen likevel av den oppfatning at det på noverande tidspunkt vil vera riktig å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen, og visa området som LNF-område slik også dødsbuet v/Sigurd Bang ønskjer.

14.03.2014 Tisleia byggtre AS v/Terje Stendebakken vedr. eigedom 85/170 på Leira

Etter deira syn ligg eigedomen slik til at den i arealplanen bør visast som næringsareal. Eigedomen er erverva i næringsaugemed, og har heile tida vore brukt til næringsføremål i beskjeden grad. Vurderinga til administrasjonen viser dessutan at ein meiner at arealet naturleg skal vera næringsareal.

Kommunen vel å ikkje legga ut arealet til næringsføremål, med bakgrunn i at området er ein muleg framtidig trasé for E16. Etter deira oppfatning bør ikkje dette momentet tilleggast vekt når det gjeld vurdering av kva arealet er eigna til. Meiner at sjølv om arealet ligg som næringsareal vil ein framleis kunna hindra tiltak som måtte vera i strid med muleg alternativ trasé for E16.



Ber om at eigedomen vert vist som næringsføremål i arealdelen slik han openbart er esla til.

Vurdering


Kommunen har vurdert føremålet til eigedomen både ved revisjonen av arealdelen til kommuneplanen, delplan for bygdene, i 2009 og ved denne revisjonen sett i samanheng med resterande areal i nærliggande område på Leira. Området blir brukt til næringsføremål, men ein meiner at så lenge det ikkje er teke stilling til framtidig E16-trasé så bør gjeldande situasjon oppretthaldast. I og med at ein har usikkerheitsfaktoren knytt til framtidig E16-trasé, så meiner rådmannen at bruken av området blir best styrt på denne måten.

14.03.14 Ola E. Skrautvol

Skriv at han tilfeldigvis har oppdaga at kommuneplanen ligg ute til 3. off. ettersyn. Han viser til at han oversende innspel til kommuneplanen den 17.11.10 utan at han kan sjå at dette er behandla nokon gong. Han stiller spørsmål ved kvifor dette ikkje er gjort.

Skrautvol har følgjande innspel til kommuneplanen:

1. Ønskjer eideomane 4/24, 4/34 og 4/63 på Grøslia vert vist som område for fritidsbustadar i kommuneplanen slik at ein kan bygga på tomtene utan at det er nødvendig med dispensasjon, slik praksisen har vore på Grøslia. Skriv at dette «historisk» er hyttetomter, og viser til at det vart etablert tilkomstveg til desse areala med basis i godkjenning for tre år tilbake. Han viser til at eldste utskilte eideom, 4/24, alt i 1949 vert omtala som hyttetomt, og at far hans på sekstalet kjøpte eideom 4/34 (grøn sirkel) av Gunnar Strand for å hindra at "fremmedfolk" skulle bygga seg hytte bak eideomen deira. Eideom 4/24 vart seinare delt, og den nye parsellen fekk gnr/bnr 4/63.



2. Forslag om bustadbygging på 9/16 i Skrautvål. Skriv at dette er ein liten jordlapp på oversida av fv270, og at naboeideomen 9/1 alt har etablert eit eige bruksnummer for bustadbygging på gamle "smierøysa" sør for arealet hans. Han viser til at eigdeomen hans ligg sentralt til i høve til skule og barnehage, og kommunal infrastruktur. Tilkomst kan skje via Stølsvegen eller via fv270, der det også historisk har vore tilkomst. Han skriv at dersom det blir eit spørsmål om jordvern, så meiner han uansett at dette arealet er lausrive frå nærliggande areal med fylkesveg, stølsveg og terrengspranget for den gamle stølsvegen.



3. Forslag om næringsområde på eigedom 14/26. Skriv at det er naturleg å fremma lågtliggende areal på vestsida av FV51 ved Brøtaskogen næringspark som industriareal. Også på denne sida av FV51 er det historisk avkøyring som ev. kan flyttast lenger nord mot ny planlagt avkøyring mot aust. Historisk har det vore dynamittlager i regi av Grubenes sprengstoffindustri på arealet frå tidleg femtital. Skriv at han også fekk ein førespurnad frå VKR i si tid om etablering av miljøstasjon på området, men at han den gang heller blei plassert på Spikarmoen. Han meiner at arealet her var betre eigna til føremålet i høve til belastning på omkringliggende areal.



Vurdering

Det er ikkje journalført noko innspeil frå Skrautvol til kommuneplanen før 14.03.14. Oversendt materiale viser at innspelet frå 17.11.10 ikkje er sendt til nokon av dei to adresseane som vart oppgitt i oppstartsannonsen 09.10.10, men at det er brukt e-postadressa til ein av saksbehandlarane i kommunen.


Innspela frå Skrautvol blir vurdert etter same retningsliner som alle andre innspeil har blitt vurdert etter, og uavhengig av kor dei kjem i prosessen. Kommunestyret vedtok klare føringar for vurdering av innspeil før revisjonsarbeidet starta opp, og desse vart presentert på eit ope informasjonsmøte 26.10.10.

1. Det er ikkje nokon automatikk i at ein får bygga på ev. tidlegare godkjente ubygde hyttetomter. Alle eksisterande ubygde hyttetomter som ikkje er del av eit nytt byggeområde, er i kommuneplanforslaget konsekvent vist som LNF-område, og for desse er det muleg å søka dispensasjon. Fleire av dei tidlegare godkjente hyttetomtene er lokalisert slik at dei ikkje ville blitt godkjent utifrå dagens nasjonale, regionale og kommunale føringar/retningslinjer. Forslag om nye hyttetomter i tilsvarende område som dette, er ikkje i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen, og har blitt avvist under kommuneplanprosessen.

Eigedomane 4/24, 4/34 og 4/63 ligg innanfor stølsområdet S2 i gjeldande kommunedelplan for Skrautvål heimås. Av planførere segnene for kommunedelplanen ser ein at det har vore ei restriktiv haldning til oppføring av nye eller vesentlege utvidingar av eksisterande hytter i området. Gjeldande praksis blir vidareført i forslag til nye arealdel.

Det er fleire kriterium som skal vurderast ved ein ev. dispensasjonssøknad. Ev. vedtak om dispensasjon krev ei hovudvekt av omsyn som talar for at du kan gje dispensasjon. Faktisk lokalisering av tomta, og dei ev. ueheldige verknadene oppføringa totalt sett kan ha viktige vurderingsmoment. Avstand til eksisterande veg vil m.a. bli vektlagt. Kommuneplanforslaget stiller krav om reguleringsplan for byggeområde med fleire enn to fritidsbustadar. Nye hyttetomter skal ikkje vera over 2 daa. Rådmannen tilrår at gjeldande situasjon blir oppretthalde.

2. Forslaget om bustadtomter på 9/16 er i strid med jordvernomsyn. Arealbrukskartet viser at det ligg dyrka eller dyrk bar mark rundt alle kantar av eigedomen, med unntak av ei stripe sørøst for eigedomen. Innspelet medfører nedbygging av landbruksareal, og etter erfaring med revisjonen av arealdelen for bygdene i 2009, og forslag om å bruka landbruksareal til bustadføremål, ser ein ingen grunn til å skulle bruka ressursar i eit forsøk på å få arealet godkjent som byggeområde. Alle tilsvarende innspele er avvist med bakgrunn i det same (jf. m.a. grunnlagsdokument 3). Rådmannen tilrår å oppretthalda gjeldande situasjon.



3. Tilrettelegging for næringsareal på eideom 14/26 vert vurdert til å vera i samsvar med fleire av retningslinene for tilrettelegging av nye næringsområde, men i nærliggande område ligg det på austsida av fv51 både regulerte (Brøtaskogen næringspark) og ikkje regulerte arealreservar som ein vurderer til å dekka sannsynleg etterspurnad i området i denne planperioden. Rådmannen tilrar derfor å oppretthalda gjeldande situasjon i planperioden, men vil kunna vurdera arealbruken på ny ved neste revisjon, sett i høve til korleis området blir utnytta i perioden.


Det er eit vesentleg poeng for arbeidet med kommuneplanen at den skal visa eit mest muleg realistisk bilet av forventa arealbehov i kommunen i planperioden. Kommunen skal ikkje ukritisk legga til rette for nye byggeområde. Dette gjeld all arealutnytting, og godkjente areal som ikkje vert realisert hindrar godkjenning av nye område. Kommunen har gjennom planprosessen teke ut fleire gamle byggeområde som har lege i kommuneplanen i mange år utan å bli realisert, for å kunna gje rom for nye byggeområde som ein vurderer å kunna vera meir sannsynleg blir bygd ut. Det er også signalisert at ein vil gjera dette ved neste revisjon.

14.03.2014 Aud og Per Einar Tveit

Bustad 2 og B8

Gjentek argumentasjonen frå forrige høyring, då dei meiner at kommunen ikkje har fagleg haldbare argument mot at dei får bruka ca. 3 daa av eit skogområde som tillegg til B8. Dersom kommune fastheld svaret frå forrige høyringsrunde, så ønskjer dei eit svar på spørsmålet om kvifor kommunen absolutt ikkje ønskjer å la dei innlemma dette området i B8. Dei skriv at «Området er, som kartet viser, «en hylle» i terrenget som kan bli 3 flotte eneboligtomter».

Utfordringane med området er at det er for få einingar til å dela grunninvesteringane på og mulegheita for å få tilkomstveg på ein god måte. Dei ønskjer derfor å utvida området med 3.26 daa. Dette vil gje eit samla bustadareal på 18 daa. Dei ønskjer å knytta områda saman med Tveitavegen (ved eideom 25/235) ved opparbeiding av ny veg i sør/sørvest retning, jf. kart. Vidare går det fram av brevet at dette vil gje lettare og betre tilkomstmulegheit via Tveitavegen til det nye bustadområdet, ein vil kunna få laga ein heilskapleg plan for området med tanke på grunninvesteringar og bruk av ev. etappevis utbygging.



B8 t.h., bustad 2 i midten over Tveitafeltet, endra forslag til tilkomst til B8 vest for bustad 2 og Tveitafeltet.

I sørvest bustad 3.

Bustad 3

Skriv at dei registrerer at kommunen ikkje synst makeskifte er aktuelt eller av interesse i dette tilfellet, og dei merker seg det med tanke på framtidige samarbeidsområde/andre areal for deira og bruken til kommunen.



Dei synst at det er urimeleg og utidig av kommunen å bruka argument som at dei alt har eit område, som er regulert til høg utnytting i skråninga på oversida av Tveitavegen, men som dei ikkje har bygd ut endå. Påpeikar at dei arbeidde med å få godkjent planen til bustadføremål i 11 år. No snakkar dei om einebustadtomter i gangavstand til skule/barnehage. Dette får dei stadig vekk førespurnadar om frå utflytta småbarnsfamiliiar, som vil bu slik at dei minste kan gå til skulen.


Håpar på konstruktiv dialog med kommunen, og vil gjerne bidra med meir informasjon om dei omtalte muleheitene.

Vurdering

Innspeilet/merknadane er vurdert 3 gonger tidlegare i denne planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget. Kommunen meiner at det er gjort tilstrekkeleg greie for kvifor dei omtalte areala ikkje bør avsettast til byggføremål. Kommunen kan ikkje ukritisk legga til rette for nye byggeområde. Dette gjeld all arealutnytting, og godkjente areal som ikkje vert realisert hindrar godkjenning av nye område.

Det er krav om høg utnytting i byggeområde H8, jf. skriftleg del. Dersom ikkje dette blir følgt opp ved reguleringsplanprosessen signaliserte fylkesmannen ved godkjenning av området i 2009 at dei kjem til å reisa motsegn til reguleringsplanen.

17.03.2014 Dag Westerheim «Klage på saksbehandling i Nord-Aurdal kommune vedrørende søknad om hyttetomter samt Arealdelen til kommuneplanen – melding om 1, 2 og 3. offentlige ettersyn»



1. Meiner at søknaden hans frå 04.10.2010 ikkje er realitetsbehandla, viser til forvalningsloven, og meiner han derfor ikkje er rettmessig behandla av kommunen. Viser til at kommuneplanutvalet i møte 30.09.2010 vedtok at «Søknader om vesentlege dispensasjonar og planarbeid som ikkje er i samsvar med gjeldande planar, og som kommunen mottekk i løpet av planprosessen, skal vurderast/behandlast som innspel til kommuneplanarbeidet».
2. Meiner at saka hans er mangefullt opplyst når ein i praksis veit at politikarar ikkje tek seg tid til å sjå på innspela frå søkerane og fakta som er sendt av søker, men forheld seg til innstillinga til formannskapet. Viser til at kommunen ved 1. innspelsrunde skal ha sagt at dei kjende området godt. Han meiner dette ikkje er tilfelle sidan me ikkje veit om at det er eit naust ved Stugufjorden, ved eit av dei finaste område for folk flest, som blir leigd ut som hytte i sommarsesongen. Når kommunen ved 2. innspelsrunde skriv at dei ikkje forsvarer å brukta tid på å synfara området hans, meiner han det også vil seia at me ikkje baserer oss på fakta når det gjeld planskissa deira og søknad om fortetting av hytteområdet.
3. Kommunen har låst seg fast i arealplanskissa si på feil grunnlag og må derfor realitetsbehandla og opplysa saka på nytt, og då etter forvaltningsmessige prinsipp gitt av lov og uttale frå sivilombodsmannen. Søknaden av 04.10.2010 er av formannskapet vurdert som eit innspel til arealdelen i strid med forvaltningsmessige prinsipp som skal ligga til grunn for søknaden. Det blir òg lagt til grunn at nærområdet i stor grad er ubygdt, men dette er faktafeil då fortettingsskissa på to tomter, jf. søknad, ifølgje han ikkje vil berøra natur- og miljøinteresser i nærområdet.
4. Nabosameiget har motførestillingar mot hyttetomtene på feil grunnlag. Motførestillingane deira er berre ein hevnaksjon, og kan ikkje tilleggast fagleg vekt. Far hans melde seg ut av Veststringsbygda sameige, som er eit ikkje Brønnøysundregisterd sameige iflg. han, p.g.a. utilbørleg opptreden og skitne spelereglar frå dei når det galde jakt og jaktinntekter på 2000-talet.

Vurdering

Det er ikkje klagerett på arealdelen. Ein har nedanfor kort kommentert påstandane som vert sett fram i klagen.

Saka er behandla på like line med alle andre tilsvarande søknadar/innspele til kommunen dei siste åra. Om søknaden hadde blitt behandla som ein dispensasjonssak er det ikkje grunn til å tru at utfallet hadde blitt noko anna. Fleire samanliknbare søknadar frå slutten av 1990-talet og frå 2000-talet vart etter politisk behandling vist til revisjonen av arealdelen. Det vil vera urettferdig overfor alle andre som har fått søknadane sine behandla på denne måten, å behandla denne saka på ein annan måte. Det må også understrekast at dette innspelet er vurdert vesentleg grundigare enn mange andre, p.g.a. at same innspel/merknad om hyttetomter er vurdert 2-3 gonger tidlegare i denne planprosessen.

Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at rådmannen vil tilrå å endra planforslaget. Eigedomen ligg i eit område av kommunen med vesentleg natur- og miljøinteresser. Store delar av nærområdet er meir eller mindre urørt m.o.t. hyttebygging, og ein meiner at den verdien som desse store samanhengande, meir eller mindre urørte, områda utgjer bør vektleggast, og skjermast mot ny hyttebygging.

Så lenge kommunen er inne i ein prosess med revisjon av arealdelen, og det er gitt retningsliner for vurdering av førespurnader om hyttetomter, så vil desse bli behandla etter dei same retningslinene uavhengig av om dei blir behandla som dispensasjonar eller som innspele til arealdelen. For søker er det økonomisk meir gunstig at ein søknad blir behandla som eit innspele til arealdelen, noko som ikkje kostar noko, medan for dispensasjonssaker blir det kravd gebyr.

Det er berre opplyst om at innspelet frå nabosameiget i brev 15.10.2010 ikkje viser hyttetomter i området, det er som det går fram av tidlegare vurderingar av innspelet/merkanden ikkje vektlagt.

17.03.2014 Aurdalsåsen hytteforening

Viser til innspelet sitt til arealdelen 23.11.2010, og registerer kort at lite har skjedd i den skriftlege delen av kommuneplanen.

Dei repeterer konklusjonen sin frå notatet i 2010:

«Vi i AHF ønsker en offensiv NAK som også ønsker å være tydelig vertskap for fritidsboligbrukerne, og som lar dette fremkomme gjennom uttrykte prinsipper og delmål (sammen med prisverdige mål) i sine planer og budsjetter – inkludert denne arealplanen. Og ikke bare gjennom økning i eiendomsskatten – det blir liksom litt fantasiløst».

Har opplevd at kommunen ønskjer engasjementet deira velkommen, og har derfor imøtesett resultatet av den reviderte kommuneplanen med forventningar om at noko av denne samforståinga no ville vera innebygd, men dette er ikkje tilfelle. Utkastet frå 2010 står reelt uforandra på dei områda som er viktige for hytteinnbyggjarane.

Minner òg om at «kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2013-2024» vart vedteken utan at det vert teke omsyn til høyringssinnspelet frå dei, slik at ansvaret for løyper, sykkeleruter og stiar ikkje vart inkludert i planverket til kommunen.

Minner om visjonen til Valdres natur- og kulturpark om at Valdres skal vera den beste hyttedestinasjonen i landet. Nord-Aurdal som største hyttekommune i regionen bør framstå som ein eksponent for denne visjonen, og ta konsekvensar av det i planverket sitt. Utover prioritering av plassering av nye hyttetomter, er det i det framlagde materialet lite erkjenning av kva som skal til for å realisera vertskapsrolla for hytteinnbyggjarane fram mot 2024.

Sjølv sagt må kommunen oppfylla krav som vert sett til utforming av planverket frå sentralt hald, men AHF meiner at det likevel må vera muleg å tydeleggjera det dei opplever som ei positiv haldning frå kommunen til å inkludera hyttefolket også i planarbeidet.

Vurdering


Kommunen la ikkje fram noko forslag til kommuneplan før 21.06.2012. Den 09.10.2010 vart det ved varsel om oppstart av arbeidet gitt ei generell opning for å koma med innspel til planarbeidet som ein skulle starta med.

Arealdelen til kommuneplanen er ein kommuneplan som tek for seg arealbruken i kommunen. Forholdet hytteinnbyggjarane er del av den langsiktige generelle delen til kommuneplanen, jf. satsingsområde næringsutvikling (kap 5.4). Dette vart òg påpeika i kommentaren til kommunen til innspellet frå hytteforeningen ved oppstart av planarbeidet.

Innspel til ulike planar vil bli vurdert, og teke omsyn til når ein meiner det er grunn til det. Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv er ikkje ein sti- og løypeplan. Kommunal planstrategi prioriterer ikkje arbeid med sti- og løypeplan i kommunestyreperioden, men det skal vurderast om kommunen skal prioritera arbeid med sti- og løypeplan ved starten av neste kommunestyreperiode.

14.03.2014 Thor Dahl vedr. byggeområde H12 på eigedom 110/38

Det er starta reguleringsarbeid for området. Når dei var på synfaring hausten 2013, fekk dei ei negativ overrasking. Den sørlege/øvre avgrensinga var trekt for langt ned mot Huldrastølvegen. Dette vil resultera i at fine tomter vil detta utanom, eller avskore av avgrensinga. Meiner årsaka er manglande kjennskap til den naturlege avgrensinga og kvaliteten til området. Han håpar at dette kan endrast til slik det er føreslege i reguleringsplanforslaget.





Vurdering

Avgrensinga av byggeområdet vart sett med ei klar haldning om at ev. hyttetomter i området skulle ligga så nær Huldravegen som muleg.

21.03.2014 Knut Arne Fjelltun vedr. eksisterande massetak på eideom 20/7

Føreslår at det eksisterande område for råstoffutvinning på eideom 20/7 blir innlemma i byggeområde R8 (30/7 og 30/8), og at det vert stilt krav om felles reguleringsplan for heile området. Viser til at det er att grus i området og i tillegg i nordvestleg retning. Etter kvart som området blir tomt for grus vil det bli planert, pynta til og planta til med skog igjen. Masseuttaket har lege her i 30 år, og det er langt til nærmeste hus/hytte.





Vurdering

Ein av grunnane til at R8 vart teke med i planforslaget ved 3. off. ettersyn var opplysningar om at grustaket på eigedom 20/7 er tomt for grus. Det er ikkje merknadar til R8 anna enn at fylkesmannen påpeikar at det vil vere avgjerande for vassdragsmiljøet at det vert oppretthalde eit vegetasjonsbelte, og at det vert sett ein tidsfrist for når arbeidet med bru kan utførast. Dei skriv vidare at arbeid som kan gje tilslamming av bekken/elva skal utførast i tidsrommet 15.06.-15.09. Fylkesmannen gav dessutan uttrykk for at det å legga til rette for nye område ved 3. gongs høyring utan at det er meldt seg nye behov er uheldig og dreg ut planprosessen. Fylkesmannen har teke etterhald om motsegn til området dersom det ikkje vert teke tilstrekkeleg vassdragsomsyn i reguleringsplanprosessen.

Rådmannen meiner det vil vera fornuftig å sjå både det eksisterande og nye området for massetak samla. Kommunen har fått tilbakemelding frå fylkesmannen om at det vil vera uheldig å ta inn massetaket, både det eksisterande og ev. utviding av det, utan at kommuneplanen blir lagt ut til nytt offentleg ettersyn. Rådmannen tilrar å oppretthalda gjeldande situasjon.

28.03.2014 Kjetil Ranheim vedr. tilkomstveg til byggeområde B7

Det er lagt inn to vegalternativ over eigedomen hans (18/101) fram til byggeområde B7 (25/1). Skriv at han umiddelbart tok kontakt med kommunen når han fekk kjennskap til at grunneigar hadde «greid overtale» kommunen til å ta det inn i kommuneplanforslaget. Han fekk då tilbakemelding om at ingen kan planlegga vegar og VA over andre sin eigedom utan aksept frå eigar. Han hevdar òg kommunen klart sa at kommunen ville gå mot forslaget frå eigaren av B7. Han stiller derfor spørsmål ved kvifor forslaget ikkje då er teke ut av kommuneplanen?


Han viser til at vegforslaga er kostbare i høve til kor mange tomter det er snakk om. Det er stor stiging og fjell i dagen, det er noko av det hardaste fjetlet du finn i landet. Han meiner kommunen bør vurdera vegforslaga på nytt. Han har vore på synfaring med ein av dei mest anerkjente entreprenørane i Valdres, han meinte det var heilt «på jordet» og kom til å bli veldig kostbart i høve til talet på tomter.

Stiller spørsmål ved kva som eigentleg er kommunen sitt argument for å truga gjennom desse ville vegforsлага? Han lurer på om det er noko i rykta om ein luring som ønskjer seg ei tomt der?

Det vil kunna bli problem med veg her i høve til at han og sonen vurderer å gjerda inn eit større område og driva med ammekyr her. I så tilfelle må det etablerst ferister som blir fulle i snø vinterstid, for han reknar med at ingen vil ha storfe rundt husa sine i byggefelt.

Ber om at kommunen endra vegtilkomst til byggeområde B7, meiner det finst to gode alternativ til tilkomst som ikkje er vurdert. Dersom kommunen vil truga gjennom desse to forslaga er makeskifte med heile restarealet til kommunen på eigedomane 18/18 og 19 eit alternativ som kan diskuterast.

Krev eit møte med kommunen/utbyggjar/planleggar innan 18.03.14 for å få diskutert dette vidare då det som nemnt finst 2 andre alternativ til tilkomst for B7 som ikkje er vurdert.





Vurdering

I samband med 2. gangs behandling av planforslaget 11.04.13 vart grunneigar i B7 bedt om å visa eit forslag til vegløysing for byggeområdet som ikkje går gjennom eksisterande bustadfelt på Marsteinhøgda, austleg trasé (grøn på det øvste kartutsnittet) er prioritert frå deira side. Formannskapet uttalte 11.04.13 at «*Det kan bli vanskeleg å etablera ei tilfredsstillande vegløysing til område B7. Vegen gjennom eksisterande bustadfelt på Marsteinhøgdé er ikkje etablert med sikte på at det skal leggast til rette for fleire bustadar i ei forlenging av denne i aust. Ev. veg til området må tilknytast eksisterande veg til Marsteinhøgdé via eit anna punkt.*

Kommuneplanen viser dei to mulege vegløysingane til B7 som kommunen fekk forslag om til 3. gangs behandling. Kommuneplanen kan visa veg og VA over eigedomen til kven som helst dersom ein meiner det er føremålstenleg. Vilkåra for realisering av eit av dei viste vegforsлага blir eit forhold mellom grunneigar i byggeområde B7 og grunneigar der aktuelle vegtrasé er vist.

Fjerde off. ettersyn, vurdering av off. og andre merknadar:

30.04.14 Alver advokatfirma v/Linn Kristin Myren på vegne av Ola E. Skrautvol

Merknaden tek i all hovudsak for seg det same som korrespondansen per e-post mellom Ola E. Skrautvol og kommunen i perioden 28.02.-08.04.14. Merknaden vart motteken etter leveringsfristen for behandling av saker 15.05.14 (sak ferdigstilt 08.05.14), og vert derfor først no vurdert.

Myren viser til at Skrautvol, etter å ha sett oppstartsannonen i avis, sende innspel til arealdelen til kommuneplanen 17.11.2010. Hevdar kommunen har bevisbyrden for at e-posten ikkje har kome fram til kommunen, og kommunen må derfor dokumentera at denne ikkje har kome fram. Viser til at Skrautvol tidlegare har sendt e-post til adressa som e-posten er sendt til og at desse har kome fram. Skrautvol har heller ikkje fått nokon feilmelding ved sending av e-posten.

Det kan ikkje vektleggast at det har gått 3.5 år sidan e-posten vart sendt, og at Skrautvol ikkje har etterlyst svar i perioden. Skrautvol visste frå tidlegare erfaring med kommunen at ein slik prosess vanlegvis tek svært lang tid, og han var derfor tolmodig. Dette kan ikkje brukast til å underbygga at e-posten ikkje har kome fram. Dette er eit bevisspørsmål som kommunen sjølv har ansvar for.

Viser til at kommunen skriv at det kan vera mange grunnar til at ein e-post ikkje kjem fram, m.a. at e-postboksen kan vera full. Det er mottakaren som må bera risikoen for desse forholda, og det har ingenting å seia om e-posten er sendt til ei personleg e-postadresse og ikkje til ei sentral e-postadresse.

Viser til §40 i avtaleloven om at når nokon har sendt ein merknad på forsvarleg måte, så skal det ikkje gå utover vedkomande. Meiner det er på det reine at e-posten er sendt til rett adresse, og at den er sendt på ein forsvarleg måte. I alle tilfelle skulle derfor forslaget til Skrautvol til arealplan vore vurdert under utviklinga av arealdelen, på like line med andre forslag.

Hevdar det er klart at det føreligg ein saksbehandlingsfeil i saken. Det er ikkje ei tilfredsstillande løysing at innspelet blir behandla som ein merknad til 3. off. høyringsrunde.

Viser til at det er stor skilnad på forslag som blir sendt før utforminga av arealdelen er påbegynt, og merknadar som kjem til ein plan som er ferdig utarbeidd i så stor grad at ein er inne i sluttfasen. Sannsynet for å få gjennomslag for forslaga sine så seint i prosessen er vesentleg mindre enn når arealdelen skal utformast. Meiner Skrautvol har mista mulegheita til å følgja opp innspela sine, i alle tilfelle ville forslaga hans kunna fått ei grundigare og lenger behandlingstid enn tilfelle er dersom dei berre blir teke med som merknadar til 3. off. ettersyn.

Kva saksbehandlingsfeilen har å seia praktisk og økonomiske for Skrautvol må også takast med i vurderinga. Avslutningsvis skriv Myren at «*Dersom ikke kommunen nå foretar en*

tilfredsstillende behandling av de aktuelle forslagene vil det bli aktuelt å fremme et krav om kompensasjon».

Rådmannen: I kunngjeringsannonsen som det vert vist til i merknaden var det som vanleg oppgitt 2 adresser ein kunne senda merknadar til: postadressa til kommunen og e-postadressa til kommunen. E-posten er sendt til ei «personleg» e-postadresse i kommunen som ikkje var oppgitt i kunngjeringsannonsen, og har først kome fram til saksbehandlar 28.02.14.

Vedr. tidlegare erfaring med kommunen, og at slike prosessar tek lang tid, så vil ein poengtera at reguleringsplanprosessar som ikkje er i samsvar med overordna planar tek lang tid.

Det er beklagleg at innspelet til Skrautvol ikkje har kome fram til saksbehandlar på eit tidlegare tidspunkt, og at det ved oversending av innspelet ikkje er brukt ein av dei to oppgitte adressene i kunngjeringsannonsen. Saka kunne vore unngått dersom dette blei gjort. Når dette er sagt, så har ikkje dette hatt innverknad på vurderingane av innspelet. Innspelet frå Skrautvol er vurdert på lik line med alle andre innspel kommunen har motteke til arealdelen til kommuneplanen etter dei same retningslinene og kriteria. Så lenge forslaga ikkje er i samsvar med vedtatte retningsliner og kriterium, så kan ikkje rådmannen tilrå å ta inn forslaga same kor mange gonger ein vurderer dei. Dette vil vera urettferdig overfor dei som har fått samanliknbare innspel avvist.

Planforslaget har lege ute til eit nytt offentleg ettersyn etter at innspelet kom, og Skrautvol har hatt same mulegheit til å koma med merknad som andre. Rådmannen har forsøkt å vurdera alle innspel og merknadar på lik line etter same retningsliner og kriterium, men har gjennom heile prosessen vore audmjuk i høve til at ein kan ha gjort feilvurderingar og har derfor, når det har kome merknadar, vurdert innspel på nytt. Innspelet frå Skrautvol er derfor vurdert på nytt med bakgrunn i merknadar frå han (jf. seinare i dokumentet).

Innspela vart dessutan også vurdert på nytt administrativt etter at formannskapet vedtok å legga planforslaget ut til 4. offentleg ettersyn 15.05.14, for å dobbeltsjekka at ikkje tidspunktet for mottak av innspelet/merknaden skulle ha hatt avgjerande betydning for vurderinga og tilrådinga til rådmannen til formannskapet, men sidan ein for 2. gong vurderte innspela til ikkje å vera i samsvar med retningslinene/kriteria for kommuneplanarbeidet og at det vil vera urettferdig overfor andre med samanliknbare merknadar, har dette ikkje vore gjenstand for høyring ved 4. off. ettersyn.

Avslutningskommentaren i merknaden frå Myren, som må forståast slik at den einaste tilfredstillande behandlinga av innspelet frå Skrautvol, er at han får forslaga sine innarbeidd på plankartet, sjølv om dei ikkje er i samsvar med retningslinene og kriteria til kommunen for planprosessen og i tillegg vil vera urettferdig overfor andre med samanliknbare innspel, styrkar ikkje saka.

30.05.14 Fylkesmannen i Oppland

Stadfestar at dei trekk motsegnene til område for råstoffutvinning ved Etnsenn R3 og til vurderinga av flaumfare i mindre vassdrag. Når det gjeld R8 kan ikkje dette området utvidast utan nytt offentleg ettersyn.

Rådmannen: Ved 4. offentleg ettersyn meinte ein at det var føremålstenleg å høyra forslag til utviding av område for råstoffutvinning R7 (Raukøllhallvegen) og R8 (Skrinda) sjølv om dette ikkje var politisk behandla.

22.06.14 Ola E. Skrautvol

Sidan merknaden også er sendt direkte til politikarane i kommunen, referer ein her berre i korte trekk merknaden på 9-10 sider.

Meiner at ingen av dei 4 forslaga til innspel han har sendt til kommuneplanen har vore gjenstand for korrekt behandling p.g.a. rutinesvikt for mottak og journalføring av e-post.

1. Fritidsbustadar på 4/24, 34 og 63 på Grøslié
2. Fritidsbustadar på 3/55 og 83, 16/2 og 3/9, Ørneberget på Grøslié
3. Bustadbygging på 9/16, Vold i Skrautvål
4. Industriareal på 14/26, Brøtaskogen ved Sebufjorden

Han meiner det var feil å behandla innspelet som ein merknad til kommuneplanen, og viser til at han berre har bedt om ei ordinær og korrekt behandling av forslaga og at dette ikkje var ein merknad til arealdelen, men eit innspel.

Han viser til korrespondanse med rådmannen i vår og brev frå advokaten hans (jf. over). Han skriv at rådmannen likevel har teke innover seg alvoret og mulege konsekvensar i saka ved at 3 av forslaga no likevel, og utan informasjon til han, er teke med ved 3. høyringsrunde. Han meiner vidare at dette juridisk sett, er eit taktisk godt grep for å redusera mulege konsekvensar i saken.

Rådmannen: Me signaliserte tydeleg i korrespondansen i vår at me såg på dokumentet som ein merknad til kommuneplanen, og at me ville behandla han deretter. Alle innspel og merknadar til kommuneplanen er vurdert etter same retningsliner og kriterium, vedtatt av kommunestyret ved planoppstart. Når me mottek ein merknad eller innspel til planprosessen informerer me ikkje forslagsstilla om at me behandlar han, det ligg i sakens natur at den skal behandlast politisk.


Skrautvol viser til at advokatfirmaet Alver uttrykker at det er mindre sannsynleg å få gjennomslag for forslaga sine i sluttfasen av ein arealplan.

Rådmannen: Alle innspel og merknadar til kommuneplanen har blitt vurdert etter same retningsliner og kriterium, vedtatt av kommunestyret ved planoppstart, uansett kva tidspunkt dei har kome i planprosessen. Planforslaget har lege ute til nytt offentleg ettersyn etter at

innspelet frå Skrautvol kom. Saka har vore fremma på ordinært vis med tilhøyrande grunngjeving slik alle andre innspel/merknadar til kommuneplanen har blitt.

Han skriv: «*I svært mange sammenhenger for politisk, offentlig og privat virksomhet har vi de siste årene tatt i bruk sterke og tydelig ord for å underbygge at vi skal arbeide frem planer og virksomheter på en grunnleggende god måte. Spesielt har våre politikere en stor oppgave i å påse at det offentlige tjenesteapparatet på nasjonalt, fylkeskommunalt og på kommunalt plan sørger for at dette blir ivaretatt i samsvar med lovverk, retningslinjer og politisk vilje. Dette er en stor og utfordrende oppgave som krever sine politiske valgte kvinner og menn. Når jeg bruker uttrykket sterke ord skal jeg nevne noen som kan være beskrivende og en tankevekker når jeg i etterkant velger å presentere historisk bakgrunnsinformasjon for de fire arealforslagene som når er avvist for innta i arealdelen av kommuneplanen. Ha derfor de mye brukte ordene fremtidsrettet, helhetlig, bærekraftig, forutsigbart, robust og sømløs i bakhodet når historien opp mot vedtak av kommende arealplan skal skrives og arkiveres for historien.»*


1. Fritidsbustadar på 4/24, 34 og 63 på Grøslié



4/34 er den grøne sirkelen i nord som ikke er nøyaktig kartfest. Egedomen ligg innanfor avgrensinga av egedom 4/10. Han gjengir fleire grunnar som underbygger at dette er hyttetomter. Han meiner det er lett å generalisera slik kommunen gjer. Han har dessutan ikke fått lov å opplysa saken underveis slik normal saksgang tilseier. Han må framleis søka dispensasjon for å bygga ut desse egedomane, sjølv om det har vore praksis at slike søknadar blir imøtekome. Meiner at tenesteapparatet i kommunen ikke vil ha forutsigbarheit og effektiv saksbehandling i slike saker, og vil tvinga byggesøknadar for desse tre aktuelle egedomane med etablert og tinglyst vegrett via søknad om dispensasjon frå arealdelen. Dette er lite tillitsvekkande med tidlegare offentleg saksbehandling som bakteppe.

Rådmannen: Det går ikkje fram nokon stad i sakutgreiinga til møtet 15.05.14 at ein tviler på at dette er hyttetomter. Ein meiner det ikkje er rett å visa område som byggeområde for fritidsbustadar med krav om reguleringsplan når det openbert er i strid med retningslinene for kommuneplanen å visa nye byggeområde her. Ein bør behandla mulegheit for bygging på dei 3 hyttetomtene slik ein behandlar mulegheita for bygging på andre tilsvarende hyttetomter, et er ikkje nokon automatikk i at ein får byggeløyve på slike tomter. Det skal vurderast onkret i kvar enkelt sak. Utover dette viser ein til saksutgreiinga frå 15.05.14.

2. Fritidsbustadar på 3/55 og 83, 16/2 og 3/9, Ørneberget på Grøslié



Hevdar at dette forslaget aldri er behandla i kommunen. Han har derfor aldri blitt informert, eller hatt mulegheit til å delta i planprosessen. Kommunen hevdar likevel å ha behandla og frårådd dette forslaget alt etter 1. høyringsrunde ved at Skrautvål heimås grunneigarlag fremma eit liknande forslag med utvida arealgrunnlag. Han hevdar at andre forslag frå Skrautvål heimås grunneigarlag viser med all tydelegheit at respektive grunneigarar har vore delaktige i planprosessen og fått mulegheit til å opplysa planforslaga sine.

Han meiner at det ekstraordinære med planforslaget er at det er initiert av fylkesmannen gjennom forarbeid med flytting av ei hyttetomt frå stølsvollen på Kjærstadstølen til Ørneberget, seinare registrert som 16/45. Han viser til at miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen uttalte i brev 16.02.10 at dei «*så positivt på at tomta (16/45) ble flyttet ut frå stølsvollen (på Kjærstadstølen) og til et høydedrag (Ørneberget) hvor det er potensiale for 8-9 hyttetomter inkludert de eksisterende. Ved rullering av kommuneplanen, bør kommunen vurdere å vise et byggeområde for fritidsbebyggelse*».


Han meiner vidare at det igjen er slik at det i saksframlegget blir generalisert og leita etter motførestillingar. Vidare hevdar han at relevant og vesentleg informasjon i saka ikkje er

presentert og opplyst for dei som skal gjera vedtak. Han meiner det også er grunn til å tru at innleiinga til at denne saka hamna på bordet til rådmannen i 2014 kan vera medverkande for utfallet. Han avsluttar med at «*Det er faktisk en utfordring å ta de gode avgjørelser når saksframstillingen er mangefull. Det er langt enklere å finne hindringer for å gjennomføre gode vedtak slik resultatet er i denne saken*».

Rådmannen: Argumentasjonsrekka bli opna med å hevda at forslaget aldri er behandla i kommunen, og blir avslutta med at ein påstand om at det i saksutgreiinga blir generalisert og leita etter motførestillingar for å avvisa forslaget. Når det gjeld påstanden om at saksframsillinga er mangefull, så er alle dokument i saka til ei kvar tid er tilgjengeleg for dei som skal fatta vedtak. Dessutan er nye dokument i saka oppramså først ved ny behandling.

Kommunen har ikkje forhalde seg til andre enn Skrautvål heimås i høve til innspelet frå Skrautvål heimås. Ev. enkeltpersonar i Skrautvål heimås som har vore delaktige i prosessen har anten kome med eige innspel, blitt varsle p.g.a. at eit av byggeområde for hytter i kommunedelplanen frå 1993 ikkje blir vidareført i kommuneplanen el.a.

Følgjande innspel til arealdelen til kommuneplanen frå Skrautvål heimås grunneigarlag vart behandla 21.06.12:



Kommunen vurderte, som fylkesmannen skreiv, om ein skulle legga inn eit byggeområde her, men konkluderte med at det å legga inn eit byggeområde her ikkje er i samsvar med retningslinene for revisjonen, og vil vera urettferdig overfor andre med samanliknbare forslag.

Merknaden viser tydeleg det kommunen sa ved behandling 21.06.12: «*Ein ser det som uheldig at fylkesmannen uttaler seg på den måten som er gjort, og er med og legg føringar for arealpolitikken i kommunen, då uttalen openberty kan ha gitt grunneigarane forventningar, jf. innspelet*».

3. Bustadbygging på 9/16, Vold i Skrautvål


Viser til at forslaget om bustadbygging på eide dom også har ein historisk bakgrunn, og omtalar kvifor han meiner det. Årsaka til at han ønskjer dette omdisponert er at arealet ligg nær fv270/275 og kommunal infrastruktur. Han viser til at det vart opna for bustadbygging på naboeide dom 9/27 i 2013 som iflg. han ligg på høgverdig dyrkjingsjord.

Han viser også til at det er dyrka mark på eide dom 9/46 som også er frådelt til bustadføremål. Han skriv vidare at så seint som i 2012 så vart både 9/46 og 47 selt utan sameigerettar som normalt skal følgja med. Desse rettane vart då overført til stølen i Svarthamar som blir brukt som fritidsbustad og ikkje vart selt. Slik sett er ingen bu- eller driveplikt oppretthalda og den selde brukseininga er fråteke sitt naturlege sameige, jakt- og fiskerettar. Eininga har heller ikkje heimstøl eller støl. Han stiller spørsmål ved om det er slike disposisjonar godkjent av offentleg forvaltning som me kallar berekraftig og framtidssretta.

Han undrar seg utifrå dette kraftig over jordvernargumentet som kommunen brukar i høve til forslaget hans på dei 4 måla når dei to andre tomtene som nettopp er utskilt har same areal.

Han meiner det er illusorisk at eit areal på kring 4 mål som er innestengt mellom to fylkesvegar og ei høgdeskjering i sør mot 9/52 ikkje skal kunna brukast til bustadføremål. Han meiner at den naturlege løysinga tvert imot hadde vore å regulera både 9/16 og dei to måla på naboeide dom 7/1 til bustadføremål. Han skriv vidare om kva kompetanse familien hans har i byggesaker, og at planen var å etablera omsorgsbustadar/leilegheitsbygg med kvalitetar og berekraft som du sannsynlegvis skal leita lenge etter i landet.

Han opplever det som at det i denne saka er lita interesse for framtidssretta tiltak og næringsutvikling. Han vel likevel å uttrykka meaninga si om dette frå ståstadens sin utanfor kommunen, og meiner at kanskje kan bli nok eit døme på ytterlegare distriktsnedbygging å skriva om i historieboka.



Rådmannen: Me har konsekvent tilrådd å avvisa alle innspel der det er føreslått bustadbygging på dyrka mark gjennom heile planprosessen i samsvar med gjeldande retningsliner for revisjonen og erfaring frå revisjonen av bygdedelen i 2009. Det er vanskeleg å tilrå og sjå grunnar til at ein skal vurdera dette innspelet på ein annan måte enn andre samanliknbare innspel. Det er ikkje noko problem å argumentera for at eit innspeil isolert sett ikkje har noko å seia, men kommunen kan ikkje som forslagsstillarar sjå innspeil isolert og berre utifrå eigen ståstad. Kommunen må vurdera heilskapen og behandla samanliknbare innspel på mest muleg lik måte.

Eigedom 9/27 (aust for 9/16) vart etablert 11.01.1965, og vurderingane som vart gjort den gangen kan ikkje brukast som noko argument for å gå utover retningslinene og kriteria som ligg til grunn for vurdering av arealdisponeringar 49 år seinare.

Eigedom 9/46 (sørvest for 9/17 og fv) er vist som bustadtomt i reguleringsplan for Skrautvål som vart godkjent 09.02.1987, og vurderingane som vart gjort den gangen kan ikkje brukast som noko argument for å gå utover retningslinene og kriteria som ligg til grunn for vurdering av arealdisponeringar 27 år seinare.

4. Industriareal på 14/26 vest for fv51, Brøtaskogen ved Sebuffjorden



Han meiner historia bak gjennomførte reguleringsplan for Brøtaskogen næringspark er lang, delvis trist og kronglete. Han peiker på at det tok 12 år å gjennomføra reguleringsplanen i mangel på offentleg handlekraft. Han viser til problem hjå fleire instansar. Han skriv at «*Det var heldigvis en glipp ved den kommunale saksbehandlinga og klarsignal til oppføring av kaldtlager i 2006 som fratok fylkesmannen å komme med innsigelser i etterkant*».

Det var imidlertid kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen som la ut dei største hindra etter at reguleringsplanen blei annonsert i 2006. Etter 3 års forseinkingar og store kostnadar ser dei framleis delar av resultatet ved at det blei oppretta eit fredningsbelte. Fredningsbeltet avskar opprinnelig forslag til totalareal i to separate delar, og industriarealet vart derfor stoppa mot nord av dette fredningsbeltet. Det er no fredningsbeltet rådmannen omtalar som ledig uregulert areal med utgangspunkt i mangel på historisk bakgrunn for gjennomført regulering. Kanskje rådmannen kan klarera nok ein tilkomst frå komande E16 for tilkomst til dette arealet. Meiner at siste hinder med avsett fredningsbelte som krev aksept frå riksantikvaren før nedbygging og tilkomst til den nordlege delen av tidlegare føreslått industriareal får kommunen, eller andre med nytt og friskt pågangsmot ta seg av. Meiner kulturminneavdelinga eigentleg ville ha freda heile arealet på 60 mål, og slik sett skulle det ikkje vore noko næringsareal her i det heil teke.

Han skriv at det ikkje er slik rådmannen hevdar, det er ikkje ledig areal her og dei treng meir plass. Han skriv at det ser det ut som fleire også gjer lenger sør på Spikarmoen og langs elva ned til Fagernes ved at vernesoner og strandliner vert fylt ut, krav til byggelinjer vert ikkje følgt, og det tilsynelatande utan konsekvensar.

Det oppstår eit nytt paradoks når rådmannen seier at innspelet er i samsvar med fleire av retningslinene og samtidig seier at det ligg både regulerte og uregulerte ledig areal her, og han uttalar seg mot nokon som veit betre. Det blir utan aktverdig og reell grunngjeving føreslått at området ikkje vert teke inn no, men blir vurdert i neste planperiode. Har rådmannen støtte for dette politisk? Meiner arealet ved Brøtaskogen ligg strategisk til for framtidig utbygging av E16. Han viser til at det trengst store areal til rigg, drift og massedeponi. Arealet ved Brøtaskogen næringspark ligg langt frå bustadområde og er godt eigna til dette. Sidan noverande areal er disponert er det behov for meir areal. Det har i tillegg vore pågang for meir etablering på det regulerte området.

Det blir vidare framsett ein del påstandar, når han har tid skal han oppretta ein blogg for slike saker i Valdresregionen, domenet sikra han for nokre år sidan, han opplyser at han gjerne stiller opp og orienterer samtidig som han avsluttar med at «*Vi opplever ofte at når saker får tilstrekkelig plass og oppmerksomhet i offentlig media så er det mange som ønsker at egen handlemåte eller beslutning var gjennomført på en annen eller betre måte. Slik sett kan denne saken også ha en allmenn media interesse i forhold til fremtidsrettede, helhetlige, bærekraftige, forutsigbare, robuste og sømløse offentlige beslutninger på vegne av Kari og Ola Nordmann*».

Rådmannen: Påstanden om at kommunen peikar på fredningsbeltet som ledig næringsareal er feil. Nord for det såkalla fredningsbeltet ligg eit godkjent næringsområde, det er dette ein har peika på. Skrautvol peikar sjølv på at det vil bli vanskeleg med nok ein tilkomst frå fv51 (framtidig E16) i dette området. Dette gjeld uansett om det er nord eller vest for området. Reguleringsplan for Brøtaskogen næringspark viser ein parallelleve langs fv51 i retning det godkjente arealet som har til føremål å kunna løysa spørsmålet kring veggtilkomst til dette området.

Formannskapet vedtok 15.05.14 at arealet på 14/26 vest for fv51 skal vera LNF-område.

Kommunedelplan for E16 forbi området er vedtatt. Nærare vurderingar m.o.t. den vert gjort i reguleringsplanen for E16 og i medhald av det som er vurdert og vedteke i kommunedelplanen.

Rådmannen viser utover dette til saksutgreiinga 15.05.14, og til kommunedelplan for Fagernes-Hande, alt. 2AB Røn, som vart vedteken 19.12.2013.



Flyfoto av Brøtaskogen næringspark.



Kommunedelplan for Fagernes-Hande, alt. 2AB Røn, vart vedteken 19.12.2013

26.06.14 Oppland fylkeskommune

Naust og fiskebuer ved Fullsenn

Areala som blir lagt ut til fiskebu/naust er store: Afn2 - 128 daa (sør), Afn 3 - 43 daa (vest), Afn4 - 59 daa (nord). Det går ikkje tydeleg fram av saka kor mange fiskebuer det skal leggast til rette for, men det blir vist til jordskiftesak og retningsliner for Skrautvål sameige i konsekvensvurderinga. Føresegna seier «Det kan etablerast inntil 3 bygningar per sameigar/eining». Kommunen må klargjera kva dette faktisk inneber.

Rådmannen: I planføresegna er det presisert at ei fiskebueining kan ha eit BRA på 22 m^2 . Naustet/naustdelen kan vera inntil 10 m^2 , medan fiskebuden m/do kan vera inntil 12 m^2 . Anten kan fiskebua settast opp som ein bygning der alt er integrert, ev. kan bygningsdelane settast opp separat ev. kan det vurderast felles do/naust for fleire fiskebuer. Dette er detaljar som det må takast stilling til ved reguleringsprosessen.

Sluttar seg til den viktige føresetnaden om at *"Eksisterande veg/stiar skal brukast for tilkomst. Det er ikkje lov å etablera nye vegar til områda"*.

Vidare bør det vera klart at nye fiskebuer i praksis ikkje blir hytter/fritidsbustadar. I punkt 1.9.2. i føresegnene er det sett avgrensingar på breidde til 4 m, høgde ved langvegg på 2,0 m og fiskebua skal vera maks 12 m². Føreslår at det i tillegg blir teke med ei føresegnd om at det ikkje er lov å vinterisolera naustet og at det ikkje er lov å legga inn vatn og avløp.

Rådmannen: Det er teke inn i føreseggnene at det ikkje er lov å vinterisolera nokon av delane i fiskebua og at det heller ikkje er lov å legga inn vatn og avløp i nokon av delane.

Meiner at slik forslaget til plan no er utforma så vil private naust og buer kunna bli plassert langs store delar av strandsona (ca. 2,5 km). I nord og vest er det nesten ingen buer frå før, medan det i sør er ein del slike. Kommunen må vurdera ein reduksjon av storleiken til arealet, særleg i nord og vest. Det er spesielt viktig at stadar som kan brukast til badeplass eller som er gode fiskeplassar for stangfiske, ikkje blir teke i bruk til naust og buer. Desse bør framleis ligga med LNF-føremål. Ser av kartet at det er område med ein viss tettleik av naust, t.d. i søraust, som ikkje er føreslått som byggeområde. Dette bør vurderast.

Rådmannen: Ved utarbeiding av forslag til avgrensing av byggeområde for fiskebuer vart sameigarane bedt om å unngå INON-områda. Det er teke inn i konsekvensvurderinga at ein skal unngå å legga naust i område som er godt eigna for friluftsliv, t.d. badeplassar og stangfiske.

Støttar intensjonen med føresegna som er å stimulera til betre bruk av fiskeressursane i vatnet, men meiner at kommunen bør avgrensa arealet, og at talet på fiskebueiningar må eintydig gå fram av føreseggnene til planen.

Bustadområde B7

I planforslaget ved forrige høyring var det vist to traséar som går rundt det utbygde bustadområdet på Marsteinhøgda på nordsida og fram til B7. Denne vegen går gjennom et nytt bustadområde, B12, og blir då samtidig tilkomstveg til dette området. Det nye nå, slik dei les planen, er at det i tillegg blir føreslått eit alternativ (svart trasé), som tek av frå ein snuplass i enden av bustadområdet. Dette er den same staden som gangvegen til Fagernes sentrum tek av.

Hadde ingen merknader til B7 ved forrige høyring, men har nokre kritiske merknadar til B7 no, men fremmar ikkje motsegn til forslaget. Er særleg skeptiske til landskapsverknaden av utbygginga, samtidig som at bustadområde som dette er svært vanskeleg å betena med kollektivtrafikk, no og i framtida. Dersom ein først skal «ta hol» på dette området, bør også areala lenger opp vurderast, for å forsvara kostnadane til infrastruktur.

I planomtalen er det vist til tettstadsanalysen for Fagernes frå 1997, der det m.a. står *at åssidene rundt tettstaden er sårbar for større tekniske inngrep*. I KU står det om B7: *Dei ytste tomtene vil bli synlege frå Fagernes utan at dette treng å ha noko uheldig verknad på landskapsbildet*. Meiner at desse vurderingane står i motsetning til kvarandre. Ei betre visualisering av konsekvensane hadde vore sterkt ønskeleg.

Som kommunen påpeikar, er det særleg vegframføringa som er vanskeleg. Dei to alternativa som kjem ovanfrå, medfører stor veglengde (nesten 900 m), og vegen vil gå gjennom det som dei vil tru er eit nærfriluftsområde aust for Marsteinshøgdé. Terrenget er bratt, og dette skapar opplagt store sår i landskapet. Den nye traséen (svart) er enklare slik sett, men fører til meir

trafikk på etablerte tilkomstvegar. Dette er krevjande i høve til dei som alt bur her og føreset gjennomtenkte trafikksikringstiltak.

Dersom kommunen vil halda fast på eit nytt bustadområde i lia ovanfor Fagernes, så bør tilkomstlösinga vurderast nærmere. I den arealdelen som skal vedtakast til slutt kan ikkje planen innehalda tre alternativ. Meiner at det krevst ei mer detaljert utgreiing av dei mest aktuelle vegalternativa før kommunen kan konkludera. Føreslår at veglinene blir lagt i eit temakart, og at den vidare utgreiinga og konklusjonen blir utsett til reguleringsplanprosessen.

Rådmannen: Sjå kommentarar til merknad frå Ranheim 04.07.14.

Har ingen merknadar til forslaga om å ev. utvida av R7 og R8 (områda var vist på plankartet ved høyringa, men er ikkje behandla politisk).

Har ingen merknadar til forslaga til endringar i planføresegnene om jordloven, sirkelsymbol på hyttetomter, omsynssoner for flaum, ras og støy og auka mønehøgde for hytter med 20 cm. Dei ser i tillegg at eit krav om parkeringskjellar på Leira vil vera konkurranseridande og dempande for ei utvikling av det gamle sentrum. Prinsipielt meiner dei at parkering ikkje bør legga beslag på markareal i sentrum i tida framover, men forstår i dette tilfelle vurderinga til kommunen.

Særskilt merknad frå Kulturarveininga

Utifrå registrerte kulturminne i nærområde meiner dei at det er potensial for funn av kulturminne i alle nye/utvida byggeområde/område for råstoff.

02.07.14 Statens vegvesen

Føreslår følgjande endringar i den skriftlege delen:

I kap 1.4.1 manglar kommunedelplan for E16 Fagernes-Hande.

I kap 6.0 bør det presiserast om også kommunedelplanen for E16 Fagernes-Hande er innarbeidd i planforslaget.

Den formelle statusen til resterande del av kommunedelplan for E16 Fagernes-Hande, delstrekninga Fagernes sør-Hunkevike, kan vurderast omtalt.

Rådmannen: Dei tre forslaga er innarbeidd i den skriftlege delen i tillegg situasjonen for kommunedelplan for Bagn-Bjørgo.

04.07.14 Kjetil Ranheim vedr. vegløysing til B7

Møtereferat frå 04.07.2014 og tidlegare signal frå Ranheim er å sjå som merknad til 4. off. ettersyn av kommuneplanen.

Ved 3. off. ettersyn av kommuneplanen var det vist 2 forslag til vegløysing til område B7 (alternativ 1 og 2). Store delar av begge alternativa går over eigedomen til Ranheim, 18/101. Ranheim har gitt tydelege signal om at han av fleire grunnar ikkje ønskjer desse, m.a. i merknaden han kom med ved 3. off. ettersyn.

Formannskapet vedtok 15. mai 2014 å legga kommuneplanforslaget ut til 4. off. ettersyn. I samband med det bad dei også om at det vart vurdert andre alternativ til vegløysing til


byggeområde B7. Grunneigar i B7 vart utfordra til å koma med dette, og sidan kommuneplanen likevel skulle leggast ut til nytt offentleg ettersyn, vart alternativ 3 til vegløysing lagt inn på planforslaget ved 4. off. ettersyn. Planforslaget ligg ute til offentleg ettersyn fram til 01.08.2014, og skal behandlast i formannskapet igjen 28.08.2014.

Ranheim poengterer at han ikkje ønskjer alternativ 1 og 2 til vegløysing, og la på møtet 04.07.14 fram 3 nye alternativ til vegløysing (alternativ 4, 5 og 6).

Avkøyrsala til alternativ 4 er identisk med avkøyrsala til alternativ 3, men går litt lenger nordvest i terrenget.

Avkøyrsala til alternativ 5 tek av mellom eigedomane 18/317-318 og 18/338, og går gjennom friområdet med ballsletta (jf. reguleringsplan for Marsteinhøgda 2, godkjent 20.08.1981).

Alternativ 6 blir føreslått i friområdet med turvegen aust for eksisterande bustadområde (jf. reguleringsplan for Marsteinhøgda 2, godkjent 20.08.1981).




Rådmannen: Ein vurderer alternativa 3 og 4 til å vera dei same. Eksakt plassering av veglinjer må vurderast i reguleringsplanprosessen. Plasseringa i kommuneplanen illustrerer berre kor ein omtrent ser for seg veglina.

Alternativ 3/4 er utfordrande m.o.t. til folk som alt bur på Marsteinshøgdé då det vil medføra auka trafikk gjennom eit alt veletablert bustadområde.


Alternativ 5 mindre aktuelt p.g.a. det går over eit tilrettelagt friområde med ballslette, denne må i så tilfelle erstattast fullgodt. Det er vanskeleg å finna fullgodt erstatningsareal for balløkka som ligg like sentralt i høve til dei etablerte bustadane på Marsteinhøgda. Ein meiner dessutan at det er uheldig å legga ein veg gjennom eit så sentralt friområde i eit bustadfelt.

Alternativ 6 er uheldig fordi den går gjennom eit område med turveg. Vegen har i tidlegare tider vore veg til ein bustadeigedom. Dersom ein skal velja ei slik vegløysing bør vegen leggast lenger aust slik at han ikkje kjem i konflikt med turvegen.

Veg til byggeområde B12 vil uansett koma. Dersom alternativ 6 vert lagt lenger aust begynner denne å nærma seg alternativ 2. Rådmannen tilrår at alternativ 3/4 vert vist på godkjent plan saman med alternativ 1 og 2. Det vert presisert i retningslinene for utarbeidning av reguleringsplanar at det må takast endeleg stilling til kva vegalternativ ein vel i reguleringsplanprosessen samt eksakt plassering.



30.07.14 Per Einar Tveit vedr. utviding av B8



Ønskjer at byggeområde B8 blir utvida med området merka «BOLIG - 2». Viser til at dette vil letta mulegheita for å få til ein tilkomstveg som vil fungera, og som vil gje dei mulegheit til å utnytta området på ein betre måte (m.o.t. utnyttingsgrad). Området «BOLIG – 2» vert ikkje brukt til noko i dag, og er berre del av eit skogsområde, men som kartet viser, er det eit flatare parti der som kan brukast til 2-3 tomter, som dermed vil bidra til at det blir fleire tomter å fordela kostnadane på.

Dei håper kommunen vil vurdera dette ein gang til og inkludera området, og på den måten gjera det muleg å realisera tilrettelegging/utbygging av eit område for einebustadar nær Fagernes sentrum/skulane i kommunen og Fagernes barnehage.

Rådmannen: Ein gjer merksam på at fylkesmannen ved godkjenning av byggeområdet i kommuneplanen i 2009 presiserte at dersom det ikkje vart lagt til rette for konsentrert utbygging i området ved reguleringsplanprosessen ville dei reisa motsegn til planen. Det går fram av den skriftlege delen og retningsline 1 at det er krav om konsentrert utbygging her.

Innspelet/merknaden er vurdert 4 gonger tidlegare i planprosessen. Ein kan ikkje sjå at det er kome vesentlege andre eller nye argument som tilseier at ein vil tilrå å endra planforslaget.

31.07.14 Preben W. Christensen vedr. område H12

Felles motsegn/klage til detaljreguleringsplan for Haugset/byggeområde H12 i kommuneplanen.

Føreset at det i samband med kommuneplanen er utarbeidd konsekvensutgreiing av auka hyttetettleik i området. Han ønskjer denne tilsendt. Meiner ei seriøs konsekvensutgreiing bør konkludera med at det prinsipielt ikkje bør vera lov med meir hyttebygging i dette kjerneområdet for friluftsaktivitet for turfolk. Kvalitetane til området omtalar han i

motsegn/klage mot foreslått detaljregulering – Haugset. Han meiner også at ei konsekvensutgreiing bør konkludera med at det absolutt ikkje er grunnlag for å gje dette området endra staus i kommuneplanen.

Rådmannen: Konsekvensutgreiinga vart sendt per e-post 07.08.14 saman med kunngjeringsbrevet om 4. offentleg ettersyn.

31.07.14 Fylkesmannen i Oppland

Vurderer det som sentralt at kommunen avsluttar kommuneplanprosessen og no vedtek arealdelen. Ting som ikkje blir løyst no, kan takast opp att ved neste revisjon.

Har forståing for at det kan dukka opp nye problemstillinga etter kvart i ein omfattande prosess som arealdelen til kommuneplanen. Dei meiner likevel det er uheldig å ta opp problemstillingar som har vore oppe tidlegare i prosessen og som kommunen har vurdert fleire gonger, særleg når det ikkje ligg føre ny informasjon med relevans for arealplanlegginga. Det er no viktig å godkjenna planen, slik at resten av arealplanlegginga i kommunen kan skje i tråd med overordna plan i staden for å føregripa ny arealdel gjennom reguleringsplanar og dispensasjoner.

Fiskebuer ved Fullsenn

Meiner det er svært uheldig at område vert lagt inn i planforslaget utan at det er grunngjeve nærare. Ei slik behandling er i strid med plan- og bygningsloven, og kan danna eit uheldig mønster for kommunen ved seinare revisjon av arealdelen.

Finn det nødvendig å utdjupa kva verneverdiar som låg til grunn for verneforslaget og for tidlegare motsegner, og som no er ytterlegare trua av det nye forslaget til kommunen. I tillegg til at «store, samanhengande naturområde» har ein verdi i seg sjølv, inneheld området slike verdiar: Fullsenn er ein viktig fuglebiotop og med den utbygginga som blir føreslått kan sårbare artar stå i fare for å forsvinna frå området. Området er sett til middels verdi i konsekvensutgreiinga, denne vurderinga er ikkje dei einige i. Minner om at det er eit nasjonalt mål å redusera tapet av biologisk mangfold, her finn ein fleire artar som er klassifisert som VU og NT på raudlista.

Fiskebuer med overnattingsmulegheit er i realiteten oppføring av fritidshytter, som vil verka privatiserande for området og gje restriksjonar for ålmenta sin bruk av området.

Kan ikkje sjå at det har kome ny informasjon som viser at det er tilrådeleg å opna for fiskebuer ved Fullsenn, og med bakgrunn i omsynet til landskaps-, natur- og friluftsinteressser har fylkesmannen motsegn til forslaget.

Rådmannen: Rådmannen tilrår å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen og visa dei tre områda som LNF-område med unntak av arealet som var vist som naust ved 3. offentleg ettersyn og som det ikkje var motsegn til.

E4, næringsområde på Breiset – Fagernes og I4, alpinområde Bråten – Aurdal.

Dei kan ikkje sjå at det har kome ny kunnskap som tilseier endra vurdering av motsegnene deira, og dei opprettheld derfor motsegnene til E4, næringsområde på Breiset – Fagernes og I4, alpinområde Bråten – Aurdal. Dei har peikt på område aust/sørasut for tunet på Bråten som eit alternativ til nytt botnpunkt og parkering som ikkje vil vera i strid med jordvernet. Kan ikkje sjå at kommunen har vurdert dette som eit alternativ. Dei meiner det i tillegg er nok areal innanfor det som er sett av til alpinområde til å dekka behovet for nytt botnpunkt og for stolheis og parkering.

Rådmannen: Rådmannen tilrår å imøtekoma motsegna frå fylkesmannen til byggeområde I4, og visa dette området som LNF-område. Rådmannen meiner at E4 er så viktig for den framtidige utviklinga av regionsenteret Fagernes at det bør visast som næringsområde sjølv om det er motsegn til det.

Masseuttak R8

Føreset at planføresegna tek omsyn til vassdragsmiljøet. Kan ikkje sjå at R8 er omtalt i føresegna.

Rådmannen: Det gjekk fram av møteboka for 15.05.14 at «Konsekvensar for vassdragsmiljø er nærmere utgreidd» sidan fylkesmannen tok «etterhald om motsegn dersom slike vassdragsomsyn ikkje vert teke i reguleringsplanprosessen». Det er riktig at det ikkje er teke noko inn i planføresegne, då dette er teke inn i konsekvensutgreiinga. Sidan fylkesmannen no påpeikar dette, er det teke inn i planføresegna også.

Hytter i LNF-område

Kommunen viser i punkt 5 til ei formulering i saksutgreiinga ved 2. gangs off. ettersyn, der det heiter at «plankartet er oppdatert ved at alle eksisterande hyttetomter som ikkje ligg i 50/100 metersbeltet langs vassdrag..., er vist som eksisterande byggeområde for hytter». Formuleringa er ikkje med i vedtaket om endringar etter første gangs høyring og utlegging til 2. gongs høyring. I nemnde oversendingsbrev heiter det at «Dette arbeidet er ikkje heilt ferdigstilt, men det vil bli jobba vidare med å fullføra dette arbeidet under og etter høyingsperioden». Fylkesmannen strekar under at dette er ein framgangsmåte som ikkje er i tråd med plan- og bygningslova. Alle endringar skal gå klart fram av planmaterialet ved offentleg ettersyn og høyring av revidert arealdel.

Kan ikkje sjå at tomene er konsekvensutgreidd, innlemma i ROS-analysa eller omtalt nærmare i planskildringa, og har heller ikkje vore det ved tidlegare høyningar. I eit høyingsmateriale på mange hundre sider er det ikkje nok med ei setning i saksutgreiinga for å dekka utgreiingsplikta etter plan- og bygningslova. Fylkesmanne har ikkje vore klar over dette før no, og ser det som sannsynleg at også andre høyingsinstansar har oversett dette. Dei vurderer at byggeområda er teke inn på ein måte som er i strid med plan- og bygningslova, og at arealdelen med dette kan vera rettsleg ugyldig. Tomten kan i tillegg vera flaum- eller rasutsette, i konflikt med naturverdiar eller ligga innanfor støysone. Dette ville normalt ha kome fram i ei konsekvensutgreiing/ROS-analyse eller gjennom dispensasjonsbehandling.

Tilrår at hyttetomtene blir liggande som LNF-områd, og at ein vurderer det ved neste revisjon etter utgreiing og synleggjering.

Tek atterhald om motsegn til planen dersom det er stølar og ubygde tomter som er vist på same måte. Positivt at kommunen har gjort unntak for tomtene som ligg i byggeforbudssonan langs vassdrag.

Rådmannen: På arealplanmøtet 17.04.12 la kommunen fram foreløpig forslag til plankart som viste at ein ville visa eksisterande hyttetomter på den måten som er gjort. Ein oppfatta på møtet at det var usemje internt hjå fylkesmannen om korleis ein kunne gjera dette, utan at det vart sagt sikkert at ein ikkje kunne gjera det slik kommunen la fram. Ein forstod det som at det fylkesmannen ville koma med ev. innvendingar ved offentleg ettersyn.

I plankartet ved 1. off. ettersyn (vedtak 21.06.12) var ein del av hyttetomtene vist som eksisterande hyttetomter, men ein såg raskt at arbeidet ikkje var komplett, og heldt derfor fram arbeidet og presiserte at ein gjorde det ved ny behandling og 2. off. ettersyn, noko som dessutan har gått fram av høyringsbrevet både ved 2., 3. og 4. off. ettersyn.

Kommunen har hatt som mål å ha ein oppdatert kommuneplane som viser gjeldande eller planlagt situasjon for dei ulike eigedomane. Ein er av den klare oppfatning at det har vore kjent at kommunen kom til å gjera det på denne måten når det galdt hyttetomter, og kommunen har ikkje før no ved 4. offentleg ettersyn motteke innvendingar mot det. Det er dessutan grunn til å stilla spørsmål ved kvifor dette berre ser ut til å gjelda for hyttetomter.

Når det gjeld hyttetomter har kommunen ei retningsline i føresegnene som seier at: *Aktuelle kommuneplansføresegner og punkt i retningslinene (5 dokument) til nye planar skal leggast til grunn ved tiltak i tilknyting til eksisterande tomter for fritidsbustader. Eksisterande hyttetomter som er vist med sirkelsymbol er ei hytteining. Dersom ikkje dette blir lagt til grunn må det søkast om dispensasjon.*

Ingen stølar eller ubygde hyttetomter er vist som byggeområde, det er berre hyttetomter med bygg på per dags dato som skal vera vist. I tillegg skal tomtene som ligg i byggeforbudssonan vera vist som LNF-område.

Planføresegnene

Finn inga grunngjeving for å endra kravet om underjordisk parkering på Leira frå at det skal til at det bør leggast til rette for parkering under bakkenivå, og meiner det er uheldig å gjera det på ein plass som dette.

Rådmannen: Eit slikt krav vil ha mykje å seia for små næringsområde i Leira sentrum nord for E16. Det er ikkje grunn til å tru at eit slikt krav styrkar sannsynet for nyetableringar i sentrum.

Påpeikar at det er unødvendig at det går fram av planføresegnene at regionale og statlege styresmakter skal ha enkelte saker på høyring. Dette går fram av lovverket.

Rådmannen: Kommunen er samd i det, men har gjennom planprosessen fått motstridande tilbakemeldingar om dette frå ulike hald, der det har vore argumentert med at det er opplysande o.a. og vel derfor å sjå denne diskusjonen som ferdig. Planføresegnene blir ikkje endra m.o.t. dette no igjen.

Jord- og flaumskred, ny kunnskap www.skrednett.no

Dei viser til at det har kome ny kunnskap om jord- og flaumskredfare, og at dette er såpass ny informasjon at det ikkje er vurdert i planen. Dette må takast på alvor, og det må gjennomførast ei risikovurdering av dette. Klimaendringar medverkar til auka fare for alvorlege naturpåkjeningar slik som jordras, flaumskred m.m. mot busetting og infrastruktur. Det blir derfor svært viktig framover å unngå utbygging i område med reell fare for naturpåkjeningar. Dersom ikkje dette vert innarbeidd i planforslaget så har dei motsegn mot det. Dei påpeikar at det finst potensielle fareområde fleire stader der det er planlagt nye byggeområde, særleg på Fagernes og frå Fagernes langs E16 til grensa til Sør-Aurdal.

Rådmannen: Det er utarbeidd nytt temakart som viser område med jord- og flaumskredfare. Planføresegnene, ROS-analysa og konsekvensutgreiinga er oppdatert i høve til dette.

31.07.14 Ivar Amund Grimstad og Knut G. Huset

Viser til kommentarar og innspel m.a. 10.01.2011 vedr. gjeldande rettstilstand for utmarksgrunnen og jakta i Vestningsbygda. Dette blei dokumentert med vedlegg som omfatta overutskiftingdommen av 1876, underutskiftingdommen av 1870 samt eit resymé med sidehenvisningar av domsslutningane og det rettsleg vesentlegaste for øvrig.

Viser til at kommunen i sak 041/12 den 21.06.12 påpeikte at «*Dette dreier seg om privatrettslege forhold og ligg utanfor kompetanseområdet til planstyresmaktene. Kommunen registrerer at det er usemje kring temaet, og når det gjeld spørsmål om plassering av ev. hyttetomter er det uvesentleg for kommunen kven som eig grunnen*» samtidig som kommunen viser til planstrategien der det går fram at «*Eigedomsgrenser er uvesentleg ved vurderingane som kommunen gjer...*»

Påpeikar at eigedomsgrenser ikkje er det same som eigedomseigarskap eller eigedomsrett. Meiner kommunen ikkje er konsekvent når me for nokre år sidan tillét inngjerding av hytter ved Bjørkestølen dersom det var semje med grunneigarane om beitet. I Merket er grunnen utskift, og kommunen tok altså eit privatrettsleg etterhald om semje mellom tiltakshavar og grunneigar for ev. å tillata inngjerdinga. Kan ikkje sjå nokon sakleg grunn til at prinsippa skal vera anleis når det gjeld hyttetomter i Vestningsbygda utmark, der grunnen ikkje er utskifta, men sameigegrunn.

Ein viktig motivasjon for kommunen til å fremma hyttebygging er utvilsamt at det fører til vesentlege direkte og indirekte inntekter for kommunen. Når kommunen føretok disposisjonar

til eigen økonomisk fordel og kjenner til at det samtidig gir nokon private store urettmessige økonomiske fordeler på andres bekostning, vil dei knytt til muleg erstatningsansvar for kommunen minna om § 2, siste ledd, i forvaltningsloven: «*Et forvaltningsorgan likestilles med privat rettssubjekt ved anvendelse av første ledd dersom organet har same interesse eller stilling i saken som private parter kan ha*».

Har konferert med overordna planstyresmakt og prof.em.dr.juris. Hans Christian Bugge, og kome fram til at det må kunna stillast eit minstekrav til ei ev. godkjenning av alle utbyggingsplanar i Vestningsbygda utmark: Kommunen må fastslå at godkjenninga ikkje inneber at kommunen tek stilling til det privatreftslege spørsmål om kven som er rettmessig eigar til grunnen der det blir opna for utbygging. Godkjenninga bør òg opplysa om at kommunen er kjent med overutskiftingsdommen av 1876 over Vestningsbygda sameige og gje referanse til den, slik at interesserte sjølv kan finna fram til dommen eller kunna få han av kommunen.

Viser til § 21-6 i plan- og bygningsloven der følgjande går fram om privatreftslege forhold: «*Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatretslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises. Ev. tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatretslige forhold*». Nord-Aurdal kommune har fått grundig og presis informasjon om at utmarksgrunnen og jakta ikkje er utskifta i Vestningsbygda, og dei meiner det «*framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatretslige rettigheter søknaden forutsetter*», sidan ingen av dei er frå Vestningsbygda sameige, men frå alle skogeigarar eller samanslutningar av skogeigarar som uriktig framstiller utmarksgrunn i Vestningsbygda som sin eigen private eigedom.

Det er full mulegheit for kommunen på dette grunnlaget å avvisa alle utbyggingsplanar i Vestningsbygda utmark der det ikkje er grunneigaren, nemleg sameigelaget i utmarka til Vestningsbygda (for tida kalla Vestningsbygda utmarkslag) som er søker eller tiltakshavar. Sidan det er andre som er søker/tiltakshavar for alle utbyggingsplanar som er fremma for Vestningsbygda utmark, ber dei kommunen om å avvisa alle desse.

Rådmannen: Kommunen bad ved oversending av merknaden til fylkesmannen 07.08.14 om råd vedr. korleis ein skulle forholda seg til han. I svar 08.08.14 svarer fylkesmannen at: «*Kommunestyret som øverste planmyndighet står i utgangspunktet fritt til å arealdisponere når den mener det er saklig behov for det. Plan- og bygningsmyndigheten skal i denne sammenheng ikke ta stilling til privatretslige forhold, som ligg utenfor kompetanseområdet for planstyresmaktene. Vi har således ingen merknader til kommunens uttalelse i utvalgssak 041/12, som ble behandlet av formannskapet 21. juni 2012. Dersom det er uklarheter om eiendomsgrenser eller eierforhold, er opp til partene selv å komme til enighet eller bringe tvistespørsmål inn for domstolene for avklaring.*

Vi anser derfor brevet fra Ivar Amund Grimstad og Knut G. Huset bare som et innspill og kommentar til kommuneplanens arealdel uten noen nærmere forpliktelser for kommunen».

01.08.14 NVE

Meiner at kommuneplanforslaget for Nord-Aurdal ivaretak ansvarsområda deira på ein tilfredsstillande måte. Plankart, temakart og føresegner ivaretak tryggleikskrava knytt til naturfarar på ein tilfredsstillande måte.

01.08.14 Direktoratet for mineralforvaltning


Har ikkje merknadar til endringane som er på høyring. Meiner det er viktig å setta av område for råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen både der ein driv masseuttak i dag, men òg område for framtidig masseuttak. Utifrå det dei kan sjå har kommunen teke omsyn til dette i planbehandlinga.

03.08.14 Dag Westerheim

«Nord-Aurdal kommune

Da kommunen ikke har fulgt normale saksbehandlingsregler, sakens beslutningstakere ikke er tilstrekkelig opplyst av administrasjonen ved vedtak av planen, kommunen kommuniserer mangefullt for å dekke over saksbehandlingsfeil og ikke realitetsbehandler saker jfr. forvaltningsmessige prinsipper vedlegges sakens dokumenter fra undertegnede nok en gang til klage og anke både på innhald og saksbehandlingsprosesser i kommunen. Jeg vil overlate saken til Sivilombudsmannen ved en snarlig anledning for å få en utgreing av saksbehandlingsprosedyrer ved kommunen og fylkesmannsembetet i saken.

Dette til orientering.»



Rådmannen: Kan ikkje sjå at det er sett fram nye moment som gir grunnlag for å vurdera saka på nokon annan måte. Vurderingane frå dei 3-4 gongene ein tidlegare har vurdert innspelet om hyttetomter står ved lag. Rådmannen tilrar å oppretthalda gjeldande situasjon.